

St.prp. nr. 1

(1999-2000)

FOR BUDSJETTERMINEN 2000

Utgiftskapitler: 1100-1161 og 2411

Inntektskapitler: 4100-4150, 5311, 5545, 5571, 5614, 5651 og 5652

Innhald

Del I Innleiande del	7
1 Oversikt over budsjettframlegget for programområde 15 Landbruk og mat.....	9
1.1 Sentrale rammevilkår	9
1.2 Overordna mål for mat- og landbrukspolitikken.....	15
1.3 Hovudpunkt i budsjettframlegget for 2000	17
1.4 Oversikt over utgifter og inntekter i budsjettforslaget	19
1.5 Oversikt over bruk av stikkordet <i>kan overførast</i>	21
Del II Nærare om budsjettframlegget.....	23
Programområde 15 Landbruk og mat.....	25
Programkategori 15.00 Landbruksadministrasjon	25
Kap 1100 Landbruksdepartementet	32
Kap 4100 Landbruksdepartementet	35
Kap 1102 Fylkesmannens landbruksavdeling	36
Kap 4102 Fylkesmannens landbruksavdeling	43
Programkategori 15.10 Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse	45
Kap 1107 Statens dyrehelsetilsyn	51
Kap 4107 Statens dyrehelsetilsyn	54
Kap 1110 Statens landbrukstilsyn.....	55
Kap 4110 Statens landbrukstilsyn.....	59
Kap 1112 Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling m.m. .	60
Kap 1114 Statens næringsmiddeltilsyn.....	65
Kap 4114 Statens næringsmiddeltilsyn.....	69
Programkategori 15.20 Forsking og utvikling	71
Kap 1137 Forsking og utvikling	77
Programkategori 15.30 Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning.....	89
Kap 1140 Miljø- og næringstiltak i jordbruket.....	105
Kap 1142 Miljø- og næringstiltak i skogbruket.....	110
Kap 1143 Sentral landbruksforvaltning.....	118
Kap 4143 Sentral landbruksforvaltning.....	120
Kap 1145 Jordskifteverket	121
Kap 4145 Jordskifteverket	123
Kap 1146 Norsk institutt for jord- og skogkartlegging.....	124
Kap 4146 Norsk institutt for jord- og skogkartlegging.....	126

Kap 1147 Reindrifftsforvaltninga	127
Kap 4147 Reindrifftsforvaltninga	129
Kap 1148 Naturskade - erstatningar og sikring	130
Kap 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	132
Kap 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen.....	149
Kap 1151 Til gjennomføring av reindrifftsavtalen	150
Kap 1161 Statskog SF - forvaltningsdrift.....	155
Kap 2411 Statens Landbruksbank	157
Kap 5311 Statens Landbruksbank	159
Kap 2472 Statens Kornforretning.....	160
Kap 5545 Miljøavgifter i landbruket	162
Kap 5571 Totalisatoravgift	163
Programkategori 15.40 Forretningsdrift	165
Kap 4160 Sal av skoggrunn.....	165
Kap 4162 Sal av Drevsjø Trelast AS.....	165
Kap 4170 Statkorn Holding AS.....	166
Kap 5609 Renter av lån i selskap under Landbruksdepartementet.....	166
Kap 5614 Renter av lån i Statens Landbruksbank.....	166
Kap 5651 Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet	167
Kap 5652 Innskottskapital i Statskog SF.....	168
tilråd:	169
Forslag til vedtak om bevilgning for budsjetterminen 2000, kapitlene 1100-1161 og 2411, 4100-4150, 5311, 5545, 5571, 5614, 5651 og 5652.....	170
Vedlegg 1	176

St.prp. nr. 1

(1999-2000)

FOR BUDSJETTERMINEN 2000

Utgiftskapitler: 1100-1161 og 2411

Inntektskapitler: 4100-4150, 5311, 5545, 5571, 5614, 5651 og 5652

*Tilråding fra Landbruksdepartementet av 17. september 1999,
godkjent i statsråd samme dag.*

Del I

Innleiande del

1 Oversikt over budsjettframlegget for programområde 15 Landbruk og mat

Landbruksdepartementet har ansvar for matpolitikk og landbrukspolitikken.

Innanfor det matpolitiske området har departementet i samarbeid med Fiskeri-departementet og Sosial- og helsedepartementet ansvaret for politikktutforming og forvaltning av matvaresystemet frå primærproduksjon fram til forbrukarane. Mat-politikken skal sikre forbrukarane trygg mat og leggje til rette for eit ernæringsmessig fullgodt kosthald.

Landbrukspolitikken omfattar arealforvaltning, jord- og skogbruk, reindrift, husdyrhald og utvikling av nye næringar med utgangspunkt i landbruket. Landbrukspolitikken skal sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon, utvikle kunnskapsgrunnlaget i landbruket og medverke til verdiskaping og sysselsetjing i heile landet med utgangs-punkt i landbruket og landbruksbaserte produkt.

1.1 Sentrale rammevilkår

Sentrale rammevilkår for mat- og landbrukspolitikken er regjeringserklæringa frå regjeringa, den generelle økonomiske politikken, marknaden, handelspolitikken som følgje av WTO-avtalen og EØS-avtalen, og Stortinget si behandling av dokumenta St.prp. nr. 8 (1992-93), St.meld. nr. 40 (1996-97), St.prp. nr. 1 (1997-98), St.meld. nr. 17 (1998-99) og St.prp. nr. 75 (1998-99). Det vil bli lagt fram ei stortingsmelding om mat- og landbrukspolitikken i 1999.

1.1.1 Den generelle økonomiske politikken

Regjeringa sin økonomiske politikk skal leggje til rette for arbeid til alle og ein forvaltning av naturressursane og miljøet som er forsvarleg i eit langsiktig perspektiv. Oljeformuen må ein forvalta slik at òg framtidige generasjonar får nytte godt av han, og slik at det ikkje blir skapt eit for sterkt press i norsk økonomi. Regjeringa legg vekt på å halde oppe ein spreitt busetjing, og vil gjennom den økonomiske politikken søke å bremse den sentraliseringa som har funne stad dei siste åra.

Velferdssamfunnet skal utviklast vidare og bidra til tryggleik for familiar og enkeltmenneske, og til moglegheiter til å utfolde seg i dei ulike fasane av livet. Det skal m.a. sikre gode utdanningstilbod, behandling og pleie ved sjukdom og økonomisk tryggleik ved alderdom, uførleik og arbeidsløyse. Dette føreset ein omfattande offentleg sektor der tenestetilbodet blir utvikla vidare og effektivisert.

Ein sterk økonomi er ein nødvendig føresetnad for velferdssamfunnet. Den økonomiske politikken må derfor medverke til ein stabil økonomisk utvikling med høg sysselsetjing og låg arbeidsløyse.

Hovudutfordringa i den økonomiske politikken no er å få pris- og kostnadsveksten ned på same nivå som hos handelspartnarane våre. Statsbudsjettet for 2000 må derfor bidra til at veksten i den samla etterspørselen etter varer og tenester ikkje blir for sterk. Dette er nødvendig for å oppretthalde høg sysselsetjing og låg arbeidsløyse og for å unngå ei særnorsk høg rente i åra framover.

1.1.2 Handelspolitiske tilhøve

Mål og verkemiddel i mat- og landbrukspolitikken må utformast innanfor rammene av internasjonale avtaler og forpliktingar. WTO-avtalen resulterte i visse forpliktingar knytt til nivået for nasjonal jordbruksstøtte (internstøtte) og til bruk av eksportstøtte.

Noreg tok òg på seg forpliktingar knytt til marknadstilgang ved at vi skulle innføre eit tollbasert importvern og etablere visse tollkvotar. Men det er òg viktig å understreke at avtalen ga Noreg visse rettar. Vi har m.a. rett til å ha tollsatsar i samsvar med bindingane og å gi nasjonal støtte til jordbruket.

I samsvar med artikkel 20 i WTO-landbruksavtalen skal det startast nye forhandlingar om landbruk i WTO i 1999. På den eine sida viser artikkelen til den langsiktige målsetjinga om å oppnå betydelege reduksjonar i støtte- og vernetiltak. På den andre sida skal det i forhandlingane òg takast omsyn til m.a. dei erfaringane som er gjort med gjennomføringa av den eksisterande avtalen og såkalla ikkje-økonomiske omsyn. I forordet til avtalen er matvaresikkerhet og behovet for å verne om miljøet nemnd som konkrete eksempel på slike ikkje-økonomiske omsyn. På ministermøtet i OECD i 1998 blei det vedteke eit kommuniké som m.a. viste til at landbruket utover rolla som matprodusent, òg kan medverke positivt til miljøet og til levande bygder. Dei ikkje-økonomiske tilhøva, som er ein viktig del av landbruket si multifunksjonelle rolle, vil vere viktig for Noreg i desse forhandlingane.

Innføringa av eit tollbasert importvern og ulike handelsavtaler, spesielt forhandlingane med EU om RÅK-ordninga, har lagt til rette for auka handel. Spesielt har det vore ein auke i handelen med foredla landbruksprodukt med EU. Tal for eksport og import mellom Noreg og EU i 1994 og 1998 viser at det har vore ein auke i importen frå EU, men ikkje ein tilsvarende auke i den norske eksporten. Noreg og Island har innanfor ramma av EØS-avtalen tatt opp at forhandlingane om ein protokoll 3 til EØS-avtalen som omfattar handel med foredla landbruksvarer. Ein vart samd med EU-kommisjonen i møte den 6. juli 1999 om utkast til ein ny avtale. Frå EU si side må avtalen godkjennast av medlemslanda før han kan tre kraft. Regjeringa legg til grunn at næringsmiddelindustrien sine rammevilkår blir tilpassa når avtalen blir sett i verk. Forhandlingane med EU i samsvar med artikkel 19 i EØS-avtalen er ennå ikkje avslutta. Frå norsk side har ein under forhandlingane lagt vekt på å oppnå betre marknadstilgang på område der norske produsentar har spesielle eksportinteresser. Målsetjinga med forhandlingane er å nå fram til ei gjensidig balansert løysing.

I samband med jordbruksoppgjeret 1999, jf. St.prp. nr. 75 (1998-99), orienterte regjeringa om importvernet framover. Regjeringa viser der til ulike forhold som har medført auka handel og konkurranse. Regjeringa viser til at forhandlingane med EU om utvida handel med jordbruksvarer (artikkel 19-forhandlingane) ikkje er slutførte og at det skal startast nye forhandlingar i WTO i 1999. Ut frå ei samla vurdering der ein særleg legg vekt på norske interesser i forhandlingane, ser ikkje regjeringa det som aktuelt å setje i verk generelle tollreduksjonar utan at dette inngår som ledd i ei forhandlingsløysing med EU eller i samband med neste WTO-runde. Importvernet er eit viktig rammevilkår for norsk landbruk. På bakgrunn av dei viktige nasjonale interessene knytt til norsk landbruk, vil denne sektoren etter regjeringa si vurdering representere eit svært viktig forhandlingsområde i dei komande WTO-forhandlingane. Dette føreset ei aktiv rolle frå norsk side både i prosessen med førebuing fram mot starten på forhandlingane og under sjølve forhandlingane. Regjeringa legg på jordbruksområdet opp til eit nært samarbeid med land som har samanfallande interesser med Noreg. Dette er land som EU, Japan, Sveits, Island og Sør-Korea. I behandlinga av jordbruksoppgjeret 1999 slutta næringskomiteen seg til regjeringa sin strategi knytt til dei komande WTO-forhandlingane.

1.1.3 Matvaretryggleik, -kvalitet og forbrukaromsyn

Stortinget si behandling av St.meld. nr. 40 (1996-97) *Matkvalitet og forbrukartryggleik* blir aktivt følgd opp. Sentrale strategiar i arbeidet for å nå dei overordna måla om helsemessig trygge matvarer av god kvalitet og tilfredse forbrukarar, er internasjonalt forpliktande samarbeid, vektlegging av kvalitet langs heile matvarekjeda og åpenheit overfor og deltaking frå forbrukarane basert på den best tilgjengelege kunnskapen.

Omsynet til forbrukarane skal ha høg prioritet. Regjeringa vil arbeide for at maten ikkje inneheld skadelege stoff eller farlege mikroorganismar, at det er tilgang på mat slik at

Landbruksdepartementet

forbrukaren kan velje eit kosthald som fremmer god helse og at produksjonen tek omsyn til miljø og etisk verdiar.

Forbrukaromsyn inneber òg at folk får innsyn i forvaltninga sin kontroll med mat-produksjonen i heile matvarekjeda. Importerte dyr og varer er òg omfatta av denne kontrollen. Landbruksdepartementet vil satse vidare på å utvikle og byggje opp gode system for representativ forbrukardeltaking på matvareområdet. Departementet vil føre vidare og byggje ut kommunikasjonsprogrammet "Trygg mat".

Trygg mat og god tillit til maten krev eit tett samarbeid mellom ulike fag- og forvaltningsmiljø. Gjennom det administrative ansvaret for tilsynet frå jord til bord, og ved gjennomføringa av handlingsprogram og tiltak, m.a. for å ivareta forbrukaromsyn, satsar Landbruksdepartementet på å leggje til rette for god samhandling mellom forbrukarorganisasjonar og -interesser, folkehelse- og dyrehelsestyresmaktene og næringa. Strategien er følgt opp m.a. i arbeidet med skrapesjuke og paratuberkulose, i dioksinsaka og i oppfølginga av St.meld. nr. 40 (1996-97).

I Noreg er det lite smittestoff i mat, og god kvalitet på råvarene. Dette gir eit godt grunnlag for å auke vidareforedlinga av kvalitetsprodukt som er viktig for forbrukarane, produsentane og i samband med eksport av mat. Utviklinga av ny kunnskap og teknologi på matområdet er ei kontinuerleg utfordring, m.a. for forvaltninga, t.d. i høve til bruk av genmodifiserte organismar.

Oppfølging av Næringslovutvalet sitt forslag om ei felles lov og eit felles tilsyn på mat-området (NOU1996: 10) skjer gjennom eit samarbeid mellom Fiskeridepartementet, Landbruksdepartementet, Sosial- og helsedepartementet og Nærings- og handelsdepartementet.

Revidert EØS-avtale på veterinær sektor tok til å gjelde frå 01.01.99. Avtalen inneber at Noreg har slutta seg til kontrolldirektiva og har innført kontrollordningar og meldingsrutinar som m.a. blir nytta i samband med import av animalske næringsmiddel. Noreg fører vidare salmonellaprogrammet, og både norsk og importert kjøtt blir testa etter dette programmet. Nasjonale kontrollprogram for å kartleggje og overvake smittsame sjukdomar hos dyr, inkl fisk, og smittestoff i matvarer, i alt 30, vert utvikla vidare. Saman med dei nye EØS-reglane legg regjeringa til grunn at kontrollprogramma skal sikre forbrukarane trygge produkt og gi grunnlag for vidareføring av den gode norske folke- og dyrehelsa. Det er lagt opp til ei evaluering av dei nasjonale tiltaka som gjeld sikring av både folke- og dyrehelsa. Evalueringa omfattar og gjennomgang av korleis praktiseringa av dei andre elementa i avtalen, m.a. sikringsklausulen, fungerer i høve til målet om å sikre folke- og dyrehelsa. Så langt har ein ikkje sett negative verknader på mattryggleiken eller dyrehelsa som følgje av den nye avtalen. Kontrollordningane ved import funksjonerer tilfredsstillande, sjølv om dei praktiske løysingane på grensekontrollstasjonane er mellombels enkelte stader. Departementet meiner likevel det er naudsynt å vurdere ei modernisering og styrking av vaktordningane i Statens dyrehelsetilsyn, og vil leggje fram ein proposisjon om desse spørsmåla våren 2000.

Regjeringa vil prioritere arbeidet med å heve standarden på norsk plantehelse. God dokumentasjon av plantehelsesituasjonen i landet og ei heving av standarden på innanlandsk plantehelse er viktige element for framleis å kunne setje strenge krav til import av plantemateriale og gjennom det hindre innførsel av alvorlege planteskadegjerrarar. Arbeidet for heving av standarden blir vidare styrkt i 2000.

Det er utarbeidd ein handlingsplan for redusert bruk av plantevernmiddel for perioden 1998-2002. Planen er nærare omtalt under programkategori 15.10 og i St.prp. nr. 67 (1997-98). Arbeidet blir styrkt i 2000.

Arbeidet med å ytterlegare redusera bruken av antibiotika innan husdyrproduksjonen, gjennom førebyggjande tiltak, held fram. Det blei i 1998 ikkje nytta antibiotika i fôr. Stortinget har bede regjeringa vurdere konsekvensane ved innføring av eit eventuelt forbod mot bruk av antibiotika i fôr i Noreg. Eit forslag om å forby bruk av all fôrantibiotika har vore på høyring. Etter ei samla vurdering meiner regjeringa at det er riktig å innføre eit generelt forbod mot bruk av antibiotika i fôrvarer, vurdert ut ifrå

ønske om ei restriktiv haldning til all antibiotikabruk i norsk dyrehald. Regjeringa vil kome attende med når eit slikt forbod kan setjast i verk.

1.1.4 Utfordringar i den landbruksbaserte politikken

Regjeringa viser til St.prp. nr. 75 (1998-99), der det med bakgrunn i regjeringserklæringa er lagt til grunn at norsk landbruk skal medverke til å oppfylle viktige samfunns mål som trygg matproduksjon, sikker matforsyning, stabil busetjing i distrikta, berekraftig ressursforvaltning, levande kulturlandskap og verdiskaping som kan medverke til å oppretthalde sysselsetjinga på bygdene. Landbruket har òg eit medansvar for å sikre det biologiske mangfaldet. Dette er sentrale element i landbruket si multifunksjonelle rolle ut over den primære rolla som matprodusent. Stortingsfleirtalet har slutta seg til at desse målsetjingane for landbrukspolitikken skal følgjast opp med utgangspunkt i dei hovudprinsippa som er lagt til grunn for utforming av verkemiddel i landbrukspolitikken.

Det er brei tilslutning til at landbrukspolitikken må gi grunnlag for eit aktivt jordbruk i heile landet og såleis medverke til å oppfylle overordna målsetjingar knytt til busetjing, miljø og beredskap. Saman med topografiske og klimatiske forhold gjer dette det nødvendig med eit høgt støttenivå.

For å sikre at retningslinene og målsetjingane for landbrukspolitikken blir følgde opp, er det framleis nødvendig med omstilling i landbruket.

Inntektsutviklinga og sosiale forhold vil avgjere om ein kan få rekruttering til næringa som kan sikre eit livskraftig landbruk. Det er ved fleirtalsmerknad i Innst. S. nr 92 (1992-93) og ved seinare oppfølging understreka at landbruket skal sikrast moglegheiter for utvikling av inntekt og levekår på linje med andre. Eit kostnadseffektivt investeringsnivå, ein effektiv bruk av arbeidskrafta, reduserte kostnader, ei tilpassing av produksjonen til marknaden og ein konkurransedyktig norsk næringsmiddelindustri ligg som føresetnader for å få til ei rimeleg inntektsutvikling i landbruket. Det er ein føresetnad at bøndene sjølv tar ansvar for å utnytte ressursane og for å utvikle bruket slik at inntektsmoglegheitene kan realiserast. Regjeringa legg vekt på at bøndene si rolle som sjølvstendig næringsdrivande blir styrkt, med auka vekt på utforminga av dei generelle og langsiktige rammevilkåra for næringa.

Departementet legg vekt på å følgje utviklinga i matvaremarknaden. Det vart i 1999 gjennomført eit forprosjekt med sikte på å skaffe data for og utvikle eit overvakingssystem for prisdanning og prisutvikling i matvaremarknaden. Departementet vil føre dette prosjektet vidare.

Jordbruksproduksjonen må ivareta omsyna til miljø, dyrevern og helsekrav, og sikre produksjon av fellesgode for heile samfunnet. Dette skjer m.a. ved ein omfattande miljøinnsats, utbygging av kvalitetssystem og satsing på produksjon, foredling og omsetning av økologiske matvarer. Omsynet til miljøet er ein grunnleggjande premiss for utvikling av eit berekraftig landbruk, der krava til økonomi og effektivitet blir vege opp mot ressursgrunnlaget, miljøverdiane og helseomsyn. Driftsmåtane må utformast slik at dei økologiske prosessane i luft, vatn, jord og vegetasjon ikkje blir øydelagde. I samband med at det i siste års jordbruksoppgjær vart bestemt å samordne miljøverkemidla i landbruket i eit miljøprogram, og at det blir tatt sikte på å innføre krav om obligatorisk miljøplan på alle bruk som mottar støtte frå miljøprogrammet, blir miljøavgifta på kunstgjødsel foreslått fjerna. Denne målrettinga og samordninga av miljøverkemidla vil styrke miljøinnsatsen i landbruket.

Samtidig som ein skal sikre levedyktige bestandar av dei store rovdyra i Noreg skal forvaltninga av bestandane skje på ein slik måte at det kan drivast forsvarleg jordbruksdrift og reindriftsnæring innanfor akseptable økonomiske rammevilkår.

For ei heilskapleg rapportering til Stortinget om utviklinga i primærproduksjonen, foredlinga og distribusjonsledda viser ein til kap 3 og 4 i St.prp. nr. 75 (1998-99).

Regjeringa vil i 1999 legge fram ei melding om mat- og landbrukspolitikken med bakgrunn i dei utviklingstrekk og dei nasjonale og internasjonale utfordringane som ligg føre. Forbrukarperspektiv i heile matvarekjeda og landbruket si rolle for mat-sikring, langsiktig ressursforvaltning, miljø og busetjing og sysselsetjing på bygdene vil stå sentralt i meldinga. Langsiktige rammevilkår, inntekt og sosiale forhold er avgjerande for rekrutteringa til næringa, og er grunnlaget for at landbruket skal kunne utføre dei mangesidige samfunnsoppgåvene. Ein vil òg leggje strategiar for den vidare utviklinga og forenklinga av verkemiddelsystemet i landbrukspolitikken.

Regjeringa la i 1998 fram St.meld. nr. 17 (1998-99) *Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren (Skogmeldingen)*. Meldinga, som blei behandla av Stortinget våren 1999, jf. Innst. S. nr. 208 (1998-99), byggjer vidare på dei sentrale prinsippa for skogforvaltninga som det har vore brei politisk semje om. Skogmeldinga dreg opp politikken for ei rasjonell og berekraftig utnytting av skogressursane framover, og siktar mot eit større bidrag frå skogsektoren til nasjonaløkonomien og til den vidare utviklinga i samfunnet. Meldinga slår fast at det er knytt store verdiar til skogen i Noreg, og at skogbruk gir gode moglegheiter for eit variert næringsliv i landet. Skogen gir derfor viktige bidrag til verdiskaping og til livskraftige lokalsamfunn og levande bygder. Verdiskapinga knytt til skog, både i form av økonomiske verdiar og miljøverdiar, kan bidra til å løyse grunnleggjande velferdsoppgåver og å styrke busetjinga, sysselsetjinga og inntektsutviklinga i distrikta.

Regjeringa vil føre ein aktiv nasjonal skogpolitikk for å styrkje skogen sitt bidrag til velferd for befolkninga, til meir berekraftige produksjons- og forbruksmønstre og levande bygder. Regjeringa vil fokusere på dei moglegheitene som ligg i skogsektoren, der måla er at:

- verdiskapinga frå skogbaserte næringar skal aukast
- skogsektoren skal bidra til å løyse viktige miljøoppgåver.

Ei aktiv og langsiktig ressursforvaltning er naudsynt for å nå desse måla. Det er ein føresetnad at dei som eig eller har råderett over skogressursane er medvitne om dette og om forvaltaransvaret dei har.

Regjeringa har som mål å auke verdiskapinga frå skogsektoren. Dette krev auka innsats på fleire område. Transportarbeidet i sektoren må gjerast billegare og mest mogleg kostnadseffektivt og konkurransedyktig. Det er òg viktig å få til betre samverknad mellom skogbruket og den trebrukande industrien. Dette inneber auka satsing på produktutvikling, ny teknologi og betre nettverks-, kommunikasjons- og omsetningssystem. Avverkinga må aukast og opplæring og andre kompetansegejvande tiltak retta mot skogeigarane, skogsarbeidarane, skogsentreprenørane og innan foredlingssektoren må styrkjast. Regjeringa legg og til grunn at skogpolitikken framleis skal ha eit høgt ambisjonsnivå når det gjeld å byggje opp kvalitetsskog. Skogen er viktig i miljø-samanheng; fordi skogen bind karbon, produserer bioenergi og fordi bruk av produkt basert på trevirke medverker til eit meir berekraftig produksjons- og forbruksmønster. Skogbruket har òg viktige miljøoppgåver knytt til ressursoppbygging og -forvaltning, og skogpolitikken må derfor ha ein sterk og tydeleg miljøprofil som gir tillit så vel nasjonalt som internasjonalt.

Skogsektoren arbeider i ein internasjonal marknad med raske endringar. Utviklinga i marknaden, både internasjonalt og nasjonalt, har dei siste åra endra rammevilkåra for skognæringa. Dette gir sektoren store utfordringar som òg ligg til grunn når regjeringa skal følgje opp St.meld. nr. 17 (1998-99) og Stortinget si behandlinga av ho. Regjeringa vil setje i verk eit verdiskapingsprogram for å auke skogsektoren sitt bidrag til verdiskapinga og meir berekraftig produksjon og forbruk. Programmet skal fokusere på auka bruk av trevirke og betre koplingar mellom skogbruk og marknad.

Reindrifta skal vere berekraftig økologisk, økonomisk og kulturelt, jf. St.meld. nr. 28 (1991-92). Regjeringa legg til grunn at reindrifta skal vere ein sentral berar av samisk kultur. Reindriftspolitikken skal òg bidra til utvikling av tilleggs- og kombinasjonsnæringar i reindrifta med utgangspunkt i samisk tradisjon og kultur. Vidare arbeid med å samordne verkemidla i reindriftslova og reindriftsavtalen, m.a. for å tilpasse beite-trykket, står sentralt framover. Det vart i reindriftsavtalen for 1999/2000 lagt opp til at

sanksjonsheimlane i reindriftslova og stimuleringsiltaka over reindriftsavtalen skal kunne brukast saman for å nå måla for reindriftspolitikken. Regjeringa vil følgje utviklinga, og setje i verk naudsynte tiltak for å tilpasse reintalet til beitetilhøva, særleg i Finnmark.

For at landbruket skal kunne medverke til å oppfylle viktige samfunns mål knytt til busetting og verdiskaping, er det ein sentral strategi å leggje til rette for heilskapleg næringsutvikling på bygdene. Det er derfor eit mål å fremme lønnsam næringsutvikling i bygdene i og i tilknytning til landbruket. Den samla næringspolitikken for bygdene må styrke og utvide næringsgrunnlaget for å utvikle eit allsidig næringsliv og eit breiare grunnlag for busetjingsmønsteret. Bygdeutviklingsmidlane er ein integrert del av distriktspolitikken og Regjeringa sin politikk i høve til primærnæringane. Ein legg særleg vekt på å fremme samarbeidstiltak og tiltak som gir fleire arbeidsplassar for kvinner og ungdom, jf. programkategori 15.30.

Stortinget har vedteke å legge delar av verksemda til Statens Landbruksbank og fylkesmannen si landbruksavdeling under Statens nærings- og distriktutviklingsfond. Overføringa skal vere gjennomført innan 1.1.2000, jf. Innst. S. nr. 89 (1998-99). Hovudprinsippa ved overføringa er tatt opp i St.prp. nr. 75 (1998-99). Departementet er i gang med førebuingar av overføringa, og framlegg om dei budsjettmessige, personalmessige og administrative konsekvensane av overføringa vil bli lagt fram i eit tillegg til St.prp. nr. 1 (1999-2000), jf. programkategori 15.00 og kap 2411.

1.1.5 Samfunnsplanlegging og arealforvaltning

Landbruket har eit ansvar for å sikre areal for mat-, fôr-, og virkesproduksjon på lang sikt. Av det samla landarealet er berre 3-4 pst dyrka eller dyrkbart, og klimaet gjer at berre tredjeparten av dette arealet kan nyttast til å dyrke matkorn. Regjeringa legg ut frå nasjonale beredskapsomsyn og globale fordelingspolitiske omsyn stor vekt på at landet har ei god sjølvforsyning av mat, m.a. ut frå retningslinjene frå Toppmøtet om verdas matvaretryggleik i 1996. Eit sterkt jordvern er grunnlag for ei økologisk langsiktig ressursforvaltning og vår nasjonale matvareberedskap, i tillegg til å vere ein viktig del av miljøvernet.

Areal med best produksjonsevne, matkornareala, ligg oftast nær byar og tettstader og er mange stader truga av nedbygging. Årleg blir det bygd ned om lag 20 000 dekar jord, og mye av ho er god kornjord. Ein har ikkje god statistikk over årleg avgang av areal eller kvaliteten av dei areala som blir vedteke omdisponert til utbyggingsformål. Departementet vil no prioritere arbeidet med å utvikle betre metodar for arealdokumentasjon, noko som er eit viktig grunnlag for arealpolitikken og som innspel i samfunnsplanlegginga.

Deltaking i samfunnsplanlegginga for å motverke at verdifulle landbruksareal blir tatt til utbygging, er eit verkemiddel for å nå måla om eit langsiktig vern om dei produktive areala og ein trygg og sikker matvaretilgang. Landbruksdepartementet legg stor vekt på at landbruksforvaltninga på kommune- og fylkesnivå tar aktivt del i planprosessar i dei høve dette vedkjem landbruket. Dei har viktige oppgåver med å leggje til rette for næringsutvikling, bidra til høg utnytting av areal tatt til utbyggingsformål og styre ny utbygging mot mindre produktive areal.

God eigedomsutforming og klåre eigar- og rettstilhøve er viktig for auka verdiskaping. For å få til dette kan det vere nødvendig å omforme eigedomar eller gjere andre endringar i eigartilhøva og med det sikre god ressursutnytting og omsyn til miljø. Det er òg ofte behov for at grunneigarar set i gang fellestiltak. For eigaren eller leigetakaren er det viktig at ikkje eigedomstilhøva stenger for god arealutnytting og eit godt inntektsgrunnlag. For samfunnet er det viktig å få ned kostnadene i landbruket. Det kan medverke til auka verdiskaping noko som igjen tener sysselsetjinga i næringa og busetting i distrikta.

Lover og reglar for landbruket er ein viktig del av den samla landbrukspolitikken. Det er viktig å få kunnskap om korleis desse reglane verker. I saker der ein nyttar reglane

for å gjere inngrep i den private eigedomsretten er det særleg viktig at omsynet til rettstryggleiken blir ivareteke på ein god måte.

1.2 Overordna mål for mat- og landbrukspolitikken

Landbruksdepartementet har eit breitt, allmennretta forvaltningsansvar som er delt inn i følgjande 5 område:

- matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse
- forskning og utvikling
- arealforvaltning
- næringsutvikling og miljø
- landbruksadministrasjon

Innanfor desse områda arbeider Landbruksdepartementet etter målsetjingane som er refererte i tabellen nedanfor. Regjeringa vil i stortingsmeldinga som blir fremma i 1999 gjennomgå hovudprinsippa og dei overordna måla for mat- og landbrukspolitikken.

Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse (programkategori 15.10)

Hovudmål:

- Sikre forbrukarane trygge matvarer som blir produsert på ein etisk og helse- og ressursmessig akseptabel måte

Delmål:

Produksjon:

- planter og dyr med gode genetiske eigenskapar, tilpassa norske vilkår
- riktig bruk av helse- og miljømessig sikre innsatsvarer

Plantehelse/plantevern:

- effektiv førebygging og bekjemping av alvorlege skadegjerarar
- redusert førekomst av tapsbringande skadegjerarar
- redusert helse- og miljørisiko ved bruk av plantevernmiddel

Dyrevelferd:

- betre miljø for dyr
- nedgang i talet på tilfelle av dyremishandling

Dyrehelse:

- effektiv førebygging og bekjemping av alvorlege smittsame sjukdommar
- redusert førekomst av tapsbringande infeksjonssjukdommar
- redusert førekomst av viktige produksjonssjukdommar

Matvarer:

- helsemessig trygg mat
- auka tillit til matvarer
- ærleg frambod av matvarer
- riktig kvalitet på matvarer
- sikre tilbod om økologisk produserte produkt
- auka opphavsmerking av matvarer

*Forsking og utvikling (programkategori 15.20)***Hovudmål:**

- **landbruksforskinga skal, innanfor ei etisk forsvarleg ramme og i brei næringspolitisk samanheng, vere leverandør av kunnskap med vekt på forbrukarkrav, verdiskaping, nyskaping, omstilling, miljø og helse- og livskvalitet**

Delmål:

- fremme langsiktig og berekraftig utvikling i landbruket og i landbruksbasert verksemd til bevaring av naturgrunnlag og miljø, og til fremme av helse og livskvalitet hos menneske og dyr
- utvikle markedsorienterte produkt basert på norske råvarer og foredlingssystem
- høyne nivået på kompetansen og graden av produktforedling med sikte på verdiskaping og sysselsetjing i landbruket og verksemd basert på landbruk
- utvikle nye produkt, næringer og kombinasjonar av næringer innanfor eit heilskapleg nærings- og distriktperspektiv
- gi grunnlag for utforming av politikk, bruk av offentlege verkemiddel og forvaltning

*Arealforvaltning (programkategori 15.30)***Hovudmål:**

- **sikre areal som grunnlag for varig landbruksproduksjon, og forvalte arealressursane for å fremme verdiskaping, busetjing og sysselsetjing**

Delmål:

- ha eit sterkt og langsiktig ressurs- og jordvern, som blir praktisert strengast for dei mest produktive areala
- medverke til ein rasjonell eigedoms- og driftseiningssstruktur
- forvalte arealressursane slik at busetjinga i distrikta blir oppretthalde
- ivareta landbruket sine interesser og verdiar gjennom ei aktiv deltaking i samfunnsplanlegginga
- ha ein velfungerande særdomstol for jordskifte, rettsfastsetjing og skjønn

*Næringsutvikling og miljø (programkategori 15.30)***Hovudmål:**

- **eit berekraftig landbruk som gir grunnlag for verdiskaping og sysselsetjing i alle delar av landet, både i primærproduksjonen og foredlingsindustrien**

Delmål:*Jordbruk:*

- sikre næringsutøvarane moglegheit for inntekt og levkår på linje med befolkninga elles
- sikre miljøvenleg produksjon der òg omsynet til kulturlandskapet, kulturminne og biologisk mangfald står sentralt
- medverke til lågare kostnadsnivå, konkurransedyktige råvareprisar, rimelege matvareprisar og ein produksjon som er tilpassa etterspurnaden
- styrkje rekrutteringa til og likestillinga i næringa

Skogbruk:

- verdiskapinga frå skogbaserte næringer skal aukast
- skogsektoren skal medverke til å løyse viktige miljøoppgåver
- ein aktiv og langsiktig ressursforvaltning som legg til rette for verdiskapinga og miljöatsinga

Reindrift:

- ei reindriftnæring i balanse med beiteressursane og som medverkar til å halde oppe samisk eigenart
- medverke til kvalitetsproduksjon av reinsdyrkjøtt som sikrar inntektsgrunnlaget for reindriftsfolk

<i>Nye næringer:</i> – medverke til nye lønnsame arbeidsplassar og ny verdiskaping i og knytt til landbruket – fremme berekraftig produksjon og bruk av natur og utmark
<i>Landbruksadministrasjon (programkategori 15.00)</i> Hovudmål: – gjennomføre mat- og landbrukspolitikken på ein effektiv måte Delmål: – ei klårare rolledeling mellom ulike nivå i forvaltninga – betre samarbeid og samhandling mellom sektorar og etatsnivå – utvikle omstillingsdyktige og formålseffektive verksemder og tenlege styringssystem – fleire kvinner i leiarstillingar og sentrale vedtaksfora – ei opnare og brukarorientert landbruksforvaltning og målretta informasjonsverksemd – vidareutvikling og betre bruk av informasjonsteknologien – medverke til vidareutvikling av kommunane som landbruksmyndigheit

1.3 Hovudpunkt i budsjettframlegget for 2000

Regjeringa gjer framlegg om eit budsjett under Landbruksdepartementet med vekt på å sikre forbrukarane trygge matvarer, og tiltak som kan sikre eit levedyktig og framtidsretta landbruk i heile landet. Budsjettframlegget inneber ei oppfølging av regjeringserklæringa og dei retningslinjene som er trekte opp for mat- og landbrukspolitikken.

Budsjettframlegget har ei samla ramme på 15 409 mill. kr, som er ein auke i høve til budsjettet for 1999 på 5,2 pst. dersom ein ser bort frå løyvingane knytt til Statens Landbruksbank. Auken er i hovudsak ei følgje av jordbruksoppgjæret 1999. Innanfor budsjettamma vil Landbruksdepartementet prioritere:

- at forbrukarane får trygge matvarer av god kvalitet
- landbruket som basisnæring i distrikta
- likestilling og rekruttering i landbruket
- skogbruk
- miljø og arealforvaltning
- forskning og utvikling

Landbruksdepartementet gjer framlegg om å løyve 603 mill. kr til tiltak for å sikre at forbrukarane får trygge matvarer av god kvalitet. Dette skal skje gjennom ein systematisk kvalitetskontroll i alle ledd i matkjeda frå jord og fjord til bord. Arbeidet vil byggje på eit oppdatert regelverk, tilsyn med praktisk verksemd, uttak og analyse av prøver, rådgjeving og lovheimla vedtak der det er nødvendig. I lys av matskandalene som er kjende frå utlandet, blir det lagt vekt på å ha kunnskap om kva som skjer i dei ulike ledda i kjeda med tanke på den endelege matvara. Plantevernmiddelkontroll, overvåkings- og kontrollprogram for planter, dyr og mat og zoonosearbeidet vil ha spesiell prioritet. Det er òg viktig å byggje opp eit godt analyseapparat for å føre kontroll med produkt som inneheld genmodifiserte organismar.

Landbruksdepartementet vil derfor auke innsatsen på særskilde område av høg prioritet med 37 mill. kr til om lag 174 mill. kr, jf. tabell s. 50 i programkategori 15.10. Ein vil m.a. auke innsatsen på næringsmiddelområdet med 22 mill. kr for å modernisere og effektivisere tilsynet, m.a. for å følgje opp internasjonale rammevilkår og gjere det i stand til å møte utfordringane knytt til genmodifiserte organismar. Ein legg vidare opp til å styrkje arbeidet for å heve standarden på norsk plantehelse og redusere risikoen ved bruk av plantevernmiddel med om lag 10 mill. kr. Regjeringa vil i proposisjon til våren vurdere ei modernisering og styrking av vaktordningane i Statens dyrehelsetilsyn.

Eit framtidsretta landbruk som basisnæring for busetjinga i distrikta, krev at kvinner og ungdom finn det attraktivt å gå inn og arbeide i næringa. Regjeringa ser det som ei viktig målsetjing å sikre hovudtrekka i busetjingsmønsteret og meiner at forbetringar i rammevilkåra for landbruket og gode sosiale ordningar er viktige verkemiddel for å få

Landbruksdepartementet

til langsiktig rekruttering og likestilling i landbruket og utnytting av lokale ressursar. Dette er følgt opp gjennom jordbruksoppgjera i 1998 og 1999.

Det er i jordbruksavtalen for 1999/2000 utforma ein brei strategi for å føre vidare og styrkje miljøinnsatsen i jordbruket. Denne strategien omfattar både kortsiktige og langsiktige tiltak, m.a. innføring av eit miljøprogram i landbruket. Miljøsatsinga er basert på eit omfattande samarbeid mellom jordbruket sine organisasjonar og styres-maktene. Departementet følgjer opp handlingsplanen for redusert bruk av plantevern-middel og gjer framlegg om å auke miljøavgifta med 15 mill. kr i høve til 1999. Miljøsatsinga inngår i eit samla program der ein gjer framlegg om å fjerne avgifta på kunstgjødsel.

Resultatkontrollen viser at omlegginga til økologisk produksjon aukar sterkt. Samtidig er det ein nedgang i talet på produkt som blir omsette som økologiske i marknaden. For å rette opp denne ubalansen vil ein prioritere tiltak for å gjere produkta tilgjengelege for forbrukarane. I den varsla stortingsmeldinga om mat- og landbrukspolitikken vil departementet trekkje opp meir langsiktige retningslinjer for økologisk landbruk.

Ein konkurransedyktig næringsmiddelindustri er viktig òg for jordbruket. Landbruks-departementet legg derfor opp til å auke løyvingane til Konkurransestrategiar for norsk mat med 14 mill. kr, m.a. til etablering og drift av eit produktutviklingssenter for næringsmiddelindustrien og til kvalitets- og utviklingstiltak i næringsmiddelbedriftene.

Landbruksdepartementet vil følgje opp Skogmeldinga med tiltak for å stimulere til langsiktige investeringar i skogbruket og næringsutvikling i skogbruk og skogindustri. Slike tiltak vil kunne gi særleg effekt i næringsssvake område fordi det er her ein har det største potensialet for auka aktivitet i skogbruket. Det er i budsjettframlegget sett av 20 mill. kr til verdiskapingstiltak, m.a. eit 5-årig verdiskapingsprogram for bruk og foredling av trevirke, og ramma for skogbruk under Landbrukets utviklingsfond er auka med 8 mill. kr. Hovudpunkta i miljøsatsinga i skogbruket blir knytt til kompetansetiltak og vidare satsing på miljøregistreringsprosjektet.

Landbruksdepartementet vil prioritere arbeidet med samfunnsplanlegging og arealfor-valtning, og eit sterkt jordvern for å sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon.

Landbruksdepartementet vil styrke dei administrative verkemidla knytt til gjennomføringa av reindriftspolitikken med vel 4 mill kr, jf omtale under kap 1147.

Landbruksdepartementet vil prioritere forskning og utviklingstiltak. Dette inneber ei samla innsats til forskning og utviklingstiltak på 548 mill. kr i 2000, som er ei auke på 38 mill. kr eller 7,4 pst i høve til 1999, jf. programkategori 15.20. Forskingsinnsatsen vil bli retta mot hovudområda i langtidsplanen for landbruksforskning. Departementet legg vekt på verdiskaping i landbruket og utvikling av verksemd knytt til landbruket, og vil styrke bruk og utvikling av metodar og verkemiddel som fører til kunnskapsbasert verksemd. Regjeringa vil prioritere deltaking i EU sitt 5. rammeprogram.

Landbruksdepartementet legg vekt på å ha ein effektiv og omstillingsdyktig landbruks-administrasjon, og vil utvikle styringssystema i høve til verksemdene vidare med sikte på betre resultatmål og -dokumentasjon. Departementet vil i eit tillegg til St.prp. nr 1 følgje opp Stortinget sitt vedtak om å leggje delar av Statens Landbruksbank og Fylkesmannens landbruksavdeling til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond. Samordninga av verksemda i Statens Kornforretning, Omsetningsrådet, Fraktkontoret for slakt og deler av verksemda i Statens Landbruksbank vil bli lagt fram for Stortinget i proposisjon om neste års jordbruksoppgjer, jf. programkategori 15.00. Denne omorganiseringa gjer det òg mogleg å flytte oppgåver ut av departementet.

1.4 Oversikt over utgifter og inntekter i budsjettforslaget

Utgifter fordelt på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000	Pst endr 99/00
	Landbruksadministrasjon m.m.				
1100	Landbruksdepartementet	115 809	110 353	113 688	3,0
1102	Fylkesmannens landbruksavdeling	294 817	286 566	292 523	2,1
	<i>Sum kategori 15.00</i>	<i>410 626</i>	<i>396 919</i>	<i>406 211</i>	<i>2,3</i>
	Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse				
1107	Statens dyrehelsetilsyn	195 342	181 499	199 463	9,9
1110	Statens landbrukstilsyn	74 846	79 368	88 519	11,5
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling m.m.	130 079	140 974	147 444	4,6
1114	Statens næringsmiddeltilsyn	148 199	170 503	167 334	-1,9
	<i>Sum kategori 15.10</i>	<i>548 466</i>	<i>572 344</i>	<i>602 760</i>	<i>5,3</i>
	Forsking og utvikling				
1137	Forsking og utvikling	246 164	249 551	258 516	3,6
	<i>Sum kategori 15.20</i>	<i>246 164</i>	<i>249 551</i>	<i>258 516</i>	<i>3,6</i>
	Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning				
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket	57 642	45 386	49 471	9,0
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket	161 344	154 344	166 733	8,0
1143	Sentral landbruksforvaltning			148 107	
1145	Jordskifteverket	114 742	128 005	130 795	2,2
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	67 163	58 588	58 861	0,5
1147	Reindrifftsforvaltninga	37 432	36 649	41 191	12,4
1148	Naturskade - erstatningar og sikring	58 512	42 700	43 910	2,8
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	12 408 814	12 437 992	12 978 343	4,3
1151	Til gjennomføring av reindrifftsavtalen	83 027	75 000	80 000	6,7
1161	Statskog SF - forvaltningsdrift	23 556	23 241	23 797	2,4
2411	Statens Landbruksbank	342 720	338 733	420 678	24,2
2472	Statens Kornforretning	22 181	21 776		-100,0
	<i>Sum kategori 15.30</i>	<i>13 377 133</i>	<i>13 362 414</i>	<i>14 141 886</i>	<i>5,8</i>
	Sum programområde 15	14 582 389	14 581 228	15 409 373	5,7
	Sum utgifter	14 582 389	14 581 228	15 409 373	5,7

Det er gjennomført budsjettekniske endringar knytt til postar under kapitla 1114, 1143, 1146, 1150 og 2472. Framlegg 2000 for desse kapitla kan derfor ikkje utan vidare samanliknast med tilsvarende tal for vedtatt budsjett 1999. Ein viser til nærare omtale under dei einskilte kapitla.

Inntekter fordelt på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000	Pst endr 99/00
	Landbruksadministrasjon m.m.				
4100	Landbruksdepartementet	6 426	333	362	2,8
4102	Fylkesmannens landbruksavdeling	40 208	29 583	30 290	2,4
	<i>Sum kategori 15.00</i>	<i>46 634</i>	<i>29 916</i>	<i>30 652</i>	<i>2,4</i>
	Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse				
4107	Statens dyrehelsetilsyn	14 295	8 799	9 031	2,6
4110	Statens landbrukstilsyn	59 709	58 748	62 078	5,7
4114	Statens næringsmiddeltilsyn	108 693	137 738	160 123	16,3
	<i>Sum kategori 15.10</i>	<i>182 697</i>	<i>205 285</i>	<i>231 232</i>	<i>12,6</i>
	Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning				
4143	Sentral landbruksforvaltning			3 959	
4145	Jordskifteverket	9 311	14 421	14 802	2,6
4146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	23 220	15 380	15 786	2,6
4147	Reindriftsforvaltninga	1 766	1 500	1 540	2,7
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen	141 026	109 800	92 300	-15,9
5311	Statens Landbruksbank	451 348	303 369	319 367	5,3
5545	Miljøavgifter i landbruket	189 148	210 175	60 000	-71,5
5571	Totalisatoravgift	75 860	67 000	80 000	19,4
	<i>Sum kategori 15.30</i>	<i>891 679</i>	<i>721 645</i>	<i>587 754</i>	<i>-18,6</i>
	Forretningsdrift				
4160	Sal av skoggrunn	410			
4162	Sal av Drevsjø Trelast AS		68		-100,0
4170	Statkorn Holding AS	136 000			
5609	Renter av lån i selskap under Landbruksdepartementet	7 340	43		-100,0
5614	Renter av lån i Statens Landbruksbank	199 341	288 000	235 000	-18,4
5651	Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet	38 597	63 200	32 200	-49,1
5652	Innskottskapital i Statskog SF	7 500	8 500	8 500	0,0
	<i>Sum kategori 15.40</i>	<i>389 188</i>	<i>359 811</i>	<i>275 700</i>	<i>-23,4</i>
	Sum programområde 15	1 510 198	1 316 657	1 125 338	-14,5
	Sum inntekter	1 510 198	1 316 657	1 125 338	-14,5

1.5 Oversikt over bruk av stikkordet *kan overføres*

Ein gjer framlegg om at stikkordet *kan overføres* blir knytt til postane i tabellen nedanfor i tillegg til postane 30-49.

Tabell 1.1 *Bruk av stikkordet "kan overføres"*

			(i 1000 kr)	
Kap	Post	Nemning	Overført frå 1998	Framlegg 2000
1140	77	Miljøretta prosjektarbeid	18 788	30 682
1142	71	Tilskott til langsiktige investeringar og nærings- tiltak i skogbruket	8 331	127 862
1142	76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket	2 118	23 174
1147	71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark	2 346	12 287
1148	70	Tilskott til sikringstiltak mm	4 938	4 810
1148	71	Naturskade, erstatningar	38 820	39 100
1150	70	Marknadsregulering	44 591	221 100
1150	74	Direkte tilskott	32 130	7 036 459
1150	77	Utviklingstiltak	194 927	612 400
1150	78	Velferdsordningar	0	1 874 454
1151	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott	8 340	41 300
Sum:			355 329	10 023 628

Løyvingane under kap. 1140 post 77, kap. 1142 post 76 og kap. 1147 post 71 er støtte til prosjekt som kan strekke seg over fleire år. Kap. 1142 post 71 og kap. 1148 post 70 gjeld tilskott til investeringar med treårig arbeidsfrist. Kap. 1148 post 71 gjeld erstatningar som kan falle i to budsjettår. Når det gjeld postane under kap. 1150 og 1151, er dette avtalte beløp mellom staten og næringsorganisasjonane der utbetalingane av ymse grunnar fell i to kalenderår. Avtalane gjeld frå 1.7. eit år til 30.6. året etter.

Del II

Nærare om budsjettframlegget

Programområde 15 Landbruk og mat

Programkategori 15.00 Landbruksadministrasjon

Landbruksadministrasjonen har som hovudmål å gjennomføre mat- og landbrukspolitikken på ein effektiv måte. Ein viser til dei andre programkategoriane for nærare omtale av institusjonane og verkemidla på mat- og landbruksområdet.

Landbruksadministrasjonen er desentralisert med etatseiningar og institusjonar over heile landet. I tillegg til forvaltning av tradisjonelt jord- og skogbruk, blir det sett inn store ressursar innan kontroll og andre tiltak i forhold til matkvalitet, dyrehelse og plantehelse, forskning og spreing av kunnskap, utvikling av nye næringar og sikring av berekraftig og miljøvenleg bruk av landarealet, i tillegg til jordvern.

Tabell 2.1 Oversikt over utgifter til administrasjon fordelt på verksemdene

(i 1000 kr)					
Kap	Post	Nemning	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000	Pst. endr.
1100	01	Landbruksdepartementet	101 728	104 385	2,6
1102	01/21	Fylkesmannens landbruksavdeling	286 566	292 523	2,1
1107	01	Statens dyrehelsetilsyn	178 284	183 463	2,9
1110	01	Statens landbrukstilsyn	77 628	86 737	11,7
1114	01/51	Statens næringsmiddeltilsyn	150 476	167 334	11,2
1143	01	Sentral landbruksforvaltning		110 101	
1145	01	Jordskifteverket	128 005	130 795	2,2
1146	01	NIJOS	58 588	58 861	0,5
1147	01	Reindriftsforvaltninga	21 049	23 337	10,9
1150	50-78	Til gjennomføring av jordbruksavtalen ¹	80 044		-100,0
2472	24	Statens Kornforretning ²	28 876		-100,0
Sum			1 111 244	1 157 536	4,1

Tabellen viser at samla administrasjonsutgifter vil auke med 4,1 pst. i høve til 1999. Auken er i hovudsak knytt til satsinga knytt til plantehelse og næringsmiddeltilsyn, jf. kap. 1110 og 1114. Ein legg òg opp til å styrke Reindriftsforvaltninga monaleg. Administrasjonsutgifter knytt til oppgåver som i dag ligg i Statens Landbruksbank, er ikkje tatt med i oversikten ettersom banken vil bli avvikla frå 1.1.2000 og oppgåvene i hovudsak vil bli overført til SND. Ein viser til nærare omtale under dei enkelte kategoriane og kapitla.

I tabellen på neste side er det gitt ein oversikt over bemanninga målt i talet på årsverk i statlege verksemdar på Landbruksdepartementet sitt område. Tala viser ein reduksjon i årsverk frå 1998 til 1999 på om lag 6 pst.

¹ Talet for 1999 er berekna og refererer til administrasjonsutgiftene i Statens Kornforretning som t.o.m. 1999 blei dekt over ordningane på jordbruksavtalen, men som frå 2000 er budsjetttert på kap. 1143 post 01.

² Talet for 1999 er justert opp med 7,1 mill kr i høve til løyvinga p.g.a. budsjettekniske endringar som følgje av omlegginga av budsjetteringa av Statens Kornforretning, jf òg omtale under kap. 1143 post 01.

Tabell 2.2 Talet på årsverk i statlege verksemdar på Landbruksdepartementet sitt område

Kap	Verksemd	Årsverk	
		1998	1999
1100	Landbruksdepartementet	189	187
1102	Fylkesmannen si landbruksavdeling	638	504
1107	Statens dyrehelsetilsyn	212	193
1110	Statens landbrukstilsyn	130	130
1114	Statens næringsmiddeltilsyn	76	77
1145	Jordskifteverket	266	248
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	127	128
1147	Reindriftsforvaltninga	43	51
2411	Statens Landbruksbank	102	94
2472	Statens Kornforretning	111	111
	Veterinærinstituttet	226	243
	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning	69	69
	Norsk institutt for planteforskning	316	327
	Norsk institutt for skogforskning	164	143
Sum		2 669	2 505

Kjelde: Statens sentrale tenestemannsregister, statistikk pr. 1.3.98 og 1.3.99, og Statens Kornforretning.

Status for området, mål og tiltak

Regjeringa vil prioritere arbeidet med å gjere forvaltninga i Noreg enklare – for folk flest, for bedrifter og for kommunar. Gjennom samordning og politisk fokusering skal det to-årige programmet *Eit enklare Noreg* gjere forvaltninga i stand til å produsere betre tenester og gjere regelverket enklare. Landbruksforvaltninga deltek i programmet med fleire prosjekt. Desse saman med andre tiltak er nemnd under dei ymse måla for utvikling av landbruksforvaltninga.

1 Ei klårare rolledeling mellom ulike nivå i forvaltninga

Departementet har med hjelp av Statskonsult kartlagt og analysert departementet sine funksjonar og oppgåver. Ein vil i samband med samordninga av den sentrale forvaltninga av dei landbrukspolitiske verkemidla, jf. St.prp.nr. 1 Tillegg nr. 6 og Innst. S. nr. 89 (1998-99) sjå nærare på oppgåvedelinga mellom departementet og den nye eininga, jf. pkt. 3 under. M.a. vil ein halde fram arbeidet med å leggje forvaltning av tilskotsordningar til verksemdene.

Departementet arbeider òg med ei rolleavklaring mellom offentleg og privat veterinærverksemd, gjennom arbeidet med ny lov om dyrehelsepersonell.

2 Betre samarbeid og samhandling mellom sektorar og etatsnivå

Det vil bli utarbeidd ei ny næringsmiddellov med utgangspunkt i NOU 1996:10. Loven skal erstatte dei mest sentrale lovene på næringsmiddelområdet og forenkle forvaltningsansvaret for mat. Arbeidet med lova skjer i samarbeid med Nærings- og handelsdepartementet, Sosial- og helsedepartementet og Fiskeridepartementet.

Ein tek sikte på eit prøveprosjekt over to år med eit regionalt ledd i det offentlege næringsmiddeltilsynet. I den samanhengen vil ein prøve ut ulike modellar for samlokalisering og samarbeid med fagetatane på regionalt nivå og med fylkesmannen. I tillegg tek ein sikte på å teste ut ei ordning med styrkt sentral styring for ein region. Arbeidet skjer i nært samarbeid med Sosial- og helsedepartementet.

Det blei gjennomført eit omfattande samarbeid mellom sektorar ved utarbeiding av St.meld.nr. 17 (1998-99) *Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren*. Denne samarbeidsformen er òg nytta i arbeidet med stortingsmeldinga om mat- og landbrukspolitikken som regjeringa tek sikte på å leggje fram i 1999. Likeins har det vore eit nært samarbeid

Landbruksdepartementet

med Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet når det gjeld utarbeidinga av St.meld.nr. 39 (1998-99) *Forskning ved et tidsskille*.

Det er i 1999 gjennomført felles styringsmøter mellom Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet for fylkesmannsembete som landbruk- og miljøstyresmakt.

Vidare er det etablert faste kontaktformer med Miljøverndepartementet, Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Kirke-, utdannings- og forskingsdepartementet, Noregs veterinærhøgskole, Noregs landbrukshøgskole og Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND).

Landbruksdepartementet har starta arbeidet med å lage eit samla plandokument for beredskapstiltak for kriser i fredstid i sektoren som femner om fleire faglege område og forvaltningsnivå. I 1999 har ein særskilt konsentrert arbeidet om å førebyggje moglege problem når det gjeld overgang til år 2000 og dei elektroniske problema m.m. dette kan føre med seg.

Landbruksdepartementet er ein viktig medspelar og bidragsytar i Landbruksforskningsforum i regi av Noregs forskingsråd. Forumet har som mål å drøfte sentrale forskingsstrategiske spørsmål saman med sentrale aktørar innan landbruksforskinga, næringar/bransjar og forvaltning.

3 Utvikle omstillingsdyktige og formålseffektive verksemder og tenlege styringssystem (m.a. organisasjons- og strukturendringar i statsforvaltninga)

Statskonsult har på oppdrag frå Landbruksdepartementet gjennomgått oppgåvene i departementet ut i frå kva slags funksjonar eit departement skal ha. Særskilt har ein sett på kva slags oppgåver som kan flyttast ut av departementet til ytre verksemder. I samsvare med Statskonsult si tilråding vil departementet i samband med opprettinga av ei ny forvaltningseining, jf. omtale nedanfor, føre over ei rekkje oppgåver, jf. omtale under kap. 1100.

Stortinget har vedteke at Statens Kornforretning, Omsetningsrådet og Fraktkontoret for slakt skal samordnast i ei verksemd, jf. St.prp.nr. 1 Tillegg nr. 6 (1998-99) og Innst. S. nr. 89 (1998-99). I tillegg vil den delen av Statens Landbruksbank si verksemd som det ikkje er naturleg å overføre til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, inngå i den nye verksemda, jf. òg St.prp.nr. 75 (1998-99), kap. 7.1.5 og 7.2.

Departementet har oppnemnd ein interimsorganisasjon som skal planleggje og gjennomføre samordninga. Interimsorganisasjonen vil bli leia av den nye direktøren for verksemda og er elles sett saman av sentrale medarbeidarar frå verksemdene som skal samordnast. Interimsorganisasjonen er direkte underlagt departementet. Ein tek sikte på at samordninga blir gjennomført frå 1.7.2000, jf. òg St.prp.nr. 75 (1998-99).

Stortinget har vidare vedteke at Statens Landbruksbank skal avviklast som eiga verksemd. Forvaltninga av dei økonomiske verkemidla knytt til finansiering av tradisjonelt landbruk, og nye næringar, som i dag ligg i Statens Landbruksbank og Landbruket sitt Utviklingsfond blir overført til SND. Oppgåver hos Statens Landbruksbank som i dag ligg i fylkesmannen si landbruksavdeling og avdelingskontora til Statens Landbruksbank blir overført til SND sine distriktskontor. Overføringa vil skje frå 1.1.2000, jf. St.prp.nr. 1 Tillegg nr. 6 (1998-99) og Innst. S. nr. 89 (1998-99).

I St.prp.nr. 75 (1998-99) og Innst.S.nr. 243 (1998-99) er dei overordna prinsippa for overføringa av oppgåver frå Statens Landbruksbank og fylkesmannen sin landbruksavdeling til SND trekt opp. Departementet arbeider med å førebu overføringa, og vil i eit tillegg til St.prp.nr. 1 gjere framlegg knytt til dei personalmessige, budsjettmessige og administrative konsekvensane av overføringa.

Både overføringa til SND og samordninga av Statens Kornforretning, Omsetningsrådet og Fraktkontoret for slakt krev at det blir gjort lovendringar. Departementet vil leggje fram framlegg om dette i samband med at tillegget til St.prp.nr. 1 blir lagt fram.

Landbruksdepartementet

Landbruksdepartementet har starta eit arbeid med sikte på å tilpasse Jordskifteverket sin organisasjon til dei endringane i oppgåver og arbeidsmåtar som følgjer av revisjonen av jordskiftelova jf. kap. 1145. Konkrete forslag bygd på dette arbeidet kan tidlegast leggast fram i år 2000.

NOU 1999:19 *Domstolene i samfunnet* tek opp spørsmål som kan få stor innverknad på arbeidet i jordskifte(over)rettane. Landbruksdepartementet vil følgje dette arbeidet med sikte på at ein skal komme fram til resultat som ivaretek dei oppgåver særdomstolen er sett til å gjere.

Departementet arbeider med å setje i gang ei vurdering av røynslene med den nye organiseringa for høgskolene og institutta, med vekt på dei fagpolitiske, forskingspolitiske og utdanningspolitiske spørsmåla, jf. St.prp.nr. 63 (1995-96) og Innst. S. nr. 269 (1995-96), jf. omtale under programkategori 15.20.

Eit viktig satsingsområde for staten som arbeidsgivar er å skaffe fleire lærlingplassar i samband med Reform-94, jf. St.meld.nr. 22 (1996-97) *Om lærlingsituasjonen*. Landbruksforvaltninga har inngått intensjonsavtalar om å ta imot lærlingar. På grunn av stor etterspørsel etter lærlingar i statsforvaltninga er det førebels berre ein kontorlæring som er under opplæring i landbruksforvaltninga.

Nytt økonomireglement for staten

Departementet og underliggjande verksemdar har ei tid arbeidd med innføringa av det nye økonomireglementet for staten. Ein viser til omtale i tidlegare proposisjonar, særleg til St.prp.nr. 67 (1997-98), kap. 4.

Som gjort greie for i nemnde proposisjon pkt. 4.2 ser departementet det som nødvendig å gjere ein del viktige avvik i forhold til normalkrava for oppfølging av tilskottsløyvingar, jf. òg pkt. 4.1 i same proposisjon der departementet gjer greie for kvifor ein ikkje kan nytte ein reindyrka modell for mål- og resultatstyring for oppfølging av tilskottsordningane under jordbruksavtalen.

Siktemålet har vore å gjennomføre dei nødvendige tilpassingane av økonomisystem og rutinar innan 1.7.98. Delar av tilpassinga er likevel ikkje gjennomført. Dette skuldast m.a. at skattefuttetaten har trengt tid til å ta over som statleg rekneskapssentral for alle verksemdar som ønskjer det, jf. òg Finansdepartementet si orientering i St.prp.nr. 65 (1997-98), pkt. 1.4 og St.prp.nr. 67 (1998-99), kap. 1618. På Landbruksdepartementet sitt område er det nå berre Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Planteforsk og Norsk institutt for skogforskning som ikkje har teke i bruk økonomisystem som fyller dei nye krava. Ein tek sikte på at desse verksemdene skal fylle krava i løpet av 1999.

Vidare ligg nokre av verksemdene etter innføringsplanen når det gjeld å fastsetje interne instruksar og dokumentere rutinar. Departementet tek sikte på at det meste skal vere utført innan utgangen av budsjettåret.

Finansdepartementet har i rundskriv datert 10.12.99 fastsett retningslinjer for økonomiregelverket si rekkevidde overfor statlege verksemdar som har fått unntak frå brutto-budsjetteringsprinsippet. Med grunnlag i rundskrivet og søknad frå Landbruksdepartementet har Finansdepartementet gitt sitt samtykkje til at Veterinærinstituttet, Planteforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning og Norsk institutt for skogforskning blir fritatt frå å føre internrekneskapen etter kontantprinsippet. Departementet tek sikte på at fritaket kan gjelde frå 1.1.2000.

Finansdepartementet har i rundskriv datert 5.2.99 fastsett retningslinjer for økonomiregelverket si rekkevidde for forvaltning av statlege fond. Retningslinjene inneber i praksis at departementa tek over forvaltningsansvaret for statlege fond frå Noregs Bank. Landbruksdepartementet tek sikte på å overta ansvaret for dei fonda som skal liggje til departementet og gjere nødvendige tilpassingar til retningslinjene som er fastsett innan utgangen av 1999.

Landbruksdepartementet

Når det gjeld krava som det nye økonomiregelverket set til tilskottsforvaltninga, er desse omfattande og departementet har i lengre tid gitt arbeidet høg prioritet, jf. tidlegare orienteringar. På dei fleste områda er regelverk og rutinar vurdert og forbetra. Arbeidet med å styrkje og betre tilskottsforvaltninga vil halde fram òg i 2000. Det står m.a. att nokre område som ikkje er ferdig vurdert. Dette gjeld særleg ordningar under kap. 1151 i tillegg til einskilte mindre ordningar. Vidare vil departementet halde fram med å utvikle gode oppfølgingskriterium i høve til målsetjingar for ordningane og betre rutinane for kontrollverksemda der dette er nødvendig. Siktemålet med arbeidet er å gi Stortinget og departementet betre informasjon med omsyn til verknadene av løyvingane. Den viktigaste resultatrapporteringa når det gjeld gjennomføring av jordbruksavtalen vil likevel framleis finne stad i samband med behandlinga av dei årlege jordbruksoppgjera, jf. St.prp.nr. 67 (1997-98), kap. 4.1. Arbeidet med å betre forvaltninga av tilskottsordningane må elles sjåast som ein kontinuerleg forbetringsprosess, der m.a. dei administrative kostnadene med oppfølging og kontroll, m.a. knytt til arbeidet med rapportering som blir lagt på tilskottsmottakarane, må vegast opp mot nytten av slik rapportering og kontroll.

På oppdrag frå Finansdepartementet har Statskonsult vurdert tilskottsforvaltninga hos fylkesmannen. Departementet tek tilrådingane i rapporten frå Statskonsult med i arbeidet med å utvikle og betre tilskottsforvaltninga og forvaltningssystema i landbrukssektoren, jf. nærare omtale under kap. 1102.

4 Fleire kvinner i leiarstillingar og sentrale vedtaksfora

Det er eit mål å leggje til rette for at fleire kvinner vel å gå inn i leiarstillingar og styreverv i landbruket. Tilbod om kompetanseoppbygging vil vere viktige verkemiddel i den samanhengen. Det er vidare viktig at organisasjonane er bevisst og nyttar den kompetansen som er bygd opp.

Kvinnetiltaka som blei iverksett i jordbruksavtalen 1998-99 for å betre likestillinga og rekrutteringa, blei vidareført i 1999. Ein MMI-undersøking sommaren 1999 blant 200 kvinnelege bønder syner at kvinnelege bønder meiner at desse tiltaka er av stor betydning.

Det er oppnemnt 40 pst. kvinner i styra til dei statlege landbruksforskinsinstitutta med særskilde fullmakter. I statleg landbruksforvaltning, inkl. Fylkesmannens landbruksavdeling, er det no 21 pst. kvinnelege leiarar. Dette er noko lågare enn gjennomsnittet i statsforvaltninga. Målalet for kvinneandelen er sett til 30 pst. som skal vere nådd i løpet av 2001.

Landbruksdepartementet vil utarbeide ein overordna strategi for å få fleire kvinnelege leiarar i landbruksforvaltninga. Departementet samarbeider med Landbrukssamvirket om eit felles mentorprogram for å få fram fleire kvinnelege leiarar i landbruket.

5 Ei opnare og brukarorientert landbruksforvaltning og målretta informasjonsverksemd

Landbruksdepartementet vektlegg aktivt kommunikasjonsarbeid og målretta informasjonsverksemd i samsvar med den statlege informasjonspolitikken og krava om openheit og innsyn i den offentlege forvaltninga. Gjennom prioritering av kommunikasjons- og informasjonsarbeidet, og målretta ressursbruk på dette området ønskjer Landbruksdepartementet å oppnå dialog og samhandling med målgruppene sine. Viktige målgrupper er daglegvarehandelen, forbrukarane og forbrukerorganisasjonar, ulike organisasjonar, media, næringsmiddel- og primærprodusentar, forskingsmiljø og heile det offentlege forvaltningsapparatet. Ein vil satse særskilt på ein dialog med forbrukarane og forbrukarorganisasjonane som gir desse medverknad i mat- og landbrukspolitikken. Vidareføring av kommunikasjonsprogrammet trygg mat vil her stå sentralt.

Landbruksdepartementet har det overordna ansvar for Kommunikasjonsprogrammet trygg mat. Programmet har som formål å kartlegge og analysere forbrukarane sine behov for informasjon knytt til næringsmiddelområdet, setje dei som arbeider innan

Landbruksdepartementet

offentleg forvaltning i stand til å kommunisere godt og iverksette konkrete tiltak for å dekkje forbrukarane sine informasjons- og kommunikasjonsbehov. Dette programmet vil bli vidareført og tilpassa i år 2000 ut frå dei røynsle ein har fått.

Eit regionalt kommunikasjonsprogram retta mot informasjons- og kommunikasjonsinnsatsen som skjer i fylkesmannsembeta, både internt og eksternt, er i gang. Programmet er eit samarbeid mellom Miljøverndepartementet, Direktoratet for naturforvaltning, Statens forureiningstilsyn, Riksantikvaren, Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdepartementet og Statens dyrehelsetilsyn. Prøveprosjekt er starta i to fylke i Østfold og Hordaland. Formålet er å betre informasjons- og kommunikasjonsinnsatsen frå og mellom dei verksemdene som deltar i programmet gjennom opplæring i informasjon, kommunikasjon og mediakontakt og gjennom stimulering til samhandling.

Det er òg sett i gang eit opplæringsprogram i kommunikasjon, samhandling og leing for leiarane i Landbruksdepartementet. Leiarane vil bli evaluerte i forhold til innsatsen sin på desse områda. Opplæringsprogrammet fokuserer både på intern informasjon og kommunikasjon som er grunnleggjande for at dei tilsette i departementet skal gjere ein best mogleg jobb i forhold til sentrale målgrupper, som forbrukarane, ulike typar politiske og ideelle organisasjonar, media, næringslivet, næringslivsorganisasjonar og produsentar. Landbruksdepartementet ønskjer etter ein prøveperiode i departementet å innføre slik evaluering i høve til underliggjande verksemdar.

Landbruksdepartementet vektlegg bruken av elektronisk kommunikasjon. Departementet har hatt ein eigen Internett-tenar sidan 1997. Frå og med 2000 vil ny Odin bli tatt i bruk, og då vil Landbruksdepartementet integrere si verksemd med Odin.

Ein arbeider med å få ein meir brukarorientert landbruksforvaltning på alle nivå, m.a. gjennom utvikling av serviceerklæringar. Desse skal gjere kjent for brukaren kva ein skal vente av forvaltninga og kven som har ansvaret for dei einskilde statlege tenestene. Departementet vil utarbeide servicemål og tiltak på område der det er stor direkte brukarkontakt og for viktige servicetenester. Underliggjande verksemdar utarbeider likeins serviceerklæringar på sine område. Departementet følgjer opp dette arbeidet gjennom styringsdialogen med verksemdene.

6 Vidareutvikling og betre bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT)

Landbruksforvaltninga har ein godt utbygd informasjonsteknologi. I samband med tilskottsforvaltninga er det bygd opp omfattande fagsystem. Alle desse systema har gjennomgått ein større revisjon i samband med det nye økonomireglementet for staten. Samtidig blei systema vurdert og om nødvendig endra i høve til elektronisk overgang til år 2000. Landbruksdepartementet har òg sett i gang eit arbeid med revisjon av IKT-strategien for statleg landbrukssektor. Denne blir sett i samanheng med Arbeids- og administrasjonsdepartementet sin IKT-strategi for Fylkesmannsembeta.

Einskilde sider ved den teknologiske utviklinga kan gjere verksemdene stadig meir sårbare. Departementet vil intensivere arbeidet med databasetryggleik.

Utviklinga av geografiske informasjonssystem (GIS) og digitale markslagskart skjer gjennom Norsk Institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS), som er landbruket sitt kompetansesenter innanfor kart og geodata. NIJOS deltar òg saman med fylkesmannsembeta i Geovekst-samarbeidet, eit samarbeid mellom store brukarar og produsentar av geodata i Noreg. Samarbeidet omfattar etablering, drift, vedlikehald og samfinansiering av kartdatabaser i stor målestokk.

7 Medverke til vidareutvikling av kommunane som landbruksstyresmakt

Kommunane er førstelinjestyresmakt for jord- og skogbruksforvaltninga. Det er viktig at den kommunale landbruksforvaltninga har ein dimensjonering og kompetanse som gjer at ho kan møte næringsutøvarane sine behov for førstelinjeteneste. Rettleing og tilsyn overfor kommunane er ei av hovudoppgåvene for fylkesmannen. Landbruks-

Landbruksdepartementet

departementet legg vekt på at fylkesmannen har ein systematisk, føremålsretta og likeverdig dialog med kommunane.

Landbruksdepartementet har i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet, Kommunenes sentralforbund og fylkesmennene gjennomført fem regionale kommunekonferansar i løpet av våren 1999. Gjennom konferansane ønskte Landbruksdepartementet å utdjupe og skape oppslutnad om kommunane si rolle og handlingsrom i landbrukspolitikken, og understreke landbruket sin verdi i arbeidet for å løyse dei disitriktpolitiske utfordringane, jf. kap. 1102. Det er planlagt ein nasjonal oppfølgingskonferanse hausten 1999.

Kap 1100 Landbruksdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
01	Driftsutgifter	103 438	101 728	104 385
45	Store utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	12 121	8 375	9 053
70	Tilskott til drifta av Staur gard	250	250	250
	Sum kap 1100	115 809	110 353	113 688

Mål og strategiar

Landbruksdepartementet utformar, iverkset og følgjer opp landbrukspolitiske tiltak som Storting og regjering fastset, og har ansvaret for å samordne og administrere den offentlege innsatsen i høve til landbruket. Dette gjeld tiltak for å ivareta ressursgrunnlaget i landbruket og gi grunnlag for berekraftig verdiskaping, sysselsetjing og trygge matvarer. Arbeidsområdet til departementet er matpolitikk, jordbruk, skogbruk, reindrift, husdyrhald, helseforholda i oppdrettsnæringa, ressursvern og utvikling av nye landbruksbaserte næringar. Departementet er òg ein viktig premissleverandør når det gjeld spørsmål om miljø, arealplanlegging, kulturvern, distriktutbygging, utanriks-handel og forbrukarspørsmål.

Landbruksdepartementet sine sentrale strategiar vil vere å

- utvikle og sikre eit fagleg grunnlag for politiske avgjerd i mat- og landbrukspolitikken
- kommunisere mat- og landbrukspolitikken aktivt for å få samfunnsmessig tilslutning og politisk gjennomslag
- måltilpasse og kommunisere økonomiske og juridiske verkemiddel og påverke internasjonalt for å ivareta nasjonale interesser best mogleg
- utvikle og forbetre system for kontroll og kvalitetssikring i verdikjedene
- skape samanheng og samspel mellom forskning, planlegging, verkemiddel (økonomiske og juridiske) og forvaltning, og å utvikle kvart av desse områda vidare
- avklare roller og funksjonar i departementet sitt samspel med andre offentlege og private aktørar.

For å vere eit tenleg verktøy for regjeringa er det ein føresetnad at departementet har ein fleksibel organisasjon. Departementet vil derfor nytte dei verkemidla som er nedfelte i St.meld. nr. 35 (1991-92) *Om statens forvaltnings- og personalpolitikk* og seinare forvaltningspolitiske utgreiingar.

Ein stor og aukande del av departementet si verksemd er ein del av internasjonale avtaler og prosessar, som EØS-avtalen, WTO-avtalen og internasjonale skogprosessar. Det er derfor nødvendig å leggje auka vekt på dei internasjonale oppgåvene.

Resultatrapport 1998

Landbruksdepartementet viser til statusomtala under dei andre programkategoriane. Mange av dei resultata som er omtalte der, har Landbruksdepartementet tatt initiativ til og tatt del i arbeidet med. Dette gjeld t.d. arbeidet med nye forskrifter som følgje av EØS-avtalen på veterinærområdet, oppfølging av St.meld. nr. 40 (1996-97) *Om matkvalitet og forbrukertryggleik*, oppfølging av NOU 1996:10 *Effektiv matsikkerhet*, St.meld. nr. 17 (1998-99) *Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren*, deltaking i utforming av eit internasjonalt samarbeid innan skogforvaltning og arbeidet med ny stortingsmelding om mat- og landbrukspolitikken, gjennomføring og oppfølging av jordbruksavtalen, jf. St.prp. nr. 75 (1998-99), førebuing av nye WTO-forhandlingar med utgreiingar av landbruket sine multifunksjonelle oppgåver og initiativ til OECD-seminar om multifunksjonaliteten i norsk landbruk, evaluering om bruk av bygdeutviklingsmidlane, arbeidet med Ot.prp. nr. 5 (1998-99) *Om lov om endringer i lov 21 desember 1979 om jordskifte oa (jordskifteloven) mm*, Ot.prp. nr. 23 (1998-99)

Landbruksdepartementet

*Om lov om endringer i lov 31 mai 1974 nr. 19 om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven), Ot.prp. nr. 27 (1998-99) Om lov om opphevelse av lov 25. juni 1936 nr. 4 om enkelte bestemmelser angående meieriselskaper, framlegg til samordning av den sentrale landbruksforvaltninga, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 6 (1998-99), oppdatert versjon av *Langtidsplanen for landbruksforskning (1998-2005)* og gjennomgang av fylkesmannsembeta si oppgaveportefølje. Departementet har òg arbeidd vidare med innføringa av det nye økonomireglementet for staten, jf. omtale under programkategori 15.00.*

I 1998 blei det arbeidd aktivt med å setje god ekstern og intern kommunikasjon og openheit i forvaltninga på dagsordenen i departementet og underliggjande etatar. Auka prioritet til informasjon og kommunikasjon saman med midlar til å skaffe kunnskap om ulike målgrupper og deira kommunikasjons- og informasjonsbehov, har danna grunnlaget for dette arbeidet. Det er utarbeidd informasjonsmateriale på fleire felt. Kommunikasjonsprogrammet trygg mat har og vore engasjert i internasjonal verksemd.

Landbruksdepartementet har sett i gang arbeidet med revisjon av informasjons- og kommunikasjonsteknologistrategien for statleg landbrukssektor. Det er utvikla egne Internettsider om norsk landbruk og landbrukspolitikkk som er mykje besøkt.

Budsjettframlegg 2000

Post 01 Driftsutgifter

Landbruksdepartementet vil i 2000 arbeide med mange politisk høgt prioriterte saker. Ein viser m.a. til oppfølging av NOU 1996:10, oppfølging av Stortinget si behandling av St.meld. nr. 17 (1998-99), deltaking i utforming av eit internasjonalt samarbeid innan skogforvaltning, oppfølging av stortingsmelding om landbrukspolitikken som blir lagt fram i 1999, og førebuing av nye WTO-forhandlingar. Landbruksdepartementet har overført 1,8 mill. kr til Utanriksdepartementet i samband med at det i 1998 blei oppretta ei ny stilling ved delegasjonen i Geneve som ledd i førebuingane til nye WTO-forhandlingar.

Stortinget har vedteke at Statens Kornforretning, Omsetningsrådet og Fraktkontoret for slakt skal samordnast i ei verksemd. Den nye verksemda skal vere operativ f.o.m. 1.7.2000, jf. St.prp. nr. 75 (1998-99). I samband med etableringa av den nye verksemda og overføring av Statens Landbruksbank si verksemd til SND har Landbruksdepartementet vurdert om det er arbeidsoppgåver som kan flyttast ut av departementet. I denne gjennomgangen har departementet hatt bistand frå Statskonsult. Departementet legg opp til at ein del saker blir flytta ut av departementet frå 1.7.2000. Dette er behandling av einskildsaker etter jord- og konsesjonslovgivinga, einskildsaker innanfor miljøområdet, behandling av saker etter lov om ervervmessig husdyrhald og ein del saker innanfor skogområdet. Oppgåvene blir lagt til den nye forvaltningseininga. Departementet skal framleis gi dei politiske styringssignala for korleis slike saker skal avgjerast. Dette gjer det m.a. nødvendig å følgje opp den praksis som kommunar, fylkesmenn og fylkeslandbruksstyrer legg opp til. Vidare blir nokon oppgåver knytt til konkurransestrategiar for norsk mat flytta til SND. Departementet skal framleis ha det overordna ansvaret for desse saksområda. Samla inneber dette at 9,5 årsverk blir flytta ut av departementet frå 1.7.2000.

St.prp. nr. 63 (1995-96) varsla ei vurdering av visse sider ved samarbeid, organisering og arbeidsdeling innan landbruksforskninga. Mandatet til vurderinga blei presisert i Innst.S. nr. 269 (1995-96). Departementet tek sikte på å gjennomføre ei slik vurdering i 2000, og orientere Stortinget i 2001. Grunnlaget for vurderinga blir utforma i samarbeid med Kyrkje- og utdannings- og forskingsdepartement, jf. omtale under programkategori 15.20.

Dette krev auka arbeidsinnsats for at Noreg skal ha innverknad på resultata og det blir meir nødvendig å sjå den nasjonale og internasjonale verksemda i samanheng. Dei omfattande nye oppgåvene innanfor det internasjonale området er for 1999 blitt gjennomført med bruk av overførte midlar frå 1998 (3,5 mill. kr). For 2000 er det

Landbruksdepartementet

føresett at desse oppgåvene knytt til WTO, EØS-avtalen, det internasjonale skogarbeidet og forskingsarbeidet blir ført vidare og auka noko. Framlegget til budsjett for 2000 gir grunnlag for det basert på at halvparten av dei overførte arbeidsoppgåvene blir dekt på kap. 1100.

Det vil i 2000 vere 100 år sidan departementet blei oppretta. Ein tek sikte på å markere jubileet gjennom eit jubileumsarrangement 1.4.2000, utgjeving av ei jubileumsbok, eit informasjonsopplegg for skoleverket og utdeling av jubileumsprisar til personar som har gjort ein stor innsats med basis i landbrukssektoren. Jubileet vil òg bli markert ved ymse nasjonale og internasjonale seminar som blir arrangert i Noreg i jubileumsåret. Markeringa vil såleis leggje vekt på å få fram kva norsk landbruk og departementet har stått og står for og dei utfordringane som norsk landbruk står framfor. Ein stor del av tiltaka blir samordna med departementet si ordinære verksemd. Det er i alt budsjettet med 2,5 mill. kr til desse tiltaka, av dette 1,6 mill. kr i 2000.

I samband med tusenårsskiftet vil departementet i samarbeid med Hageselskapet og Noregs bondekvinnelag og med støtte frå Norsk skog gjennomføre ein treplanteaksjon "Tusenårstreet", jf. nærare omtale under kap. 1140 post 77.

På posten gjer ein òg framlegg om løyvingar til ymse utval, råd og styre og medlemskontingentar i internasjonale organisasjonar. Framlegget gjeld òg løyving i samband med kvinneretta tiltak, som t.d. samarbeidet med stiftelsen *Kvinner viser vei*.

Post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald

Løyvinga kan nyttast til delfinansiering av store nyinnkjøp og ekstraordinært vedlikehald ved verksemdar under departementet, inkl. forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Løyvinga kan òg nyttast til store nyinnkjøp i departementet.

Departementet finn det mest tenleg å ha ei slik løyving ettersom behova ved verksemdene varierer monaleg mellom år, og at ein ønskjer å gjere ein samla vurdering av behova og sjå behova mellom år i samanheng. Departementet føreset at ordinært vedlikehald og mindre innkjøp blir dekt over dei ordinære løyvingane til verksemdene.

Verksemdar under departementet forvaltar eigedommar og disponerer ein stor bygningsmasse. I einskilde tilfelle kan det vere aktuelt å selje festetomter, areal til utbyggingsformål, veggrunn m.m. Departementet gjer framlegg om at inntekt frå sal kan nyttast til ombygging og ekstraordinært vedlikehald av bygningsmassen som verksemdene disponerer, jf. forslag til vedtak II. Vidare gjer ein framlegg om at unytta meirinntekt frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av beløp som kan overførast på posten, jf. forslag til vedtak II.

Post 70 Staur gard

Staten eigde Staur Gard til 1995. Frå 1995 er det Statkorn Holding ASA som eig Staur Gard, medan dotterselskapet Statkorn AS driv han. Overtakinga av den tidlegare statlege representasjons- og forsøks-garden er regulert gjennom ein overtaking- og bruksavtale med staten ved Landbruksdepartementet. Hovedbygninga på Staur skal nyttast til statleg representasjon i tråd med avtalen med Statkorn Holding ASA gjer ein framlegg om ei løyving på 250 000 kr knytt til selskapet si plikt til vedlikehald og drift av hovudbygninga. Delprivatisering av Statkorn Holding ASA rører ikkje ved den tosidige kontrakten mellom staten og selskapet.

Kap 4100 Landbruksdepartementet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
01	Refusjon og gebyr	913	333	362
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	114		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	1 693		
40	Sal av eigedom	3 623		
90	Innfridd panteobligasjon	83		
	Sum kap 4100	6 426	333	362

Inntekter under post 01 er i hovudsak gebyr ved behandling av jord- og konsesjonssaker der fylkesmannen er førsteinstans.

Kap 1102 Fylkesmannens landbruksavdeling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
01	Driftsutgifter	255 067	256 983	262 233
21	Spesielle driftsutgifter	39 750	29 583	30 290
	Sum kap 1102	294 817	286 566	292 523

Mål og strategier*Innleiing*

Den offentlege landbruksforvaltninga er organisert i ein statleg del på fylkesnivå, mens kommunane har det lokale ansvaret. Frå og med 1. januar 2000 vil òg SND sine distriktskontor forvalte økonomiske verkemiddel retta mot landbruket, jf. kategori 15.00 og kategori 15.30. Kap. 1102 omfattar den regionale, statlege landbruksforvaltninga, organisert som fagavdelingar for landbruk i fylkesmannsembeta, jf. St.prp.nr.1 (1999-2000) *Arbeids- og administrasjonsdepartementet* kategori 01.10 Fylkesmannsembetene.

Fylkesmannen skal ivareta dei nasjonale måla i landbrukspolitikken og leggje til rette for effektive og regionale tilpassingar, i samsvar med gjeldande lov- og regelverk og politiske retningslinjer. Fylkesmannen har eit samfunnsansvar med omsyn til samordning og samhandling internt i embeta, overfor kommunane, fylkeskommunane og andre regionale aktørar.

Rettleiing og tilsyn overfor kommunane er ei hovudoppgåve for fylkesmannen, som skal sjå til at kommunane oppfyller si rolle som førstelinestyresmakt for jord- og skogbruk. Departementet legg vekt på at fylkesmannen har ein systematisk, formålsretta og likeverdig dialog med kommunane.

Kommunane er fylkesmannen sin viktigaste kunde og brukar, og arbeidet i kommunane er avgjerande for å nå måla i landbrukspolitikken. Departementet legg vekt på at kommunane har ressurser og fagkompetanse som gjer at dei kan møte næringsutøvarane sine behov for førstelineteneste. Fylkesmannen og kommunane er samla sett viktig som serviceytarar i landbruksnæringa. Utviklinga i landbruket krev at forvaltninga følgjer opp med tilstrekkelege ressurser og kompetanse.

Overordna mål

Fylkesmannen og kommunane skal medverke til å gjennomføre den nasjonale landbrukspolitikken, med dei regionale tilpassingar som den vedtekne landbrukspolitikken gir høve til. Fylkesmannen arbeider etter mål og strategiar innanfor dei enkelte områda som er omtalt i innleiinga og under programkategori 15.30.

1. Landbruksbasert nærings- og bygdeutvikling, jf. kategori 15.30 og kap. 1142 og 1150

Fylkesmannen og kommunane skal medverke til utnytting og utvikling av lokale ressursar og føresetnader basert på prinsippa om berekraftig produksjon. Kommunane er dei fremste aktørane for å nå måla, i samarbeid med organisasjonane i jord- og skogbruksnæringa, og andre sentrale regionale aktørar. Det blir lagt stor vekt på arbeidet med mobilisering, rekruttering og likestilling.

2. Miljø- og arealforvaltning, jf kategori 15.30 og kap. 1140, 1142 og 1150

Fylkesmannen skal medverke til å kombinere næringsverksemd i landbruket med omsyn til natur, kultur og miljø på lang sikt.

3. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Fylkesmannen skal drive effektiv forvaltning og kontrollere bruken av verkemidla under jordbruksavtalen i tråd med måla i landbrukspolitikken og staten sitt økonomireglement.

4. Rettleiing og internadministrasjon

Fylkesmannen skal vere omstillingsdyktig og formålseffektiv, og ha eit kostnadseffektivt rettleiings- og støtteapparat overfor kommunane og landbruksnæringa.

Fylkesmannen si rolle i gjennomføringa av landbrukspolitikken

Stortinget har vedtatt å samordne Statens Kornforretning, Omsetningsrådet, Fraktkontoret for slakt og deler av Statens Landbruksbank (SLB) som eiga verksemd. Stortinget vedtok samtidig å leggje deler av verksemda i SLB og fylkesmannen sin landbruksavdeling under Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND). Overføringa til SND skal vere gjennomført innan 1. januar 2000, jf. Innst. S. nr. 89 (1998-99). Hovudprinsippa ved overføringa av oppgåver frå SLB og fylkesmennenes landbruksavdelingar er teke opp i St.prp.nr.75 (1998-99) *Om jordbruksoppgåver*. Framlegg om dei budsjettmessige, personalmessige og administrative konsekvensane av overføringa vil bli lagt fram i eit tillegg til St.prp.nr.1 (1999-2000), jf. kategori 15.00 og kap. 2411.

Overføringa av oppgåver inneber at forvaltninga av dei økonomiske verkemidla retta direkte mot verksemdetablering- og utvikling, både i tradisjonelt jordbruk og nye næringar, blir overført til SND. Dei meir generelle utviklingsmidla til utgreiings- og tilretteleggingstiltak på fylkesnivået skal framleis administrerast av fylkesmannen. Ordningar under Landbrukets utviklingsfond til miljøformål og skogformål skal framleis administrerast av fylkesmannen saman med midlar til samme formål over statsbudsjettet, jf. kap. 1140 og 1142.

Etter at overføringa av oppgåver til SND er gjennomført vil fylkesmannen framleis vere eit utviklings- og kompetanseorgan for landbruksnæringa, og ein viktig aktør og samarbeidspartnar regionalt. Hovudtyngda av fylkesmannen sitt arbeid vil liggje innanfor følgjande område:

Utviklingsoppgåver

Fylkesmannen vil framleis ha ei viktig rolle som initiativtakar og pådrivar for utvikling av ny lønsam verdiskaping, og skal ivareta utviklingsoppgåver i alle delar av landbrukssektoren. Fylkesmannen vil vere ein viktig aktør i det regionale utviklingsarbeidet gjennom dei verkemidla som ikkje er retta direkte mot verksemdetablering. Fylkesmannen si deltaking i utarbeiding og gjennomføring av regionale utviklingsprogram (RUP) vil vere særskild viktig. BU-midla til utgreiing- og tilrettelegging representerer ein viktig del av bygde- og næringsutviklingsarbeidet innan og i tilknytning til landbruket. Tiltak som bygdemobilisering, lokalsamfunnstiltak for ungdom og strukturtiltak er særleg viktig for mobilisering av lokal utviklingskraft, kunnskapsutvikling og utvikling av nyskapingstilgjenge. Her vil organisasjonane vere ein viktig samarbeidspartnar.

Samfunnsplanlegging

Det vil vere ei hovudoppgåve for fylkesmannen i større grad å sette landbruket inn i eit heilskapleg samfunnsperspektiv, og å gjere landbruket meir synleg både i kommuneplanar, konsekvensutgreiingar og fylkes- og verneplanar. Fylkesmannen skal legge vekt på arealforvaltning og landbruket si deltaking i samfunnsplanlegginga for å motverke nedbygging av produksjonsareal og å gi gode vilkår for utvikling av landbruksnæringa. Landbruket kan plasserast på dagsorden ved at kommunane lager landbruksplaner, og her kan fylkesmannen vere ein aktiv støttespelar for kommunen.

Forvaltning og rettstryggleik

Fylkesmannen er forvaltar av ei rekkje økonomiske og juridiske verkemiddel, og vil framleis ha oppgåver knytt til informasjon, tilsyn og kontroll, både i forhold til dei ordningane som blir behalde hos fylkesmannen og dei som blir overført til SND. Fylkesmannen skal bidra til å styrkje og vidareutvikle kommunane si rolle som landbruksstyresmakt, gjennom rettleiing og tilsyn med forvaltninga av økonomiske og

Landbruksdepartementet

juridiske verkemiddel i kommunane. Fylkesmannen står som landbruksstyresmakt i eit direkte styringsforhold til det statlege fylkeslandbruksstyret i saker etter jord-, skog- og konsesjonslovene og plan- og bygningsloven. Fylkesmannen skal på tenleg måte rapportere til overordna organ i forhold til dei måla som er sett.

Fylkesmannen har ansvaret for ei rekkje avgjerder der borgarane sin rettstryggleik står sentralt, m.a. der det blir gjort inngrep i privat eigedomsrett, og skal sikre at omsynet til rettstryggleik blir ivareteke i forvaltninga av dei landbrukspolitiske verkemidla. Fylkesmannen har òg eit ansvar med omsyn til samarbeid og samhandling internt i embeta og overfor eksterne aktørar, jf. innleiinga.

Tilskottsforvaltninga hos fylkesmannen

Statskonsult har vurdert tilskottsforvaltninga hos fylkesmannen. Føremålet med arbeidet har vore å kartleggje kva for tilskottsordningar som blir forvalta av fylkesmannen, og vurdere om fylkesmannen sine oppgåver er klarlagt i regelverket for ordningane og vidare vurdere moglegheiter for effektivisering av forvaltninga. Gjennomgangen er ledd i arbeidet med betre styring og resultatoppnåing av statlege tiltak.

Statskonsult stiller spørsmål til det store talet på ordningar, særleg innanfor landbruks- og miljøsektoren, og rår til at særleg ordningar som er retta mot private og som blir tildelt etter objektive kriterium blir vurdert lagt til kommunane eller til andre forvaltningsorgan.

Landbruksdepartementet tek tilrådingane i rapporten med i arbeidet med å utvikle og betre tilskottsforvaltninga og forvaltningssystema i landbrukssektoren. I samband med dette er det i gang fleire prosessar der problemstillingane vil bli nøye vurderte. Overføringa av dei økonomiske verkemidla retta direkte mot verksemdetablering og -utvikling, jf. ovanfor, vil føre til at fylkesmannen får færre tilskottsordningar å forvalte på vegne av Landbruksdepartementet. Spørsmålet om eit enklare tilskottssystem vil bli drøfta i stortingsmeldinga om landbrukspolitikken som blir fremma seinare i haust. Vidare vil fylkesmannen si rolle i tilskottsforvaltninga bli vurdert i samband med at det blir oppretta eit nytt organ for den sentrale landbruksforvaltninga, jf. ovanfor under kategori 15.00 pkt. 3 og kap. 1143. I samband med at departementet gjennomgår og vurderer rutinene for forvaltninga av dei ulike tilskottsordningane, jf. kap. 1150, vil òg fylkesmannen si rolle og oppgåver bli vurdert.

Gjennomgang av arbeidsoppgåver i fylkesmannen si landbruksavdeling

Første fase i arbeidet med gjennomgang av fylkesmannen sine arbeidsoppgåver blei gjort greie for i St.prp.nr.1 (1997-98). Departementet har følgd opp dette arbeidet i ein fase II, som tek for seg meir langsiktige tilpassingar i landbruksavdelinga.

Oppgåver som produksjonsrettlegging innan tradisjonelt landbruk, avlstilltak i husdyrbruket, sauesjå, hestesjå og andre fesjå, sekretærfunksjon for husdyrorganisasjonar, produksjonsplanlegging for pelsdyr, opplæring for autorisasjon til bruk av plantevernemiddel og andre tilsvarende rådgjevings- og serviceoppgåver innan tradisjonelt landbruk, kan i større grad overførast organisasjonar og institusjonar i landbruket. Fylkesmannen får myndigheit til å vurdere og avgjere framtidig høveleg organisering av desse oppgåvene, og skal orientere departementet om val av organisatorisk løysing.

Dei tekniske planleggingstenestene er skilt ut som eigne einingar med resultatansvar. Departementet har opna opp for å prøve ut andre modellar for organisering av tenesta, jf. St.prp.nr.1 (1998-99). Denne ordninga vil bli vidareført.

Ordninga med at dei frivillige organisasjonane, 4H, Det norske skogselskap, Landbruksselskapet og Det norske hageselskap ikkje betalar for kontorlokale og kontorteneste hos fylkesmannen blir vidareført, men fylkesmannen kan sjølv vurdere tenesteyting utover dette ut i frå eigen budsjettamme og den nytteeffekten arbeidet i organisasjonane har, sett i forhold til oppgåvene som skal løysast.

Landbruksdepartementet

Oppgåva som bitilsyn vil bli foreslått overført frå fylkesmannen til Statens dyrehelsetilsyn. Ein tek sikte på å fremme ein Ot.prp til Stortinget våren 2000.

I tillegg til dei kortsiktige tilpassingane er det nødvendig med ein meir gjennomgåande langsiktig tilpassing i embeta for at dei skal fylle si rolle i landbruksforvaltninga. I dette arbeidet vil departementet leggje vekt på å:

- vidareutvikle samarbeidet mellom landbruks- og miljøvernavdelingen
- arbeide med effektivisering og delegering av ansvar til kommunane når det gjeld forvaltninga av tilskottsordningane
- forbetre rapporteringsrutinane frå embeta

Dette arbeidet vil skje i dialog og samarbeid med andre berørte departement.

Innlemming av det øyremerkta tilskottet i inntektssystemet for kommunane

I St.prp.nr. 55 (1995-96) *Om kommuneøkonomien* 1997 mv. gjekk regjeringa inn for å innlemme tilskottet til den kommunale landbruksforvaltninga i inntektssystemet frå 1997. Budsjettdrivinga som er gjennomført endrar ikkje kommunane sitt ansvar og oppgåver i gjennomføringa og administrasjon av ulike landbrukspolitiske tiltak. Kommunal- og regionaldepartementet vil legge fram endringar i kostnadsnøkkel for kommunal administrasjon i kommuneøkonomiproposisjonen som blir lagt fram våren 2000. I denne samanheng vil Kommunal- og regionaldepartementet saman med Landbruksdepartementet vurdere ein fordelingsnøkkel for tilskottet til kommunane, jf. St.prp.nr. 60 (1997-98).

Resultatrapport 1998*1. Landbruksbasert nærings- og bygdeutvikling, jf. kategori 15.30*

Fylkesmannen spelar ei viktig rolle i arbeidet med næringsutvikling, som har vore prioritert høgt i 1998. BU-midla er det sentrale verkemidlet for å fremme lønsam næringsutvikling i og i tilknytning til landbruket. Mange embete har ein god strategi for oppfølging av etablerarane og godt samarbeid med kommunane. Evalueringa som er gjennomført av forvaltninga av BU-midla syner at dette er eit område kor ein bør styrkje innsatsen.

Gode regionale nettverk med nær kontakt til brukarar, anna forvaltning, kompetanseinstitusjonar og næringslivet er etablert i fleire embete. Særleg har ein hatt eit godt samarbeid med utarbeiding av fylkesplanar og strategiske næringsplanar, saksbehandling og utviklingsprosjekt. Embeta har eit nært samarbeid innanfor landbruksbasert næringsutvikling med fylkeskommunen og SND sine distriktskontor.

Fylkesmannen har spela ei viktig rolle når det gjeld rettleiing, informasjon, haldningsskapande arbeid, mobilisering og nettverksbygging for kvinner innan tradisjonelt landbruk og i nye næringar.

Fylkesmannen har ei viktig rolle innan skogbruket, og resultata av hovudtiltaka her blir rapporterte under kap. 1142.

2. Miljø- og arealforvaltning, jf. kategori 15.30 og kap. 1140, 1142 og 1150

Fylkesmannen har lagt større vekt på å delta i samfunnsplanprosessane i 1998. Her har fylkesmannsembeta gjort ein stor innsats for å sikre landbruket sine arealressursar, og fått gjennomslag i fleire saker. Hovudutfordringa har vore å komme tidleg nok inn i planprosessane. I verneplanprosessane har aktiv deltaking frå embeta i fleire fylke medverka til at landbruket sine interesser i dei verna områda har blitt betre ivaretekne.

Etter styrkinga av jordvernet, mellom anna gjennom St. meld. nr. 29 (1996-97), har det vore ein klar auke i talet på plansaker der fylkeslandbruksstyret har reist motsegn. Jordvern er blitt eit meir aktuelt spørsmål i mange kommunar, og fylkesmannen har hatt eit stort engasjement for å motverke at verdifullt landbruksareal blir bygd ned.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennomførte i 1997/98 eit prosjekt for å stimulere til frivillig bruksrasjonalisering. I prosjektet har ein mellom anna drøfta korleis tilbod

Landbruksdepartementet

om kjøp av landbrukseigedomar oppstår og kva som kan hindre eller fremje sal av slike eigedomar. Prosjektet omtalar og korleis frivillig eigedomsformidling kan organiserast.

Dei fleste embeta har no kome i gang med prosjekt knytt til bruk av geografiske informasjonssystem (GIS), mange i samarbeid med dei andre avdelingane hos fylkesmannen.

Landbruksforvaltninga har støtta opp om organisasjonane sitt arbeid med utvikling av miljø- og ressursplanar for å integrere miljøomsyn i produksjonen på det enkelte bruket. Planane er ein del av Kvalitetssystema i Landbruket (KSL), og legg til rette for internkontrollen på gardsbruka og letter kontrollarbeidet i forvaltninga. Oppslutninga om KSL varierer noko mellom fylka, men er aukande over heile landet.

Satsinga på områdetiltaka i miljøarbeidet starta opp i 1998 og mange fylke er godt i gang. Gjennom områdetiltak blir det oppfordra til lokalt initiativ og tverrsektorielle tiltak som en del av satsinga på Lokal Agenda 21.

Øvrige miljøsatningar er omtala i St.prp.nr.75 (1998-99).

3. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak i jordbruket

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for forvaltning og kontroll av dei direkte tilskotta i jordbruket. Ordningane går inn som ein del av det totale verkemiddelapparatet. Ein viser derfor til omtale under kategori 15.30, kap. 1150 og til St.prp.nr. 75 (1998-99). Statens Kornforretning (SKF) har ansvaret for å følge opp fylkesmannen på dette området fram til samordninga av den sentrale landbruksforvaltninga 1. juli 2000. Da vil oppgåvene i SKF bli overført til den nye verksemda, jf. kategori 15.00 og kap. 1143.

4. Rettleiing og internadministrasjon

Fylkesmannen har i mange fylke lukkast i å gjere kommunane meir medvetne si rolle som landbruksstyresmakt, gjennom mellom anna møter med politisk og administrativ leiing i kommunane, kompetanseprogram og løpande kontakt og dialog.

Alle fylkesmannsembeta har i 1998 gjennomført tiltak med omsyn til kompetanseutvikling for tilsette både i kommunane og hos fylkesmannen.

Andelen kvinner som er tilsette i landbruksavdelingane hos fylkesmannen er aukande, men framleis for lågt, særleg er talet på kvinnelege leiarar for lågt. I 1998 var 4 av 54 tilsette leiarar kvinner, 2 av desse vikarierte i leiarstillingar.

Budsjettframlegg 2000

1. Landbruksbasert nærings- og bygdeutvikling, jf. kategori 15.30

Hovudutfordringa for fylkesmannen vil vere å behalde utviklingskrafta i embetet gjennom ei målretta bruk av utviklings- og utgreiingsmidlar. Eit nært samarbeid med fylkeskommunen og SND sine distriktskontor vil vere viktig med omsyn til overordna strategiutforming for bruken av midlane. Nær kontakt med fylkeslaga til Noregs bondelag og Noregs Bonde- og Småbrukarlag vil vere viktig i dette arbeidet. Fylkesmannen må og leggje sterk vekt på å oppretthalde òg vidareutvikle eit aktivt og målretta samarbeid med kommunane, fylkeskommunen og SND, særleg viktig er arbeidet med regionale utviklingsplanar og dei strategiske næringsplanane. Embeta må utvikle ein bevisst strategi med omsyn til samhandling med SND og fylkeskommunen framover. Fylkesmannsambetet skal gjennom sin kompetanse og vidareutvikling av denne vere ein attraktiv samarbeidspartnar i det regionale utviklingsarbeidet. Koordinering og samhandling med det distriktspolitiske verkemiddelapparatet på fylkesnivå blir særleg viktig etter at ein del av dei økonomiske verkemidla til næringsutvikling blir overført til SND. Departementet viser til kategori 15.00 og tillegg til St.prp.nr. 1 (1999-2000) som vil bli fremma seinere i haust for ei nærare utgreiing av dette.

Det er eit stort potensial for auka lokal verdiskaping med basis i skogen og skogsbaserte verksemdar. Det er viktig at embeta legg vekt på dette i samband med strategiarbeid og utviklings- og tilretteleggingstiltak. Dette vil krevje stor innsats i mange embete.

Landbruksdepartementet

Samtidig er det nødvendig at fylkesmannsembeta arbeider målretta for auka aktivitet på dei langsiktige investeringane. Departementet har gjennom St. meld. nr. 17 (1998-99) trekt opp fleire strategiar for auka verdiskaping i skogsektoren, Departementet viser til Stortinget si behandling i Innst. S. nr. 208 (1998-99). Tilskottsmidlane til investeringstiltaka i skogbruket vil bli gitt som ei rammetildeling til fylkesmanns-embeta, jf. kap. 1142.

Fylkesmannen skal prioritere eit heilskapleg næringsutviklingsarbeid. Tradisjonelle næringar og utvikling innanfor desse må sjåast i samanheng med utvikling av nye og alternative næringar. Fylkesmannen skal føre vidare arbeidet med å styrkje og utvikle det tradisjonelle jordbruket, og utvikling og utviding av produksjonen slik som økologisk produksjon, visse eksportprodukt og nisjeprodukt elles. Embeta må leggje auka vekt på gjennomføring og rapportering av tiltak som kan gjere det attraktivt for ungdom å satse på ei framtid i landbruket, og særleg arbeidet med likestilling i landbruket og tiltak retta mot odelsjenter og kvinner som vil overta bruk.

Fylkesmannen må følgje opp kommunane sitt arbeid med tilrettelegging for næringsutvikling.

Fylkesmannen må i arbeidet med næringsutvikling nytte seg av kompetanse ved regionale forskingsinstitusjonar og høgskular, og nytte dei mogleghetene samarbeidsavtalen mellom Noregs forskingsråd og SND gir.

I tillegg bør fylkesmannen søke tilknytning og samspill i internasjonale næringsutviklingsprosjekt.

2. Miljø- og arealforvaltning, jf. kategori 15.30 og kap. 1140, 1142 og 1150

Fylkesmannen skal følgje opp dei prosessane som styrer arealdisponeringar ved å:

- motivere kommunane til å lage landbruksplanar, gje råd og rettleiing og knyte kontakt med kommunar med gode røynsle frå planarbeidet. Slike planar kan leggje til rette for næringsutvikling og gi signal til kommunen si arealplanlegging,
- følgje opp St.meld.nr. 29 (1996-97) om eit sterkare jord- og ressursvern gjennom tidleg medverknad og dialog i planprosessar. Sjå til at kommunane nyttar dei høve som plan- og bygningslova gir for å utvikle landbruket. Det må stillast krav til effektiv utnytting av utbyggingsområde i kommuneplanar og reguleringsplanar. God dokumentasjon over jordbruksareala og avgangen av areal er òg viktig,
- styrkje fylkesplanane som ein arena for regional samordning og løysing av saker med regionale verknader,
- styrkje arbeidet med verneplanar. Dei verknader vernet får for landbruket må bli dokumentert og tatt omsyn til og ein må leggje større vekt på å kombinere aktivt bruk og vern. Det er viktig å leggje til rette for lokal deltaking i planprosessen og lokal forvaltning av verna område.

Fylkesmannen og fylkeslandbruksstyra har eit særleg ansvar for å følgje opp dei måla for landbrukspolitikken som følgjer av formålet med jordlova, skogbrukslova og konsesjonslova, sjå kategori 15.30. Fylkesmannen har òg ei viktig rolle i å syte for at dei langsiktige investeringane i skogbruket blir halde oppe på eit tilstrekkeleg høgt nivå, jf. St.meld.nr. 17 (1998-99).

Prosjektet som blei gjennomført hos fylkesmannen i Møre og Romsdal i 1997/98 for å stimulere til frivillig bruksrasjonalisering vil bli vidareført i 2000. Departementet tek sikte på å starte opp nye prosjekt i eit eller fleire fylke, jf. kategori 15.30.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet samarbeidar om utarbeidinga av ein strategisk handlingsplan for GIS-bruk med sikte på å skape struktur- og samarbeidsgevinstar på tvers av fagmiljø innan fylkesmannsembeta. Det vil bli avsett midlar til å halde fram med Geovekst-samarbeidet.

Betre miljøtilpassing og forvaltning av kulturlandskapet krev framleis stor innsats. Verkemiddel på miljøområdet vil i aukande grad bli sett inn mot områdetiltak, jf.

Landbruksdepartementet

kategori 15.30. Miljøtiltaka skal bli styrkt og i sterkare grad målretta gjennom eit heilskapleg resultatoppfølgingssystem, og ved samordning av miljøverkemidla i eit miljøprogram, og gjennom miljøplanar på det einskilte bruk jf. St.prp.nr.75 (1998-99) og kategori 15.30.

Det er eit mål å utvikle det økologiske landbruket i alle delar av landet, og hovudutfordringa er avsetning og meirpris for dei økologiske produkta i marknaden, jf. St.prp.nr.75 (1998-99). Fylkesmannen vil ha ei sentral rolle i arbeidet med å stimulere til utvikling av produsentfagmiljø, samt å tene marknaden betre. Næringsmessig forvaltning av utmarksressursane som vilt og fisk er eit viktig område.

Fylkesmannen skal sørgje for eit tett samarbeid mellom miljø- og landbruksforvaltninga med omsyn til forvaltninga av rovviltbestandane og førebyggjande tiltak mot rovdyrskadar. Det skal leggjast til rette for både eit aktivt landbruk og vern av rovdyr. Fylkesmannen skal òg vere aktiv deltakar i rådgevande rovdyrutval. Midlar til erstatningar og førebyggjande rovdyrtiltak, inkludert omlegging til mjølkeproduksjon, blir løyvd over Miljøverndepartementet sitt budsjett. Næringsutøvarane innanfor kjerneområda for rovdyr og viktige leveområde for ulv, som på frivillig grunnlag ønskjer omlegging av drifta, skal etter jordbruksavtalen for 1998-99 bli behandla likt som andre søkarar innanfor BU-systemet.

3. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak i jordbruket

Fylkesmannen må prioritere arbeid med kommunikasjon både mot kommunar og brukarar og mot den sentrale forvaltninga. Det er eit særskilt ansvar å sikre ei trygg forvaltning av dei inntektspolitiske tiltaka og at kommunar og brukarane skal ha ei god forståing av både mål og retningslinjer for tiltaka. I samband med resultatrapportering må fylkesmannen òg leggje vekt på gode kommunikasjonslinjer slik at tiltaka kan bli så målretta som mogleg.

4. Rettleiing og internadministrasjon

Fylkesmannsembeta må framleis auke innsatsen i tilsyn og oppfølging av kommunane. Departementet vil peike på at fylkesmennene m.a. i samband med behandling av kommunane sine budsjett og økonomiplaner, må sjå til at kommunane set av dei ressursane som trengst for gjennomføring av landbrukspolitikken. Fylkesmannen må stille auka faglege krav til den kommunale saksbehandlinga. Arbeidet i og oppfølging av kommunane er eit satsingsområde framover. Dette var òg utgangspunkt for dei regionale kommunekonferansane departementet arrangerte våren 1999, i samarbeid med Kommunanes sentralforbund, Kommunal- og regionaldepartementet og fylkesmennene, jf. kategori 15.00. Det skal gjennomførast ei nasjonal oppfølgingskonferanse hausten 1999.

Fylkesmannen har eit særleg ansvar for å bidra med kunnskap om bruk av lover og generell saksbehandling i saker der myndigheit i første instans er lagt til kommunane og der fylkesmannen eller fylkeslandbruksstyret avgjer klagesaker. Fylkesmannen må i slike høve gi kommunane generell rettleiing slik at kvaliteten på avgjerdene i kommunane kan sikrast.

Fylkesmannen bør styrkje sitt arbeid med å utvikle strategiar for korleis ein kan få rekruttert fleire kvinner og kvinnelege leiarar til avdelingane.

Prøveordninga der om lag halvparten av budsjettmidla til dei 4 fagsentra under Planteforsk blir kanalisert som oppdrag frå fylkesmannen i vertsfylka, vil bli vidareført i 2000. Løyvinga er ført opp under kap. 1112 post 52.

Fylkesmannen må drive aktiv informasjonsverksemd om sine ansvarsområde overfor eit større publikum, og formidle informasjon om utviklinga i landbruket og dei sentrale fellesverdiane landbruket ivaretek. Landbruksdepartementet, Miljøverndepartementet og Arbeids- og administrasjonsdepartementet skal i år 2000 vidareføre samarbeidet om eit regionalt kommunikasjonsprogram, i fylkesmannsembeta i Østfold og Hordaland. Prosjektet sett fokus på samarbeid og kommunikasjon i høve til landbruk- og miljøvern, sjå kategoriomtalen foran.

Merknader til dei einskilde postane

Post 01 Driftsutgifter

I samband med organisatoriske endringar ved fylkesmannsembetet i Buskerud er det i budsjettframlegget overført 0,35 mill. kr frå denne posten til Arbeids- og administrasjonsdepartementet kap. 1510 Fylkesmannsembeta.

I samband med innflytting i Statens hus i Hedmark er posten auka med 0,89 mill. kr, i kompensasjon for auka husleie.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Det er under posten løyvd midlar til arbeidet med teknisk planlegging i fylkesmannsembeta. Landbruksavdelingane i fylkesmannsembeta er ofte koordinator eller prosjektleiar for utviklingsprosjekt i forhold til landbruket og distrikta i fylket. Prosjekta er samfinansiert av dei deltakande aktørane t.d. landbruksnæringa, avlsorganisasjonane og samvirkeorganisasjonane. Ein viser òg til omtalen under kap. 4102 nedanfor.

Kap 4102 Fylkesmannens landbruksavdeling

(i 1 000 kr)			
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999
			Framlegg 2000
04	Oppdragsinntekter og refusjonar	36 088	29 583
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	1 250	
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	2 846	
17	Refusjon, lærlinger	24	
	Sum kap 4102	40 208	29 583
			30 290

Post 04 Oppdragsinntekter og refusjonar

Løyvinga gjeld inntekter knytte til teknisk planlegging, refusjonar m.m. Det er budsjettert med tilsvarande utgifter på kap. 1102 post 21. Ein gjer framlegg om at eventuelle meirinntekter kan gi høve til å auke utgiftene under kap. 1102 post 21 tilsvarande, jf. forslag til vedtak III.

Programkategori 15.10 Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse

Utgifter under programkategori 15.10 fordelt på kapittel:

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000	Pst endr 99/00
1107	Statens dyrehelsetilsyn	195 342	181 499	199 463	9,9
1110	Statens landbrukstilsyn	74 846	79 368	88 519	11,5
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling mm	130 079	140 974	147 444	4,6
1114	Statens næringsmiddeltilsyn	148 199	170 503	167 334	-1,9
	Sum kategori 15.10	548 466	572 344	602 760	5,3

Inntekter under programkategori 15.10 fordelt på kapittel:

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000	Pst endr 99/00
4107	Statens dyrehelsetilsyn	14 295	8 799	9 031	2,6
4110	Statens landbrukstilsyn	59 709	58 748	62 078	5,7
4114	Statens næringsmiddeltilsyn	108 693	137 738	160 123	16,3
	Sum kategori 15.10	182 697	205 285	231 232	12,6

Status for området

Arbeidet innanfor området er lagt opp etter ein strategi der ein sikrar kvaliteten på sluttprodukta gjennom innsats i kvar del av matvarekjeda frå jord/fjord til bord.

Produksjon

Landbruksdepartementet legg vekt på riktig bruk av miljøsikre innsatsvarer i landbruket. Såleis er gjødsel som blir marknadsført i Noreg jamt over av svært god kvalitet. Noreg har strenge krav til m.a. kadmium i gjødsel som i sin tur kan finnast att i matvarene. Tilførselen av kadmium til jorda via gjødsel er monaleg redusert dei siste åra.

Organisk avfall er ein ressurs som bør utnyttast på best mogleg måte. Som følge av at slikt avfall skal bort frå fyllplassane er det aktuelt å nytte avfallet som råstoff til m.a. jordforbetningsmiddel. Det er i gang arbeid når det gjeld slam, kompost og anna organisk avfall for å sjå på korleis slike avfallsstoff best mogleg kan resirkulerast basert på at kvalitetskrava til slike produkt er like strenge som for andre innsatsvarer. Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet har tatt kontakt med fleire organisasjonar og institusjonar med sikte på å få til ei organisering som kan gi ei betre utnytting av det organiske avfallet. Ein vil kome attende til dette i samband med jordbruksoppgjeret 2000. Ein viser elles til omtale under Miljøverndepartementet, kap. 1442. Ei arbeidsgruppe nedsett av Landbruksdepartementet i samråd med Miljøverndepartementet og Sosial- og helsedepartementet ser nærare på ei samordning av regelverket for organisk avfall nytta som gjødsel/jordforbetningsmiddel.

Arbeidet med å ytterlegare redusera bruken av antibiotika innan husdyrproduksjonen, gjennom førebyggjande tiltak, held fram. Det blei i 1998 ikkje nytta antibiotika i fôr. Stortinget har bedt regjeringa vurdere konsekvensane ved innføring av eit eventuelt forbod mot bruk av antibiotika i fôr i Noreg. Eit forslag om å forby bruk av all fôrantibiotika har vore på høyring. Etter ei samla vurdering meiner regjeringa at det er

riktig å innføre eit generelt forbod mot bruk av antibiotika i fôrvarer, vurdert ut ifrå ønske om ei restriktiv haldning til all antibiotikabruk i norsk dyrehald. Regjeringa vil kome attende med når eit slikt forbod kan setjast i verk.

Plantehelse

Som følge av ein geografisk spreidd produksjon, klima og dei overvakings- og kontrollprogramma som er etablerte, er Noreg fri for fleire alvorlege skadegjerarar på planter. Nyare granskingar og leiting etter særskilde skadegjerarar viser likevel at status for plantehele i Noreg ikkje er like bra som vi tidlegare har rekna med. Utanom statskontrollen med oppformeiringsmateriale for særskilde vekstar, har tilsynet med den nasjonale produksjonen ikkje vore prioritert, og ein har sett fleire eksempel på at skadegjerarar har spreidd seg til nye brukseiningar før dei har blitt oppdaga. Dette kan òg verke negativt inn på kvaliteten på produkta. Det er særleg planter til vidare dyrking som representerer ein risiko i spreingssamheng.

Regelverket for plantehelse blei ikkje teke inn i EØS-avtalen, m.a. fordi EU var i gang med ein større revisjon av regelverket sitt då EØS-forhandlingane gjekk føre seg. Partane blei samde om å føre vidare samtalar på eit seinare tidspunkt, noko som blei gjort i juni 1997. EU ser framleis på saka.

I 1999 byrja Landbruksdepartementet ei større satsing for å sikra og heve standarden på norsk plantehele, basert på førebyggjande tiltak og tilsyn med nøkkelledd i produksjonen. Departementet gjer framlegg om å auke satsinga i år 2000, jf. kap. 1110.

Plantevernmiddel

Ny handlingsplan for å redusere helse og miljørisikoen ved bruk av plantevernmiddel for perioden 1998-2002 blei drøfta under jordbruksforhandlingane 1998. Avtalepartane blei samde om å forankre handlingsplanen i eit organisert samarbeid med jordbruksorganisasjonane. Med dei endringar/merknader som det blei semje om under drøftingsmøte med jordbruksorganisasjonane hausten 1998 har Landbruksdepartementet vedtatt handlingsplanen og fordelt midlane avsett over jordbruksavtalen på 9 mill. kr.

Dyrevelferd

Dyrevernemndene er med på å styrkje det lokale dyrevernarbeidet og medverkar til høg kvalitet på dyrehald og ein etisk forsvarleg produksjon av matvarer. Omlegginga av nemndene har òg gjort lokalplanet medveten på eit vis som i større grad enn tidlegare vil avdekkje eventuelle dyremishandlingar.

I enkelte delar av landet er det aukande konflikt mellom rovdyr og beiteinteresser i utmarka. Dette verkar òg inn på dyrevernet. Regjeringa arbeider med å løyse desse konfliktane i samsvar med Stortingets retningslinjer.

Forbrukarane vil kjenne seg tryggje på at dyra er haldne etisk forsvarleg og transportert på betryggande vis til avliving. Dette gjeld alt dyrehald, ikkje minst hald av produksjonsdyr. Kravet om eit dyrevernmessig forsvarleg dyrehald som grunnlag for produksjon av matvarer blir stadig sterkare. Landbruksdepartementet har derfor lagt mye arbeid i å utvikle nytt nasjonalt regelverk og medverke til at dyrevelferda stadig blir styrkt i internasjonalt regelverk. Dyrevern har blitt ein del av EØS-avtalen gjennom den utvida veterinæravtalen. Alle rettsaktene er implementert i norsk regelverk.

Det er eit aukande krav om å få ned talet på dyr som nyttast i forsøk. Det er òg viktig at forsøksdyra får så optimale forhold som mogleg. I den samanhengen er det fastsett krav til utdanning for alt personell som skal arbeide med forsøksdyr. Med dette vil Noreg fullt ut oppfylle dei krava som er sette i Europakonvensjonen om vern av forsøksdyr.

I regi av Europarådet er det i gang arbeid med dyrevern på fisk. Departementet vil setje i gang arbeid med nye forskrifter om hald av høner i bur.

Dyrehelse

Dei smittsame sjukdomane hos akvatiske dyr og landdyr er under god kontroll. Det er ikkje påvist at alvorlege smittsame sjukdomar er kome inn i landet via dyr som blei innført i 1998. Den omfattande kontrollverksemda og dei førebyggjande tiltaka har medverka til dette, jf. kap. 1107. Stortinget gav i desember 1998 si tilslutning til ein framforhandla revisjon av EØS-avtalen på veterinær sektor, jf. St.prp. nr. 6 (1998-99).

Det er etablert veterinær grensekontroll for dyr og/eller dyreprodukt frå land utanfor EØS på Storskog i Finnmark, Oslo lufthamn Gardermoen, Oslo hamn og Borg hamn. På grunn av knapp tid er enkelte innretningar mellombelse. Dei permanente bygningane vil stå ferdig i 2000.

Overvaking- og kontrollarbeidet knytt til sjukdom i husdyrhaldet og hos akvakulturdyr er ført vidare.

Overvaking av sjukdommar som kan overførast frå dyr til menneske (zoonoser) er viktig. Det er i 1999 etablert ei zoonoseeining som resultat av eit samarbeid mellom Veterinærinstituttet og Folkehelsa. Overvaking- og kontrollprogrammet for salmonella i levande dyr og animalske næringsmiddel av fjørfe, svin og storfe har synt at tryggleiken for forbrukarane er god. Salmonella blei berre påvist i 0,02 pst. av prøvene. Dei ulike tiltaka som er vedtatt som del av den reviderte EØS-avtalen (veterinæravtalen) er følgt opp i samsvar med planane.

Matvarer

Gjennom oppfølging av Stortinget si behandling av St.meld. nr. 40 (1996-97) og ved etablering av tiltak i samband med den reviderte EØS-avtalen, har arbeidet på området blitt styrkt.

Oppfølging av arbeidet med internkontrollsystem i importbedrifter vil halde fram. ESA har ført kontroll med organisering og fysiske forhold på kjøttproduksjonsbedrifter og grensekontrollstasjonar.

Handelen med matvarer er omfatta av WTO-avtalen. Skal Noreg etter denne avtalen kunne stille strenge krav til matvarer som skal importerast, må ein kunne dokumentere at norske varer er trygge. Dette har gjort at ein har sett i gang omfattande kartlegging og overvaking av smittestoff og framandstoff i matvarer i Noreg.

Risikovurdering vil spele ei større rolle for val av tiltak i heile matvarekjeda frå jord/-fjord til bord for å sikre trygg mat, òg i samband med internasjonal handel. Arbeidet med å byggje opp kompetanse i risikoanalyse på dette området har stått og vil stå sentralt i åra som kjem.

Departementet er i dialog med forbrukarorganisasjonane med ei målsetting om å sikre forbrukarane innverknad på matpolitikken.

Kartlegging, overvaking og kontrollarbeid knytt til matvarer, inkludert importerte matvarer, vil halde fram. Det blei våren 1999 oppdaga ulovleg tilsetjing av helseskadeleg olje i enkelte fôrvarer i Belgia. Denne olja inneheldt store mengder dioksin. Som følge av dette blei det spreidd fôrvarer, dyr og matvarer med for høgt dioksininnhald til ei rekkje land i Europa. Etter at hendinga blei kjent blei det sett i verk tiltak for å få oversikt over importert mat og fôr frå Belgia. Prøver som blei tatt av varene viste at Noreg gjekk klår av hendinga. All vidare import av varer som kunne utgjere ein risiko blei stansa. Hendinga syner at det er nødvendig å ha beredskap for kartlegging og kontroll av fôr- og matvarer. Det er gjennomført utvida kontrolltiltak for verksemdar i resirkuleringsbransjen.

Mål og tiltak

Mål

Hovudmålet under programkategori 15.10 er å sikre forbrukarane trygge matvarer som blir produsert på ein etisk og helse- og ressursmessig akseptabel måte. Delmåla er omtalt i pkt 1.2 i innleiinga.

Landbruksdepartementet

Tiltak

Landbruksdepartementet gjer framlegg om ei samla løyving under programkategori 15.10 Matkvalitet, dyrehelse og plantehelse på om lag 603 mill. kr. Budsjettframlegget inneber ei auka satsing på viktige område frå 136,5 mill. kr til 173,6 mill. kr. Av dette legg ein opp til å nytte 154,6 mill. kr under programkategori 15.10 medan 19 mill. kr vil bli nytta under andre programkategoriar, jf. tabellen nedanfor.

		(mill. kr)		
<i>Satsingsområde</i>	<i>Kap.</i>	<i>1998</i>	<i>1999</i>	<i>2000</i>
<i>Oppfølging av Matmeldinga:</i>				
Administrasjon m.m.	1100	1,5	1,5	1,5
Effektivisering av tilsyn og kontroll/ GMO	1114	11,7	11,7	30
Forbrukardeltaking	1114		1,0	1,0
Innkjøp av tenester frå Folkehelsa	1114	2,5	2,5	2,5
Styrkje offentleg overvaking knytt til handel med dyreprodukt	1114	5,5	5,5	5,5
Forvaltningsstøtte/laboratorietenester	1114	3,4	3,4	3,4
Kunnskapsutvikling	1114	6,9	6,9	6,9
<i>Sum oppfølging av Matmeldinga</i>		31,5	32,5	50,8
<i>Styrkt tilsyn med produkt:</i>				
Kvalitetskontroll med matpoteter	1114		8,6	8,6
<i>Sum styrkt tilsyn med produkt</i>			8,6	8,6
<i>Styrkt tilsyn med innsatsvarer:</i>				
Kontroll med plantevernmiddel	1110	2,5	2,5	3,0
Kontroll med GMO i fôr og planter	1110			1,7
Kontroll med fôr til familiedyr	1107	7,0	7,0	7,0
Forskning og utvikling knytt til fôr til familiedyr	1137	1,0	1,5	1,5
Plantevern, infrastruktur	1112			0,8
Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel	1150		9,0	12,0
<i>Sum styrkt tilsyn med innsatsvarer</i>		10,5	20,0	26,0
<i>Styrkt tilsyn knytt til fiskehelse</i>	1107			2,0
<i>Sum nasjonale tiltak knytt til plantehelse</i>	1110	1,5	8,9	14,9
<i>Nasjonale tiltak knytt til EØS - veterinær sektor:</i>				
Administrasjon	1100	4,0	4,0	4,0
Tilsyn og kontroll, dyrehelse	1107	20,7	24,2	24,2
Zoonoseenheten	1112		3,0	3,3
Kjøp av analysetenester, risikoanalyse, risikokommunikasjon, GMO	1112	12,5	14,7	17,2
Tilsyn og kontroll, næringsmiddel	1114	4,5	5,1	5,1
<i>Sum nasjonale tiltak knytt til EØS - veterinær sektor</i>		41,7	51,0	53,8
<i>Obligatoriske tiltak knytt til EØS - veterinær sektor:</i>				
Grensekontroll, tilsyn, levende dyr og merking	1107		7,8	8,8
Grense- og mottakskontroll, produkt	1114		7,7	8,7
<i>Sum obligatoriske tiltak knytt til EØS- veterinær sektor:</i>			15,5	17,5
Sum		85,2	136,5	173,6

Regjeringa legg i budsjettframlegget opp til auka innsats knytt til oppfølging av Matmeldinga innanfor ei ramme på 50,8 mill. kr.

På grunn av endra nasjonale og internasjonale rammevilkår er det nødvendig å modernisere og effektivisere tilsynet gjennom betre samspel og koordinering av oppgåvene langs heile matvarekjeda. Kontrollane frå ESA syner at det framleis er område der det er nødvendig med forbetringar frå norsk side. Dette gjeld t.d. ved slakteri- og nedskjeringsverksemdar og grensekontrollstasjonane.

Tilsynsverksemdene blir stadig stilt overfor nye utfordringar grunna utvikling av ny produksjonsteknologi. Ei av desse utfordringane er knytt til genmodifiserte organismar (GMO). Det er allereie påvist GMO-soya i umerka eller feilmerka importert mat i norske butikkar, og GMO-variantar er vanleg i importert fôr. GMO kjem til å bli introdusert i nye mat- og fôrmarknader og norske mat- og fôrprodusentar vil truleg nytta GMO-variantar i eigen produksjon. Dette aukar behovet for å føre tilsyn med bruk og førekomst av GMO i mat og fôr. På lengre sikt vil det òg bli eit auka behov for å studere eventuelle miljøeffektar når ein nyttar slike organismar. For å kunne følgje opp

Landbruksdepartementet

vedtak om godkjenning og merking av GMO, må desse oppgåvene inkluderast i det ordinære tilsynsarbeidet. Departementet vil derfor auke innsatsen på næringsmiddelområdet med 22 mill. kr for å modernisere og effektivisere tilsynet og gjere det i stand til å møte utfordringane knytt til GMO. Av dette legg departementet opp til å nytte 2 mill. kr til forbetring av laboratorietilhøva for arbeid med genmodifiserte organismar.

Informasjon til forbrukarane gjennom merking av levande dyr og produkt vil bli følgd opp. Dette gjeld særleg krava til godkjenning og merking av genmodifiserte produkt og ordninga med opprinnelsesmerking av storfekjøtt. Oppfølginga av produksjon med økologiske produkt inngår i krava til merking samtidig som det vil vere ein del av kvalitetsovervakinga.

I oppfølging av Næringslovutvalet sitt forslag om ei felles lov på matområdet (NOU 1996:10) arbeider Landbruksdepartementet med å avklare formålet og virkeområdet for ny lov. I tillegg går departementet gjennom tilsynsoppgåvene langs matvarekjeda for å få ei avgrensing i forhold til anna lovverk og for å avklare rollene til tilsynsorgana. Utforming av nytt lovverk og avklaring i forhold til kva departement som skal ha ansvaret for matområdet vil vere viktig.

Landbruksdepartementet tek no meir omsyn til forbrukarane i matpolitikken og forvaltninga. Ein legg vekt på å finne fram til høvelege representasjon frå forbrukarsida i relevante aktivitetar.

Det er nødvendig å halde fram satsinga på utvikling av kunnskap om samanhengen mellom produksjon av mat og folk si helse. Satsinga blei starta opp som eit ledd i oppfølginga av St.meld. nr. 40 (1996-97).

Det er viktig at kvaliteten på matpoteter held mål og ein legg i budsjettframlegget opp til å føre vidare aktiviteten knytt til kvalitetskontroll, jf. omtale under kap. 1114.

Oppbygginga av zoonoseeininga ved Veterinærinstituttet blir ført vidare gjennom samarbeid mellom Veterinærinstituttet og Folkehelse. Det er sett av 3,3 mill. kr til arbeidet med å tryggje forbrukarane mot sjukdommar som kan smitte frå dyr/dyreprodukt til menneske.

Resultat frå overvakingsprogramma for plantevernmiddelrestar i miljø og i næringsmiddel, medrekna drikkevatn, samt vurderinga av potensialet for vidare reduksjon i bruken av plantevernmiddel, viser at det er behov for og mogelegheiter til ytterlegare reduksjon i risiko.

Under jordbruksforhandlingane i 1999 blei avtalepartane samde om å auka ramma til handlingsplan for bruk av plantevernmiddel frå 9 mill. kr til 12 mill. kr i 2000, jf. St.prp. nr. 75 (1998-1999). Midlane blir fordelte på dei ulike tiltaka hausten 1999 etter drøftingar i arbeidsgruppa som er nedsett av avtalepartane for oppfølging av planen. Det er sett av 0,8 mill. kr til utvikling av analysemetodar i 2000.

I samsvar med den nye handlingsplanen er avgiftssystemet for plantevernmiddel lagt om frå prosentavgift på omsetningsverdien til ei differensiert miljøavgift basert på risiko for helse- og miljøbelastning. Det nye avgiftssystemet er gjort gjeldande frå 1. mars 1999. Når det gjeld avgiftsnivået viser ein til kap. 5545.

Landbruksdepartementet legg opp til ei auka satsing for å sikre og heve standarden på norsk plantehelse med 6 mill. kr til om lag 15 mill. kr. Samla kostnad for å sikre og heve standarden på norsk plantehelse er rekna ut til vel 20 mill. kr og ein tek sikte på å gjennomføre opptrappinga over ein periode på om lag 3 år. Hovudelementet i satsinga er oppbygging av eit system for innanlands produksjonskontroll, utforma etter dei same hovudprinsippa som gjeld i EU og ut frå dei krava WTO-avtalen stiller. Formålet med satsinga er å gjere norsk planteproduksjon meir robust og konkurransedyktig. For plantehelseområdet blir grensekontrollen, òg mot EU, oppretthalden.

Revidert EØS-avtale på veterinær sektor er no ein del av det norske grensekontrollsystemet og tok til å gjelde frå 01.01.99. Det er sett av 71,3 mill. kr til å følgje opp den reviderte avtalen.

Landbruksdepartementet

Regjeringa legg i budsjettframlegget opp til å auke innsatsen av dei nasjonale tiltaka knytt til revidert EØS-avtale på veterinær sektor innanfor ei ramme på 53,8 mill. kr. Løyvinga er knytt til overvåkings- og kontrollprogram for sjukdomar hos husdyr og akvakulturdyr, overvaking av framandstoff og smittestoff i matvarer og auka tilsyn i importverksemdar. Nærare omtale av dette arbeidet er gitt under dei enkelte kapitla.

Regjeringa vil òg auke satsinga på fiskehelse. Landbruksdepartementet, Fiskeridepartementet, og Miljøverndepartementet har utarbeidd eit felles satsingsforslag for styrking av dei ville laksebestandane og havbruksnæringa. Landbruksdepartementet har sett av 2 mill. kr til arbeidet og dei andre departementa har sett av tilsvarande. I tida fram til alle reglane om fiskehelse er harmonisert med EU, er det nødvendig å utarbeide nasjonale kontrollprogram for m.a. *Gyrodactylus salaris*.

Regjeringa vil løpande vurdere om det er nødvendig å styrke eller utvide dei nasjonale tiltaka til å omfatte nye sjukdomar og smittestoff. Ei arbeidsgruppe nedsett av Landbruksdepartementet har utgreidd korleis ei slik evaluering skal gjennomførast. På grunnlag av denne, vil evalueringa bli gjennomført i to fasar. Den første fasen skal vere ferdig innan utgangen av år 2000, og den andre fasen skal vere ferdig innan 1. juli 2001. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med resultata innan utgangen av 2001, jf. Stortinget sitt vedtak ved behandling av St.prp. nr. 6 (1998-99).

Departementet meiner det er nødvendig å vurdere ei modernisering og styrking av vaktordningane i Statens dyrehelsetilsyn. Departementet vil leggje fram ein proposisjon om desse spørsmåla våren 2000.

Departementet vil målrette og føre vidare den vitskaplege innsatsen på matområdet med sikte på å kunne underbyggje eit regelverk der målsettinga alltid er trygg mat. Dette arbeidet er føresett gjennomført i samarbeid med dei andre nordiske landa og gjennom eit aktivt arbeid i dei relevante internasjonale organisasjonane. Departementet vil òg vurdere korleis "føre var- prinsippet" er følgt opp i tilfelle der det er uvisse om risiko mellom organa som set standardane, t.d. i "hormonsaka" og i behandlinga av genmodifisert mat. Dette er i samsvar med det Stortinget har sagt om "føre var-prinsippet" ved behandlinga av St. meld. nr. 40 (1996-97). Dette arbeidet vil bli følgt opp i Codex Alimentarius (matkvalitet), Verdas dyrehelseorganisasjon (OIE), Den internasjonale plantekonvensjonen (IPPC) og i arbeid med oppfølging av Avtale om veterinær og plantesanitære tiltak (SPS-avtalen).

Kostnadene til kjøttkontrollen har auka monaleg sidan 1996. Det har derfor vore nødvendig å få til ei ordning som sikrar ein forsvarleg effektivitetsutvikling i kontrollen, jf. Budsjett-innst. S. nr. 8 (1996-97). Ny finansieringsordning for kjøttkontrollen som skal stimulere til kostnadseffektive og sikre rutiner er sett i verk frå 1.1.99. Den nye ordninga medfører at slakteria ikkje lenger skal betale ei fast avgift pr. kg godkjent slakt, men i staden betale eit gebyr som svarer til dei faktiske kostnadene med kontrollen, jf. kap. 1114.

Kap 1107 Statens dyrehelsetilsyn

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
01	Driftsutgifter	174 457	178 284	183 463
73	Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar, <i>overslagsløyving</i>	20 885	3 215	16 000
	Sum kap 1107	195 342	181 499	199 463

Mål og strategier

Den primære oppgåva til Statens dyrehelsetilsyn er å tryggja helsa hos tamme og ville landdyr og akvatiske dyr. Dyrevern er ein del av dette arbeidsfeltet. Statens dyrehelsetilsyn har følgjande overordna mål:

- medverke til at Noreg er fritt for alvorlege smittsame dyresjukdommar
- føre kontroll med smittsame dyresjukdommar som finst i landet
- arbeide for at dyr blir haldne slik at dei ikkje lid i utrensmål
- arbeide for best mogleg kvalitet på animalske produkt
- arbeide for at omfanget av produksjonssjukdommar blir redusert

For å nå desse måla vil Statens dyrehelsetilsyn leggje særleg vekt på:

- høg fagleg kompetanse og god forvaltningsskikk
- samarbeid med brukarane
- støttefunksjonen i samband med næringsutvikling
- utvikling av eigen organisasjon
- aktiv kommunikasjon med samfunnet om verksemda

Resultatrapport 1998

Dyrehelsa i Noreg er framleis god når det gjeld alvorlege smittsame sjukdomar. Utanom infeksjøs laryngotrakeitt (ILT) hos hobbyfjørfe er det ikkje påvist A-sjukdommar hos landdyr. Hos akvatiske dyr blei det i samband med kartlegging av status for A-sjukdommen hemorrahgisk virusseptikemi (VHS) påvist VHS-virus i eit settefiskanlegg. Eit tilfelle av alvorleg krepsesjukdom blei registrert i Lysakerelva utan at diagnosen krepspest kunne verifiserast. Arbeidet med faglege og administrative beredskapsplanar mot dei mest alvorlege sjukdomane er ikkje slutført i 1998.

Det er ikkje påvist at alvorlege smittsame sjukdomar er kome inn i landet via dyr som blei innført i 1998. Veterinær grensekontroll av levande dyr frå land utanfor EØS-området er etablert ved Storskog, Oslo lufthamn Gardermoen, Oslo hamn og Borg hamn.

Dyrehelsetilsynet har gitt omfattande informasjon til husdyrprodusentar og eigne medarbeidarar om dei nye reglane for internasjonal handel med dyr og dyreprodukt som følgjer av revidert EØS-avtale. Dyrehelsetilsynet har i sterkare grad enn tidlegare delteke i internasjonalt arbeid både innan EØS, FAO og på nordisk plan. Dyrehelsetilsynet har hatt regelmessig kontakt med Sysselmannen på Svalbard i spørsmål om innførsel og sjukdomsovervakning.

Overvakingsprogramma for ei lang rekkje smittsame sjukdomar er i hovudtrekk gjennomført i samsvar med planane. Overvakingsprogramma er strategisk viktige i samband med internasjonal handel med levande dyr og anna avlsmateriale. Programmet for salmonella hos fjørfe, storfe og gris har dokumentert ein sær god status. Arbeidet

Landbruksdepartementet

med register for øyremarker til dyr og internasjonale meldesystem for handel med dyr har kome godt i gang.

Med omsyn til dei smittsame sjukdomane som finst i landet er helsestatusen framleis god. Skrapesjuka blei påvist i tre flokkar i 1998, mot fire i 1997 og heile 32 i 1996. Det er påvist infeksjon med paratuberkulose-bakterier i ein mjølkebesetning, som er det første påviste tilfelle hos storfe født i Noreg på om lag 20 år. For akvatiske dyr har det vore ein bekymringsfull auke i utbrot av infeksjøs lakseanemi (ILA) frå dei to åra før. Lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* blei igjen påvist i det tidlegare rotenonbehandla Steinkjervassdraget. Det er elles ingen endringar i smittestatus. Dyrehelsetilsynet har i 1998 lagt vekt på informasjon om smitteførebyggjande tiltak.

Arbeidet med å få bort den tapsbringande sjukdomen bovin virusdiare/mucosal disease (BVD/MD) hos storfe har vore vellukka. Det er omlag 45 pst. færre smitta buskapar i 1998 enn året før. Arbeidet med å få kontroll med dei høge lakselusinfeksjonane er sett i verk med basis i regionale føresegnar og ein nasjonal handlingsplan.

Dyrevernsmennene har auka inspeksjonsfrekvensane med om lag 30 pst i forhold til året før. Distriktsveterinærane har ei viktig rolle i dyrevernarbeidet. Tap av sau på utmarksbeite grunna rovdyr har vore aukande. I utsette beitelag har tapa vore på meir enn 50 pst.. Det er utarbeidd administrative retningslinjer for handtering av dyrevernsmessige forhold når det gjeld beitande småfe. Dyrehelsetilsynet deltek no i rovviltutvala, noko som bidreg til at det blir teke betre omsyn til dyrevern i samband med førebyggjande tiltak. Arbeidet med dyrevernsspørsmål innan reindrifta har fått auka merksemd. Dyrehelsetilsynet utarbeider saman med Reindriftsforvaltninga og næringa forslag til standarder for dyrevern og tapsførebyggjande tiltak.

Føresegnene om hald av storfe og svin set krav om betre miljø for dyra, og arbeidet med å følgje opp føresegnene har hatt prioritet. Dyrevern på slakteri og hald av hobbydyr og eksotiske dyr har og vore sentrale arbeidsområde.

Bruken av legemiddel til fisk er låg og det har vore ein nedgang i bruk av legemiddel til husdyr. Dyrehelsetilsynet har gitt informasjon til veterinærar og husdyreigarar om riktig bruk.

Siste året er 12 stillingar gjort om frå kombinerte distriktsveterinærstillingar til heiltidsstillingar i strøk med mange offentlege oppgåver slik at det no er 50 heiltidsstillingar. I to tilfelle er veterinærdistrikt slått saman.

Det er teke i bruk eit nytt økonomisystem som er i tråd med krava i økonomiregelverket for staten. Det er gjennomført ei omfattande opprusting og modernisering av IT-tenestene og det er utvikla eit nytt elektronisk rapporteringssystem for smittsame sjukdomar.

Budsjettframlegg 2000

Arbeidet med sjukdomskontroll, sjukdomsovervaking og tilsyn med dyr og dyreprodukt i samsvar med internasjonale avtalar skal prioriterast, jf. St.prp. nr. 6 (1998-99). Det same gjeld dyrevernarbeidet. Arbeidet med slutføring av beredskapsplanar mot alvorlege dyresjukdommar skal intensiverast. Krava til dokumentasjon av dyrehelsa for å oppnå særskilt vern ved innførsel av dyr aukar. Det kan derfor bli nødvendig å iverksetje nye overvakingssystem for sjukdomar hos storfe, småfe og akvatiske dyr.

Fråvær av framandstoff i dyreprodukt er ein viktig forutsetning for mattryggleik. I den reviderte EØS-avtalen er det krav om styrkt overvaking av framandstoff, òg ute i dyrehalda der mykje av grunnlaget for kvaliteten på dei animalske produkta blir lagt. Dyrehelsetilsynet vil auke innsatsen på dette området. Arbeidet med overvaking av «hamburgarbakterien» og overførbar antibiotikaresistens i besetningar vil bli intensivert.

Sjukdomskontrollen i samband med nasjonal satsing på oppdrett av marine artar vil bli prioritert, jf. Havbruksmeldinga. Landbruksdepartementet, Fiskeridepartementet, og Miljøverndepartementet har utarbeidd eit felles satsingsforslag for styrking av dei ville laksebestandane og havbruksnæringa. Tiltak mot *Gyrodactylus salaris*, lakselus og

Landbruksdepartementet

infeksiøs lakseanemi (ILA) set krav til auka innsats. Landbruksdepartementet har sett av 2 mill. kr til tiltak for betring av fiskehelsa.

Dyrehelsetilsynet må òg finne rom for arbeidet med vilthelse. Dyrevernarbeidet krev stor innsats. Det gjeld òg med omsyn til oppdrettsfisk.

Arbeidet med å tryggje dyrehelsa og velferda til dyra blir i aukande grad sett i samanheng med matvaretryggleik. Kontrollen med bruk av legemiddel hos dyr skal gis auka merksemd.

Dyrehelsetilsynet skal utarbeide tenlege føresegner og etablere gode rutiner for i verksetjing av tryggingstiltak i samband med utbrot av alvorlege dyresjukdommar i land Noreg handlar med. Dyrehelsetilsynet skal, som ei følgje av EØS-avtalen, ta aktivt del i internasjonale fora for å sjå til at det blir teke nasjonale omsyn og at utviklinga går i ei retning som Noreg er tent med. Kontakten med andre land når det gjeld oppfølging av internasjonal avtalar vil bli styrkt.

Med bakgrunn i den reviderte EØS-avtalen legg regjeringa vekt på å styrke overvakinga av dyrehelsa for å tryggje husdyrhaldet og styrke dyrevernet i distrikta. Den kliniske, veterinære vaktberedskapen er nødvendig for at alvorlege husdyrsjukdommar blir oppdaga og meldt så raskt som mogleg. Departementet meiner det er nødvendig med ei styrking av vaktordningane i Statens dyrehelsetilsyn, og vil leggje fram ein proposisjon om hovudinnhaldet i dei planlagde reglane for dyrehelsepersonell våren 2000.

Intern og ekstern informasjonsverksemd skal betrast. Intern kommunikasjon har høg prioritet, m.a. for å sikre god kunnskap hos eigne medarbeidarar og slik gi gode tenester til brukarane. Informasjon om konsekvensar av den reviderte EØS-avtalen og dyrehelsa si innverknad på mattryggleiken er ei viktig oppgåve framover.

På grunn av auka tilsynsoppgåver må distriktsveterinærane si kliniske verksemd framleis reduserast. I dei fleste distrikta er det god tilgang på privatpraktiserande veterinærar som tek hand om kliniske tenester. Samlokalisering av einskilde distriktsveterinærkontor er aktuelt i visse delar av landet.

Statens dyrehelsetilsyn har det administrative ansvaret for drift av grensekontrollstasjonane som er oppretta på Gardermoen og Storskog i Finnmark for å føre kontroll og tilsyn med import av animalske næringsmiddel, andre animalske produkt og levande dyr frå tredjeland. Grensekontrollstasjonen på Storskog blir ferdigstilt hausten 1999. På Gardermoen er bygginga planlagd ferdig i 2000.

Merknader til dei enkelte postane

Post 73 Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar, *overslagsløyving*

Løyvinga er auka med 12,7 mill. kr til 16 mill. kr som er meir i samsvar med utgiftsnivået dei siste åra. Målsetjinga med løyvinga er å halde landet fritt for alvorlege smittsame sjukdommar hos husdyr, under det familiedyr, akvatiske dyr og bier, og førebyggje at dyra skal lide. Løyvinga skal dekkje utgifter i samband med nedslakting som det offentlege pålegg etter føresegner i husdyrlova, og utgifter til einskilde tiltak innafør fiskesjukdomslova, dyrevernlova, bisjukdomslova og lov om farlege hundar. Løyvinga omfattar òg kompensasjon for frivillig nedslakting i samband med paratuberkolose. Posten er ei overslagsløyving og behovet for løyving er usikkert då forbruket avheng av utbrot av alvorlege smittsame dyresjukdommar og forpliktingar heimla i nemnde lovverk.

Kap 4107 Statens dyrehelsetilsyn

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
01	Refusjon m.m.	5 252		
02	Driftsinntekter	2 099		
03	Gebyr og analyseinntekter m.m.	6 309	8 799	9 031
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	635		
	Sum kap 4107	14 295	8 799	9 031

Post 03 Gebyr og analyseinntekter m.m.

Posten omfattar gebyr knytt til Dyrehelsetilsynet si verksemd. Om lag 8 mill. kr er inntekt frå avgift på fôr til familiedyr (hund og katt). Inntektene blir nytta til tilsyn med fôr til familiedyr og til forskning om smittestoff og om ernæringspørsmål, jf. kap. 1137. Det er på posten òg budsjettert med driftsinntekter.

Kap 1110 Statens landbrukstilsyn

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
01	Driftsutgifter	72 342	77 628	86 737
71	Tilskott til ymse plantetiltak, <i>overslagsløyving</i>	784		
73	Tilskott til stamsædavl, <i>overslagsløyving</i>	1 720	1 740	1 782
	Sum kap 1110	74 846	79 368	88 519

Mål og strategiar

Hovudmåla til Statens landbrukstilsyn er å medverke til eit landbruk som

- får konkurransefordelar på grunn av god plantehelse og innsatsvarer av høg kvalitet,
- produserer helsemessig trygge matvarer og
- sikrar eit godt naturmiljø og eit godt arbeidsmiljø.

Landbrukstilsynet skal medverke til at forbrukarane får helsemessig trygg mat, og at omsynet til arbeids- og naturmiljøet blir trygga. Samtidig skal innsatsvarene halde ein høg standard slik at produksjonen kan skje effektivt.

Utviklinga av rammevilkåra for norsk landbruk taler for at kriteria og krava til ein optimal produksjon vil kunne endre seg. Landbrukstilsynet må derfor ha ein fleksibel strategi og ein organisasjon som har evne til omstilling. Landbrukstilsynet skal delta i internasjonalt arbeid innanfor sitt forvaltingsområde, og påverke avgjerdsprosessar i ein tidleg fase.

Resultatrapport 1998

Innsatsen er auka innanfor verksemdområda plantehelse og plantevernmiddel. Auken heng saman med førebuingar til Prosjekt plantehelse og Handlingsplanen for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel.

Arbeidet med EØS-saker i 1998 omfatta områda fôrvarer, gjødselvarer, såvarer og økologisk landbruk. Når det gjeld plantevernmiddel, som ikkje er med i EØS-avtalen, har Landbrukstilsynet observatørstatus i EU si arbeidsgruppe. Landbrukstilsynet tek del i ulike faggrupper og komitéar i den samanhengen.

Landbrukstilsynet tek del i internasjonalt samarbeid på plantehelseområdet. Dei viktigaste fora er interimkommisjonen for plantehelsetiltak under FAO, den europeiske plantevernorganisasjonen (EPPO), nordisk samarbeid og EU.

Arbeidet med omlegging til internkontroll som tilsynsprinsipp og kvalitetssikring av eiga verksemd har gått vidare innanfor alle verksemdområda, og er i god gjenge på dei fleste tilsynsområda.

Plantehelse

Kontrollen er lagt opp både som ein stikkprøvekontroll og som ein meir systematisk kontroll over kortare tidsrom av særskilde produkt. Målretta kontroll av ymse importvarer medverker til at fleire skadegjerarar blir haldne borte frå landet.

Frå 1997 er all importkontroll dokumentert gjennom edb-system. I 1998 er det utført 1388 importkontrollar. 5 pst. av sendingane blei heilt eller delvis avviste etter funn av farlege skadegjerarar eller formelle manglar.

Landbrukstilsynet har gjennom dei seinare åra fått utarbeidd risikovurderingar på plantehelseområdet for dokumentasjon av importregelverket.

Landbruksdepartementet

I 1998 var utbrot av kvit potetecystenematode i Vestfold og fleire funn av sharkavirus på plomme dei alvorlegaste sjukdomsutbrota.

For brukarar som får offentleg pålegg om tiltak mot farlege skadegjerar er det etablert ei erstatningsordning, jf. St.prp. nr. 67 (1997-98).

Såvarer

Såvareområdet er ein del av EØS-avtalen. Det blir stilt strenge krav til såvarene. Såvare som ikkje held mål vil gi ein monaleg avlingsreduksjon. For korn kan det dreie seg om verdiar på 30-60 mill. kr. Gjennom godkjenning av nye sortar kan kornsortar som er mottakelege for soppsjukdommar bli erstatta med meir resistente sortar.

Landbrukstilsynet har innført obligatorisk beisebehovsanalysar for bygg, havre og kveite. Behovsprøvinga har i gjennomsnitt redusert kostnadene for korndyrkarane med om lag 6 mill. kr pr. år. Vidare blir miljøet spart for om lag 8 tonn kjemikal i forhold til år då alt såkornet må beisast.

Økologisk landbruk

Landbrukstilsynet har fleire oppgåver knytt til økologisk landbruk, både kontroll av primærproduksjonen, utvikling av regelverk og tildeling av midlar til informasjons- og rettleiingstiltak.

Landbrukstilsynet fører kontroll med verksemda til DEBIO (godkjent som utøvande kontrollorgan for primærproduksjon) og tar stikkprøvekontrollar i felten. I 1998 var 1627 bruk kontrollerte for økologisk produksjon eller var under omlegging, mot 1316 i 1997.

Det har vore store endringar i norsk regelverk dei siste åra, dels fordi forvaltningsområdet er relativt nytt, og dels fordi regelverket er harmonisert med EU-regelverket.

Det norske Veritas har på oppdrag frå departementet evaluert kontrollordninga innan økologisk landbruksproduksjon og økologisk produkt. Veritas konkluderer med at kontrollen har ein tilfredstillande organisering og at Debio utøver kontrollen samsvar med regelverket. Ressursbruken pr. inspisert eining er omtrent lik ressursbruken i Sverige og Danmark.

Gjødselvarer

Kontrollen med gjødsel, kalk, jordforbetningsmiddel og dyrkingsmedium skjer for å sikre at desse har kjent bruksverdi og at dei ikkje inneheld uønskte stoff eller inneber nokon smittefare. I 1998 blei det utarbeidd ein nasjonal rapport om samanhengen mellom kadmium i gjødsel, jord og planter. Rapporten skal følgjast opp med ei nasjonal risikovurdering parallelt med ei tilsvarende vurdering i EU-landa.

Landbrukstilsynet godkjende i 1998 33 produkt baserte på organisk avfall, mot 23 godkjenningar i 1997.

Fôrvarer

Det er ikkje påvist salmonella i kraftfôrblendingar i 1998. I rutinekontrollar av norsk-produsert korn blei det ikkje påvist salmonella, og førekomsten av bakteriar og sopp var relativt låg. Ein fann salmonella i nokre prøver av importert og norskprodusert fiskemjøl. Fiskemjøl med påvist salmonella blir varmebehandla.

Bruk av avfall og matrestar som fôr er eit prioritert kontrollområde. Det er framleis ikkje lov å nytte avfall frå private hushald til fôr, med unntak av fôr til pelsdyr.

For første gong på mange år blei det i 1998 ikkje brukt noko antibiotika i fôrblendingar her i landet. Det er ikkje lov å bruke hormon i fôr til husdyr i Noreg.

Plantevernmidde

Landbrukstilsynet arbeider for at risiko for helse og miljø ved bruk av plantevernmidde skal vere låg og akseptabel. Ved godkjenning blir det i aukande grad lagt vekt på dei miljømessige eigenskapane, og fare for forureining av grunnvatn og overflatevatn blir vurdert særskilt. Resultata frå overvakingsprogrammet for restar av plantevernmidde i miljøet (JOVÅ-programmet) er viktig i dette arbeidet. Desse viser at ein finn små restar av plantevernmidde i jordbruksbekker og i einskilde tilfelle i private grunnvassbrønner. Landbrukstilsynet har som resultat av dette trekt attende godkjenningar eller endra bruksområda for plantevernmidde.

Det er utarbeidd retningslinjer for godkjenning av plantevernmidde retta mot bruk i hobbyhagar.

Salsstatistikken for plantevernmidde viser ein monaleg auke i salet frå importør til omsetningsledda i forhold til 1997, men dette må sjåast i samanheng med auken i miljøavgifta f.o.m. 1999, jf. St.prp. nr. 67 (1997-98). Forbruket varierer naturleg mellom år, m.a. på grunn av naturlege årsvariasjonar i sprøytebehovet. Ein må derfor vurdere utviklinga i forbruket over fleire år for å kunne avgjere trenden i utviklinga.

Oppfølging av ulovleg bruk av plantevernmidde er intensivert.

Landbrukstilsynet har fått fleire viktige oppgåver i samband med *Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmidde*. I 1998 har ein arbeidd med å endre avgiftssystemet og med å lage målemetode for risiko ved bruk av plantevernmidde.

Tekniske innretningar

Arbeidet med tekniske innretningar skal m.a. redusere risikoen for lekkasje og avrenning frå landbruket, og sikre eit godt miljø for husdyra. Prøving og godkjenning av teknisk utstyr omfattar surførsiloar, gjødselkummar og gjødselportar med omsyn til tryggleik og lekkasje av næringsstoff.

Det er i 1998 sett i gang ei ordning for prøving/gransking og godkjenning av husdyr-innretningar som kan ha særleg påverknad på trivsel og miljø for husdyra.

Budsjettframlegg 2000

I 2000 vil satsinga på utvikling av konkurranseføremoner gjennom norsk plantehelse halde fram. Tilsynsarbeidet blir prega av at ein etter kvart tek i bruk internkontroll som tilsynsmåte, medan omfanget av stikkprøvekontrollar blir redusert.

Landbruksdepartementet legg opp til auka satsing for å sikre og heve standarden på norsk plantehelse med 6 mill. kr til om lag 15 mill. kr. Formålet med satsinga er å gjere norsk planteproduksjon meir robust og konkurransedyktig ved å:

- redusere faren for spreiding av skadegjerarar ved import og nasjonal produksjon,
- effektivisere utrydding av skadegjerarar,
- redusere behovet for bruk av plantevernmidde,
- redusere tap og kostnader ved utbrot av farlege skadegjerarar, og
- leggje tilhøva til rette for eksport av friskt plantemateriale.

Hovudelementet i satsinga er oppbygging av eit system for innanlands produksjonskontroll, basert på dei same hovudprinsippa som gjeld i EU. Systemet inneber at det blir stilt krav til produsentane om sikringstiltak i produksjonen og handtering av plantemateriale, og at det blir ført offentlig tilsyn med dette. Elles legg ein opp til å styrke generell overvaking av farlege planteskadegjerarar og å føre optimalt tilsyn med den stadig aukande importen av planter.

Ein vil føre vidare tiltaka mot potetringrâte for å få kontroll over denne sjukdommen. Arbeidet starta opp i 1999 og er førebels planlagt å gå over fire år, der ein i 1999 starta med granskingar i Hedmark som er det viktigaste området for produksjon av setjepotet.

Landbruksdepartementet

Løyvinga skal òg nyttast til å auke kapasiteten på klonavlssentra for å sikre tilgangen på friske setjepoteter.

Med grunnlag i tilrådingar i den nye handlingsplanen for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel, vil Landbrukstilsynet få oppgåver med å lage og vedlikehalde registeret over autorisasjonsinnehavarar. Landbrukstilsynet skal òg godkjenne bruk av nytteorganismar og eventuelt følgje opp ei reseptordning for plantevernmiddel.

Landbrukstilsynet har vedteke ny organisasjonsmodell frå 2000 for å stå betre rusta til dei nye utfordringane. Det desentrale leddet får større arbeidsfelt, og blir organisert i tre regionar med hovudsete i Oslo, Rogaland og Trøndelag. I samband med samlokalisering av einingane på Ås til ein samla hovudadministrasjon, legg departementet opp til at planteklinikkverksemda i Landbrukstilsynet og i Planteforsk blir samla i Planteforsk.

I budsjettframlegget er det sett av 1,7 mill. kr for å utvikle analysar knytt til GMO i fôr og planter, jf. kap. 4110.

Framlegget om løyving omfattar òg kjøp av tenester, jf. kap. 1112 og kap. 1137. Landbrukstilsynet kjøper tenester m.a. av Planteforsk i samband med desse forvaltningsoppgåvene:

- plantesjukdommar, floghavreproblem, skadegjerarar og nytteorganismar,
- godkjenning av norske og utanlandske plantesortar og
- utprøving av plantevernmiddel til bruk i norsk planteproduksjon.

Merknader til dei enkelte postane

Post 01 Driftsutgifter

Det er overført 5 mill. kr frå kap. 1150 post 77 til satsing på plantehelse, jf. St.prp.nr. 75 (1998-99). Posten er auka med 1,7 mill. kr mot ein tilsvarande auke under kap. 4110.

Post 71 Tilskott til ymse tiltak

Løyvinga blei i 1999 overført til Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon m.m., jf. kap. 1150 post 50.12.

Post 73 Tilskott til stamsædavl, *overslagsløyving*

Formålet med løyvinga er å sikre produksjonen av frø til det norske landbruket, både med omsyn til mengd og kvalitet. Posten skal dekkje tilskott til verksemda ved Stamsædsentralen som Det Kgl Selskap for Noregs Vel driv på Hellerud, og utgifter i samband med stamsædavl av korn, potet og engfrøvekstar.

Kap 4110 Statens landbrukstilsyn

(i 1 000 kr)			
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999 Framlegg 2000
01	Gebyr og analyseinntekter m.m.	56 579	58 748
02	Refusjon m.m.	2 012	62 078
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	81	
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	1 008	
17	Refusjon, lærlinger	29	
Sum kap 4110		59 709	58 748

Post 01 Gebyr og analyseinntekter m.m.

Posten omfattar alle gebyr og analyseinntekter for Landbrukstilsynet. Som ledd i satsinga knytt til tilsyn med GMO legg Landbruksdepartementet opp til ei auke i inntektene frå gebyr knytt til fôr og planter med 1,7 mill. kr, jf. kap. 1110 post 01.

Kap 1112 Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
50	Forvaltningsstøtte og utviklingsoppgåver, VI	82 352	89 357	93 793
51	Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling, Planteforsk	11 100	39 201	40 938
52	Støtte til fagsentra	12 134	12 416	12 713
53	Utvikling og kunnskapsutvikling	24 493		
	Sum kap 1112	130 079	140 974	147 444

Post 50 Forvaltningsstøtte og utviklingsoppgåver, Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet (VI) er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og tilpassa den nye finansieringsstrukturen med basisfinansiering frå NFR, jf. kap. 1137 post 51.

Mål og oppgåver

VI er ein vitskapleg forskings- og kompetanseinstitusjon innan laboratoriediagnostikk, epidemiologi, førebyggjande helsearbeid og sjukdomskontroll. Verksemda omfattar næringsmiddel, husdyr, vilt og fôr. Veterinærinstituttet gir forvaltningsstøtte til Landbruksdepartementet, Statens næringsmiddeltilsyn, Statens dyrehelsetilsyn og Statens landbrukstilsyn.

Med basis i forskning, utviklingsarbeid, diagnostiske laboratorieanalyser, referansefunksjonar, utgreiningar og råd, medverkar VI i arbeidet med å sikre trygge matvarer og god dyrehelse i Noreg.

Dette arbeidet omfattar m.a.:

- å førebyggje og nedkjempe zoonosar med sikte på å fremme produksjon og omsetning av trygge matvarer til forbrukarane
- å førebyggje og nedkjempe sjukdommar og fremme helse og velferd hos dyr og fisk
- å redusere risiko for skadelege verknader hos dyr og menneske av tilsetjingsstoff, kontaminantar og toksinar i fôr og mat
- å medverke til forsvarleg dyrehald samt berekraftig og miljøvenleg husdyr- og akvakulturproduksjon
- å formidle kunnskap innan VI sitt ansvarsområde og arbeide for at forskingsresultat kjem styresmakter, næringsliv og allmenta til gode

Resultatrapport 1998

Vedtak og vurderingar innan forvaltninga må i aukande grad ha vitskaplege granskingar som grunnlag. Rådgiving til forvaltninga har derfor vore ei viktig oppgåve for VI i 1998. I samband med revisjon av EØS-avtalen, blei det starta nye nasjonale overvakings- og kontrollprogram for å sikre dyrehelse og matvaretryggleik. Dokumentasjonsarbeidet med omsyn til sjukdommar hos dyr og fisk, smittestoff og kjemisk agens i mat er i hovudtrekk gjennomført i samsvar med planane.

Dei låge tala for funn av salmonella hos fjørfe, storfe, gris og i mat viser at det ikkje er skjedd merkbare endringar i den epidemiologiske situasjonen m.o.t. salmonella etter at EØS-avtalen trådde i kraft i 1994.

VI har i 1998 styrkt den diagnostiske beredskapen mot alvorlege smittsame sjukdommar, m.a. ved å etablere raskare diagnostikk av svinepest og ved vidareutvikling av diagnostikken av infeksjøs lakseanemi (ILA) og den analytiske

Landbruksdepartementet

beredskapen mot smittsame agens, kontaminantar og toksinar i matvarer. Ei rekke diagnoser blei stilt for Statens dyrehelsetilsyn, jf. kap. 1107. VI er internasjonalt referanselaboratorium for ILA og infeksjon med lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*, og har medverka med diagnostisk kompetanse både nasjonalt og internasjonalt. I samband med internasjonale avtalar har VI nasjonal referansefunksjon for fleire dyresjukdommar og ei rekke smittestoff og framandstoff i næringsmiddel.

Arbeidet med å medverke til redusert bruk av antibiotika ved produksjon av animalske næringsmiddel har i mange år vore ei viktig oppgåve for VI. VI har i 1998 delteke i ei tverrfagleg arbeidsgruppe for å utarbeide ein nasjonal handlingsplan for å motverke antibiotikaresistens i veterinær- og humanmedisin. Arbeid med sikte på å undersøke om norskproduserte og importerte matvarer inneheld antibiotikaresistente mikroorganismar, viste at enkelte matemne inneheld slike mikroorganismar. Det er likevel for tidleg å trekkje konklusjonar om kva dette vil ha å seie. VI har i 1998 hatt god framgang i forkinga m.a. på paratuberkulose hos storfe, infeksjøs lakseanemi og mykotoksiner i fôr og næringsmiddel.

Oppbygging av den faglege verksemda omkring fôr og næringsmiddelhygiene heldt fram i 1998, m.a. ved at kompetansen innan bioteknologi/mikrobiologi blei styrkt. I 1998 har VI saman med Matforsk lukkast som dei første i verda, å utvikle ein semi-kvantitativ metode for påvising av genmodifiserte produkt i mat. VI utfører eller administrerer ei rekke prosjekt og program for å kartleggje framandstoff og smittestoff i ulike næringsmiddel for å avdekkje eventuelle problem og gi grunnlag for eventuelle tiltak i forvaltninga, jf. kap. 1114. Økologisk landbruk blir meir og meir utbreidd i Noreg, og det er nødvendig å betre kunnskapen om behovet for m.a. sprøytemiddel jf. kap. 1110. VI har derfor styrkt FoU-innsatsen, m.a. på områda sopp, soppgifter og smitteemne, for å betre kunnskapen om behovet for m.a. sprøytemiddel.

Vurderingar av risikoen i samband med handel med dyr, dyreprodukt og andre matemne blir meir og meir etterspurd. VI utviklar seg til å bli eit nasjonalt og internasjonalt kompetansesenter innan dette fagområdet.

Budsjettframlegg 2000

Ein legg vekt på at VI utviklar seg vidare som forskningsbasert forvaltningsstøtteverksemd på området matvaretryggleik, dyre- og fiskehelse, m.a. ved at det diagnostiske apparatet utviklast i samsvar med ny kunnskap.

Revisjonen av EØS-avtalen ga ei skjerping av regelverket for handel med storfe med m.a. krav om meir omfattande testing for å oppretthalde fristatus til einskilde sjukdommar, som brucellose (smittsam kalvekasting) og tuberkulose hos storfe.

Landbruksdepartementet legg òg opp til god epidemiologisk overvaking for å sikre trygge matvarer. Overvakinga skal skje i heile produksjonskjeda, frå jord/fjord til bord, og spesielt omfatte smitteemne og andre stoff som kan overførast frå dyr til menneske (zoonosar).

Oppbygginga av zoonose-eininga ved VI, der Statens institutt for folkehelse og Statens helsetilsyn er med, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr 6 (1998-99), skal halde fram. Avsetninga er i budsjettframlegget auka med 0,3 mill. kr til 3,3 mill. kr. Styret for zoonose-eininga er samansett av det eksisterande zoonoserådet, representantar frå Noregs veterinærhøgskole, det regionale tilsynsapparatet og Forbrukarrådet. VI har det administrative driftsansvaret og budsjettansvaret. Arbeidet med vidareutvikling av metodar for påvising av genmodifisert produkt i mat skal halde fram.

I budsjettframlegget er det sett av 2 mill. kr til investering i eit spesialbygd laboratorium ved VI for arbeid med påvising av gen modifiserte organismar.

Innan fiskehelse må den diagnostiske beredskapen for å oppklare nye sjukdomstilstandar vektleggjast slik at ein kan førebyggje tap i næringa, særskilt med omsyn på nye virus- og parasittsjukdommar. Arbeidet må òg utvidast til å gjelde nye artar i oppdrett, m.a. marine artar og skjel. Overvakingsprogram som blir sett i gang for å sikre god dyrehelse og mattryggleik, må følgjast opp av dei nødvendige diagnostiske

tenestene. VI vil elles få oppgåver knytt til Statens dyrehelsetilsyn og Direktoratet for naturforvaltning sin handlingsplan om *Gyrodactylus Salaris*.

Endringane i dyrehaldet i dei seinare år med fleire dyreslag (hobbydyr og produksjonsdyr som lama og struts) kan føre til at nye smitteemne kjem inn i landet. VI skal ha ein høg diagnostisk beredskap for å kunne påvise eventuell sjukdom også hos dyreartar som er nye i Noreg.

Det er i budsjettframlegget sett av 0,5 mill kr til oppbygging av kompetansesenter for viktige tema på matområdet, der m.a. kommunikasjonsprogrammet "Trygg mat" inngår.

Post 51 Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling, Planteforsk

Planteforsk er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og tilpassa den nye finansieringsstrukturen med basisfinansiering frå NFR, jf. kap. 1137 post 51.

Mål og strategiar

Planteforsk har som mål å utvikle kunnskap som medverker til ein effektiv og konkurransedyktig planteproduksjon, miljøvenlege produksjonsformer og ein rasjonell og forsvarleg bruk av naturgrunnlaget. Med forskningsbasert kunnskap skal Planteforsk medverke til trygg mat fri for restar av plantevernmiddel, god plantehelse og redusert avrenning frå jordbruksareal. Planteforsk skal ta aktivt del i utviklingsarbeid og kunnskapsformidling og har, saman med forsøksringane i landbruket, hovudansvaret for kunnskapsformidlinga innan planteproduksjon i jord- og hagebruk.

Resultatrapport 1998

Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling har eit langsiktig perspektiv der fleire aktørar medverkar. Det er derfor vanskeleg å tallfeste den einskilde aktøren sitt bidrag til dei endringane som kan målast. Nedanfor er omtalt nokre døme på praktiske resultat frå område der Planteforsk har vore ein vesentleg leverandør av kunnskapsgrunnlaget.

Bruken av plantevernmiddel har dei siste åra gått ned til tross for auka omfang av produksjonsformer som inneber auka behov for bruk av plantevernmiddel, som redusert jordarbeiding og auka haustkorndyrking.

Forskinga på miljøkonsekvensar frå plantevernmiddel har gitt god innsikt i problema. Dersom kunnskapen blir teken i bruk kan ein oppnå gode resultat.

Avrenninga av næringsstoff frå landbruksareal har hatt ein reduksjon i perioden 1985-1997. Reduksjonen har skjedd samtidig med at nitrogengjødslinga har lege på same nivå. Dette skuldast større avling, forenkla jordarbeiding og forskningsbaserte gjødslingsmetodar.

Eksportvolumet av vegetabilar har auka. Særleg gjeld dette jordbær.

Øg i 1998 blei det utvikla nye metodar for å kjempe mot planteskadegjerarar. Arbeidet skjer både på eit praktisk plan og i nokon grad ved hjelp av bioteknologiske metodar. Fleire av metodane skjer utan bruk av kjemiske plantevernmiddel.

Planteforsk har stor innsats retta mot å gjera plantene meir motstandsdyktige gjennom tradisjonell planteforedling, og for dei nye norske sortane innan gras og kløver er ikkje sjukdomsangrep noko stort problem. Nye sortar av frukt og bær som blir sendt ut på marknaden vil etterkvart bli meir resistente. I 1998 blei to nye plantesortar frå Planteforsk godkjent og marknadsført. Sortane som Planteforsk eig har høge marknadsdelar i Noreg. 7 nye sortar er tekne inn i offentleg godkjenningssprøving og Planteforsk har no 49 sortar med i denne prøvinga.

Budsjettframlegg 2000

Framlegget omfattar finansiering av vitskapeleg basert støtte til Landbruksdepartementet og SNT. Framlegget omfattar òg oppgåver Planteforsk skal utføre innan utvikling og kunnskapsformidling.

For å gje fagleg grunnlag for verksemda til forvaltning i Landbruksdepartementet og SNT, skal Planteforsk utføre desse oppgåvene:

- gi effektiv diagnostisering av skadegjerarar. Planteforsk skaffar oversikt over plantehelsa i Noreg
- vere kunnskapsbase for forvaltning på områda plantesjukdommar, skadegjerarar og handsaming av floghavreproblem
- skaffe data om ulike plantesortar som grunnlag for godkjenning/rettsvern av norske og utanlandske plantesortar
- skaffe kvalitetssikra data som grunnlag for godkjenning av plantevernmiddel til bruk i norsk planteproduksjon
- ha data og modellar som grunnlag for betre tilpassa gjødsling i heile landet. Dette skal gi grunnlag for betre utnytting av gjødsel og redusert næringsavrenning
- skaffe sikre måle- og analysedata for næringssalter og plantevernmiddel i avrenningsvatn til overvakingsprogrammet for jordsmonn
- gjennomføre effektive og kvalitetssikra analysar av restar av plantevernmiddel i norske og importerte vegetabilar som grunnlag for effektiv matvarekontroll
- gjennomføre langvarige gjødsel/referanseforsøk for å dokumentere langtidsverknad av ulike tiltak i jordbruket
- utvikle automatiske rettleiingstenester

Viktige oppgåver knytt til utviklingsarbeid og kunnskapsformidling er:

- utvikle og finne fram til nye konkurransedyktige plantesortar for norske forhold
- skaffe dyrkarane plantemateriale av godkjende sortar som er fritt for skadegjerarar
- drive utprøving for å medverke til redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel
- redusere kostnadene i grovfôrproduksjon
- medverke til aktivt landbruk i dei nordlegaste delane av landet
- gjere forskingsresultat tilgjengeleg for brukarane
- ha kunnskap om kulturmark, beiting, biologisk mangfald m.m. utifrå eit kulturlandskaps- og dyrkingssynspunkt
- skaffe meteorologiske data for varslingssteneste og forskning
- fremme kunnskap om effektive dyrkingssystem som reduserer faren for avrenning av næringsstoff
- gi presise råd til dyrkarane om bruk av plantevernmiddel og gjødsel

Tenestene innafor desse områda blir delfinansierte av brukarane, enten ved avgift/gebyr eller ved direkte betaling for tenestene.

Med utgangspunkt i den nye handlingsplanen for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel, har Planteforsk oppgåver med å skaffe fram kunnskap for integrert plantevern, forskning på området, miljøkonsekvensar av plantevernmiddel, skadetersklar, varslings og prognosar m.m. Det er sett av 0,8 mill. kr til utvikling av analysemetodar for glyfosat i 2000, som er det mest selde plantevernmiddelet i Noreg. Det er i dag ingen norske laboratorium som kan gjere slike analysar.

Post 52 Støtte til fagsentra, Planteforsk

Fagsentra ved Planteforsk blei etablerte i 1995. Dei fire fagsentra er Sæter i Hedmark, Fureneset i Sogn og Fjordane, Tjøtta i Nordland og Svanhovd miljøsenter i Finnmark.

Fagsentra skal medverke til lokal og regional næringsutvikling innan landbruk og miljø. Dei tilbyr òg tenester innan kunnskapsformidling og service. Fagsentra tek og på seg forskingsoppdrag, men då styrt av forskningssentra i Planteforsk.

Fureneset har som mål å bli eit senter for næringsutvikling og utprøving innan landbruk, naturbruk og miljøspørsmål i kystregioner. Sæter er engasjert i sauenevinga med fokus på næringsutvikling. Tjøtta har fått nytt driftstun med forbetra forhold i utviklinga av nye driftssystem, spesielt for sau og ammekyr. Samtidig er grunnlaget for næringsutvikling gjennom kulturbasert turisme betra. Svanhovd er eit senter innan forskning, utvikling og miljøinformasjon om natur-, landbruks-, og ressursforvaltning i Barentsregionen. Senteret har òg oppdrag frå lokale, regionale og nasjonale oppdragsgivarar. Den nye konferanseavdelinga gjer at senteret no har eit komplett anlegg for føremålet.

Resultatrapport 1998

Omorganiseringa frå forskingsstasjonar til fagsenter har så langt vore vellukka. Overgangen frå landbruksforskning til utviklingsarbeid og service har kome langt. Investeringsane i bygningar på Tjøtta og Svanhovd gjer desse fagsentra til attraktive medspelarar. Sæter og Fureneset er ikkje like godt utrusta, men òg dei dreg fordel av å vere del av Planteforsk. Fagsentra har mange, men oftast små oppdrag. Tilgangen på oppdrag er ein god indikator på kor vellukka ordninga er. I 1998 var tal oppdrag om lag det same som i 1997, medan oppdragsinntektene auka frå 7,7 mill. kr til 8,6 mill. kr.

Budsjettframlegg 2000

Samarbeidet mellom fagsentra og fylkesmennene må utviklast vidare for å skape større breidde i produktspekteret til Planteforsk og for å gjere resten av kompetansen i Planteforsk tilgjengeleg, jf. òg omtale under kap. 1102.

Kap 1114 Statens næringsmiddeltilsyn

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
01	Driftsutgifter	79 084	110 044	167 334
30	Byggjearbeid, <i>kan overførast</i>	2 916		
50	Tilskott til Fondet for kjøttkontroll	26 947	20 027	
51	Tilskott til Fondet for statleg næringsmiddeltilsyn i kommunane	39 252	40 432	
	Sum kap 1114	148 199	170 503	167 334

Mål og strategier

Den overordna målsettinga for Statens næringsmiddeltilsyn (SNT) er at maten opplevast som trygg, tilbodet skal vere bra og kvaliteten skal vere slik forbrukaren forventar. Matvarer skal ikkje innehalde smittestoff og framandstoff i mengder som kan vere helseskadelege ved normal bruk.

Næringsmiddeltilsynet si viktigaste oppgåve er å verna forbrukarane og sørgje for at maten er i samsvar med dei krava som skal sikre trygg mat. Det offentlege næringsmiddeltilsynet skal utarbeide regelverket og sjå til at dette blir følgt.

Utviklinga, m.a. i form av ny og auka kunnskap om stoff i matvarene, endringar i produksjons- og marknadssituasjonen, nye matvarer, t.d. produsert på genmodifiserte organismar (GMO), og ikkje minst sterkare offentleg interesse for mat og matvarer set stadig større krav til tilsynet når det gjeld innsats, kompetanse og open kommunikasjon.

SNT sine strategiar er:

- regelverk som er tenleg for brukarane, sikrar reieleg frambud og forbrukarane sitt behov for vern og valfridom
- godt tilsyn som er samordna og effektivt organisert
- god kunnskap om førekomst av risikofaktorar i mat
- tilstrekkeleg kompetanse i det offentlege næringsmiddeltilsynet
- aktiv kommunikasjon som omfattar målretta informasjon, deltaking frå forbrukarar og næringsliv og samordning med andre forvaltningsorgan

Den sentrale forvaltninga og tilsynet med regelverket gitt med heimel i lovgjeving underlagt Landbruksdepartementet, Sosial- og helsedepartementet og Fiskeri-departementet, er lagt til SNT.

SNT sitt råd set fram forslag og gir råd om målsetjing, regelverk og tilsynsinnsats. Rådet består av representantar for forbrukarane, handel, industri, primærnæring og forskning. SNT sin vitenskaplege komite er samansett av ekspertar frå sentrale spisskompetansemiljø. Komiteen gjennomfører risikovurderingar, gir vitenskaplege råd og gir forvaltninga kunnskapsgrunnlag for å fatte rett vedtak.

Resultatrapport 1998*Internasjonalt arbeid*

SNT sitt arbeid i Codex Alimentarius har vore omfattande. Codex Alimentarius er et FN-organ som er viktig for utforming av politikk og regelverk om mat ved at det utviklar internasjonale standardar og har eigne ekspertgrupper som gjer risikovurderingar av t.d. tilsetjingsstoff, kontaminantar og toksinar. I samanheng med WTO-avtalen (SPS- og TBT-avtalene) er Codex-standardar blitt meir førande for tiltak i

samband med internasjonal handel. Det er m.a. teke initiativ til at regionale skilnader i førekomst av smittestoff blir tatt med ved risikovurdering i samband med internasjonal handel, og det har vore arbeidd med å betre ingrediensmerking og omfattande merking av mat produsert med genmodifiserte organismar. SNT deltek i komitear og arbeidsgrupper under EU-kommisjonen der Noreg har møte- og talerett. Det nordiske samarbeidet omfattar fem faste arbeidsgrupper under Embetskomitéen for næringsmiddelsaker under nordisk råd; toksikologi, mikrobiologi, tilsyn, jus/lovgjeving, samt kost og ernæring.

Forvaltning og regelverksarbeid

Det blei i 1998 utarbeidd ein handlingsplan for å gjere regelverket lettare å bruke og lett å finne.

Etter samtykke i Stortinget 17.12.1998 om utviding av EØS-avtalen på veterinær sektor, er nye rettsakter innarbeidd i norsk lovgjeving. I tillegg har det vore arbeidd med etableringa av grensekontrollstasjonar og gjennomføring av regelverket for kontroll av næringsmiddel ved innførsel med tredje land.

Det er fastsett ei godkjenningsordning for nye næringsmiddel, som genmodifiserte mat. Det er utarbeidd ein rapport om regelverket på melkeområdet vurdert i forhold til småskalaproduksjon.

Tilsyn og samordning

SNT sette i 1998 av 25,5 mill. kroner til tilsyn i næringsmiddelverksemdar etter delegert styresmakt, dette utgjer omlag 12 000 dagsverk i det kommunale næringsmiddeltilsyn (KNT).

SNT arbeider med å vidareutvikle systemet for tilsyn med KNT. Det blei halde ein rekke kurs for KNT, m.a. om den nye hygieneforskriften, forvaltningsjus, importkontroll, systemrevisjon og risikokommunikasjon.

Det blei arbeidd med å få sett i gang eit prøveprosjekt med formål å vurdere om eit regionalt ledd kan gi betre styring av KNT. Rapporten "Styring av KNT ved hjelp av regionar" blei lagt fram.

Det var i 1998 hyppige ESA-inspeksjonar innanfor slakting og nedskjæringsbransjen, og det er lagt ned eit stort arbeid med å følgje opp pålegg gitt etter inspeksjonane.

Det blei arbeidd med etablering av dei nødvendige grensekontrollstasjonane og gjennomføring av regelverk for kontroll av næringsmiddel ved import/eksport.

SNT har ansvar for tilsyn med og registrering av verksemdar som foredlar, pakkar og importerer økologiske næringsmiddel.

Kartlegging og overvaking - dokumentasjon av smittestatus

Resultata frå overvaking av salmonella i kjøtt viser at salmonellasituasjonen er særst god.

Overvaking med omsyn til "hamburgerbakterien" held fram. Bakterien blei ikkje påvist i prøver frå norske slakteri eller i importert kjøtt.

Når det gjeld førekomst av framandstoff som antibiotika og tungmetall, viser òg undersøkingar at situasjonen er god.

For første gong blei det utarbeidd samla overvakingsplanar for reststoff i levande dyr og animalske produkt som mjølk, egg, honning og fisk i 1998, medan planen for overvaking av slakt blei revurdert. Planen omfattar etter dette overvaking av reststoff i animalske næringsmiddel.

Det er undersøkt for plantevernmiddel i drikkevatn frå grunnvatn og frå overflatevatn. Det blei påvist for høgt nivå i berre ei prøve.

Det faste overvakingsprogrammet for plantevernmiddelrester i bær, frukt og grønt, korn og animalske produkt blei ført vidare. I 2,4 pst. av prøvane blei det påvist konsentrasjonar over dei fastsette maksimalgrensane.

På vegne av SNT gjennomførte Veterinærinstituttet undersøkingar om GMO i næringsmiddel. Det blei avdekt at visse umerka produkt hadde eit så høgt innhald av GMO at det oversteig grenseverdien som utløyser krav om merking om at produktet inneheld GMO. Undersøkinga omfatta produkt som inneheld genmodifisert mais og soya som er godkjent for sal i EU.

Kjøttkontroll

I 1998 blei det kontrollert omlag 254.000 t kjøtt (raudt kjøtt, fjørfekjøtt og kjøtt frå reinsdyr). KNT brukte knapt 54.000 dagsverk for å gjere nødvendig kjøttkontroll- og tilsynsarbeid etter delegasjon frå SNT. I tillegg utførte KNT, avhengig av geografisk plassering, kjøttkontroll på importert kjøtt, viltkjøtt og kvalkjøtt.

Inspektørar frå ESA inspiserte i 1998 30 slakteri og nedskjæringsverksemdar. Det blei avdekt manglar i ei rekkje verksemdar. Det blei arbeid systematisk med forbetring av tilhøva m.a. gjennom SNT sitt tilsyn med KNT og ein fortløpande revisjon av SNT sin tilsynsrettleiar der dei mest vanlege feila som ESA påpeikar blei presisert.

Budsjettframlegg 2000

I framlegget for 2000 er ordninga med omstillingstilskott til slakteri, som tidlegare blei budsjettert under kap. 1114 post 50, overført til kap. 1143 post 71. Korrigert for dette er løyvinga under kap. 1114 auka med 11,2 pst. i forhold til 1999.

Oppgåvene til tilsynet blir endra og aukar i omfang og kompleksitet. Situasjonen er prega av raske endringar og korte fristar. Det er derfor viktig at SNT set større fokus på det ansvaret ein har for å samordne heile tilsynsinnsatsen. Fleksibilitet, beredskap og høve til omstilling blir svært viktig i framtida.

SNT er pålagt omfattande forvaltningsoppgåver av løpande karakter, som m.a. inkluderer arbeidskrevjande innsats med innpassing, tolking og formidling av nytt EØS-regelverk. Det er òg viktig at regelverket blir forma slik at det er lett forståeleg og enklast mogeleg å bruke.

Omlegging av tilsynet til internkontroll (IK-mat) vil framleis krevje innsats frå SNT. Omfattande arbeid knytt til SNT sitt tilsyn med KNT og harmonisering av tilsynet utgjer og ein stor del av SNT sin oppgåver.

Nasjonale tiltak knytt til utviding av EØS-avtalen på veterinærområdet m.a. overvakings- og kartleggingsprosjekta blir ført vidare i same omfang i 1999. SNT har det administrative ansvaret for drift av grensekontrollstasjonane ved Oslo hamn og Borg hamn, som er oppretta for å føre kontroll og tilsyn med import av animalske næringsmiddel, andre animalske produkt og/eller levande dyr frå tredjeland. Bygging av permanente installasjonar i Oslo hamn og Borg hamn er planlagt ferdig i 2000.

Kvaliteten på matpoteter er ikkje tilfredsstillande og kontrollen for å sikre at kvaliteten held mål, blir ført vidare. Tilsynet er lagt om slik at kontrollen skjer på butikkleddet. SNT nyttar KNT i kontrollarbeidet.

Inntekter og utgifter knytt til kjøttkontrollen blir ført i Fondet for kjøttkontroll. Finansieringa av kjøttkontrollen blei lagt om i 1999 slik at slakteria betaler for dei faktiske kostnadene for tilsyn eller slakte- og tilsynsplanar. Det blir såleis ikkje lenger løyvd midlar over statsbudsjettet for å dekkje utgiftene til kjøttkontroll, jf. kap. 1114 post 50. I 2000 er det budsjettert med 125 mill. kr i utgifter til kjøttkontroll fordelt med 112,5 mill. kr til KNT si verksemd og 12,5 mill. kr til SNT si verksemd, av dette 1,3 mill. kr til administrasjon, jf. kap. 4114. For å dekkje dei sentrale og dei lokale utgiftene til kjøttkontroll legg departementet opp til ei auke i dagsverksatsen for tilsyn med 5 pst. til 2440 kr. Den nye ordninga er framleis i ei utviklingsfase.

Satsingsområde 2000

Landbruksdepartementet legg opp til å auke innsatsen på næringsmiddelområdet med om lag 18 mill. kr for å modernisere og effektivisere næringsmiddeltilsynet, m.a. for å følge opp internasjonale rammevilkår og gjere det i stand til å møte utfordringane knytt til genmodifiserte organismar.

Det er behov for å betre koordineringa av det offentlege tilsynsapparatet og styrke og tilpasse funksjonane for tilsyn som er spreidd over heile landet. Ein tek sikte på å starte eit prøveprosjekt over to år med etablering av eit regionalt ledd i det offentlege næringsmiddeltilsynet for å prøve om det er eit tenleg verkemiddel for å betre koordineringa. I den samanhengen vil ein prøve ut ulike modellar for samlokalisering og samarbeid med fagetatane på regionalt nivå og med Fylkesmannen. I tillegg tek ein sikte på å teste ut ei ordning med styrkt sentral styring for ein region. Dette arbeidet skjer i nært samarbeid med Sosial- og helsedepartementet, jf. òg omtale under programkategori 15.00.

Ein vil arbeide for å betre mål- og resultatstyringa av KNT og det skal gjennomførast systemrevisjonar. Det gis i dag tilskott til KNT for jamnleg tilsyn i nedskjærings- verksemdar. EØS-regler om fersk kjøtt pålegg dagleg tilsyn og dette krev auka innsats.

Departementet vil følge opp pålegg om godkjenning og merking av næringsmiddel med GMO, og forbod mot GMO der det er sett inn gen som kodar for antibiotikaresistens. Behandling av søknader og tilsyn med ordninga med opprinnelsesmerking av storfekjøtt skal òg prioriterast.

Merknader til dei enkelte postane

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga er auka med 18,3 mill. kr for å dekkje utgifter i samband med tilsyn og avdekking av GMO i mat og fôr. Løyvinga skal òg dekkje utgiftene til den statlege delen av næringsmiddeltilsynet i kommunane og delar av importkontrollen som tidlegare blei løyvd over kap. 1114 post 51.

Post 50 Tilskott til Fondet for kjøttkontroll

Etter omlegginga av finansieringa av kjøttkontrollen frå 1.1.99 blir det ikkje lenger løyvd midlar over statsbudsjettet til kjøttkontroll. I samband med omlegginga blei det etablert ei ordning med omstillingstilskott til slakteri som fekk auka kostnader til kjøttkontroll som følgje av omlegginga. Tilskottet blei i 1999 utbetalt gjennom Fondet for kjøttkontroll og løyvd over kap. 1114 post 50. Løyvinga er i framlegget for 2000 overført til kap. 1143 post 71, jf. omtale under denne posten. Rammene for kjøttkontrollen i 2000 er det gjort greie for i omtalen av budsjettframlegget ovanfor.

Post 51 Tilskott til Fondet for statleg næringsmiddeltilsyn i kommunane

Landbruksdepartementet legg opp til at Fondet for statleg næringsmiddeltilsyn i kommunane blir avvikla ved årsskiftet 1999/2000. Tilsynet som har vore budsjettert i fondet vil frå 2000 bli budsjettert på kap. 1114 post 01.

Kap 4114 Statens næringsmiddeltilsyn

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
01	Gebyr og analyseinntekter m.m.	102 898	134 372	160 123
05	Driftsinntekter	2 725	3 366	
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	3 070		
	Sum kap 4114	108 693	137 738	160 123

Post 01 Gebyr og analyseinntekter m.m.

SNT blir finansiert av næringsmiddelavgift på norskproduserte og importerte råvarer og importerte ferdigvarer. Avgiftssatsen blei frå 1.1.99 auka frå 0,60 pst. til 0,73 pst. av fakturabeløpet på norskproduserte og importerte råvarer, og frå 0,45 pst. til 0,58 pst. på importerte ferdigvarer. Avgifta blei auka for å dekke utgiftene til oppfølging av Matmeldinga og tiltak knytt til utviding av EØS-avtalen på veterinærområdet.

Effektivisering av tilsynsverksemdene og arbeidet knytt til tilsyn med bruk og førekomst av GMO vil føre til auka aktivitet, jf. kap. 1114 post 01. Regjeringa legg derfor opp til å auke næringsmiddelavgifta i 2000 til 0,82 pst. på norskprodusert og importert råvare/halvfabrikata og til 0,64 pst. på importert ferdigvare.

Alle ansvarlege marknadsførarar av kosmetiske produkt betalar ei årleg avgift som finansierer kontrollen av produkta.

Det er på posten òg budsjettert med 1,3 mill. kr i inntekter frå Fondet for kjøttkontroll for å dekkje SNT sine administrasjonsutgifter til kjøttkontroll som blir rekneskapsført på kap. 1114 post 01. Fondet skal dekkje alle utgiftene knytt til kjøttkontroll.

Programkategori 15.20 Forsking og utvikling

Utgifter under programkategori 15.20 fordelt på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000	Pst endr 99/00
1137	Forskning og utvikling	246 164	249 551	258 516	3,6
	Sum kategori 15.20	246 164	249 551	258 516	3,6

Innleiing

Landbruksdepartementet finansierer forskning og utvikling retta mot næringa, forvaltninga og allmenta sine kunnskapsbehov. Forsking er eit viktig verkemiddel for å oppfylle mat- og landbrukspolitiske målsetjingar. Landbruksdepartementet kanalisierer hovudtyngda av forskingsmidlane gjennom Noregs forskingsråd, jf. tabell s. 74.

Landbruksdepartementet legg *Langtidsplanen for landbruksforskinga (1998-2005)* til grunn for forskingspolitisk planlegging og prioriteringar innan området. Langtidsplanen har 5 innsatsområde: (1) Forbruk, matvarekvalitet og -tryggleik, (2) Drifts- og eigarformer, produksjonssystem og arealbruk, (3) Verdiskaping basert på skog, (4) Ny næringsutvikling og (5) Livskraftige distrikt. Landbruksforskinga skal òg medverke til gjennomføringa av den nasjonale forskingspolitikken, jf. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet sin St.prp.nr. 1 (1999-2000).

Forskinga blir finansiert med midlar frå både offentlege og private aktørar. Departementet legg vekt på å styrkje koplinga mellom forskning og utvikling for å nå næringspolitiske mål. Noregs forskingsråd og Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) har inngått avtalar om samarbeid for å styrkje denne koplinga og føre vidare Statens landbruksbank si verksemd på dette området.

Med dagens utvikling med internasjonalisering på dei fleste områda, òg innan landbrukssektoren, får internasjonal landbruksforsking ein stadig større betydning. Internasjonalt forskningssamarbeid er sentralt for å oppfylle overordna mål for landbrukspolitikken, vere premissleverandør til mat- og næringspolitikken og for å realisere prioriteringane. Gjennom aktiv deltaking i EUs 5. rammeprogram, vil dei investeringar Noreg gjer med forankring i EØS-avtalen førast tilbake i form av prosjektmidlar, nettverk og forskingsresultat.

Ein visar til St.meld.nr. 39 (1998-99) *Forsking ved et tidsskille* (forskingsmeldinga), som ligg til behandling i Stortinget. Oppfølging av forskingsmeldinga innan Landbruksdepartementet sitt sektorområde vil få høg prioritet. Landbruksdepartementet sitt sektorområde har òg høg prioritet i meldinga. Departementet viser elles til St.meld.nr. 17 (1998-99) – *Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren*, St.prp. nr. 8 (1992-93) *Landbruk i utvikling*, St.meld. nr. 40 (1996-97) *Matkvalitet og forbrukertrygghet*, St.prp. nr. 75 (1998-99) *Jordbruksoppkjøret 1999* og St.prp. nr. 54 (1998-99) *Om reindriftsavtalen 1999-2000*, og Stortingets behandling av desse, når det gjeld føringar for Landbruksdepartementet sin FoU-politikk i 2000.

Kategorien omfattar Landbruksdepartementet sine løyvingar over kap. 1137. I tillegg til dei åtte institusjonane med basisløyving over kap. 1137 post 51, er Norsk institutt for næringsmiddelforskning (Matforsk) ein viktig forskingsinstitusjon innan landbrukssektoren. Matforsk har ei grunnløyving over Fondet for forskingsavgift på visse landbruksprodukt. Løyvinga var på 32 mill. kr i 1998. Omlag 10 pst. av næringsmiddelavgifta blir brukt til forvaltningsretta kunnskapstiltak (om lag 6,9 mill. kr i 1998), og ein del av omsetningsavgifta blir brukt til FoU-relaterte tiltak (om lag 29 mill. kr i 1998). Bruken av omsetningsavgifta blir styrt av Omsetningsrådet.

Landbruksdepartementet

Departementet har i tillegg løyvingar til næringsretta forsking og utviklingstiltak over jordbruksavtala (kap. 1150) og reindrifftsavtala (kap. 1151), til forvaltningsretta kunnskapsstøtte over kapitla 1110, 1112, 1140, 1142 og 1147 og til kunnskapsutvikling over kap. 1114. Vidare får SND verkemiddel som skal styrkje samhandlinga mellom forsking og utvikling i samband med overføringa av Statens landbruksbank frå 1.1.2000

Noregs landbrukshøgskole (NLH) og Noregs veterinærhøgskole (NVH) er sentrale aktørar i landbruksforskinga (jf. Kyrkje- utdanning og forskingsdepartementet sin St.prp.nr. 1 (1999-2000), kapitla 278 og 279). Noregs landbrukshøgskole og Matforsk har etablert ein strategisk allianse for å bli betre i stand til å bidra til ein konkurransedyktig norsk næringsmiddelindustri. Institusjonane er m.a. einige om at NLH skal ha ansvar for kandidat- og forskarutdanninga på næringsmiddelområdet, mens MATFORSK skal ha ansvar for oppdrags- og konsulentverksemda rette mot næringsmiddelindustrien. Forskingsparken i Ås AS og Veterinærmedisinsk oppdrags-senter AS (VESO), som òg eig FoU- og forsøksinstituttet Akvavet, arbeider m.a. for å kommersialisere forskingsresultata.

Oversikta under viser estimert omfang av forsking og utvikling (FoU) over Landbruksdepartementet sitt budsjett i 1999 og 2000 og den prosentvise endringa mellom åra. Midlane i tabellen under som blir løyvde over kap. 1137, 1114 og 1150 post 77.13 går i all hovudsak til forsking. Midlane over dei andre kapitla i tabellen viser innsats knytt til utvikling i tradisjonelle og nye næringar basert på landbruk, og til utvikling av kunnskap til bruk i forvaltninga. Den samla innsatsen knytt til forsking og utviklingstiltak er styrkt.

Tabell 2.3: Oversikt over Landbruksdepartementet sitt budsjett knytt til Forsking og utviklingstiltak

			(1 000 kr)		
Kap	Post	Nemning	Budsjett 1999	Framlegg 2000	Pst. endr. 99/00
1110	01	Landbrukstilsynet, forvaltningsstøtte	7 763	8 563	10,3
1112	50	Kjøp av forvaltningsstøtte, VI	8 936	9 080	1,6
	51	Forv.støtte, utv. og kunnsk.form., Planteforsk	21 561	21 910	1,6
	52	Støtte til fagsentra, Planteforsk	3 104	3 154	1,6
1114		Statens næringsmiddeltilsyn	6 900	6 900	0,0
1137	50	Forskningsprogram	110 657	116 302	5,1
	51	Basisløyvingar til forskingsinstitutt	138 894	142 214	2,4
1140	50	Driftsøkonomiske analysar mm, NILF	2 679	2 723	1,6
	77	Miljøretta prosjektarbeid	8 257	8 455	2,4
1142	50	Forvaltningsstøtte, NISK	4 400	4 400	0,0
	51	Utviklingsfondet for skogbruket	3 155	3 155	0,0
	71	Langsiktige inv. og næringstiltak i skogbruk	11 000	20 000	81,8
	76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruk	14 500	14 500	0,0
1146		NIJOS	5 859	5 845	-0,2
1147		Reindrifftsforvaltninga	2 288	2 455	7,3
1150	50.11	LUF	49 938	53 382	6,9
	77.13	Tilskott til forsøksringar og forsking	58 000	59 000	1,7
	77.15	Tilskott til kvalitets- og salsfremmande tiltak	41 400	54 800	32,4
	77.16	Tilskott til økologisk jordbruk	6 000	6 000	0,0
1151		Reindrifftsavtalen	5 000	5 000	0,0
Sum			510 291	547 838	7,4

Status og mål for forsking på mat og landbruk

Det blir meir sentralt i tida framover å leggje vekt på at forskinga skal gi grunnlag for utforming av politikken, bruk av offentlege verkemiddel og forvaltning i eit langsiktig perspektiv. På stadig fleire område blir mat- og landbrukspolitikken utforma i eit organisert internasjonalt samarbeid, jf. EØS- og WTO-avtalen m.m. Det er derfor viktig

Landbruksdepartementet

at forskning blir teken aktivt i bruk som ledd i arbeide med å dokumentere, underbyggje og klargjere sentrale spørsmål som har betydning for viktige politiske prioriteringar.

Departementet vil oppretthalde ein tverrsektoriell innsats med fokus på heile verdikjeda frå primærprodusent til marknad. Samtidig vil forvaltningsretta forskning bli ført vidare for å utvikle kunnskap som grunnlag for meir effektiv innsats med omsyn til forbrukar, distrikt, arealforvaltning og miljø i landbrukspolitikken, jf. innleiinga og statusavsnitt under dei særskilde innsatsområda.

St.prp.nr. 63 (1995-96) varslar ein vurdering av visse sider ved samarbeid, organisering og arbeidsdeling innan landbruksforskinga. Mandatet til vurderinga blei presisert i Innst.S.nr. 269 (1995-96). Departementet tek sikte på å gjennomføre ei slik vurdering i 2000, og orientere Stortinget i 2001. Grunnlaget for vurderinga blir utforma i samarbeid med Kyrkje- utdannings- og forskingsdepartementet.

Forskringsrådet har eit strategisk ansvar for instituttsektoren og har på denne bakgrunn evaluert fagleg verksemd og organisatoriske forhold ved Akvaforsk, Jordforsk og Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF). Veterinærinstituttet (VI), Planteforsk, Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK), Senter for bygdeforskning og Norsk institutt for skogforskning (NISK) blir evaluert i 1999. I 2000 er såleis alle institutta evaluert og desse evalueringane vil danne eit delgrunnlag for Landbruksdepartementet si vurdering.

Langtidsplan for landbruksforskinga

Langtidsplan for landbruksforskinga (1998-2005) dannar rammene for landbruksforskinga i vid forstand, og for industriretta forskning og samfunnsforskinga. Planen skal medverke til å oppfylle dei overordna måla for norsk forskning. Det er formulert eit hovudmål og fem delmål i planen.

Hovudmål: Landbruksforskinga skal, innanfor ein etisk forsvarleg ramme, og i brei næringspolitisk samanheng, vere leverandør av kunnskap med vekt på krav frå forbrukarane, verdiskaping, nyskaping, omstilling, miljø, helse og livskvalitet.

Delmål: Forskinga skal vere leverandør av kunnskap for å:

- fremme langsiktig og berekraftig utvikling i landbruket og i verksemd basert på landbruk, til bevaring av naturgrunnlag og miljø og til fremme av helse og livskvalitet hos menneske og dyr,
- utvikle marknadsorienterte produkt basert på norske råvarer og foredlingssystem,
- høyne nivået på kompetansen og graden av produktforedling med sikte på verdiskaping og sysselsetjing i landbruket og verksemd basert på landbruk,
- utvikle nye produkt, næringar og kombinasjonar av næringar innanfor eit heilskapleg perspektiv på næringa og distrikta og
- gi grunnlag for utforming av politikk, bruk av offentlege verkemiddel og forvaltning.

Forbruk, matvarekvalitet og –tryggleik

Relasjonane mellom mat og helse kjem i stadig sterkare fokus, og er eit felt der det kjem ei rekkje nye utfordringar, jf. St.meld. nr. 40 (1996-97) og St.meld. nr. 39 (1998-99). Internasjonale avtalar som Noreg har slutta seg til, medfører eit auka behov for kunnskap, av di ein treng vitskapleg dokumentasjon for kvalitetsstandardar i innanlands produksjon og overfor importerte varer. Forbrukarane gjer uttrykk for aukande bekymring for matvarekvalitet og tilhøvet mellom mat og helse. Landbruksdepartementet legg derfor vekt på å stille krav som gjeld heile verdikjeda, og å få fram relasjonane mellom kosthald, ernæring og helse.

Forskinga knytt til kvaliteten på tradisjonelle jordbruksprodukt har vore prioritert høgt. Samtidig er husdyrforskning og forskning på grovfôr gitt lite merksemd dei seinare åra. Forsking på diagnostikk og overførbare kroniske sjukdommar med lang inkubasjonstid, og på sjukdommar som fører til auka medisinbruk og redusert dyrevelferd, er viktig for primærnæringane. Scrapieforskinga er utvida til å omfatte genetisk disposisjon og smitteagens. Forskingsinnsatsen på kjøtt og mjølkeproduksjon, økologisk jordbruk og produktutvikling innan næringsmiddelindustrien blir halden oppe.

Konkurransforholda og marknadssituasjonen i dag stiller store krav til produksjonen i alle ledd. Dokumentasjon, utvikling og marknadsføring av norske konkurranseføremon, slik som god plante- og dyrehelse og miljøvennleg produksjon, må stå sentralt. For at oppdrettsnæringa kan utviklast til å bli ein berebjelke i norsk økonomi på lenger sikt, må det satsast på forskning som gjeld førebyggjande tiltak hos laks og ikkje minst på nye artar. Meir kunnskap om risikovurdering og risikobehandling, t.d. knytt til bruk av plantevernmidel under våre klimatilhøve og i arbeidet med moderne bioteknologi, er ønska av forvaltninga.

Drifts- og eigarformer, produksjonssystem og arealbruk

Miljøforskninga har skaffa fram god og viktig kunnskap til landbruket, t.d. i arbeidet med å redusere erosjon og avrenning av næringsstoff, samt helse- og miljørisiko ved bruk av plantevernmidel. Det blir årleg sett av midlar til slik forskning over jordbruksavtala i tillegg til midlar frå Noregs forskingsråd over kap. 1137. Midlar over kap. 1140 blir brukt til utvikling av resultat- og overvakingssystem, jf. òg kap. 1410 i budsjettframlegget for Miljøverndepartementet.

Utvikling av miljøteknologi er eit viktig ledd i arbeidet for eit miljøvennleg landbruk, og er samtidig grunnlaget for at landbruket kan spille ei meir sentral rolle i miljøarbeidet òg innanfor andre sektorar, t.d. ved resirkulering av avfall der vi treng gode og sikre metodar for å trygge ressursane og hindre miljøskadar. Landbrukssektoren har eit ansvar for å utnytte avansert teknologi til overvaking, analyse og forvaltning av miljø, artar og areal. Ein må sjå ei slik satsing i lys av framtidig IT-satsing i regionane, jf. St.meld.nr. 38 (1997-98), *IT-kompetanse i et regionalt perspektiv*. Det er behov for kunnskap om korleis landbruksforvaltninga deltek i samfunnsplanlegginga for å sikre verdifulle landbruksareal mot nedbygging, ta vare på kulturlandskap og miljøkvalitetar og legge tilhøva til rette for utvikling av landbruksnæringa. Forvaltninga treng kunnskap om bruken av utmarksressursar, om konsekvenser av verneplanprosessar og om drifts- og eigarformar i landbruket.

Verdiskaping basert på skog

St.meld.nr. 17 (1998-99) *Verdiskaping og miljø - muligheter i skogsektoren* (Skogmeldinga) understrekar at ei viktig oppgåve for skogforskninga vil vere å skaffe og formidle kunnskap for ein effektiv og miljøvenleg skogforvaltning. Regjeringa vil oppretthalde innsatsen på forskning med tanke på effektiv og langsiktig ressursutnytting og ivaretaking av miljøomsyn.

Der er vidare viktig å skaffe fram kunnskap som viser skogen si samfunnsmessige verd for ei berekraftig utvikling retta mot skogen og treprodukt sine miljømessige funksjonar og dei verdiar skogsektoren representerer. I denne samanheng vil ein leggje til rette for forskning som medverker til å styrkje trevirket si konkurransekraft overfor anna material og som bidreg til utnyttinga av råstoffet.

Samtidig er skogsektoren ein sektor som må tilpassast stadige endringar i rammevilkåra. Kunnskap skal gjere skogbruk og skogindustri betre i stand til å møte endringar i rammevilkåra og å auke kunnskapen om effektar av ulike offentlege tiltak. Det er eit mål at dei offentlege tiltaka skal ha ei samfunnsøkonomisk lønsemd. Det er vidare eit ønske om fleire aktive kvinner i skogsektoren. Kunnskap skal gi svar på kva for tiltak som kan bidra til auka kvinnedeltaking.

Ny næringsutvikling

Målsetjinga innanfor næringsutvikling i landbruket er å auke kompetansen hos næringsutøvarane og å betre konkurransekrafta gjennom marknadsbaserte, kunnskapsintensive produkt. Kunnskapen må gjerast tilgjengelege for brukarane på ein enkel måte, spesielt for primærlandbruket og dei små bedriftene innan næringsmiddelindustrien og treindustrien. Koplinga mellom forskning og næringsliv må til for å lukkast med dette, og dei offentlege aktørane i koplingsarbeidet, som SND, Fylkesmanns-embeta, Forskringsrådet og dei regionale forskingsstiftingane, må samarbeide tett om å utvikle gode system for å skreddarsy og formidle eksisterande kunnskap til nærings-

Landbruksdepartementet

utøvarane. Samtidig må næringsutøvarane bli gitt høve til å arbeide i nettverk og individuelt slik det er gjort innanfor områda *gardsmat*, *matkultur* og *nisjeprodukt innanfor mat og trevirke*.

Landbruksdepartementet vil saman med Fiskeridepartementet medverke til etablering og drift av eit produktutviklingssenter (PU-senter) for næringsmiddelindustrien, i regi av Matforsk, Fiskeriforskning og Norconserv. Formålet vil vere å få eit meir brukarvenleg og oversiktleg produktutviklingstilbod innan næringsmiddelindustrien, der bedrifta skal få løyst sine utviklingsbehov ved å vende seg til ein stad. Senteret vil få ein prøveperiode på inntil 4 år, jf. kap. 1150, post 77.15.

Livskraftige distrikt

Forsking for livskraftige distrikt omfattar samfunnsfagleg og humanistisk forsking, i første rekkje som grunnlag for bruk og tilpassing av verkemidla og utforminga av politikken på ulike nivå. Ein del av forskinga omtalt under *Drifts- og eigarformer, produksjonssystem og arealbruk* over vil òg ha relevans her.

Forskinga bør ha eit fleirfagleg preg for å utvikle formålstenleg kunnskap for bygdesamfunn og næringsverksemdar knytt til konsekvensar av endra rammevilkår. Forskinga må ta føre seg samanhengen mellom politikk, rammevilkår for næringsutvikling og regional utvikling. Vidare bør forskinga gå inn på rammevilkår for konkurransedyktig verdiskaping, forvaltning av fellesgode og vilkår for etablering og busetjing i bygdene med spesielt omsyn til kvinner og kompetanse som føresetnad for livskraftige bygder.

Strategiar

Departementet legg i Langtidsplan for landbruksforskinga følgjande strategiar til grunn:

- auka vekt på grunnleggjande kompetanse,
- auka relevans gjennom verdikjedetenking og fleirfagleg samarbeid,
- prioritering av det internasjonale samarbeidet,
- auka vekt på formidling og utnytting av kunnskap, kompetanse, teknologi og
- auka privat FoU-engasjement.

Departementet legg vekt på at den grunnleggjande forskinga, særleg den strategiske grunnforskinga, blir styrkt, jf. St.meld.nr. 39 (1998-99). Det blir lagt vekt på utvikling av spissområde gjennom strategisk oppbygging av kompetanse. Koplingar mellom fag, forsking og næringsliv og gjennom verdikjede er viktig i utviklingsarbeidet. Innanfor internasjonalt forskingssamarbeid prioriterer Landbruksdepartementet 1. Europeisk forskingssamarbeid gjennom EUs 5. rammeprogram 2. Oppfølging av internasjonale konvensjonar og globale arenaer, knytt til Noregs multinasjonale samarbeid 3. Anna europeisk insitusjonelt samarbeid 4. Nordisk samarbeid 5. Styrking av landbruksforskinga si rolle som premissgivar for utviklingsforsking i tilknytning til Noregs bistandspolitikk og bistandsprogram 6. Bilateralt FoU- samarbeid.

Departementet legg vekt på formidlinga av forskingsresultata, òg populærvitskapleg og allmennretta formidling.

Den private finansieringa av forskinga knytt til foredling av både mat og skogressursar skjer i dag hovudsakleg gjennom industrien. Landbruket si FoU-deltaking er lågare enn det som gjeld for næringslivet elles. Både dei enkelte føretaka, samanslutningane og samvirkeorganisasjonane bør ideelt sett ta eit større ansvar for eigne FoU-behov.

Det er behov for ein auke i den private innsatsen for forsking retta mot primærleddet i landbruket. Landbruksdepartementet arbeider med utforming av særskilde mekanismar på dette området og vil koma attende til dette spørsmålet i den komande landbruksmeldinga. St.meld.nr. 17 (1998-99) "*Verdiskaping og miljø - muligheter i skogsektoren*" (Skogmeldinga) peikar på at verdien av forsking og utvikling som grunnlag for lønsam produksjon har vore undervurdert i delar av skogsektoren og at dette gir dårleg basis for å møte konkurransetilhøva i dag og i framtida. Det blir frå departementet si side lagt stor vekt på å leggje til rette for aktiv brukardeltaking og brukarfinansiering av FoU-

Landbruksdepartementet

arbeidet i skogsektoren. Regjeringa vil derfor fastsette ei avgift på skogsvirke til fremme av fellestiltak i skogbruket, jf. lov av 9. november 1956. Ordninga er i første omgang ei prøveordning i 5 år.

Forskringsrådet har eit overordna ansvar for utvikling av strategiske instituttprogram, og må ta i bruk slike verkemiddel i samarbeid med institusjonane, næringa, forvaltninga og forbrukarane.

Satsingsområde i 2000

På bakgrunn av utfordringane for sektoren er det trekt opp fem prioriterte innsatsområde i Langtidsplan for landbruksforskning: Forbruk, matvarekvalitet og –tryggleik, Drifts- og eigarformer, produksjonssystem og arealbruk, Verdiskaping basert på skog, Ny næringsutvikling og Livskraftige distrikt, som alle er omtala over.

I St.meld. nr. 39 (1998-99) *Forskringsmeldinga* er grunnleggjande forskning framheva særskilt. I tillegg blir det varsla satsingar på marin forskning, informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), medisin og helse og energi og miljø. Matkvalitet og helse er eit element i Regjeringa si satsing på medisin, og helse og skog står sentralt både innan miljø og energi.

Landbruksdepartementet sine særskilde satsingsområde i 2000 er forskning og utvikling retta mot forbrukarhaldningar, matvarekvalitet og -tryggleik i heile verdikjeda samt verdiskaping basert på norske jordbruksvarer, marknad og forbrukarkrav (kap. 1110, 1112 og 1150). Eit anna viktig område er skogproduktene si samfunnsmessige verd og konkurransekraft (kap. 1142) og samfunnsplanlegging og arealforvaltning (programkategori 15.30).

Det vil bli lagt vekt på brukarmedverknad og samarbeid med resten av verkemiddelapparatet. Forsking som fell utanfor dei langsiktige innsatsområda vil i mindre grad bli prioritert i offentlege FoU-budsjett. Departementet legg vekt på å koordinere nasjonale og internasjonale satsingar. EUs 5. rammeprogram vil vere sentralt saman med det nordiske samarbeidet.

Kap 1137 Forsking og utvikling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
50	Forskningsprogram	106 524	110 657	116 302
51	Basisløyvingar til forskingsinstitutt m.m.	139 640	138 894	142 214
	Sum kap 1137	246 164	249 551	258 516

Mål og strategiar

Kap. 1137 omfattar løyvingar til Noregs forskingsråd sine forskingsprogram og basisløyvingar til forskingsinstitutt innanfor Landbruksdepartementet sitt sektoransvar. Basisløyvingane omfattar grunnløyving og strategiske instituttprogram. I tillegg omfattar kapitlet løyvingar til nasjonale oppgåver og investeringsstøtte.

Forskringsrådet skal gi råd i forskingspolitiske spørsmål og initiere, koordinere, finansiere og evaluere formålstenleg forskingsinnsats ut frå sektormåla til Landbruksdepartementet. Det er viktig at landbruksforskinga blir sett i samanheng med dei øvrige satsingane i departementet sitt budsjett, jf. innleiinga og kategori 15.20. Departementet legg til grunn ein god dialog med Forskringsrådet slik at satsinga på forskning reflekterer dei forbrukarretta måla i mat- og landbrukspolitikken. Departementet legg vekt på at Forskringsrådet er pådrivar for auka samarbeid mellom forskingsmiljø nasjonalt og internasjonalt, mellom brukarar og forskingsmiljøa, og mellom forkinga og verkemiddelapparatet elles, for å skape betre kopling mellom forskning og næringsutvikling. Samarbeidsavtalen mellom Noregs forskingsråd og SND må resultere i ein effektiv koordinering av tiltak og ressursar på regionalt nivå.

Forskringsrådet har ei sentral rolle overfor alle forskingsinstitutta i sektoren, slik at dei har den kompetansen som blir etterspurt og kan levere forskning og andre kunnskapsbaserte tenester av høg kvalitet. Det er ei viktig oppgåve for Forskringsrådet dei næraste åra å vidareutvikle rutineane for samhandling med og mellom institutta.

Instituttsektoren og dei regionale høgskolane gir grunnlag for kunnskap og utvikling i distrikta, og det vil vere viktig å styrkje samhandlinga mellom institutta og dei regionale høgskolane. Landbruksinstitutta er eit viktig verktøy for oppfølging av landbruket sin forskingspolitikk og gir viktige innspel for utforming til landbrukspolitikken.

Landbruksforskinga skal vere leverandør av kunnskap som bidreg til å oppfylle delmåla i Langtidsplan for landbruksforskinga.

Resultatrapport 1998

I 1998 har Forskringsrådet nytta midlar frå Landbruksdepartementet til forskingsprogram, infrastrukturstøtte, dvs. grunnløyvingar, strategiske program, utstyr og instrument, og stipend.

Post 50 Forskningsprogram

Det var finansiert 20 forskingsprogram med midlar frå Landbruksdepartementet i 1998. Av desse har 12 òg finansiering frå andre departement.

Forbruk, matvarekvalitet og matvaretryggleik

Det er løyvd midlar frå departementet til programma *Fiske- og dyrehelse, Husdyrforsking, Næringsmiddelindustri, Stråling og strålevern* og det nye programmet

Landbruksdepartementet

Forurensninger: kilder, spredning og effekter. Disse programma blei finansiert med midlar frå Fiskeridepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Miljøverndepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Sosial- og helsedepartementet. Innanfor programmet *Bioteknologi* er ein stor del av forskinga knytt til næringsmiddel- og fôrindustrien retta mot å løyse miljø- og avfallsproblem eller å sikre råvarekvalitet. Andelen brukarstyrt forskning i prosjekt knytt til næringsmiddelindustrien er aukande. Samarbeidet mellom Noregs forskingsråd (NFR) og Statens næringsmiddeltilsyn (SNT) er vidareført òg i 1998, mellom anna for å fokusere sterkare på matkvalitet og forbrukartryggleik. Scrapieforskinga blei i 1998 ført vidare på same nivå som i 1997 og dei øymerka midlane til familiedyrforsking er nytta til ny forskning om smittestoff i animalsk fôr.

Drifts- og eigarformer, produksjonssystem og arealbruk

Det var i 1998 løyvd midlar frå Landbruksdepartementet til forskingsprogramma *Planter og jord, Bioteknologi, Bruk og forvaltning av kulturlandskap og utmark, Biologisk mangfald- dynamikk, trusler og forvaltning og Berekraftig produksjon og forbruk.*

Innanfor programmet *Planter og jord* er miljøvenlege produksjonsformer og produktkvalitet viktige satsingsfelt. Omlag halvdelen av prosjekta har kome i gang ut frå miljømotiv. Ei anna hovudsatsing i programmet er sikring av produksjonsgrunnlaget og omfattar jordbiologi og jordfysikk og forskning innan miljøeffektar av plantevernmiddel, kunnskap om tungmetalla og bruk av organisk avfall. Det meste av denne forskinga er grunnforskning, men gjev òg grunnlag for implementering av brukerstyrde prosjekt. Omlag trefiredelar av den brukerstyrde forskinga i programmet siktar mot næringsmiddel- og fôrindustrien og tek mellom anna for seg miljø- og avfallsproblem og råvarekvalitet. Meir enn 60 prosent av dei industriverksemder som tek del i prosjekta er SMB-verksemder. Programmet *Bruk og forvaltning av kulturlandskap og utmark* er ei vidareføring av *Utmarksprogrammet* og ei ny satsing på kulturlandskapsforskning.

Verdiskaping basert på skog

Det er løyvd midlar til programmet *Skog - miljø, industri og samfunn* (Skogprogrammet) og til programmet *Trevirke og treindustri - Verdiskaping og Foredling* (TTVF) som er ein del av departementet sin særskilde satsing på miljø- og næringsutvikling i skogbruket (kap. 1142 post 71.) Skogprogrammet går mot sin avslutning og programmet har utvikla kunnskap som bidreg til å tilpasse skogsektoren til marknaden og samfunnet sine krav, herunder kunnskap som fremmer auka verdiskaping innanfor ramma av ei berekraftig ressursforvaltning. Programmet omfattar tre tematiske satsingar: Skog og miljø - ressursgrunnlag og skogen sine miljøverdiar, Skogbruk og industri - marknad, produkt, foredling og produksjon samt Skog og samfunn; nasjonale og internasjonale rammevilkår. Prosjekta i 1998 har vore bl. a. retta mot næringsbalanse, strategiar for forvaltning, biologisk mangfald, forureining, kostnadseffektivitet og effektar av fri prisdanning i tømmermarknaden. Delområdet skog og industri er noko underrepresentert samanlikna med dei andre områda, men det er naturleg å sjå dette i samanheng med dei satsingane som er gjort gjennom TTVF-programmet.

Ny næringsutvikling

Det er løyvd midlar frå Landbruksdepartementet til dei tre programma *Nyskaping og miljøretta næringsutvikling, Reiselivsforskning og NUMARIO* i 1998.

I programmet *Nyskaping og miljørettet næringsutvikling* er det sett i gang ei lang rekkje prosjekt som går inn under SMB-kategorien. Andelen SMB-prosjekt er større enn tidlegare òg i høve til Forskinsrådet sin *Strategi for næringsretta forskning*. Meir enn 50 prosent av prosjekta var brukarstyrte prosjekt knytt til SMB, og retta mot nisjeproduksjon og ny alternativ landbruksbasert næringsutvikling. I alt tok omlag 250 bedrifter del i dei i alt 64 prosjekta under programmet. Det er skipa til eit monaleg

Landbruksdepartementet

nettverkssamarbeid mellom næringsverksemdar og FoU-institutt. I det nystarta programmet *Reiselivsforskning* er det mellom anna arbeidd med datagrunnlaget for regional fordeling av turistkonsum og reiselivsnæring i 1998. Det fireårige programmet *Næringsutvikling for marine arter i oppdrett (NUMARIO)*, som er ei fellessatsing mellom Forskingsrådet og SND for å fremje lønsam næringsutvikling i nye fiskeartar og skjell i oppdrett, blei vidareført i 1998.

Livskraftige distrikt

Programma *Kyst- og bygdeutvikling*, *Markedsforskning og Levekår, utvikling og omstilling i landbruket* er ført vidare i same omfang som i 1997. I tillegg har òg programma *Planter og jord*, *Næringsmiddelindustri og Skog - miljø, industri og samfunn* ei monaleg del næringsretta samfunnsforskning. Av Landbruksdepartementet si løyving blei det vidare gjeve midlar til programmet *Regional utvikling*. Av dei nye aktivitetane i programmet *Kyst og bygdeutvikling* i 1998 var forskning om ungdom sine vurderingar av arbeid og busetting i distrikt-Noreg, og ulike sider ved den regionale arbeidsdelinga sentral. I programmet *Levekår, utvikling og omstilling i landbruket* er det gjennomført eit forprosjekt om strukturendringa i mottak og distribusjon av matvarer.

Internasjonalt forskningssamarbeid

Forskingsrådet gir internasjonalt samarbeid høg prioritet, m.a. gjennom tiltak for å stimulere til auka næringslivsdeltaking i EU-forskinga og nettverksbygging gjennom COST-prosjekt og EUREKA-samarbeid. Forskingsrådet har som tidlegare gjeve slike tilbod til forskingsmiljø og landbruksverksemdar, m.a. tilbod om posisjoneringsmidlar. Norske forskingsmiljø har god utteljing og aukande suksess med EU-søknader innan landbrukssektoren. Det er i 1998 gjeve rammetilskott til landbruksvitenskaplege forskingsinstitusjonar til partnersøk og utarbeiding av søknader til EUs rammeprogram. Næringsmiddelindustrien, skogindustrien og annan bioindustri har i den seinare tid auka deltakinga si i EU-forskinga.

Det nordiske samarbeidet har vore dominert av deltaking i Nordisk kontaktorgan for jordbruksforskning (NKJ), tilskott til Nordiske jordbruksforskernes forening (NJS – sjå post 51.13) og samarbeidet innanfor Nordisk ministerråd (NMR) og Nordisk landbruksuniversitet (NOVA).

Stipend og forskarrekruttering

I tillegg til midlar frå Landbruksdepartementet er det brukt generelle forskingsmidlar frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til rekrutteringsstipend innanfor landbrukssektoren i 1998. Rekrutteringa blei gjort over dei strategiske programma og forskingsprogramma. Kvinnedelen for stipendiatar innanfor landbrukssektoren har vore stabil dei siste åra, og var 51 prosent i 1998. Rekrutteringa blir løpande vurdert, og verkemidla kanalisert inn mot område der det er nasjonalt behov for kompetanseoppbygging.

Budsjettframlegg 2000**Post 50 Forskingsprogram**

I samanheng med utviklinga i distrikta har forskning om skog, skogindustri og arealressursar høg prioritet. Forskingsinnsatsen retta mot landbruksbasert industri er framleis relativt låg og det er nødvendig å styrkje denne innsatsen, ikkje minst frå næringslivet si side. Kunnskap om landbruket sitt forvaltaransvar og korleis ressursane blir brukt, er nyttig både med omsyn til arbeidet med nye næringar og i høve til arbeidet med verneplanar. Mat og helse er eit viktig tema, saman med dyre- og plantehelse, jf. St.meld.nr. 40 (1996-97). Forbrukarane og landbruksnæringane har felles interesse av at det blir bygd inn meir kunnskap basert på forskning, i produksjon og forvaltning, for å auke kvaliteten, konkurranseevna, og for å sikre eit breitt spekter av varer. I forhold til

dei foreståande forhandlingane i WTO er det viktig med kunnskap om landbruket si fleirfunksjonelle rolle.

Forbruk, matvarekvalitet og –tryggleik

Auka kunnskap om matvarekvalitet og –tryggleik er viktig for at forvaltninga skal kunne handtere problemstillingar og regelverket som er knytt til mat, ernæring og helse. Forskingsrådet skal legge vekt på å styrkje forskinga på relasjonar mellom kosthald, ernæring, helse og forbrukarspørsmål knytt til maten. Forskinga på infeksjonar som kan overførast frå dyr til menneske, skal halde fram. Utfordringane ein står ovanfor i matvareproduksjon krev at forskinga i større grad tek føre seg matvarekjeda under eitt. Viktige krav frå forbrukar og samfunn knytt til produksjonsforhold, innsatsfaktorar og sluttprodukt må òg integrerast.

Ein må satsa på ei kunnskapsbasert utvikling for næringsmiddelindustrien. Nye metodar for omsetjing, distribusjon og foredling fører til auka behov for kunnskap i industrien som foredlar råvarer frå landbruk, havbruk og fiskeri.

Sjølv om helsetilstanden hos norsk oppdrettsfisk er god, skal satsinga på forskning innan fiskehelse førast vidare. Lakselus skapar store problem for næringa og det må leggjast vekt på forskning som kan gje grunnlag for berekraftige, førebyggjande tiltak. Kunnskapen om risikofaktorar for sjukdommar og kost-nyttevurderingar i relasjon til helse må òg styrkjast.

Drifts- og eigarformer, produksjonssystem og arealbruk

Miljøutfordringane og dei økonomiske rammevilkåra for landbruket gjer at departementet prioriterer forskning som gjer kunnskap om intensive og ekstensive driftsformer og langsiktig sikring av produksjonsgrunnlaget. Departementet prioriterer forskning på produksjonssystemet, og da spesielt husdyr- og grovførforskning. Innanfor økologisk landbruk er kunnskapsbehovet knytt til marknaden og utvikling av produksjonssystema. Det må òg leggjast stor vekt på koordinering av arbeid på tvers av fagdisiplinar og miljø, og sikre at dei tunge FoU-miljøa vert kopla inn. Formidlinga av FoU-resultata må stå sentralt. Med stadig aukande press for å ta landbruksareal til utbygging, er det behov for meir kunnskap omkring arealplanlegging og planprosessar for å styrkje jordvernet og å sikre matproduksjonsareala på lang sikt. Ein treng kunnskap om kva for aktørar som får gjennomslag i planprosessane og korleis ulike interesser blir dokumentert og veid mot kvarandre. Vidare er det behov for kunnskap om dei samfunnsmessige konsekvensane av planlagt arealbruk og effektane av ulike verkemiddel. Det er behov for kunnskap om korleis ulike vernetiltak og modellar for forvaltning verker inn på landbruket, men òg om arealforvaltning, eigartilhøve og -struktur, bu- og driftsstruktur og verknader av konsesjonslova.

Verdiskaping basert på skog

St.meld.nr. 17 (1998-99), *Skogmeldinga*, peikar på utfordringane i skogsektoren med vekt på verdiskaping og miljø. Langtidsplanen for landbruksforskninga og meldinga trekkjer fram følgjande tema for utvikling av kunnskap i skogsektoren:

- berekraftig forvaltning som konkurranseføremøn og for å ivareta kultur- og naturbaserte fellesgode,
- biologiske prosessar og relevante organismar i skog, deira reaksjonar på naturgjevne tilhøve og menneskelege aktivitetar,
- betre og meir variert utnytting av dei samla skogressursane og auka foredlingsgrad, nye produkt og ny bruk basert på trevirke, kvalitetssikring og dokumentasjon,
- skognæringa si lønsemd, marknad, teknologi og organisering og
- skognæringa sine rammevilkår og betydning for eigarane, tilsette og samfunnet.

Ny næringsutvikling

Forskingsrådet sin reviderte strategi for næringsretta forskning og utvikling må leggjast til grunn for aktiviteten på området. Landbruksdepartementet sine midlar og prioriteringar må sjåast i samanheng med midlar med same formål frå andre

Landbruksdepartementet

departement. Landbruksdepartementet forventar at dette samarbeidet fører til meir kunnskapsbasert utvikling i distrikta og at brukarane opplever at gråsoner mellom forskning og utvikling blir dekt. Ei anna viktig utfordring er at forskingsresultata blir gjort tilgjengelege for brukarane på ein brukarvenleg måte, spesielt for primærlandbruket og dei små verksemdene innan næringsmiddelindustrien.

Dei nye utfordringane som landbrukssektoren og bygdene står overfor er samansett og krev at landbruksforskninga går inn i nye alliansar. I denne samanhengen er ei styrking av den regionale kunnskapsalmenninga viktig. Eit anna, nytt område er bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i næringsutviklinga. Viktig her blir bruken av IKT i utvikling av nye arbeidstilbod i distrikta.

Departementet vil vidareføre løyvinga til programmet NUMARIO, jf nærare omtale i St.prp.nr. 1 (1999-2000) for Fiskeridepartementet, kap. 1023 *Fiskeri og havbruksforskning*.

Livskraftige distrikt

Det er viktig å skaffa fram meir kunnskap om aspekt ved det fleirfunksjonelle landbruket. Bevaring og utvikling av kollektive ikkje-økonomiske gode som t.d. trygg mat, beredskap i matproduksjonen, bu- og sysselsetjing i distrikta, miljø, kulturlandskap og rekreasjonsområde er viktig framover.

Det er òg viktig å forstå mekanismane bak, og effektar av, at det stadig blir færre gardsbruk i Noreg, og få innsikt i ev. trusler om lågare produksjon og mindre jordbruksareal i framtida. Sakskomplekset innanfor dette innsatsområdet er breitt, og Landbruksdepartementet vil samarbeide med andre departement om utvikling av kunnskap på feltet.

Det er òg knytt forventningar til forskingsprogrammet *Regional utvikling*. Landbruksdepartementet legg særleg vekt på prosjektet *Strukturendringar innanfor mottak og foredling av landbruksvarer* og forskning på landbruket si multifunksjonelle rolle.

Stipend og forskarrekuttering

Landbruksdepartementet legg vekt på å halde oppe innsatsen innanfor forskarrekuttering. I 2000 vil ein halde fram med å utvikle forskingsprogram og strategiske -program der kompetanseoppbygging og stipend til forskarrekruftar vil inngå, i tillegg til frie stipend.

Internasjonalt forskningssamarbeid

Ein viser til omtale under kategori 15.20, strategiar. Gjennom EØS-avtalen tek Noreg del i EUs 5. rammeprogram for forskning på lik linje med EU-landa. Departementet legg vekt på at Forskringsrådet oppmuntrar og hjelper dei norske miljøa til å ta del i EUs program og at miljøa sjølve prioriterer oppgåva høgt. Forskringsrådet har iverksett tiltak for å auke deltakinga frå næringslivet, og Landbruksdepartementet ønskjer at dette arbeidet blir ført vidare og styrkt i 2000.

Det blir vidare lagt opp til ytterlegare internasjonal nettverksbygging gjennom COST og EUREKA. Departementet vil be Forskringsrådet om å stimulere næringsmiddel- og skogindustriverksemdar til å ta del i det marknadsnære forskningssamarbeidet.

Det nordiske samarbeidet er særleg viktig og vil bli følgd opp og kopla sterkare til norske program. Forskingssamarbeidet i Norden vil framover bli sterkt prega av engasjementet innanfor EUs rammeprogram.

I nordisk forskingspolitisk samanheng skal aktiviteten være konsentrert om Nordisk forskingspolitisk råd, Nordisk landbruksuniversitet (NOVA), Nordisk kontaktorgan for jordbruksforskning (NKJ), Nordiske jordbruksforskar forening (NJF) og Nordisk organ for reinforskning (NOR).

Post 51 Basisløyvingar til forskingsinstitutt m.m.

(i 1 000 kr)

Under post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
51.11	Grunnløyvingar til forskingsinstitutt	97 800	96 425	88 000
51.12	Strategiske instituttprogram	30 500	33 800	45 595
51.13	Nasjonale oppgåver	5 540	6 669	6 619
51.14	Investeringsstøtte	5 800	2 000	2 000
Sum post 51		139 640	138 894	142 214

Noregs forskingsråd har ansvar for tildeling av basisløyvingar over post 51 til 8 forskingsinstitutt som Landbruksdepartementet har sektoransvar for; Norsk institutt for planteforskning, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Norsk institutt for skogforskning, Veterinærinstituttet, Senter for jordfagleg miljøforskning, Institutt for akvakulturforskning, Norsk senter for økologisk landbruk og Senter for bygdeforskning. Nokre av institutta har oppgåver som ikkje er forskning. Dei er til dels store og omfattar m.a. oppgåver på oppdrag frå Landbruksdepartementet og andre forvaltningsorgan. Utgiftene til desse oppgåvene som utgjer forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling, er ført opp under kap. 1112, 1140 og 1142. Ein viser i tillegg til programkategori 15.20 for omtale av Matforsk.

Ved omorganiseringa av høgre utdanning og sektorforskning på landbruksområdet frå 1.1.97, fekk Planteforsk, NILF, NISK og VI utvida sine fullmakter. Fullmakta er sidan utvida til å omfatte fritak frå å føre rekneskap etter kontantprinsippet.

Målsetjing 2000

Forskringsrådet har eit særleg ansvar for å overvake og følgje med i utviklinga av institutta både fagleg og økonomisk, og rapportere om dette til departementet. Eit godt samarbeid mellom institutta og eit samarbeid mellom institutta og Noregs landbrukshøgskule og Noregs veterinærhøgskule er viktige omsyn for basisløyvingane. I denne samanhengen er det viktig å styrkje samhandlinga med Matforsk. Landbruksdepartementet føreset at dei to høgskolane og Forskringsrådet legg vekt på å stimulere til slikt samarbeid.

Norsk institutt for Akvakulturforskning (AKVAFORSK)

AKVAFORSK er eit aksjeselskap eigd av Noregs landbrukshøgskole, Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS (VESO), Noregs veterinærhøgskole, kommunane Sunndal og Averøy, Fiskeridepartementet og Landbruksdepartementet.

Rapport 1998

Total omsetning i 1998 var 47,3 mill. kr, med eit resultat på -2.0 mill. kr, som i hovudsak var knytt til ein nødvendig auke i lønsnivået og ein stor innsats på opparbeiding av nye marknader. AKVAFORSK fekk godkjent eit nytt strategisk instituttprogram i 1998. Prosjektfinansieringa frå Forskringsrådet viste ein nedgang, medan det var ein klar auke i oppdragsinntektene frå næringslivet. Dei internasjonale prosjekta auka i omfang, og utgjorde 9,5 pst. av den totale omsetninga i 1998.

Det blei utført 32,4 FoU-årsverk i 1998, det same som året før. Instituttet hadde 6 personar som arbeidde med doktorgraden ved utgangen av året, ein klar nedgang frå tidlegare. Dei tilsette fekk publisert i alt 28 vitenskaplege artiklar i tidsskrift med refereeordning, tilsvarande 0,84 artikkel pr. FoU-årsverk.

Målsetjing 2000

AKVAFORSK skal vere eit leiande forskingsinstitutt innan akvakultur på fagfelta avl, ernæring og produktkvalitet. Den tverrfaglege kompetansen ved instituttet skal nyttast til å skape betre lønnsemd, ressursutnytting, helsetilstand og kvalitet i akvakulturproduksjonen, og til å fremje oppdrett av nye artar. AKVAFORSK skal aktivt bruke kunnskapen til å auke verdiskapinga og utviklinga i akvakulturnæringa innanfor ramma av ei berekraftig utvikling.

AKVAFORSK skal satse vidare på kommersiell utnytting av kunnskap for nyskaping i oppdrettsnæringa, og for ytterlegare å utvikle instituttet sitt engasjement i andre delar av verda. Arbeidet for å utvikle kunnskap omkring nye artar i oppdrett, jf. satsing innan NUMARIO og ny satsing på marine ressursar, må aukast. Det er eit mål at totalkompetansen ved AKVAFORSK skal vere eit viktig verkemiddel for å bidra til ei vidare utvikling og eit større overskott for havbruksnæringa.

Jordforsk, jf. òg kap. 1140 post 77

Stiftelsen Jordforsk er eit nasjonalt kompetansesenter innanfor jordfaglege og tilgrensande fagområde med hovudvekt på miljø og ressurs spørsmål.

Jordforsk har si faglege verksemd innan biologisk avfallshandtering, spesialavfall og miljøgifter, jordressursar og miljøinformasjon, hydrogeologi, økologisk renseteknologi og vann- og stoffbalanse i kulturlandskapet. Jordforsk har eige laboratorium, Jordforsk Lab, som leverar rutineanalyser til landbruket, miljøforvaltninga og forskinga.

Rapport 1998

Jordforsk hadde ei total omsetning på 52,0 mill. kr i 1998, ein nedgang på 9 prosent i høve til året før. Nedgangen skuldast hovudsakleg inntektssvikt ved laboratoriet som følgje av langt færre jordprøver. Drifta ga eit underskott på 3 mill. kr. Jordforsk fekk 9,5 mill. kr i basisløyving, ei samfinansiering mellom Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet.

Jordforsk hadde ved årsskiftet 90 tilsette, og av desse var 44 forskarar. Av forskarane har 14 doktorgrad, som er ei auke på 3 frå året før. Dei tilsette fekk publisert 16 vitenskaplege artiklar i tidsskrift med refereeordning tilsvarende 0,38 artiklar pr. FoU-årsverk. Jordforsk blei evaluert i 1997/98 med eit gjennomgåande positivt resultat m.o.t. publikasjonskvalitet, marknadsorientering, kundeomdøme og leiing. Evalueringsrapporten viser at Jordforsk må styrkje områda forskingsplanlegging/forskningsstrategi, internasjonalt forskningssamarbeid og spissing av kompetanse og verksemd.

Jordforsk etablerte i 1998 dotterselskapet TerreTek AS som skal kommersialisere teknologi, prosessar, system og produkter som er utvikla ved Jordforsk.

Målsetjing 2000

Jordforsk skal auke andelen forskarar med doktorgrad til 40 pst. på sikt (32 pst. i 1998) og auke andelen kvinner med doktorgrad. Instituttet skal òg auke forskingsaktiviteten, publisering og styrkje det internasjonale nettverket, særleg mot andre forskingsinstitutt. Samarbeidet med Planteforsk skal byggast ut.

Jordforsk skal på sikt få eit økonomisk resultat på 5 pst. av omsetninga. Instituttet må sette i verk tiltak for å snu resultatet frå underskot i 1998 til eit overskott i 2000.

Landbruksdepartementet legg vekt på at forslaga i Noregs forskingsråd si evaluering av Jordforsk blir fulgt opp.

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF), jf. òg kap. 1140 post 50

NILF er eit forskings-, utgreiings- og dokumentasjonsmiljø som skal medverke til høgt kunnskapsnivå i samfunnet og til eit solid grunnlag for økonomiske og

Landbruksdepartementet

landbrukspolitiske avgjerder knytt til produksjon, foredling og omsetning av landbruksprodukt. Instituttet skal vere leiande innanfor næringsøkonomi og føretaksøkonomi i landbruket og landbruksbasert industri.

Rapport 1998

Forskinga i NILF har i 1998 i stor grad vore knytt til langsiktige kompetansebygging. Det er arbeidd innanfor fire strategiske instituttprogram. NILF har òg utført ei rekkje bedriftsretta analysar for næringsmiddelindustrien.

Prosjekttilgangen i 1998 var god og drifta ga eit overskott på 3,6 mill. kr. Omsetninga i løpet av året var på 36,4 mill. kr, og det blei utført 21 FoU-årsverk. Av forskarar med hovudstilling i NILF hadde 5 doktorgrad, og det var knytt 3 doktorgradsstipendiatar til instituttet, samt at 4 andre arbeider med doktorgraden. Det er publisert 3 artiklar i internasjonale tidsskrift med referee-ordning, tilsvarande 0,15 artiklar pr. FOU-årsverk.

Forskningsverksemda i NILF blei evaluert i 1998 i regi av Noregs Forskningsråd. Evalueringsutvalet tilrår at NILF arbeider vidare med kompetanseheving og med å auke den internasjonale publiseringa. NILF fekk i store trekk god omtale, og det blei bemerka at det foregår ei betydeleg satsing for å heve forskningskompetansen.

Målsetjing 2000

Forskningsverksemda til NILF må ta utgangspunkt i skisserte mål og oppgåver for instituttet. Det er viktig at NILF orienterer seg etter marknaden og held oppe kompetansen innanfor felt der ein kan rekne med at forskning og utgreiing vil bli etterspurd.

Føretaksøkonomien skal vere eit kjerneområde i NILF si verksemd. Forsking omkring internasjonale landbruksspørsmål og forhandlingane i WTO vil òg vere ei viktig oppgåve i åra framover. Vidare er auka kunnskap om økonomiske samanhenger i verdikjeda viktig for heile matvaresektoren. Debatten om matvareprisane i Noreg viser at det er stort engasjement knytt til slike spørsmål. Landbruksdepartementet meiner at NILF si strategiske satsing på forskning omkring nye rammevilkår for næringsmiddelindustrien fell godt saman med strategiane for landbruksforskinga.

Landbruksdepartementet legg vekt på at forslaga i Noregs forskningsråd si evaluering av NILF blir fulgt opp.

Norsk institutt for planteforsking (Planteforsk), jf. òg kap. 1112 postane 51 og 52

Planteforsk skal utvikle og formidle kunnskap som grunnlag for ein konkurransekraftig, verdiskapande produksjon og ei berekraftig forvaltning av naturressursane. Kunnskapen skal styrkje grunnlaget for verksemd i distrikta, sikre miljøet og ivareta etiske og estetiske verdiar i samfunnet.

Rapport 1998

Planteforsk si omsetning var i 1998 på om lag 186,6 mill. kr. Drifta ga eit overskot på 4,8 mill. kr. Om lag 9 pst. av omsetninga kom frå næringslivet. Det vart utført 180 FoU årsverk, i alt 95 personar hadde doktorgrad, og det vart knytt 20 stipendiatar til instituttet. Det vart godkjend 2 strategiske instituttprogram i 1998, der det eine vart starta opp i 1999. Planteforsk fekk publisert 61 artiklar i tidsskrift med referee-ordning, tilsvarande 0,34 artiklar pr FoU-årsverk.

Målsetjing 2000

Planteforsk skal halde fram med tilpassinga til den nye finansieringsstrukturen, vidareføre arbeidet med å betre relasjonane til næringa og andre brukarar med sikte på å auke delen av brukarstyrt FoU-verksemd. Planteforsk skal vere leiande i bruksretta forskning og utvikling i planteproduksjon, eit nasjonalt kompetansesenter i plantefaglege spørsmål og skaffe fram kunnskap som medverkar til:

Landbruksdepartementet

- ein effektiv og konkurransedyktig planteproduksjon,
- miljøvenlege produksjonsformer og
- ein rasjonell og forsvarleg bruk av naturgrunnlaget.

Planteforsk skal engasjere seg i Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel, og spela ei nøkkelrolle i framskaffing av kunnskap og spreiding av planen. Samarbeidet med Jordforsk skal byggast ut.

Økologisk landbruk er eit satsingsområde som skal utviklast vidare i samarbeid med NORSØK.

Norsk institutt for skogforskning (NISK), jf. òg kap. 1142 post 50

NISK skal vere ein leiande leverandør av kunnskap til næringsliv, allmenta og styresmaktene i arbeidet for ei berekraftig forvaltning av skogressursane. Hovudoppgåvene for NISK er forskning innanfor desse områda:

- ressursforvaltning i skog,
- verdiskaping basert på skog og
- miljøforvaltning i skog.

Rapport 1998

Omsetninga ved instituttet i 1998 var 74,7 mill. kr, der vel 6 pst. av inntektene kom frå næringslivet. Årsrekneskapen viste eit underskott på 2,0 mill. kr som skuldast at innteninga har blitt svakare og at kostnadene har auka. NISK fekk godkjend 4 strategiske instituttprogram, eit av dei i samarbeid med Planteforsk. Det blei utført 69 FoU-årsverk i 1998. Av dei tilsette avla 5 doktorgraden (tilsette i hovudstilling med dr.grad var 38) og det var knytt 16 stipendiatar til instituttet. Det blei publisert 33 artiklar i tidsskrift med referee-ordning tilsvarande 0,5 artiklar pr. FoU-årsverk.

Målsetjing 2000

Forskningsverksemda ved instituttet må ta utgangspunkt i strategisk plan. Instituttet må oppretthalde høg kompetanse innan ressursforvaltning, der den tradisjonelle skogforskninga står sterkt. Miljøspørsmål er eit viktig felt som er knytt til ressursforvaltning. Instituttet må arbeide vidare med alternative måtar for å auke trevirket si levetid og nytte. Dei faglege satsingsområda skal utviklast vidare for å betre grunnlaget for instituttet si verksemd og driftsresultat. Satsingsområda for NISK vil vere nært knytt til dei mål som er trekt opp i St.meld.nr. 17 (1998-99), jf. kap. 1142.

Veterinærinstituttet (VI), jf. òg kap. 1112 post 50

Veterinærinstituttet er ein vitskapeleg forskings- og kompetanseinstitusjon innan laboratoriediagnostikk, og - analyse, epidemiologi, førebyggjande helsearbeid og sjukdomskontroll. Verksemda omfattar næringsmiddel, husdyr, fisk, vilt og fôr. Zoonosar har særleg merksemd.

Rapport 1998

Omsetninga var omlag 126 mill. kr med eit berekna resultat på ca. 4,5 mill. kr, inklusive overførte investeringsmidlar. Næringslivet stod for omlag 10 pst. av omsetninga. Veterinærinstituttet har strategiske instituttprogram innan sjukdommar hos marine artar og innan risikovurderingar. Det blei utført 102 FoU-årsverk. Av dei tilsette hadde 66 personar doktorgrad og meir enn 15 dr.gradstipendiatar var knytt til instituttet. Ein kandidat forsvarte dr.avhandlinga si. Det blei gitt ut om lag 40 rapportar og publisert 61 artiklar i tidsskrift med referee-ordning, tilsvarande 0,6 artiklar pr. FoU-årsverk.

Målsetjing 2000

Instituttet skal auke forskningsverksemda ved institusjonen, jf. *Strategisk plan (1998-2001)*. Veterinærinstituttet skal særleg leggje vekt på forskning innan fagområda:

- zoonosar (infeksjonssjukdommar som kan opptre både hos dyr og menneske),
- diagnostikk av sjukdommar hos fisk og dyr,
- påvising og karakterisering av smitteemne og toksiske stoff i fôr og mat og
- risikovurderingar, kost-nytte vurderingar.

Endringane i rammevilkåra for internasjonal handel med dyr og dyreprodukt kan føre til auka smittepress. Dette vil krevje forskning med sikte på betre diagnostiske og epidemiologiske metodar. Internasjonalt samarbeid og deltaking i internasjonale forskingsprosjekt må vektleggjast sterkt.

Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK)

Stiftelsen NORSØK er eit nasjonalt kompetansesenter innanfor økologisk landbruk, som gjennom forskning, utvikling, rådgjeving og informasjon skal arbeide for å fremme utviklinga av økologisk landbruk. Instituttet samarbeider med NVH, NLH, Jordforsk, Veterinærinstituttet og NILF, og har etablert ein samarbeidsavtale med Planteforsk. NORSØK har sekretariatsfunksjonen for Forskingsutvalet for økologisk landbruk.

Rapport 1998

Omsetninga i 1998 var på 9,7 mill. kr med eit overskott på 162 000 kr. Det blei utført 10 FoU-årsverk. Instituttet hadde 2 tilsette med doktorgrad og 1 stipendiat. Det blei publisert 5 artiklar i tidsskrift med referee-ordning, tilsvarande 0,36 artiklar pr. FoU-årsverk. Det er laga strategisk plan for perioden 1999-2003.

Målsetjing 2000

NORSØK som institutt og organisasjon skal utviklast vidare. Den forskingsfaglege kompetansen skal styrkjast. Å samarbeide med andre FoU- institusjonar både nasjonalt og internasjonalt for gjensidig utnytting av spesialkompetanse er eit viktig mål. Andelen strategiske instituttprogram og oppdragsmengde generelt må aukast. Talet på internasjonale artiklar bør aukast og det bør etablerast minst eit prosjekt innanfor EU sitt 5. rammeprogram. NORSØK skal prioritere fagområda dyrkingssystem, produksjonmetodar og strategier for effektiv ressursutnytting i økologisk planteproduksjon, dyrevelferd og sjukdomsførebyggjande arbeid innan husdyrhaldet. Nasjonale oppgåver og støtte til forvaltning og brukarar skal styrkjast.

Senter for bygdeforskning (SFB)

SFB er ei avdeling i forskingsstiftelsen ALLFORSK med eige styre. SFB sine oppgåver er å gi fakta, analysar, idear, og ny kunnskap som kan vere med å skape ei positiv utvikling i distrikts-Noreg. SFB har òg eit nasjonalt ansvar for å utvikle og ta vare på ein teoretisk og metodisk grunnleggjande forskingskompetanse, særleg innanfor områda bygdesosiologi og ressursforvaltning.

Rapport 1998

I 1998 var det framleis vekst i staben og dertil voksande prosjektportefølje. Omsetninga hadde ein auke på omlag 40 pst. frå 1997. Totale inntekter var i 1998 på 14 mill. kr. Det blei utført 19-FoU årsverk. SFB hadde til saman 9 personar på doktorgradutdanning (6 stipendiatar) og 5 hovudfagsstudentar i 1998. Det ble publisert 4 artikler i tidskrifter med referee-ordning, som tilsvarer 0,21 pr. FoU-årsverk.

Målsetjing for 2000

SFB skal vidareutvikle og styrkje sin kompetanse innan anvendt bygdesosiologi. Det vil bli lagt særleg vekt på kunnskapsutvikling og formidling innan fagfeltet:

- næringsutvikling knytt til bygder og landbruk i omstilling,
- berekraftig bruk og forvaltning av naturressursar i kyst- og bygdesamfunn,
- næringsmiddelindustrien og lokal foredling av matvarer frå naturbaserte næringer,
- matproduksjon og miljø i eit internasjonalt perspektiv og
- bygdeutvikling med fokus på rekruttering og kjønsspørsmål.

Det skal nyttast meir ressursar med tanke på å styrkje samarbeidet med komplementære fagmiljø, nasjonalt og internasjonalt.

Underpost 51.11 Grunnløyvingar til forskingsinstitutt

Grunnløyvingane skal gå til formål som er sentrale for institutta si forskingsverksemd, slik som langsiktig kompetanseutvikling, fagleg fornying, rekruttering, forskning innanfor institutta sine kjerneaktivitetar, vitenskapleg utstyr og andre infrastruktur-kostnader til drift, publisering, formidling og deltaking i nettverk.

Underpost 51.12 Strategiske program

Landbruksdepartementet ser på strategiske program ved institutt- og universitet/ høgskolar som eit viktig verkemiddel for å medverke til målretta, grunnleggjande og brukarretta forskning og langsiktig kompetanseoppbygging i forskingsmiljøa, slik at dei kan utviklast til gode reiskap for forskning, forvaltning og næringsliv. Vidare vil ein gjennom strategiske program medverke til ei fornuftig arbeidsdeling og samarbeid mellom FoU-miljøa med sikte på arbeid på tvers av ulike fag og institusjonsgrenser og betre utnytting av spisskompetanse. Instituttprogramma skal vere retta inn mot dei fem innsatsområda i Langtidsplanen for landbruksforskinga.

Underpost 51.13 Nasjonale oppgåver

Løyvinga skal dekkje utgifter knytte til NISK, Planteforsk, NORSØK og Jordforsk som gjeld bibliotek, referansesamlingar, deltaking i internasjonale organisasjonar og utgreiingsoppgåver.

Det er sett av 300 000 kr til medlemskap i Nordiske jordbruksforskernes forening (NJF). NJF er eit forum for personar som er knytte til landbruksvitenskapleg forskning, undervisning og rettleiing i Norden. Målet er å fremme jordbruksforskinga og formidle resultata gjennom utvikling av samarbeid mellom jordbruksforskarar i Norden. I tillegg er det sett av 340 000 kr på kap. 1100 til medlemskap i Nordisk organ for reinforskning (NOR).

Underpost 51.14 Investeringsstøtte

Forsøksstasjonen på Averøy blei kjøpt tilbake i 1996 basert på ein avtale mellom Noregs forskingsråd og eigedomsselskapet AKVAFORSK I ANS og finansiert med tilskott frå Noregs forskingsråd. Løyvinga skal dekkje Noregs forskingsråd sitt tilskott. Det er sett av 2 mill. kr til dette i budsjettframlegget for 2000.

Programkategori 15.30 Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning

Utgifter under programkategori 15.30 fordelt på kapittel:

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000	Pst endr 99/00
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket	57 642	45 386	49 471	9,0
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket	161 344	154 344	166 733	8,0
1143	Sentral landbruksforvaltning			148 107	
1145	Jordskifteverket	114 742	128 005	130 795	2,2
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	67 163	58 588	58 861	0,5
1147	Reindriftsforvaltninga	37 432	36 649	41 191	12,4
1148	Naturskade - erstatningar og sikring	58 512	42 700	43 910	2,8
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	12 408 814	12 437 992	12 978 343	4,3
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen	83 027	75 000	80 000	6,7
1161	Statskog SF - forvaltningsdrift	23 556	23 241	23 797	2,4
2411	Statens Landbruksbank	342 720	338 733	420 678	24,2
2472	Statens Kornforretning	22 181	21 776		-100,0
Sum kategori 15.30		13 377 133	13 362 414	14 141 886	5,8

Inntekter under programkategori 15.30 fordelt på kapittel:

(i 1 000 kr)

Kap	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000	Pst endr 99/00
4143	Sentral landbruksforvaltning			3 959	
4145	Jordskifteverket	9 311	14 421	14 802	2,6
4146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	23 220	15 380	15 786	2,6
4147	Reindriftsforvaltninga	1 766	1 500	1 540	2,7
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen	141 026	109 800	92 300	-15,9
5311	Statens Landbruksbank	451 348	303 369	319 367	5,3
5545	Miljøavgifter i landbruket	189 148	210 175	60 000	-71,5
5571	Totalisatoravgift	75 860	67 000	80 000	19,4
Sum kategori 15.30		891 679	721 645	587 754	-18,6

Omtala under kategorien er delt mellom verkeområda *arealforvaltning* og *næringsutvikling og miljø* med separat omtale av mål, status og verkemiddel på kvart område.

Løyvingane under kategorien siktar mot å ta vare på og nytte ressursgrunnlaget i landbruket og i bygdene. Hovudmålsetjingane er knytt til verdiskaping, sysselsetjing og miljøomsyn i tråd med prinsipp for berekraftig utvikling og langsiktig ressursforvaltning.

1. Arealforvaltning

1.1 Innleiing

Areal er eit viktig grunnlag for all landbruksproduksjon. Ei langsiktig arealforvaltning som sikrar at verdifulle areal ikkje byggjast ned, er nødvendig for verksemda i landbruket. Ivaretaking av ressursgrunnlaget og produksjonstilhøva – jordvernet – er like mye eit samla samfunnsansvar og eit ansvar for dei einskilde arealbrukande sektorane, som eit sektoransvar for landbruksforvaltninga. Eit langsiktig og målvedvete jordvern er nødvendig for å sikre viktige ressursar for kommande generasjonar.

Sjølvsforsyning av mat kan i framtida få meir å seie, både ut frå omsyn til den langsiktige beredskapen og ut frå vårt medansvar for matforsyning i global samanheng. Storleiken på og den fysiske utforminga av eigedomane og driftseiningane er saman med eigartilhøva viktige grunnlag for sysselsetting, busetting og verdiskaping i landbruksområda. Langsiktig verdiskaping basert på areal- og naturressursane er og eit sentralt element i den samla velferds- og busettingspolitikken, jf. m.a. St.meld. nr. 17 (1998-99) *Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren* og Stortinget sin handsaming av denne.

1.2 Status

Størstedelen av areala i Noreg nyttast i samband med landbruksverksemd. Planlegginga og forvaltninga av desse areala har mye å seie for verdiskaping og næringsutvikling i dei fleste kommunane. Mange endringsprosessar i samfunnet får konsekvensar for landbruket si næringsdrift og for ressursgrunnlaget.

Sjølv om landbruksforvaltninga no brukar meir og meir ressursar på arbeidet med samfunnsplanlegging, blir landbruket enno i mange tilfelle ikkje tilstrekkeleg handsama i fylkesplanar, kommuneplanar, konsekvensutgreiingar og verneplanar. Det er ofte eit problem at landbruket sine interesser og verdier ikkje er godt nok dokumentert i forkant av planprosessane. Det er viktig å få fram både potensial for verdiskaping og sysselsetting, og landbruket sin trong for stabile tilhøve og langsiktig arealforvaltning. Mange kommunar legg og ut større areal til bustad- og næringsformål enn dei reelt sett treng, og slike areal blir ofte ikkje godt nok utnytta. Dette har konsekvensar for landbruket si næringsdrift og for ressursgrunnlaget, særleg i pressområde omkransa av gode jordbruksområde.

Det er dei langsiktige verknadene for ressursgrunnlaget som må vere avgjerande for om ein skal godta at landbruksareal blir nytta til andre formål. I samsvar med jordlova og St.meld. nr. 29 (1996-97) *Regional planlegging og arealpolitikk*, arbeider departementet for at det skal praktiserast eit strengt jordvern både i eit regionalt og nasjonalt perspektiv. Dei beste areala må ha det sterkaste vern i kvar region. Departementet er likevel bekymra over nedbygginga av landbruksareal. Berre 3-4 prosent av landarealet kan nyttast til dyrking av mat til menneske eller husdyr. Av desse areala er det av klimatiske årsaker berre mogleg å dyrke matkorn på ein tredel. Tilgjengeleg statistikk frå dei seinare åra viser at det kvart år blir det bygd ned omlag 20.000 da landbruksjord. Held ein fram med nedbygging i same omfang, og like mye av nedbygginga går ut over areal eigna til korndyrking, vil dette få alvorlege følgjer for landet si framtidige sjølvforsyningsgrad av motkorn. Store deler av presset på landbruksareal er retta mot areal eigna til matkornproduksjon. Dette er areal som i liten grad kan erstattast ved nydyrking, fordi nydyrkningsjord oftast ligg i område som ikkje tillet matkorndyrking.

Eigedomsstrukturen endrar seg gjennom oppdeling, omforming (jordskifte) og samanslåing. Jordskifterettane avslutta 818 saker som omfatta i overkant av 465.000 dekar, og dette førte m.a. til 468 færre teigar og stifting av 122 lag for bruk av ressursar uavhengig av eigedomsgrenser. 6490 partar fikk løyst problem knytt til eigedomane deira i sakene som blei avslutta. I dei avslutta sakene blei det pålagt felles investeringar for om lag 14 mill. kr. Det blei vedtatt bygd 186 km skogvegar og det blei merka og koordinatfesta 1302 km grenser.

Bruksstrukturen endrar seg gjennom omsetning av (delar av) eigedommar som tilleggsjord, leige og jordskifte (omforming). Mange leigeavtalar er kortsiktige og skapar uvisse for langsiktig drift. Leigearealet aukar i alle fylke og er for mange ein viktig del av arealgrunnlaget. Departementet held eit vakent auge med denne utviklinga.

Statistikk og gjennomgangen av praktiseringa ved bruken av kvart enkelt verkemiddel etter jord- og konsesjonslovgivinga blir presentert i stortingsmelding om praktiseringa av jord- og konsesjonslova som skal fremmast kvart fjerde år. Ein kjem tilbake med ei nærare utgreiing om resultat og aktivitetsnivå ved praktisering av jord- og konsesjonslovgivinga i samband med stortingsmeldinga om dette i 2000. Elles vil ein

gjennomgå bruks- og eighedsstrukturen og hovudstrategiane for utviklinga av denne i den nye stortingsmeldinga om mat og landbrukspolitikken som etter planen skal fremmast i 1999. I Innst. S. nr. 208 (1998-1999) peika fleirtalet på at ein høgare pris på skogeigedomar vil stimulere til auka investeringar og at det er grunnlag for å vurdere ein særskild kalkulasjonsrentefot for verdsetting av skog. Departementet vil følgje opp dette.

Revidert jordskiftelov trådte i kraft 01.01.99. Revisjonen inneber ei utviding av ordninga med arealbytte som alternativ til pengeerstatning når det offentlege treng areal, jf. kap. 1145. Årsrapporten frå Jordskifteverket i 1998 viser ein svikt på om lag 20 pst. i høve til eit normalår. Dette førte til ein auke i talet på og i ventetida for saker for jordskifterettane, jf. kap. 1145. I årsrapporten frå Norsk institutt for jord og skogkartlegging for 1998 er det ikkje rapportert om nemneverdige avvik frå måla.

1.3 Mål og tiltak

Hovudmålet for arealforvaltninga er å støtte opp under hovudmåla i landbrukspolitikken gjennom å sikre areal som grunnlag for ein varig landbruksproduksjon, og å forvalte arealressursane for å fremme verdiskaping, busetting og sysselsetting. Delmåla er å:

- ha eit sterkt jordvern som blir praktisert strengast for dei mest produktive areala,
- ha ein rasjonell eigheds- og driftseiningstruktur,
- forvalte arealressursane slik at busettinga i distrikta blir oppretthalde,
- ivareta landbruket sine interesser og verdiar gjennom ei aktiv deltaking i samfunnsplanlegginga,
- ein velfungerande særdomstol for jordskifte, rettsfastsetting og skjønn.

1.3.1 Samfunnsplanlegging

Dei fleste vedtak om nedbygging av areal som landbruksnæringa forvaltar, blir fatta av kommunane etter plan- og bygningslova. Det er derfor viktig at landbruksforvaltninga tek aktivt del i samfunnsplanlegginga. I møte med andre sektorar er det viktig med god dokumentasjon av areala og deira produksjonspotensial og av den næringsverksemda som går føre seg på areala. For å kunne vurdere effekten av gjeldande arealpolitikk og utvikle nye verkemiddel, er oversikt over arealavgang og kva type areal som blir nedbygd, særleg viktig. Departementet har ikkje gode nok tal på kor mange areal som årleg blir omdisponert til utbyggingsformål og vil for 2000 prioritere arbeidet med å få betre arealdokumentasjon.

Landbruket yter viktige bidrag til utviklinga av lokalsamfunnet og er ein grunnpilar i distrikta, men landbruksnæringa er og avhengig av at samfunnet ser at landbruket er ei næring i utvikling og legg forholda til rette for dette. Fylkesmannen må arbeide for å sikre produksjonsareal for landbruket og sjå til at kommunane nyttar kommuneplanane for å fremme verdiskaping og sysselsetting i landbruket.

Engasjement i byplanlegging

Eit viktig verkemiddel for å oppnå målet om eit strengt jordvern er å engasjere seg i by- og tettstadsplanlegging. Dess meir ein kan økonomisere med areal inne i byane, dess meir produktive landbruksareal kan ein spare. Det er viktig at landbruksstyremaktene er med og sett krav til effektiv arealutnytting i kommuneplanar og reguleringsplanar. Departementet deltar i eit treårig prosjekt om fortetting saman med Miljøverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet og seks kommunar. Målet er å få betre samsvar mellom bygging og planar.

Utarbeiding av kommunevise landbruksplanar

Landbruksdepartementet har laga ein rettleiar for kommunevise landbruksplanar, der det framgår at kommunane bør starte ein planprosess for å skape engasjement og interesse for utvikling av landbruksnæringa. Fleire kommunar er no i gang med eit slikt arbeid. Landbruksplanen skal vere eit sektorinnspeil til kommuneplanlegginga etter plan- og bygningslova, slik at landbruket blir sett i ein samfunnsmessig heilskap.

Planen kan bidra til å sette landbruket på dagsordenen i kommunen, og syne kva for verdiar og interesser næring står for. Ein landbruksplan vil og vere eit verkemiddel for kommunen som landbruksstyresmakt. Departementet legg vekt på at fylkesmannen rettleiar og formidlar røynsle mellom dei kommunar som er i gang med arbeidet.

Arbeid med verneplanar

Landbruksforvaltninga har som mål å samordne vern med omsynet til utnytting av naturressursane. Departementet er i god dialog med Direktoratet for naturforvaltning for å oppnå betre prosessar i verneplanarbeidet. Det er viktig at landbruket sin bruk og utnytting av naturressursane blir dokumentert og tatt omsyn til når ein sett opp verneføresegner og forvaltningsplanar. Ved å gjennomføre ein god planprosess og legge til rette for lokal forvaltning av dei områda som blir verna, vil ein medverke til å dempe motsetningar mellom styresmaktene og lokalsamfunnet. Ved å gi eit område status som nasjonalpark, kan ein auke potensialet for næringsutvikling knytt til turisme, reiseliv og anna tenesteyting. Også landbruksnæringa kan ta del i desse moglegheitene, dersom verneføresegner og forvaltningsplanar legg forholda til rette for det. Formålet med vern er i mange høve knytt til kulturpåverka landskap, noko som gjer det ønskeleg at landbruket sin ressursbruk held fram.

1.3.2 Juridiske verkemiddel i forvaltninga

Dei juridiske verkemidla i jord- og konsesjonslova har mye å seie for bruksstrukturen, også gjennom den indirekte verknaden desse verkemidla har med tanke på å få til frivillige rasjonaliseringar. For å gjere arbeidet med rasjonalisering mindre avhengig mellom anna av forkjøp, meiner departementet det er særskild viktig å drive informasjon om følgjene av urasjonell bruksstruktur for på den måten å få i stand frivillig sal av landbrukseigedom. Jordfondet gjer det mogleg å kjøpe eigedomar for å styrke bruk og å få til betre arrondering. Ein har i det siste freista å aktivere dette arbeidet. Mellom anna har det vært gjennomført eit prosjekt hos fylkesmannen i Møre og Romsdal, jf. omtale under kap. 1102. Rapporten frå prosjektet har vært sendt på høyring hos fylkesmennene. Dei fylkesmennene som har gitt uttale, er i stort mon einige i dei synspunkta som kjem fram i rapporten. For å vidareføre arbeidet med frivillig jordformidling, tar departementet sikte på å sette i gang eit eller fleire nye prosjekt i året som kjem. Oppbygging av kompetanse og praktisk gjennomføring av ordninga med frivillig jordformidling vil stå sentralt.

Landbruk er eit viktig fundament for busettinga i distrikta. Arbeidet med å få til ein kostnadseffektiv bruksstruktur er derfor viktig for å halde oppe busettinga. Av omsyn til busettinga kan det likevel vere riktig å oppretthalde mindre bruk sjølv om dei ikkje gir nok inntekter til å leve av og sjølv om kostnadsomsyn tilseier noko anna. Buplikta bidrar til å oppretthalde busetting i distrikta. Omsynet til busettinga er viktig for vurderinga av søknad om fritak om buplikt.

Det er behov for forskning på drifts- og eigeformer i landbruket.

1.3.3 Juridiske verkemiddel i særdomstol.

Dei juridiske verkemidla jordskifterettane kan bruke, fører til betre eigedomsstuktur, klarare rettstilhøve for fast eigedom og auka bruk av grunn som erstatning ved oreigning. Jordskifterettane arbeider berre med lovfesta oppgåver. Dei står til rådvelde for dei som har heimel til å krevje sak, når dei ikkje når fram på minneleg vis. I det alt vesentlege kjem krava frå privatpersonar som eig areal eller har bruksrett.

Samfunnsutviklinga stiller stadig nye krav til kva som er høveleg arrondering og målretta utforming av bruksrettar. Av og til må det finne stad endringar i desse tilhøva for at ressursane skal bli brukte på tenleg vis. Samtidig aukar regelverket knytt til arealbruk. Etterkvart blir det derfor vanskelegare å få til nødvendige endringar på minneleg måte. Endringskostnadene aukar. Jordskifterettane har heimel og apparat til å dømme i tvistar, gjennomføre endringar og sette ut nye eigedomsgrenser i marka i ei og same sak. Denne samordninga av oppgåver til ein instans gjer endringskostnadene små.

Klare eigestilthøve som legg til rette for aktiv og berekraftig bruk av dei stadbunde ressursane, er eit grunnlag for sysselsetting, busetting og verdiskaping i distrikta. Men og i tettstader og byar er det trong for klare og vel tilrettelagde eigestilthøve for tenleg bruk av fast eigestad. Særdomstolen sine produkt kan altså seiast å bidra i arbeidet med å nå fleire mål for samfunnsutviklinga.

1.3.4 Naturressursdata

Det er viktig å ha tilgang til kart- og geodata av tilstrekkeleg kvalitet for arealplanlegging og andre vurderingar. I første rekkje er det oppdatert økonomiske kartverk som trengst som ressurgrunnlag for all arealbasert verksemd.

Oppbygging av kartdatabasar i geografiske informasjonssystem (GIS) med standardiserte data er viktig for rasjonelt arbeid framover. Samordning av datainnsamling og ajourføring er nødvendig for å få best bruk av data på alle tre forvaltningsnivå. Det er komplisert å finne gode løysingar fordi dette er knytt til rettsspørsmål, kostnader og teknologiske utfordringar. Departementet legg stor vekt på å finne gode løysingar i samarbeid med m.a. Miljøverndepartementet.

2. Næringsutvikling og miljø

2.1 Innleiing

Målet med politikkområdet er å sikre eit berekraftig landbruk som gir grunnlag for verdiskaping og sysselsetjing i alle delar av landet, både i primærproduksjonen og foredlingsindustrien.

Verksemdområdet *Næringsutvikling og miljø* tek sikte på ei heilskapleg landbruksbasert verdiskaping der ein ser dei tradisjonelle landbruksnæringane i samanheng med nye næringstiltak. Samtidig blir fokus retta mot heile verdikjeda, frå produsent via foredlingsleddet til forbrukar, slik at den samla effekten av arbeidet blir best mogleg.

Regjeringa legg til grunn at norsk landbruk skal medverke til å oppfylle viktige samfunns mål som trygg matproduksjon og matforsyning, stabil busetting i distrikta, ei berekraftig ressursforvaltning, eit levande kulturlandskap og ei verdiskaping som kan medverke til å oppretthalde sysselsetjinga på bygdene. Landbruket har dessutan eit medansvar for å sikre det biologiske mangfaldet og kulturminne for kommande generasjonar.

Inntektsutviklinga og sosiale forhold vil avgjere om ein kan få rekruttering til næringa som kan sikre eit livskraftig landbruk. Det er understreka at landbruksbefolkninga skal ha moglegheiter for utvikling av inntekt og levkår på linje med andre. Eit kostnadseffektivt investeringsnivå, effektiv bruk av arbeidskrafta, reduserte kostnader og tilpassing av produksjonen til marknaden er føresetnader for å få til ei rimeleg inntektsutvikling i jordbruket. Regjeringa legg i landbrukspolitikken vekt på at bøndene si rolle som sjølvstendig næringsdrivande blir styrkt, med auka vekt på utforminga av dei generelle og langsiktige rammevilkåra for utvikling i næringa. Som sjølvstendig næringsdrivande har bøndene sjølv ansvar for å utnytte ressursane og for å utvikle bruket slik at inntektsmoglegheitane kan bli realisert. Det blir understreka at inntektsmoglegheitene òg må sikrast gjennom landbrukspolitiske tiltak.

Forsking og utvikling er òg eit sentralt verkemiddel i arbeidet for å nå dei landbrukspolitiske måla. Ny og høg kompetanse er m.a. viktig for ei positiv distriktsutvikling. For nærare omtale av den landbruksrelaterte forskinga viser ein til programkategori 15.20.

Landbrukspolitikken skal leggje til rette for eit berekraftig landbruk som tek vare på omsynet til natur, kultur og miljø. Ei nærare omtale av miljøpolitikken sin funksjon i den generelle landbrukspolitikken er gitt i punkt 2.2 nedanfor.

Med grunnlag i situasjonen og utviklinga i næringa, måla for landbrukspolitikken og internasjonale rammevilkår gjennomførast næringspolitikken i jordbruket, skogbruket

og reindrifta gjennom eit sett med økonomiske, juridiske og administrative verkemiddel. Nedanfor er det gitt ei oversikt over mål, status og verkemiddelbruken.

2.2 Miljø

For å møte utfordringane og målsetjingane om eit berekraftig landbruk, må landbrukspolitikken byggje på eit heilskapleg perspektiv med miljøomsyna integrerte i alle delar. Departementet legg opp til ei økologisering av driftsmetodane i landbruket, og å sikre ein kostnadseffektiv produksjon av miljøgode. Vidare legg departementet vekt på å utnytte skogsektoren sine moglegheiter for å løyse viktige miljøoppgåver. Skogen er ein fornybar ressurs som kan bidra til utvikling av meir berekraftig produksjon og forbruk.

Landbruket har dei seinare åra lagt ned ein stor innsats for å bli meir miljøvennleg. Ein har i dag ei rekkje verkemiddel som medverker til eit meir miljøvennleg landbruk. Desse verkemidla har ei brei verkeflate. Departementet vil leggje til rette for meir samordning av miljøarbeidet gjennom områdetiltak der ein ser heilskapleg på miljøområde ut frå lokale behov og initiativ. Departementet vil òg byggje på det store og positive engasjementet rundt miljøarbeidet som kjem til uttrykk hos bøndene og næringsorganisasjonane, m.a. gjennom satsingane Kvalitetssystemer i landbruket (KSL) og Levende skog. Innsatsen mot forureiningar har i første rekkje blitt retta mot område som inngår i den nasjonale Nordsjøplanen og i nedbørsfelt til forureina vassdrag elles i landet. Ein har oppnådd gode resultat i dette arbeidet. Departementet vil nå leggje auka vekt på utfordringar knytte til berekraftig produksjon og forbruk, m.a. med ei satsing på å redusere miljørisikoen ved bruk av plantevernmiddel. Departementet ønskjer òg auka vekt på produksjon av miljøgode, m.a. kulturlandskap. Det inneber at det er eit mål å sikre eit variert kulturlandskap der ein tek omsyn til biologisk mangfald, bygningar, kulturminne, landskapsbilete og tilgjenge for allmenta til jordbrukslandskapet.

2.3 Jordbruk

2.3.1 Mål

Retningslinjer og målsetjingar for næringspolitikken i jordbruket er i all hovudsak trekt opp i St.prp.nr. 8 (1992-93) og i stortingsproposisjonane om jordbruksoppgjera, sist ved jordbruksoppgjeret i 1999 i St.prp. nr. 75 (1998-99).

Måla for næringspolitikken i jordbruket kan ein oppsummere slik:

- sikre eit berekraftig landbruk som gir grunnlag for verdiskaping og sysselsetjing i alle delar av landet, både i primærproduksjon og foredlingsindustrien
- sikre næringsutøvarane moglegheit for inntekt og levekår på linje med befolkninga elles
- sikre miljøvenleg produksjon der omsynet til kulturlandskapet, kulturminne og biologisk mangfald står sentralt
- medverke til lågare kostnadsnivå, konkurransedyktige råvareprisar, rimelegare matvareprisar og ein produksjon som er tilpassa etterspurnaden
- styrkje rekrutteringa til og likestillinga i næringa

Nedanfor er det gitt ei oversikt over status og verkemiddelbruk på einskilte sentrale område i jordbrukspolitikken slik dei m.a. er trekte opp i St.prp.nr. 75 (1998-99). Områda dekkjer til saman delmåla ovanfor. For ei meir detaljert oversikt over utviklinga på sentrale område i jordbrukspolitikken viser ein til kap. 3 i St.prp. nr. 75 (1998-99).

2.3.2 Status og verkemiddel

Kostnadsutviklinga

Kostnadsutviklinga har mykje å seie for inntektsmoglegheitene i jordbruket. Kostnadene i primærjordbruket blei redusert monaleg i perioden 1990 til 1995. Redusert rente og lågare kraftfôrprisar har vore hovudårsakene til dette, jf. resultatrapporteringa under kap. 1150. Etter 1995 har kostnadene auka noko, men lite i 97 og 98.

Investeringane i jordbruket har auka sidan 1993, etter ein periode med reduksjon. I 1996 og 1997 har investeringane vore større enn kapitalslitet.

Prisutviklinga på matvarer og utviklinga i støttenivået

Prisutviklinga på matvarer har konsekvensar for fordelingspolitikken og for forbrukarane. Det er òg nødvendig å ta omsyn til konkurransekrafta til næringsmiddelindustrien og forbrukarane sine ønskje og krav. Grunnlaget for matvareprisane må leggjast gjennom ein kostnadseffektiv produksjon og distribusjon.

Nettoløyvingane til jordbruket over statsbudsjettet målt i realprisar var høgast i første halvdel av 1980-åra og er redusert etter dette. Jordbruksavtaleprisane har òg blitt monaleg reduserte. Ved jordbruksoppgjera i 1998 og 1999 blei både løyvingane over statsbudsjettet og jordbruksavtaleprisane auka noko. Dette har vore nødvendig ut frå omsynet til moglegheiter for ei rimeleg inntektsutvikling i næringa.

I den siste tiårsperioden har prisane på matvarer auka mindre enn konsumprisindeksen. Etter 1995 har likevel prisveksten på matvarer samla vore høgare enn veksten i konsumprisindeksen. Auken i målprisane i jordbruksoppgjeret både i 1998 og 1999 tilsvarear ein auke i konsumprisindeksen på knapt 0,1 pst., og ein auke i matvareprisindeksen på om lag 1 pst.

Landbruksdepartementet starta i 1998 opp eit forprosjekt der hovudmålet er å skaffe, og å vurdere moglegheitene for å skaffe, data om korleis prisane blir til og korleis prisane utviklar seg i matvaremarknaden. Forprosjektet viste m.a. at gjennomsnittsprisen på mat for ein norsk hushald med gjennomsnittleg forbruksmønster var 12 prosent lavere i Sverige og Danmark enn i Norge. Det var store skilnader mellom grupper av produkt. Særleg en del kjøtvarer og mjølkeprodukt var markert billigare.

Utviklinga i næringsmiddelindustrien

Foredling og omsetning av jordbruksvarer ligg i hovudsak utanfor jordbruksavtalen sitt verkeområde. Det skjer likevel ein gjensidig påverknad mellom primærproduksjonen og foredlings- og omsetningsledda i matvaresektoren.

Konkurransesituasjonen og kostnadsutviklinga i ledda etter primærproduksjonen har mykje å seie for inntektsmoglegheitene i primærjordbruket og for produkttilbod og servicenivå til forbrukarane. Regjeringa vil derfor leggje stor vekt på at marknads- og konkurranseforholda gjennom heile matvarekjeda skal gi ein kostnadseffektiv produksjon og distribusjon, og vil følgje med i utviklinga i dei ulike ledda i matvarebransjen.

Næringsmiddelindustrien har i dei siste åra gjennomført effektiviseringstiltak. Delar av industrien er utsett for internasjonal konkurranse, og konkurransesituasjonen har òg blitt skjerpa som følgje av konsentrasjon og integrasjon i daglegvaresektoren. For at næringsmiddelindustrien skal kunne møte utfordringane knytt til konkurransekraft, lønsemd og forbrukarkrav vil det i tida framover vere behov for eit høgt nivå på næringsmiddelrelatert forskning finansiert både med private og offentlege midlar.

Matvaremarknadene er svært samansette og under stadig endring. Derfor vil myndighetene framleis kartleggje og overvake matvaremarknadene framover. Regjeringa vil leggje særleg vekt på å sikre forbrukarane trygg mat.

Produksjons- og marknadstilpassing

Dei siste åra har marknadssituasjonen vore relativt god. Større produktspekter, auka realdisponibel inntekt og prisutviklinga på matvarer har medverka til å betre marknadsforholda. I enkelte produksjonar viser likevel utrekningane frå Budsjettnemnda for jordbruket svikt i marknadsprisane samanlikna med målprisane i jordbruksavtalen.

Minkande innanlandsk sal av mjølkeprodukt gjer at det behov for å redusere mjølkeproduksjonen ytterlegare gjennom oppkjøp av kvotar. For kjøtt er overproduksjonen aukande. I eggsektoren er marknadsoverskottet redusert monaleg dei siste åra.

Marknadsreguleringa er gradvis redusert og gjort enklare dei seinare åra. Samtidig auker importen og WTO-avtalen avgrensar reguleringseksporten. Dette har ført til at prisane betyr mer for marknadstilpassinga. Departementet reknar med at verkemiddel for å tilpasse produksjonen til marknaden blir sett inn for å møte den vanskelege marknadssituasjonen.

Ein meir open konkurransesituasjon krev ei offensiv utnytting av dei moglegheitene som ligg føre. Det gjeld å nytte marknadssignal og tilpasse produksjonen til marknaden, med særleg vekt på auka utvikling av nye produkt og tenester det er etterspørsel etter. Sentralt her står programmet Konkurransestrategiar for norsk mat, jf. nærare omtale under kap. 1150, og satsinga på økologisk landbruk.

Som oppfølging etter jordbruksoppgjeret 1999 er det sett i gang ei utgreiing om ei omlegging av pris- og utjevningssystemet for mjølk for å legge systemet betre til rette for ein situasjon med konkurranse i mjølkemarknaden.

Ut frå Stortinget si handsaming av jordbruksoppgjeret, jf. Innst.S. nr. 243 (1998-99) vurderer departementet særskilt situasjonen på kort sikt for dei aktørane som har etablert seg innanfor produksjon av konsum mjølk. Dette vil departementet komme attende til i eit tillegg til St.prp. nr. 1 (1999-2000).

Inntekt og levekår

Innanfor dei rammene som importvernet og andre omsyn i politikken set, vil ein gjennom landbrukspolitikken sikre landbruksbefolkninga moglegheiter for utvikling av inntekt og levekår på linje med andre. Materialet frå Budsjettnemnda for jordbruket viser at jordbruket hadde ei klart svakare inntektsutvikling enn andre yrkesgrupper fra 1990 til 1997. Levekårsgranskingane viser at hushaldsinntektene i jordbruket er om lag på linje med den øvrige befolkninga.

Betra inntektsmoglegheiter er viktige for å sikre ei langsiktig rekruttering. Ut frå dette var det nødvendig å gjennomføre klare forbetringar i dei økonomiske og sosiale tilhøva ved jordbruksoppgjeret i 1998. Jordbruksavtalen for avtaleåret 1999-2000 legg til rette for at jordbruket skal kunne følgje med i den generelle inntektsutviklinga i samfunnet, og ha føresetnader for å behalde den inntektsforbetringa som blei lagt inn i fjorårets jordbruksoppgjer. Elementa som inngår i ramma vil gi auka inntektsmoglegheiter i jordbruket på i alt 1,1 mrd. kr for avtaleåret 1999-2000, eller om lag 14 000 kr pr. årsverk, inkludert verknaden av bortfall av miljøavgiftene på kunstgjødsel som regjeringa foreslo fjerna i revidert nasjonalbudsjett.

I tillegg er det ei rekke forhold utanfor jordbruksavtalen som er med å avgjere kva for inntektsutvikling jordbruket oppnår. Regjeringa vil styrkje bøndene si rolle som sjølvstendig næringsdrivande.

Miljøpolitikken i jordbruket

Landbruksdepartementet vil i samband med budsjettet for 2001 legge fram ein miljøhandsamingsplan for landbrukssektoren. Dette inngår som ein del av oppfølginga av St.meld.nr. 58 (1996-97) *Miljøpolitikk for en bærekraftig utvikling*.

Landbruksdepartementet

Departementet vil framover legge opp til ein samordning av miljøverkemidlane i eit eige miljøprogram for å synleggjere og gjere miljøsatsinga enklare. Det blir òg lagt opp til å innføre ein miljøplan på alle gardsbruk som mottek støtte over miljøprogrammet, slik at næringsutøveren blir bevisstgjort sin eigen miljøinnsats, og slik at han kan dokumentere innsatsen overfor forbrukarane og samfunnet elles.

Departementet prioriterer produksjonsnøytrale tilskottsordningar for å stimulere til miljøvennleg drift. Ordninga med visse grovmaska miljøkrav knytte til det generelle areal- og kulturlandskapstillegget er viktig og sikrar produksjon der ein tek vare på landskapsbilete og biologisk mangfald. Det vil bli lagt sterkare vekt på å fremme biologisk mangfald i ordninga med særskilde kulturlandskapstiltak. Ein vidarefører ordninga endra jordarbeiding med auka fokus på bruk av fangvekster for å redusere nitrogenavrenninga, og med auka fokus mot område med høg erosjonsrisiko.

Lokalt vil ein arbeide for å samordne tilskott innanfor miljøområdet gjennom områdetiltak. Departementet legg vekt på at bevaring av natur- og kulturressursane blir sett i samanheng med næringsutvikling generelt.

Jordbruksproduksjonen må basere seg på ein meir effektiv bruk av ressursane, slik at miljøomsyn blir tekne. Balansert gjødsling skal sikrast gjennom obligatorisk gjødselplanlegging. Departementet legger opp til at løyvingane til økologisk landbruk vidareførast på samme nivå som i 1999, og at innsatsen vert konsentrert om å auke etterspørsel og omsetting av økologiske produkt. I samsvar med den nye handlingsplanen for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddele blei avgiftssystemet for plantevernmiddele frå 01.03.99 lagt om til å fastsette avgiftene ut frå helse- og miljøtrussel. Samtidig blei det samla avgiftsnivået dobla i høve til 1998. Arbeidet vil bli vidareført i år 2000 med m.a. auke i avgiftsnivået. For nærare omtale av handlingsplanen knytt til plantevern viser ein til programkategori 15.10.

Resultatkontroll og overvaking av jordsmonn og kulturlandskap skal sikre kvalitet i gjennomføringa av miljøtiltak og dokumentere miljøtilstanden og effektane av miljøarbeidet. Resultatkontrollen er òg knytt til internasjonale prosessar der arbeidet med kulturlandskap er viktig for å ivareta norske interesser.

Distrikts- og strukturpolitikken

Det er ei viktig målsetjing for regjeringa å sikre hovudtrekka i busetjingsmønstrer. Ei stabil busetjing er ein viktig føresetnad for å kunne realisere viktige samfunns mål knytt til ressursutnytting, miljø, velferd og trivsel. Som basisnæringar for busetjinga i distrikta må ein gi primærnæringane økonomiske og sosiale rammevilkår som kan sikre rekruttering og utnytting av lokale ressursar. Det blir vidare lagt til rette for utviklinga av alternative arbeidsplassar i tilknytning til landbruket, særleg for kvinner.

Resultatkontrollen til Budsjettnemnda for jordbruket viser at distrikta held oppe sin del av jordbruksarealet og den samla jordbruksproduksjonen. Regjeringa vil i åra framover tilpasse dei landbrukspolitiske verkemidla slik at grunnlaget for inntekt og produksjon i distrikta blir halden oppe.

Det har dei siste tiåra vore ein jamn nedgang i talet på bruk i drift og sysselsetjinga i landbruket målt i årsverk. Nedgangen i arbeidsforbruk flata noko ut først på 1990-talet, men har seinare auka noko igjen. Gjennomsnittleg areal pr. bruk aukar.

Ei fortsett prioritering av småskalajordbruket med variert bruksstruktur er lagt til grunn i jordbruksoppgjeret i 1999. Det er lagt vekt på å sikre ei tilfredsstillande inntektsutvikling på bruk med middels stort driftsomfang, spesielt i mjølkeproduksjonen.

Gjennom Landbruket sitt utviklingsfond blir det gitt tilskott til viktige infrastrukturtiltak innanfor det tradisjonelle jordbruket. Departementet legg vekt på tiltak som kan redusere kostnadene og framtidsretta produksjonsopplegg. I jordbruksoppgjeret 1999 blei avsetninga til investeringar i tradisjonelt jordbruk auka frå 220 til 240 mill. kr.

Handelspolitiske rammevilkår

Utforminga av importsystemet er viktig for jordbruket. Utforminga av pris- og marknadssystema i jordbruket må skje innanfor dei rammene som importvernet set.

WTO-avtala som trådte i kraft 1. januar 1995, medfører forpliktingar når det gjeld grensevern, internstøtte og eksportstøtte. Medlemslanda i WTO er forplikta til å starte opp nye forhandlingar om m.a. landbruk før år 2000.

Importvernet vil vere ein viktig del av ein politikk som skal setje landbruksnæringa i stand til å oppfylle viktige samfunns mål. Regjeringa legg stor vekt på landbruket si multifunksjonelle rolle i arbeidet med opplegget for dei foreståande forhandlingane i WTO. På bakgrunn av dei viktige nasjonale interessene som er knytt til landbruket, vil denne sektoren etter regjeringa si vurdering representere eit viktig forhandlingsområde i dei kommande forhandlingane. Retningslinjer for det vidare arbeide er trekt opp i St.prp.nr. 75 (1998-99).

Beredskapstiltak

Beredskapstiltaka under Landbruksdepartementet er ein viktig del av den samla ernærings- og matforsyningsberedskapen i krise- og krigstid. Tiltaka, saman med den generelle mat- og landbrukspolitikken, sikrar ein tilfredsstillande matsikring i landet.

Den administrative beredskapen er knytt til arbeidet med statlege beredskaps- og omleggingsplanar, m.a. i høve til Krigsloven, Forsyningsloven og det sivile beredskaps-systemet. Departementet legg stor vekt på å sjå den administrative beredskapen i samanheng med beredskapsøvingar. Ein legg vekt på å vere med i TOTEX-2001-øvinga, der m.a. dei nye departements- og fylkesplanane skal prøvast ut. Landbruksdepartementet vil i 2000 gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalysar i nordområda saman med Nærings- og handelsdepartementet med sikte på å fornye matberedskapen i høve til tryggleiksbiletet og strukturen i heile matvarekjeda i Nord-Noreg.

I 2000 vil departementet halde fram arbeidet med å følgje opp St.meld. nr. 25 (1997-98) *Hovedretningslinjer for det sivile beredskaps virksomhet og utvikling i tiden 1999-2002*. Meldinga legg m.a. opp til å forenkle dei langsiktige lagringstiltaka i lys av den lange militære varslingstida. Departementet vil derfor forenkle beredskapslagringa av mjøl, såkorn og matkorn. Ein gjer derfor framlegg om å tilpasse krava til lagring av matkorn/mjøl og førkorn/kraftfôr til dei generelle lagringskrava for sivil beredskap.

Departementet har òg utarbeidd ein beredskapsplan, som m.a. omfattar ein informasjonsplan, for betre å kunne handtere eventuelle problem i forvaltninga og landbruksnæringa i samband med årtusenskiftet. Departementet legg vekt på å oppretthalde god kommunikasjon med andre myndigheiter, næringa og media ved eventuelle problem. I resten av matkjeda blir år 2000-arbeidet gjennomført av eller i samarbeid med Nærings- og handelsdepartementet.

Effektivisering av verkemiddelbruken og samordning av forvaltninga

Det er både i St.prp.nr. 8 (1992-93) og i komitéinnstillinga føresett at verkemidla i landbrukspolitikken i større grad skal rettast direkte mot dei ulike landbrukspolitiske måla og at verkemiddelbruken skal forenklast monaleg. For å realisere dette er store delar av dei økonomiske verkemidla i jordbruksavtalen gjennomgått og forenkla.

Det blei i jordbruksoppgjeret i 1998 vedteke å setje ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skulle utgreie nærare meir produksjonsuavhengige verkemiddel som kan supplere tilskottsordningane som blir utbetalt pr.dyr og areal. Arbeidsgruppa har sett på negative sideeffektar av areal- og kulturlanskapstilskottet og dyretalstilskottet slik ordningane er utforma i dag. Med dette arbeidet er det starta ein prosess som kan leggje grunnlaget for tilpassing av verkemiddelsystemet. Tilpassingane må sjåast i samanheng med ein heilskapleg gjennomgang av dei landbrukspolitiske verkemidla. Departementet legg opp til ein slik gjennomgang i den kommande stortingsmeldinga om mat- og landbrukspolitikken.

For ein nærare omtale av verkemiddelbruken i jordbrukspolitikken viser ein til kap. 1150.

Stortinget har vedteke at Statens Kornforretning (SKF), Omsetningsrådet, Fraktkontoret for slakt og delar av Statens Landbruksbank (SLB) skal samordnast, jf. Innst.S. nr. 89 (1998-99). Det er vidare gjort vedtak om å overføre oppgåver frå Statens Landbruksbank og Fylkesmannen til SND. Regjeringa vil gje ei nærare omtale av samordninga av forvaltninga og overføring av oppgåver til SND i eit eige tillegg til budsjettproposisjonen.

2.4 Skogbruk

2.4.1 Mål

Regjeringa vil føre ein aktiv skogpolitikk for å styrkje skogen sitt bidrag til velferd for befolkninga, til meir berekraftige produksjons- og forbruksmønstre og levande bygder. Regjeringa vil fokusere på dei moglegheitene som ligg i skogsektoren, der måla er at:

- verdiskapinga frå skogbaserte næringar skal aukast
- skogsektoren skal bidra til å løyse viktige miljøoppgåver.

Ei aktiv og langsiktig ressursforvaltning er nødvendig for å nå desse måla. Det er ein føresetnad at dei som eig eller har råderett over skogressursane er medvitne om dette og om forvaltaransvaret dei har.

2.4.2 Status

Det er knytt store verdiar til skogen i Noreg. Brutto produksjonsverdi har dei seinare åra vore på 35 - 40 mrd. kr, og det er årleg eksportert skogprodukt for om lag 15 mrd. kr. Mange kommuner har store skogressurser som kan bidra til livskraftige lokalsamfunn og levande bygder. Den trebrukande industrien er ei typisk distriktsnæring der 313 av landets kommunar har slike verksemdar.

Skogsektoren arbeider i ein internasjonal marknad med raske endringar. Utviklinga i marknaden, både internasjonalt og nasjonalt, har dei siste åra endra rammevilkåra for den skogbaserte næringsverksemda. Marknadsvilkåra er svakare enn tidleg på 1990-talet, og sjølv om det er klåre regionale skilnader er det lite som tyder på at forholda skal betre seg dei næraste åra. Industrien har gått gjennom ei omfattande strukturrasjonalisering, noe som har ført med seg færre bedrifter og nedgang i den samla sysselsettinga.

Aktiviteten i skogbruket

Det har dei siste åra vore låg aktivitet i skogbruket. Avverkinga til sal og industriell produksjon har vore godt under 10 mill. m³ pr. år, og investeringane har gått ned med over 40 pst. sidan slutten av 1980-talet. Ei rekkje forhold (tømmerpriser, marknadskrav, teknologisk utvikling mm.) har medverka til at store areal i dag er mindre aktuelle for eit næringsmessig skogbruk. Det er samtidig ei aukande interesse for annan næringsaktivitet i utmarka, særleg knytt til jakt, fiske og utmarksturisme.

Auka verdiskaping krev eit nært samarbeid mellom skogbruket og skogindustrien, og utviklinga er derfor eit felles ansvar for heile skognæringa. Skal skogen framleis vere ei viktig kjelde til inntekt og sysselsetjing, krev det eit relativt høgt nivå på dei langsiktige investeringane samtidig som det blir sett inn tiltak i dei ulike ledda i heile verdikjeda. Det er eit potensial for utvikling av konkurranseevna i skogindustrien og betring av produktiviteten i alle ledd samtidig som produktutvikling og betre marknadstilpassing kan gi grunnlag for auka og betra utnytting av ressursane. Auka verdiskaping er og avhengig av at avverkinga aukast, slik at det blir tilgang på trevirke til nisjeproduksjonar og andre produksjonar der produkta kan løyse ut ein høgare betalingsevne i marknaden, samtidig som skogbruket kan levere stabile kvanta til foredlingsindustrien.

Skog og skogareal kan gi grunnlag for anna distriktsbasert næringsverksemd. Dette er ei viktig oppgåve for Landbruksdepartementet i samarbeid med andre departement og med sentrale institusjonar som Statens nærings- og distriktsutviklingsfond og Noregs forskingsråd. Fylkesmannen arbeider òg med slike spørsmål gjennom m.a. regionale næringsutviklingsprosjekt.

Miljøprofilen i skogpolitikken

Skogen er viktig i miljørassamhang; fordi skogen bind karbon, produserer bioenergi og fordi bruk av trevirkebaserte produkt medverker til eit meir berekraftig produksjons- og forbruksmønster der produkta kjem frå fornybare ressursar og er resirkulerbare. Samtidig er skogen utsett for luftforureiningar, og overvaking av skoghelse og -vitalitet krev derfor framleis innsats. Miljøprofilen i skogpolitikken er styrka gjennom dei siste åra. Arbeidet har særleg vore knytta til miljøtilpassingane i skogbruket. Departementet har m a auka innsatsen knytt til miljøregistrering og dokumentasjon, og har òg sett i verk nye kompetansetiltak innan dette området. I samband med frø- og planteforsyningsarbeidet vil ein og styrkje satsinga på bevaring av skogstreas genressursar. Dette arbeidet skjer i ein nasjonal heilskap og som ein lekk i det nordiske samarbeidet. Arbeidet med miljøspørsmåla har skapt auka medvit i heile skogsektoren om dei økologiske samanhengane i skognaturen. Dette er positivt for sektoren, men miljøarbeidet er Samtidig ressurs- og arbeidskrevjande. Departementet arbeider derfor med å finne dei mest effektive opplegga med god balanse mellom det offentlege sitt ansvar og det ansvaret som næringa må ta. For å få til dette krevst det samhandling mellom styresmaktene og næringa med auka vekt på målretta informasjon, kunnskaps- og kompetanseoppbygging, klare retningslinjer og dokumenterbare kontrollrutiner.

Dei frivillige retningslinene for berekraftig skogbruk som bransjeprojektet Levende skog utarbeidde i 1998 skal no setjast ut i livet. Stortinget si handsaming av Skogmeldinga synte at det ikkje var politisk semje om å integrere desse retningslinene i ein offentlig juridisk bindande føresegn om miljøtilpassingar i skogbruket no. Eit vellukka resultat krev derfor at heile næringa medvite følgjer opp det miljøansvaret som næringa har teke på seg.

Departementet vil arbeide for å utnytte skogen og skogprodukta sine positive miljøbidrag. Hovudstrategien er å skape større forståing for dei positive verknadene for samfunnet, både i skogsektoren og samfunnet elles. Stortinget peika på at skogspørsmål må bli vektlagt meir i det internasjonale klimaarbeidet og at kommunane har eit viktig ansvar for skogen sitt bidrag til berekraftig produksjon og forbruk. Departementet vil arbeide vidare på dette grunnlaget.

Internasjonalt skogpolitisk arbeid påverkar den norske skogsektoren

Det har vokse fram eit aukande internasjonalt skogpolitisk engasjement. Dei viktigaste prosessane for Noreg er knytt til FN sitt skogforum, FN-konvensjonane om klima og biologisk mangfald og til dei europeiske ministerkonferansane om berekraftig skogbruk. Noreg deltek no i koordineringa av dette europeiske samarbeidet. Den auka internasjonale skogpolitiske aktiviteten og nye krav frå marknaden vil vere viktig for utviklinga i norsk skogsektor framover. Dei internasjonale utfordringane er nærare omtalt i Skogmeldinga.

Oppfølging av Skogmeldinga

Regjeringa la etter ein brei prosess fram ei stortingsmelding om skogpolitikken for Stortinget i 1998. I stortingsmeldinga går Regjeringa nærare inn på utfordringane som er knytt til skogsektoren sine samfunnsoppgåver. Meldinga blei handsama av Stortinget våren 1999. Oppfølgingsarbeidet vil bli omfattande dei næraste åra og er nærare omtalt under kap. 1142.

2.4.3 Verkemiddel

Skogbrukslova med tilhøyrande føresegner gir den juridiske ramma for skogbruket og er det grunnleggjande verkemidlet for å sikre berekraftig bruk av skogen. Lova legg til rette for å sikre produksjonsgrunnlaget og set krav om at det skal takast miljøomsyn.

Ordninga med skogavgift står sentralt i arbeidet for å nå investeringsmåla. Ordninga sikrar det finansielle grunnlaget for investeringane samtidig som ho aukar investeringsviljen hos skogeigarane ved at det er knytt skattefordel til bruken av skogavgifta til langsiktige investeringar i skogkultur og skogsvegar.

Ein stor del av dei investeringane ein gjer i skogen i dag kan ein ikkje hauste inntekt frå før om 50 til 100 år. Privatøkonomisk vil derfor slike investeringar bli sett på som usikre. For å sikre høg verdiskaping frå norsk skogbruk og skogindustri i dag og i framtida er det derfor nødvendig å gå inn med tilskott til dei langsiktige investeringane.

Budsjettframlegget for 2000 inneber ei løyving til miljø- og næringstiltak i skogbruket (kap. 1142 postane 71 og 76) på vel 151 mill. kr. I tillegg er det sett av 128 mill. kr til skogbruksformål over LUF. Samla løyving er på 279 mill. kr. Dette er 20 mill. kr meir enn løyvingane til tilsvarande tiltak i 1999. I tillegg kan det løyvast midlar til skogbrukstiltak over bygdeutviklingsordninga.

Midlane over statsbudsjettet vil i første rekke bli brukt for å sikre at det blir bygd opp ny kvalitetsskog. Denne delen av løyvinga er òg viktig i klimasamanheng. Ei hovudutfordring i skogbruket framover er å auke foredlingsgraden og leggje til rette for ein meir differensiert utnytting av trevirke. Ein gjer framlegg om å auke løyvinga til tiltak på dette området frå 11 til 20 mill. kr. Oppfølginga vidare skal skje i nær kontakt med næringa. Av løyvinga til skogbrukstiltak over LUF vil tilskott til skogbruksplanlegging, skogsvegar og opplæring bli prioritert.

I miljøarbeidet byggjer departementet på alle dei verkemidla som er til rådvelde for gjennomføring av skogpolitikken. Dette omfattar Skogbrukslova med tilhøyrande føresegner, tilskott til langsiktige investeringstiltak, skogavgift, planlegging, forskning, rådgiving, utdanning og informasjon. Departementet vurderer heile tida behovet for nye verkemiddel i miljøarbeidet. Det blei derfor i 1997 starta opp arbeid med registrering og kartlegging av spesielle miljøkvalitetar i skog. Hovudinnsatsen i prosjekta vil halde fram t.o.m. 2001.

Resultatoppnåinga framover set høge krav til økologisk kunnskap og krev brei informasjonsinnsats og sterk vekt på kompetansebyggjande tiltak. Kunnskap om skoghistorie og den økologiske utviklinga i skogen er eit viktig grunnlag for å sikre eit miljøtilpassa skogbruk.

Det vil òg i 2000 være nødvendig å gjennomføre særskilde tiltak for å nå reell likestilling i næringa.

Skogforskinga nasjonalt og deltaking i internasjonal skogforsking står sentralt i den samla verkemiddelbruken i skogpolitikken. Ein heilskapleg forskingsinnsats er avgjerande for å sikre kunnskapsgrunnlaget for riktige avgjerder i skogbruket.

2.5 Reindrift

2.5.1 Mål

Reindriftspolitikken er tufta på to sjølvstendige grunnlag - ein næringspolitisk produksjonsverdi og ein samepolitisk kulturverdi. Sjølv om næringa i nasjonal målestokk er lita, har reindriften òg ein regional verdi for beredskapen i delar av landet.

Dei reindriftspolitiske måla er samanfatta i omgrepet *ei berekraftig reindrift*. Med dette forstår ein ei reindrift som har økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Økologisk berekraft er ein føresetnad for økonomisk berekraft, og saman gjev økologisk og økonomisk berekraft grunnlag for å utvikle kulturell berekraft. Regjeringa meiner òg det må satsast meir på etablering av tilleggsnæringar. Dette er særleg viktig for

kvinnene og for å ta vare på heilskapen i reindriftskulturen. Reindrifta vil på den måten medverke til at verdifulle trekk ved samisk kultur blir halden ved like og ført vidare, og næringa vil då ha legitimitet som eit viktig materielt grunnlag for samisk kultur.

2.5.2 Status og verkemiddel

Reintalet i Finnmark er på om lag 130 000, dette er ein reduksjon på om lag 70 000 dyr frå 1989. Nedgangen i reintalet har i fyrste rekke samanhang med naturgjevne tilhøve, men òg med politikken som er ført for å betre tilpassinga til beitegrunnet.

Det totale økonomiske resultatet for reindrifta er svakt og det er store skilnader i økonomisk resultat mellom områda. Den økonomiske og sosiale situasjonen for ein del reindriftseiningar i Finnmark er såleis svært vanskeleg. Få alternative høve til inntekts- og sysselsetjing forverrar situasjonen i regionen og skaper risiko for ny overetablering før beiteressursane er komne i balanse.

Reindrifftsavtalen er, ved sida av reindrifftslova, den viktigaste operative reiskapen for å følgje opp måla og retningslinene i reindriftpolitikken. Her fastset ein bruken av dei økonomiske verkemidla, ma ut frå reindrifftslova sine intensjonar og reglar.

Stortinget vedtok 30.1.96 endringar i reindrifftslova. Endringane gjer det no mogeleg, på ein heilt annan måte enn tidlegare, å knyte økonomiske og lovbaserte verkemiddel saman i eit heilskapleg verkemiddelsystem for å tilpasse beitetrykket til ressursgrunnet og setje i verk tiltak for å få til ei betre inntektsfordeling mellom næringsutøvarane. Endringane skal òg sikre næringsgrunnet for samisk reindrift og gje Sametinget innverknad i dei styrande organa i reindrifta.

Ressursstyring og tilpassing av reintalet til beiteressursane har vore eit hovudmål for reindrifftsforhandlingane gjennom mange år, men ein einsidig bruk av reindrifftsavtalen sine verkemiddel, utan bruk av reindrifftslova sine heimlar for regulering og sanksjonar, har ført til at dei som har vore heilt avhengige av tilskota over reindrifftsavtalen byggjer reinflokkene ned, medan andre held stillinga eller byggjer opp. Det er spesielt for reindrifta at talet på personar knytt til næringa har auka etter krigen, mens utviklinga har gått i motsett retning i andre primærnæringer. Trongen for ein styrt og regulert tilgang til reindrifta må vektleggjast parallelt og med same styrke som eit ynskje om å leggje til rette for avgang frå næringa. Det vart i reindrifftsavtalen for avtaleåret 1997/98 innført eit øvre tak på 600 rein per driftseining for å få dei direkte inntektsgjevande tilskotta (produksjonstilskott, kalveslaktetilskott og tidlegslaktetilskott). I reindrifftsavtalen for 1999-2000 vart dette tiltaket oppretthalde. Vidare vart partane samde om ein ny strategi for reduksjon av reintalet i dei distrikta i Finnmark der det er størst mishøve mellom reintal og beiteressursar. I enkelte distrikt skal det stillast krav om slakting ut frå simler som ikkje oppnår nærare fastsette vektkrav i løpet av sommaren 1999. Reindrifftsstyret har fastset dette vektkravet med heimel i reindrifftslova §2. I dei tiltaksdistrikta der reindrifftsutøvarane ikkje blir samde om ein plan for gjennomføring, eller der denne ikkje blir følgd opp, vil driftseiningane bli pålagde utslakting med heimel i reindrifftslova.

Under avtaleforhandlingane i år vart det også semje om å innføre ei tidlegpensjonsordning. Denne skal gjera det mogeleg for reindrifftsutøvarane å gå ut av næringa før dei har rett til alderspensjon etter Folketrygda, og stimulere til tidlegare generasjonsovergangar. Dette vil betre tilpassinga mellom sysselsetjing og inntektsgrunnet.

Det blir òg stilt krav om eit minste slakteuttak for å få dei direkte utbetalte tilskota, og dei produksjonsavhengige tilskotta er utforma for å stimulere til tidlegare slakting. Vidare inngår vektbaserte utslaktingskriterium i det ordinære tilskottssystemet. For i størst mogeleg grad å ta omsyn til dei mange spesielle tilhøva for reindrifta i Troms og Nordland er det innført ei ordning med eit generelt driftstilskott per driftseining, til erstatning for dei eksisterande direkte inntektsgjevande tilskotta.

Radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulukka i 1986 fører framleis til ekstra kostnader for reindriftsnæringa. Det er på den same måten som tidlegare år sett av ei disposisjonsløyving til å dekke kostnader knytte til radioaktivitet i reinkjøt.

Verkemiddelbruken under reindriftsavtalen er nærare omtalt i St.prp.nr. 54 (1998-99) og i kap. 1147 og 1151.

Det er viktig med meir arbeidsintensive driftsformer, med nærare relasjonar mellom dyr og menneske. Ei slik driftsform vil gjere dyra tammare og såleis føre til betre kontroll med flokkane. Dette vil igjen medverke til at trongen for sperregjerde og motoriserte hjelpemiddel i samband med vakthaldet blir redusert. Der bygging av gjerde og bruk av motoriserte hjelpemiddel er nødvendig, må ein syte for at miljøkonsekvensane blir reduserte mest mogeleg gjennom vilkår og rettleiing.

Reindrifta er ei næring som nyttar store arealressursar. Dette kan føre til konflikt andsynes andre interesser, til dømes jordbruket. Det er ein føresetnad at reindriftsareala har eit tilfredsstillande vern med omsyn til konkurrerande interesser, slik at drifta fagleg og med omsyn til arbeidsmiljøet kan finne stad på ein forsvarleg måte. Regjeringa føreset at spørsmål om endringar i reindriftslova som gjeld dei grunnleggjande rettsspørsmåla for næringa, må vurderast i samband med vidareføring av Samerettsutvalet sitt arbeid. Det er trong for ein avgrensa revisjon av lova, omkring forvaltninga og dei meir interne tilhøva i næringa. Landbruksdepartementet har i tråd med Stortinget si handsaming av St.prp.nr. 49 (1997-98) sett ned eit utval som skal gå gjennom reindriftslova med sikte på å revidere dei reglane som gjeld styring og forvaltning av reindrifta og regulering av dei interne tilhøva i næringa. Det blir elles framleis stilt midlar til rådvelde både i jordbruksavtalen og i reindriftsavtalen til konfliktførebyggjande tiltak.

2.6 Næringar i tilknytning til landbruket

2.6.1 Mål

For at landbruket skal kunne medverke til å oppfylle viktige samfunns mål knytte til busetjing og verdiskaping, er det ein sentral strategi å leggje til rette for heilskapleg næringsutvikling på bygdene. Det er derfor eit mål å fremme lønnsam næringsutvikling i og i tilknytning til landbruket gjennom småskalaprega verksemdar og lokalsamfunns-tiltak. Det er og eit mål å fremme berekraftig produksjon og bruk av natur og utmark.

Departementet legg vekt på fremme småskala produksjon og omsetning av mat. Det blir lagt vekt på kultur og tradisjon innanfor ramma av trygg kvalitetsmat, ma gjennom Norsk Gardsmat-programmet.

Det er ein føresetnad at ny næringsverksemd er marknadsorientert og lønnsam. Det skal i hovudsak berre gis støtte i den innleiande fasen og ikkje til drift.

2.6.2 Status

Bygdeutviklingsmidlane er det sentrale verkemiddelet for å fremme lønnsam næringsutvikling i og i tilknytning til landbruket.

Næringa si interesse for ordninga er stor i alle delar av landet, og satsinga syner gode resultat i form av arbeidsplassar og positive ringverknader i distrikta. Det blei i 1997 gjennomført ein landsomfattande evaluering av den bedriftsretta støtta over BU-ordninga til utvikling av ny verksemd på gardsbruk, jf. St. prp. nr. 67 (1997-98). I 1998 blei det gjennomført tilsvarande evaluering med utgangspunkt i dei fylka som ikkje var med i den første evalueringa. Evalueringa viser at på landsbasis kan ein rekne med at BU-ordninga har medverka til å skape om lag 5000 årsverk. Gjennomsnittleg sysselsetjing for alle prosjekta der det er løyvd BU-midlar er på 1,21 årsverk. Om lag halvparten av årsverka som er skapte gjeld sysselsetjing for kvinner. Tre firedelar av prosjekta ligg innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Samla tildeling av støtte pr prosjekt var i gjennomsnitt 183 000 kr. Evalueringa syner god måloppnåing, men at det er nødvendig å styrkje arbeidet med å følgje opp.

Landbruksdepartementet

Årsrapporten for BU-ordninga syner at det i 1998 blei løyvd totalt 332 mill. kr til utviklingstiltak fordelt på lokalt, regionalt og sentralt nivå medan det blei løyvd 200 mill. kr til investeringar i tradisjonelt landbruk, inkl. tekniske miljøtiltak. Bygdeutviklingsmidlane er nærare omtala i St.prp. nr. 75 (1998-99).

Departementet legg vekt på at midlane nyttast aktivt til å fremme lokal vidareforedling av tre, effektiv utnytting av marknaden for skogprodukt og ein variert utnytting av skog og utmarksressursane. Det er ei viktig oppgåve å stimulere til nettverkssamarbeid og sikre samanheng og kommunikasjon gjennom heile verdikjeda.

2.6.3 Verkemiddel

Den samla næringspolitikken for bygdene må styrkje og utvide næringsgrunnlaget for å utvikle eit allsidig næringsliv og eit breiare grunnlag for busetjingsmønsteret. Det blir lagt vekt på ein utviklingsretta verkemiddelbruk der det er eit strategisk mål å mobilisere ressursane gjennom lokale prosessar.

Bygdeutviklingsmidlane er det viktigaste verkemidlet for å fremme lønnsam næringsutvikling i og i tilknytning til landbruket. Ein legg særleg vekt på å fremme samarbeidstiltak og tiltak som gjev arbeidsplassar for kvinner og ungdom.

Arbeidet med næringsutvikling blir oppretthalde i 2000. Departementet vil leggje vekt på arbeidet med effektivisering og sterkare resultatorientering i forvaltning og saksbehandling. I 2000 vil det derfor bli etablert eit permanent system for resultatrapportering for BU-midlane. Arbeidet med miljøkrav til prosjekta gjennom ei sjekklister vil halde fram.

Eit framtidsretta landbruk er avhengig av at kvinner og ungdom finn det attraktivt å gå inn i næringa. Departementet legg derfor vekt på å styrkje innsatsen i næringsutviklingsarbeidet retta mot desse gruppene.

I arbeidet med næringsutvikling i landbruket må det leggjast vekt på koordinering og samhandling med det generelle distriktpolitiske verkemiddelapparatet på fylkesnivået. Departementet legg vekt på å sjå forvaltninga av BU-midlane i samanheng med andre verkemiddel for å fremme næringsutvikling, særleg gjennom arbeidet med regionale utviklingsprogram. Samhandlinga mellom bruken av BU-midlane og ordningane under SND som blir forvalta i fylka vil utviklast vidare.

Kap 1140 Miljø- og næringstiltak i jordbruket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
50	Driftsøkonomiske analyser m.m.	17 460	17 862	18 289
73	Istandsetjing av dyrka jord, <i>kan overførast</i>	81		
77	Miljøretta prosjektarbeid m.m., <i>kan overførast</i>	35 101	27 524	31 182
78	Konkurransestrategier for norsk mat	5 000		
	Sum kap 1140	57 642	45 386	49 471

Post 50 Driftsøkonomiske analyser m.m.

Ein stor del av verksemda til NILF er oppgåver til støtte for forvaltninga på oppdrag frå Landbruksdepartementet. Den forvaltningsretta verksemda til NILF kan ein dele inn i områda driftsøkonomiske data og analyser (m.a. driftsgranskingane), sekretariatet for Budsjettnemnda for jordbruket, næringsøkonomisk dokumentasjon og driftsøkonomisk rettleiing og styring. NILF har òg særskilte oppdrag der departementet er direkte brukar.

Gjennom arbeidet med driftsgranskingane, analysebruk og økonomiforsøk blir det utarbeidd føretaksøkonomisk statistikk og analyser som grunnlag for forvaltning, forskning, undervisning, rådgiving og næringsverksemd. Materialet blir m.a. brukt som grunnlag for jordbruksforhandlingane og som grunnlag for utforming av ulike verkemiddel i landbrukspolitikken. Vidare medverker NILF til å dokumentere sentrale utviklingstrekk i landbruk, matvareindustri og matvaremarknader og til å overvake internasjonale handelsavtalar og internasjonale marknader. NILF skal òg medverke til betre organisering og leiging av landbruksføretak.

Resultatrapport 1998

Driftsgranskingane for 1997 omfatta 973 rekneskap frå yrkesmessig drevne bruk. I 1998 er granskingane vidareutvikla, m.a. for å skaffe betre data om tilleggsnæringar. Driftsgranskingane blei òg gjort tilgjengelege på NILF sine internettsider i løpet av året.

Gjennom arbeidet med analysebruk og økonomiforsøk har NILF skaffa data om produksjonar og tilleggsnæringar.

NILF har i løpet av året starta ein omfattande revisjon av eit program for økonomisk planlegging på gardsbruk.

Innafor sekretariatet for Budsjettnemnda for jordbruket er det i tillegg til dei faste årlege oppgåvene spesielt arbeidd med metodar for å rekne ut kapitalslit i totalkalkylen.

Av andre oppgåver har NILF i 1998 sett i gang eit prosjekt for å greie ut moglegheitene for å berekne regionale tall for verdiskaping og sysselsetjing i landbrukssektoren med tilgrensande næringar.

Mål og resultatkrav i 2000

NILF skal i 2000 i stor grad føre vidare dei faste oppgåvene dei har for forvaltninga. NILF bør framleis leggje vekt på å gjere både data og analyser lettare tilgjengeleg for brukarane og utnytte data og analyser best mogleg.

Innafor området driftsøkonomiske data og analyser bør NILF prioritere å utvikle sine interne dataprogram med sikte på meir effektiv databehandling og betre analyse-moglegheiter. Generelt legg departementet til grunn ei vidare utvikling av grunnlagsmaterialet som tek sikte på å danne eit best mogleg grunnlag for dei vurderingane og prioriteringane som må gjerast i samband med utforminga av landbrukspolitikken.

Det er òg ei sentral oppgåve for NILF å utvikle nye dokumentasjonsprodukt knytt til tilhøva i landbruket og matvaremarknaden nasjonalt og internasjonalt, m.a. som ei oppfølging av arbeidet med prisar og marginar i matvarekjeda. Det vil venteleg vere ei aukande fokusering på internasjonale marknader og internasjonal handelspolitikk framover, noko som gjer dette til eit viktig satsingsområde for NILF både når det gjeld utredning og dokumentasjon.

Innafor området driftsøkonomisk rettleiing og styring er det behov for å arbeide vidare med å utvikle betre verktøy for driftsleiing og økonomistyring. NILF bør nytte høvet til auka brukarfinansiering for desse produkta i og med at det har kome til nye brukar-grupper.

Post 73 Istandsetjing av dyrka jord

Sidan 1.1.92 er det ikkje løyvd nye tilskott til istandsetjing av dyrka jord. Av tidlegare gitte tilsegn blei det i 1998 utbetalt kr 81 000. Eventuelle utbetalingar av tidlegare gitte tilsegn vil bli utgiftsført over kap. 1140 post 77.

Post 77 Miljøretta prosjektarbeid m.m.

Kap. 1140 post 77 omfattar løyvingar til einskilte miljø- og næringstiltak i jordbruket der det er nødvendig med offentleg innsats for å nå fastlagde miljømål, jf. òg omtale under programkategori 15.30. For å gjennomføre arealpolitikken og for å forsvare landbruket sine interesser i arealplanprosessane er det sett av prosjektmidlar til utviklingstiltak. Det er sett av midlar for å auke kompetansen til forvaltninga innanfor særskilde område som m.a. økologiske rensetiltak, erosjon og tap av næringsstoff. Kap. 1140 post 77 omfattar òg tilskott til frivillige organisasjonar. Det er òg budsjettert med midlar til dei forvaltningsretta oppgåvene ved Jordforsk.

Mål og strategiar

Formålet med bruk av midlane er å gi grunnlag for ei effektiv miljøforvaltning der ein vektlegg målretta og kostnadseffektive tiltak. Vidare skal midlane bidra til ei rask og kostnadseffektiv omstilling til miljøvennlege driftsformer. Midlane skal primært nyttast til utgreiingsoppgåver, men forvaltnings- og verkemiddelretta forskning kan òg støttast.

Landbruket har særskilde interesser når det gjeld sikring av ressursgrunnlaget for biologiske produksjonar.

Målet med det internasjonale miljøarbeidet er at en utarbeider einsarta miljøstandardar som gir like konkurranseforhold mellom land. Det internasjonale miljøarbeidet er elles knytt til arbeidet med Nordsjødeklarasjonen og i OECD og Nordisk Ministerråd. I forhandlingane om vidare reform av landbrukssektoren i WTO, som startar innan utgangen av 1999, er målet at det blir tatt tilstrekkeleg omsyn til jordbruket sin produksjon av miljøgode. I førebuingane til forhandlingane blir det gjort analysar av jordbruket sine vitskaplege og utdanningsmessige verdier, kulturelle verdier, estetiske og rekreasjonsverdier, økologi og biologisk mangfald i kulturlandskapet, og at en minskar faren for spreieing av sjukdomar og mikroorganismar som følgjer av internasjonal handel.

Måla for det miljøretta prosjektarbeidet er:

- registrere og dokumentere miljøtilstand og miljøtilpassingar med omsyn til erosjon, tap av næringsstoff, miljøgifter og spreieing av pesticid
- auke kunnskapen om miljø i forvaltninga og næringa for å fremme ei sikker og rask omstilling til meir miljøvenleg drift
- utvikle tiltak som gjer kommunane og Fylkesmannen betre i stand til å sikre arealressursane og dokumentere landbruket sine interesser i arealplanprosessane og i arbeidet med verneplanar
- medverke i den internasjonale utviklinga av miljøarbeidet

Landbruksdepartementet

- gi grunnstøtte til einskilde frivillige organisasjonar som alle arbeider innanfor det landbrukspolitiske området for å medverke til å halde oppe det miljø- og ressursretta arbeidet i organisasjonane
- gi støtte til Nordisk genbank for husdyr, som skal være eit nordisk senter for dokumentasjon og bevaring av variasjonen i det dyregenetiske materialet i dei nordiske land

Resultatrapport 1998

Resultatkontrollen viser at miljøtiltaka i hovudsak går som planlagt. Det er likevel eit behov for at miljøarbeidet må bli ført vidare og styrkt for å nå måla.

Programmet Jordsmonnovervaking gir opplysningar om verknaden av miljøtiltak i jordbruket. Denne overvakinga er samordna i eit program der Fylkesmannen, Plante- og Jordforsk tek del.

Det er gitt prosjektmidlar til eit utgreiingsprosjekt innanfor forureining. Prosjekta skal gi grunnlag for auka kompetanse i forvaltninga om aktuelle miljøtiltak.

Bruk av midlar frå kap 1140 post 77 er med på å danne grunnlaget for vidare satsing innanfor ulike område når det gjeld overgang til meir miljøvennlege driftsmåtar. Eksempel på dette er satsinga på Handlingsplan for redusert bruk av plantevernmidler, jf. St.prp. nr. 67 (1997-98).

For å auke kunnskapen om miljø i næringa blei det innvilga midlar til Fylkesmannen sine landbruksavdelingar til informasjonstiltak knytt til miljøvennlege driftsformer i landbruket.

Det er i 1998 brukt midlar til å medverke i den internasjonale utviklinga av miljøarbeidet. Dette er m.a. arbeid knytt til oppfølging av Nordsjøplanen og arbeid innanfor OECD. I samband med dei komande WTO-forhandlingane er det ønskeleg å sette fokus på miljøspørsmål og det er avsett midlar til utgreiingar i tilknytning til dette.

Arbeidet med å utvikle ei prognose- og varslingssteneste for plantevern og planleggings-system for balansert gjødsling blei støtta med midlar frå kap. 1140.

For å auke kunnskapen om landbruket og synleggjere landbruket sine interesser og verdier i arealplanprosessar er diverse prosjekt støtta; t.d. knytt til rettleiing, samordna areal- og transportplanlegging, byutvikling og fortetting for å betre landbruket sin moglegheit til å ivareta dei nasjonale jordverninteressene, samt undersøkingar knytt til brukarinteresser, lokal medverking og forvaltning i verneplanprosessar.

I tilknytning til tusenårsskiftet har ein funne det formålstenleg å markere landbruket sitt arbeid med miljø, kulturminner og kulturlandskap og å bidra til å skape lokalt engasjement rundt desse spørsmåla. Dette er gjort gjennom å støtte Treplantingsaksjonen "Tusenårstreet". Aksjonen inviterer til eit breitt samarbeid mellom landbruksforvaltninga, plantefaglege interessegrupper og frivillige organisasjonar, og er ei satsing innan Lokal Agenda 21. Aksjonen blir gjennomført i eit organisert samarbeid med Det norske Hageselskap, Norges Bondekvinnelag og med økonomisk støtte frå Norske Skog.

Nordisk genbank for husdyr starta i 1998 seks forskingsprosjekt fordelt mellom dei nordiske landa.

Det er i 1998 gitt støtte til enkelte frivillige organisasjonar. Formålet er å halde oppe miljø- og ressursarbeidet i organisasjonane. Støtten ble gitt i tråd med vilkåra.

Budsjettframlegg 2000

For 2000 gjer ein framlegg om ei samla løyving under post 77 på 31,18 mill. kr. Arbeidet med resultatkontroll, overvaking og miljødata blir ført vidare frå 1999.

Det er bestemt at ein skal samordne miljøverkemidla i landbruket i eit miljøprogram. Ein tek sikte på å sette av midlar til arbeidet med å utforme dette programmet og til arbeidet med den sektorvise miljøhandlingsplanen for landbruket.

Departementet vil føre vidare arbeidet med sterkare samordning av aktuelle miljøtiltak i landbruket. I tillegg er det ein viktig strategi å auke presisjonen i miljøarbeidet. Det vil i

Landbruksdepartementet

den sammenhengen særleg vere viktig å satse på kompetanseheving og lokal tilpassing av prosjekta. Utviklingsprosjekt og informasjonstiltak vil vere viktige tiltak for å nå dette.

For at landbruksforvaltninga skal bli betre i stand til å følgje opp jordverninteresser i arealplanprosessane og gjennomføre arealpolitikken, vil det bli sett av prosjektmidlar til utviklingstiltak. Midlane vil bli nytta til pilotprosjekt og prosjekt med stor overføringsverdi.

Ein tek sikte på å føre vidare støtta til treplantingsaksjonen Tusenårstreet innanfor ei ramme på 1 mill. kr.

I 1997 vedtok dei nordiske landbruksministrane å gi auka prioritet til det nordiske samarbeidet om husdyrgenetiske ressursar med utgangspunkt i ein ny strategisk plan for Nordisk Genbank for Husdyr (NGH) som ligg i Ås. For å nå det høgare ambisjonsnivået er det naudsynt med nasjonal finansiering av verksemda til NGH. For 1998 og 1999 blei det sett av 1 mill. kr som ledd i arbeidet for å utvikle NGH til å bli ein slagkraftig institusjon. Departementet gjer framlegg om å føre vidare den nasjonale satsinga på dette nivået i 2000. Det vil bli sett i verk arbeid med ein samla nasjonal plan for genressursarbeidet i høve til landbruket sitt ansvarsområde.

Departementet legg vekt på å følgje opp nasjonalt og internasjonalt samarbeid. Nasjonalt er målet å få til ein meir effektiv samordning av miljøarbeidet på sentralt, regionalt og lokalt nivå. Biodiversitetskonvensjonen frå Riokonferansen vil bli følgd opp gjennom ein nasjonal handlingsplan for biologisk mangfald. Departementet vil òg prioritere arbeidet under Nordsjødeklarasjonen og medverke til utvikling av det internasjonale miljøarbeidet i OECD og under Nordisk Ministerråd.

Fyresdal kommune har fått konsesjon for kjøp av Håsum gard. Føremålet er å dele eigedommen opp i 16 mindre einingar. Tiltaket blir rekna som eit forsøksprosjekt med sikte på å styrke busettinga i området. På bakgrunn av gjeldande konsesjonsvedtak vil Landbruksdepartementet støtte prosjektet med 1,5 mill. kr.

Landbruksdepartementet fyller 100 år i 2000. Ein tek sikte på å sette av midlar over posten til å markere dette, jf. og omtale under kap. 1100 side 36.

Innanfor løyvinga tek departementet sikte på å tildele til saman 13,188 mill. kr i grunnstøtte til enkelte frivillige organisasjonar som arbeider innanfor det landbrukspolitiske området, m.a. med faglege oppgåver knytte til husdyr- og planteproduksjon og alternative bygdenæringar.

Departementet legg opp til å gi tilskott til desse organisasjonane (beløp): Det kgl selskap for Noregs vel (3 585 000 kr), Norske 4H (5 700 000 kr), Det norske hageselskap (1 160 000 kr) og Nordnorsk hestesenter og Norsk Fjordhestsenter AS (til saman 2 000 000 kr). Resten, 743 000 kr, legg ein opp til å gi til Norsk Kolonihageforbund, Norsk Gartnerforbunds planteskoleseksjon, Norsk Økologisk Landbrukslag, Biologisk Dynamisk forening og Norges Dyrebeskyttelsesforbund og som tilskott til fagtidsskrift.

Gjennom framlegget legg ein opp til å auke tilskottet til Norske 4H med vel 300 000 kr. Organisasjonen medverker gjennom informasjonsverksemd til å fremme positive haldningar til norsk landbruk og er ein viktig samarbeidspartnar for fylkesmannen si landbruksavdeling. Norske 4H gjer ein innsats som har stor verknad for å motivere ungdom til utdanning og yrke innanfor ulike bygdenæringar og primærnæringa. I tillegg gir organisasjonen viktige bidrag til livskraftige lokalmiljø ved aktivitetstilbod for barn og unge.

Tilskottet til Nordnorsk hestesenter og Norsk fjordhestsenter er auka med 460 000 kr. Nordnorsk hestesenter har ein til dels vanskeleg likvid situasjon medan Norsk fjordhestsenter AS har eit oppmagasinert behov for vedlikehald. Departementet vil setje konkrete vilkår for utbetaling av tilskotta.

I tillegg til tilskotta som blir løyvde til Norske 4H og Det norske hageselskap over posten, vil desse organisasjonane i 2000 òg bli støtta gjennom at dei ikkje betaler for kontorlokale og kontortenester hos fylkesmannens landbruksavdeling. Verdien av den

Landbruksdepartementet

indirekte støtta er rekna ut til om lag 2 mill. kr. Tilsvarande ordning gjeld for Det norske skogselskap og Det norske landbruksselskap jf. omtale under kap. 1102.

Kap 1142 Miljø- og næringstiltak i skogbruket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
50	Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket	8 056	12 176	12 467
51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 065	3 155	3 230
71	Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	123 930	116 380	127 862
76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	26 293	22 633	23 174
	Sum kap 1142	161 344	154 344	166 733

Mål og strategiar

Skogpolitikken skal stimulere til ei ansvarsfull og aktiv utnytting av skogressursane, og støtte opp om arbeidet med å få til ei meir berekraftig utvikling, jf. òg innleiinga, pkt 1.1.4 og programkategori 15.30. Dette krev at dei areala og skogressursane som gir grunnlag for eit økonomisk skogbruk blir gjort tilgjengelege og tatt i bruk, samtidig som skogbruket må ta aktive omsyn til miljøkvalitetane i skogen. Aktiv skjøtsel og drift vil sikre at skogen kan haldast i hevd samtidig som ein tek vare på og utviklar miljøverdiane vidare. Ein godt skjøtta skog er òg ein føresetnad for skogen sitt bidrag i klimasamanheng.

Heilskapleg skogpolitikk krev innsats både frå det offentlege og næringa, og det er ei hovudutfordring å halde dei langsiktige investeringane på eit tilstrekkeleg nivå. Skogpolitikken blir basert på tre økonomiske hovudpillarar; skogavgiftsordninga, løyvingane til bygdeutviklings- og skogbruksformål over kap. 1150 (Landbrukets utviklingsfond) og løyvingane over kap. 1142. Skogavgiftsordninga er den viktigaste finansieringskjelda, men løyvingane over kap. 1142 og 1150 er likevel nødvendige for å sikre eit høgt nok nivå på desse investeringane, for å auke investeringsvilja til skogeigarane og for å leggje forholda til rette for aktiv bruk av ressursane.

Regjeringa ser på skogbruket som eit viktig element i klimapolitikken. Dei norske skogane bind i dag meir karbon enn nokon gong tidlegare i dette hundreåret. I tillegg kan trevirke erstatte mindre klimavenlege materialar og energikjelder. Ved å halde oppe innsatsen frå både samfunnet og næringa vil skogressursane vera eit godt fundament for verdiskaping og bygdeutvikling og samtidig eit viktig bidrag i arbeidet for å motverke klimaendringar.

FoU-arbeid gir viktige bidrag i arbeidet med å forvalte skogressursane på ein best mogleg måte og for å auke verdiskapinga i skogbruket. Ein vil derfor bruke ein del av løyvinga over kapitlet til å sikre kunnskapsgrunnlaget for skogforvaltninga. Departementet vil understreke skognæringa sitt medansvar i FoU-arbeidet.

Utviklinga i marknaden, både internasjonalt og nasjonalt, krev marknadskunnskap og stor omstillingsevne. Utfordringane er særleg knytte til kostnadseffektiv og miljøtilpassa framstilling av produkt med høg kvalitet. Eit viktig mål er å nytte råstoffet betre og å auke foredlingsgraden. Verksemda i sektoren er basert på utnytting av fornybare ressursar og gir miljøvenlege produkt. Dette er eit konkurranseføremøn som kan utnyttast betre i høve til andre material.

Det er ei stor utfordring å utnytte skogen sine moglegheiter gjennom auka verdiskaping i skogbaserte næringar og å dekke skogsektorens bidrag for å løyse viktige miljøoppgåver. Gjennom løyvingane over kapitlet og LUF vil ein prioritere desse oppgåvene:

- det statlege investeringstilskottet til oppbygging og stell av skogressursane
- skogbruksplanlegginga som hovudplattform for eit langsiktig og miljøvenleg skogbruk
- høg miljøstandard som ein konkurranseføremøn som må nyttast og gjerast betre
- eit tilfredsstillande vegnett

- auka satsing på produktutvikling og foredling

Resultatrapport 1998

Aktiviteten i skogbruket har vore svak frå tidleg på 1990-talet. Låge tømmerprisar i 1998 førte til at avverkinga gjekk ytterlegare ned, men tross ein slik nedgang i hogstmengda greidde ein å auke dei langsiktige investeringane på skogkulturområdet med vel 10 pst. Totalavverkinga av salsvirke til industriell produksjon var i 1998 på om lag 7,6 mill. m³, som er 0,5 mill. m³ lågare enn i 1997.

Kurs- og opplæring

Oppslutninga om hovudtiltaka i regi av Skogbrukets kursinstitutt (SKI) har vore god. Omlegginga av samarbeidet mellom partane som deltek i gjennomføringa byrjar nå å vise positive resultat, og departementet vil følgje dette framover. Det blei i 1998 arrangert 684 kurs med 3 605 deltakarar i serien Aktivt skogbruk. Resten av kurs- og seminarverksemda til SKI omfatta 61 kurstiltak med 2 000 deltakarar. Det er òg arrangert korte distriktkurs for skogsarbeidarar og yrkesaktive skogeigarar i kystfylka. Kvinneandelen i kursa er aukande med 10 pst. i 1998, men den er framleis for låg. SKI må arbeide målbevisst for å auke deltakinga i alle former for kurs og etterutdanning.

Langsiktige investeringar

Høgare tilskottsramme gjorde at aktiviteten innan skogkultur blei noko høgare i 1998 enn åra før. Totalt blei det planta til eit areal på 205 000 daa og utført ugrasrydding og avstandsregulering på 463 000 daa. I tillegg blei det gjennomført stammekvisting på 9000 daa. Markbereding var det enkeltiltak som viste sterkast auke, frå 60 000 daa i 1997 til 85 000 daa i 1998. Det blei investert 278 mill. kr i skogkultur i 1998, som er ein oppgang frå 243 mill. kr i 1997.

Investeringane i skogsvegar viste ein auke i 1998 på 17 pst. i høve til året før. Auken var størst på ombygging av skogsbilvegar. Byggeaktiviteten er likevel monaleg lågare enn det som ein reknar som nødvendig for å kunne utnytte skogressursane på dei økonomisk drivbare areala.

Totalt blei det investert 178 mill. kr i skogsvegar i 1998, mot 152 mill. kr i 1997. Dette er ein auke på om lag 17 pst. Auken skuldast meir ombygging (heving av standard) av eldre skogsbilvegar. Nybygging av skogsbilvegar auka litt samanlikna med året før, og det vart bygd 290 km i 1998. Bygging av traktorvegar gikk noko ned, med totalt 706 km nybygde vegar. Resultatkontrollen som er gjennomført i fylka i høve til vegar som var ferdige i 1997, syner at miljøsynen er i ferd med å bli godt innarbeidd i tiltaket.

Areal- og ressursforvaltning, frø- og planteforsyning

Skogbruksplanlegginga, der statstilskottet blir dekt med LUF-midlar, blei gjennomført i 1998 om lag i tråd med årsplanen. Det blei i 1998 taksert om lag 4,7 mill. daa og utarbeidd skogbruksplan for 3,7 mill. daa. Totalt blei det ferdigstilt vel 3 500 planar, og snautt 1000 skogeigarar deltok på skogbruksplankurs.

Landbruksdepartementet avslutta i 1998 ei drøfting av skogbruksplanlegginga i samarbeid med aktørane på dette feltet, og arbeidet med å følgje opp tilrådingane frå denne arbeidsgruppa blei sett i gang. Tilrådingane er i hovudsak retta mot å betre organiseringa og gjennomføringa av takst- og planleggingsarbeidet, auke brukar-medverknaden, og å sikre nødvendig kontroll og kvalitet.

Overvakingssystemet for skogskadar har sidan 1986 følgd korleis helsa til skogen har utvikla seg. I 1998 vart det registrert ei lita positiv endring i forhold til den negative utviklinga ein har hatt tidlegare. Tilførsel av luftforureining kjem i tillegg til ei rad naturlege faktorar som påverkar skogen, som t.d. sommartørke. Det er ikkje klarlagt kor stor rolle forureining spelar for skogshelsa i Noreg, men i område med låge tolegrensar som ein t.d. har på Sørlandet, kan det synast som forureining kan gjere skade på skogen.

Miljøtiltak og resultatkontroll

Miljøprofilen i skogpolitikken er basert på innarbeiding av miljøomsyn i regelverk, kompetanse, informasjon og resultatkontroll. M.o.t. regelverket er dette ein kontinuerleg tilpassingsprosess der departementet sidan 1996 har sett i gang fleire store tiltak, jf. omtale nedanfor.

Informasjonsarbeidet knytt til skog og miljø dekkjer både kunnskapsoppbygging og haldningsskapande tiltak retta mot betre miljøtilpassingar ved skogskjøtsel og skogsdrift. Dei siste 3 åra er det kanalisert om lag 14 mill. kr frå departementet sitt budsjett-område til informasjons- og utviklingsarbeid i regi av bransjeprojektet Levende skog. Prosjektet blei avslutta i 1998 med eit sett retningslinjer for berekraftig skogbruk og ein omfattande produksjon av informasjonsmaterieil som viktig resultat. Retningslinjene blir no sett ut i livet gjennom ein aktiv innsats frå skogeigarorganisasjonane.

Resultatkontrollen som starta i 1994 blir ført vidare. Den årlege aktivitetskontrollen som blir gjennomført av Fylkesmannen og kommunane, syner at tilskottsreglane er følgde i dei fleste høva. Kontrollen omfattar alle skogeigarane, og er eit nyttig hjelpemiddel i skogforvaltninga. Opplegget er under vidareutvikling.

Tilstandsovervakninga var denne gongen knytt til skogtilstanden for drivverdige og ikkje drivverdige areal. Areal med berekna driftsnetto større enn 0 vart rekna som drivverdige. Rapporten viser m.a. at ikkje drivverdige areal utgjer ein stor del av hogstmoden skog, i produksjonsskog var andelen noko lågare, mens det i ungsbogen var berre mindre delar som ikkje var drivverdige.

Budsjettframlegg 2000

Oppfølging av skogmeldinga – St.meld. nr. 17 (1998-99)

Regjeringa la etter ein brei prosess fram ei stortingsmelding om skogpolitikken (St.meld. nr. 17) i 1998. I stortingsmeldinga går Regjeringa nærare inn på utfordringane i skogsektoren, jf. omtale også under programkategori 15.30. Meldinga blei behandla av Stortinget våren 1999, jf. Innst. S. nr. 208 (1998-99). Oppfølgingsarbeidet vil bli omfattande dei næraste åra, og nokre tiltak som er knytt til bruken av budsjettmidlar i 2000 blir nemnde under omtalen av dei einskilde postane. Andre tiltak er nemnde i slutten av dette avsnittet.

Arbeidet med å forbetre miljøregistreringane i skogbruksplanlegginga er framleis viktig, og innsatsen vil òg bli høg i 2000. Nærare omtale er gitt under post 76.

Det er eit mål å halde oppe dei langsiktige investeringane i skogbruket på eit tilfredsstillande nivå. Det er derfor nødvendig at skogeigarane sjølve tek eit større ansvar for desse investeringane. Departementet vil derfor oppretthalde høg skogavgiftssats òg i 2000.

Tilskottsmidlane skal særleg rettast inn mot dei tiltaka som har mest å seie for å utvikle ei konkurransedyktig skognæring. Dette inneber prioritering av ungsogpleie og tiltak som fremmer kvaliteten på skogsvirke.

Regjeringa har som mål å auke verdiskapinga frå skogsektoren. Dette krev auka innsats på fleire område. Transportarbeidet i sektoren må gjerast billegare og mest mogleg kostnadseffektivt og konkurransedyktig og ressursane må gjerast meir tilgjengelege. Departementet vil legge til rette for eit betre samspel mellom skogbruket og den trebrukande industrien. Dette inneber auka satsing på produktutvikling, ny teknologi, betre nettverks-, kommunikasjons- og omsetningssystem. Avverkinga må aukast og opplæring og andre kompetansegejevande tiltak retta mot skogeigarane, skogsarbeidarane, skogsentreprenørane og innan foredlingssektoren må styrkjast. Kunnskaps- og kompetanseoppbygging er viktig for gjennomføringa av skogpolitikken. Det er eit mål å betre tilbodet til skogeigarar, skogsarbeidarar og entreprenørar i heile landet. SKI er ein sentral aktør i gjennomføringa av denne aktiviteten som blir delfinansiert over LUF (kap. 1150). Skogmeldinga varsla m.a. ein gjennomgang av opplærings- og kompetansefeltet med sikte på auka satsing på kompetansetiltak og betre rekruttering.

Landbruksdepartementet

Stortinget sa seg samd i dette, og departementet vil no ta ein samla gjennomgang av saksfeltet i samarbeid med aktuelle partar og myndigheter. Regjeringa legg og til grunn at skogpolitikken framleis skal ha eit høgt ambisjonsnivå når det gjeld å bygge opp kvalitetsskog. Utviklingsarbeid i den skogbaserte industrien og meir målretta bruk av eksisterande verkemiddel, vil bli prioritert gjennom m.a. satsinga på Verdiskapingsprogrammet som er nærare omtalt under post 71.

Under behandlinga av Skogmeldinga slutta Stortinget seg til at det skulle innførast ei FOU-avgift på skogsvirke, jf. lov av 9. november 1956 nr 4. Avgifta vil bli innført som ei 5-årig prøveordning og skal innkrevjast for alt virke som i dag er skogavgiftspliktig. Innbetalinga vil skje til Skogtiltaksfondet og midlane skal administrerast av styret i fondet. Avgifta vil saman med eksisterande midlar i fondet bidra til å sikre aktiv brukarmedverknad og finansiering av FOU-arbeid i skogsektoren.

Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag om å utarbeide ei ny skogbrukslov. Stortinget presiserte at den nye skogbrukslova skal vere ei næringslov med klåre føresegner om eit berekraftig skogbruk og langsiktig ressursforvaltning, samtidig som lova skal gi klåre rammer for dei miljøomsyn som skal takast. Departementet har starta lov-arbeidet, og vil leggje vekt på eit godt samarbeid med aktuelle partar og myndigheter.

Stortinget var samd med regjeringa i at reglane for bruk av skogavgift til miljøformål må gjerast meir virkningsfulle. Dette femner både om konkrete miljøtiltak i skogen og tiltak knytt t.d. til bruk av trevirke til energiformål. Bioenergispørsmåla er nærare omtalt nedanfor. Stortinget ba òg regjeringa om å vurdere andre spørsmål knytt til skogavgiftsordninga. Departementet vil følgje opp merknadene frå Stortinget i samarbeid med m.a. Finansdepartementet.

Det er eit mål å styrke satsinga på bioenergi generelt og i skogsektoren. Skogressursane har eit potensial for auka uttak av bioenergi, og dei eksisterande ordningane over LUF blir ført vidare. I behandlinga av Skogmeldinga sa Stortinget seg samd i at skogavgiftsordninga skal utvidast til òg å femne om vidareforedling som har miljøeffektar, inkl. bioenergiprosjekt. Departementet vil følgje opp dette saman med dei andre endringane i skogavgiftssystemet.

I innstillinga peika fleirtalet på at ein høgare pris på skogeigedomar vil stimulere til auka investeringar og at det er grunnlag for å vurdere ein særskild kalkulasjonsrentefot for verdsetjing av skog. Departementet følgjer opp dette i det vidare arbeidet med å utforme konkrete retningslinjer for praktisering av prisreguleringa.

Høge transportkostnader er ei begrensing for utnytting av skogressursane og næringsutvikling i distrikta. Som eit ledd i oppfølginga av Stortinget si behandling av Skogmeldinga, er det sett i gang eit samarbeid mellom Norges Skogeierforbund, Kommunal- og regionaldepartementet og Landbruksdepartementet for å sjå nærare på dei transportpolitiske rammevilkåra. Utreiinga er planlagt ferdig i løpet av hausten 1999, og resultatane vil bli brukt i det vidare arbeid med å gjera tømmertransportane rimelegare.

Skogen si rolle i klimaarbeidet har kome meir i fokus dei seinare åra. Binding av CO₂ i ståande skog og i treprodukt, samt skogprodukta sine miljøfordelar framfor andre produkt, er framheva i ulike samanhengar. Kyotoprotokollen, som inneheld forpliktingar om reduksjon i utslepp av klimagassar, peiker på skogen sitt potensial for binding av CO₂. FN sitt klimapanel, IPCC, arbeidar no med å klargjere spørsmål knytt til arealforvaltning og skog i oppfølginga av Kyotoprotokollen. Departementet vil følgje denne prosessen med sikte på integrering av skog i det internasjonale klimaarbeidet slik Stortinget ba om ved handsaming av Skogmeldinga.

Resultatmål og resultatindikatorar

Tilskottsmidlane til skogkultur, skogbruksplanlegging og skogsvegar over statsbudsjettet og LUF blir gitt som ei rammeløyving til fylka, jf. og er omtalt ved tidlegare høve, seinast i St.prp. nr. 1 (1998-99).

Det er utarbeidd særskilde tilskottsreglar for desse ordningane og støtte til transporttiltak. For å følgje opp det nye økonomireglementet og evalueringa av nokre av ordningane, vil regelverket for nokre av ordningane bli revidert.

For å sikre god måloppnåing styrer departementet verksemda m.a. etter resultatmål og –indikatorar knytt til oppbygging av kvalitetsskog, infrastrukturen i skogbruket, miljøtilpassingar i skogbruket og auka og breiare utnytting av skogressursane.

Merknader til dei einskilde postane

Post 50 Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket

Departementet gjer framlegg om ei løyving på vel 12 mill. kr under posten for 2000. Løyvinga skal dekke forvaltningsstøtte og andre oppdrag for det offentlege.

Fleire forskingsinstitusjonar utfører viktige oppgåver for Landbruksdepartementet innanfor institusjonane sine fagområde. Institusjonane gir råd og gjer utgreiingar som ligg til grunn for politiske og forvaltningsprega tiltak både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Departementet vil framleis understreke behovet for medverknad frå institusjonane i samband med internasjonale prosessar som gjeld skog og skogbruk.

Norsk institutt for skogforskning (NISK) er spesielt engasjert i kartlegging av miljøaspekt ved skogbehandling og genetikk knytt til skog.

NISK har ei mengd feltforsøk som har stor skogpolitisk verdi. Det er av stor verdi å halde fram dette arbeidet både vitskapleg og som grunnlag for framtidig politikkutforming og forvaltning.

Overvåkingsprogrammet for skogskadar er Noregs bidrag i eit internasjonalt opplegg for skogovervaking som gir grunnlag for internasjonale vedtak og tiltak mot moglege skadeverknader av luftforureiningar. Programmet blei starta i 1986 for å følgje utviklinga i skoghelsa. Det er viktig å føre vidare overvåkingsprogrammet.

Post 51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket

Vedtektene for Utviklingsfondet for skogbruket blei fastsette ved kgl res av 25.2.77. Det hadde tidlegare vore ei refusjonsordning for bensinavgift ved bruk av motorsag i skogbruket. Ved tariffoppgjeret mellom Skogbrukets Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund for 1976-78 gav arbeidsgivarane kompensasjon for bensinavgifta. Tilsvarende skulle ein årleg sum bli stilt til rådvelde frå staten til utviklingstiltak i skogbruket. Tilskottet skal løyvast til Utviklingsfondet for skogbruket og blir disponert av eit styre med medlemmar frå Skogbrukets Landsforening, Norges Skogeierforbund, Norsk Skogbruksforening og Landbruksdepartementet.

Post 71 Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 128 mill. kr på denne posten i 2000. I tillegg kjem løyvinga over LUF (kap. 1150) til dei langsiktige investeringane i skogbruket på 128 mill. kr og midlar som blir brukte til skogbrukstiltak frå BU-fondet. Samla gir dette ei auke i løyvingane på 20 mill. kr i høve til 1999.

Regjeringa legg avgjerande vekt på å sikre eit tilfredsstillande nivå på dei langsiktige investeringane i skogbruket. Tilskott til skogkultur og til utbygging av hovudvegnettet blir derfor prioritert innanfor den totale ramma av midlar til skogbruket. For å få til eit tilfredsstillande investeringsnivå på desse områda, er det nødvendig å stimulere

Landbruksdepartementet

skogeigarane til å auke investeringane i skogen. Med dette som utgangspunkt legg ein opp til ei fordeling av tilskott på dei einskilte tiltaka under denne posten slik det går fram av tabellen under. Til samanlikning er tala frå rekneskapen i 1998 og løyvingane for 1999 tekne med.

Tiltak	(mill. kr)		
	Rekneskap 1998	Løyving 1999	Framlegg 2000
Skogkultur	107	99	101
Skogsvegar	2	2	2
Transport	8	4	5
Verdiskapingstiltak	7	11	20
Sum	124	116	128

Skogkultur

Med tilskottet til skogkultur ønskjer ein å stimulere til etablering og oppbygging av kvalitetsskog. Det er i tabellen under sett opp tal for nyplanting, rydding og avstandsregulering og samla investeringar i skogkultur dei seinaste åra, venta tal for 1999 og mål for 2000.

Skogkultur	1996	1997	1998	1999	2000
Nyplanting, 1000 daa	218	206	209	210	215
Rydding og avstandsregulering, 1000 daa	412	390	407	435	435
Investeringar i alt, mill. kr	263	243	278	280	285

Skogavgiftsordninga er framleis det viktigaste verkemidlet for skogeigarane til å foryngje areala etter hogst.

Løyvinga til skogkultur blir særleg nytta til tiltak for å auke kvalitetsproduksjonen i skogen. I første rekkje gjeld dette tiltak i ungsbogen, der ein særleg legg vekt på ugrasrydding, avstandsregulering og stammekvisting. Ein vil òg leggje vekt på produksjon av kvalitetsvirke av lauv. I kontrollane dei seinaste åra har ein avdekka mange dårlege skogforyngingar. Det er derfor gitt høve til å gi tilskott til skogplanting på Austlandet att. Ein har òg gjeve dispensasjon frå tilskottsforskrifta for å kunne gje inntil 20 pst. tilskott på dei større skogeigedomane på Austlandet og i Aust-Agder. I framtida tek ein sikte på å jamstille dei store skogeigedomane med dei mindre med omsyn på tilskott. Det blir opp til det einskilte fylke å fastsette tilskottssatsane slik at ein får størst mogleg effekt av midlane.

For å auke interessa for å investere i skogkultur blir noko av løyvinga nytta, saman med midlar frå LUF, til informasjons-, opplærings- og rådgjevingstiltak retta mot den einskilte skogeigar.

I 1998 blei om lag 800 000 kr av løyvinga brukt til skjøtsel av biotopar for truga og sårbare artar. Ein tek sikte på å vurdere effektane av ordninga nærare med tanke på moglege forbetringar. Etter kvart blir det aktuelt å sjå denne ordninga i samanheng med utvikling av verktøy for registrering av miljøkvalitetar i skog, jf. omtale under post 76.

Skogsvegar

Tilskott til bygging av skogsvegar vil i hovudsak bli gitt over løyvinga frå Landbrukets utviklingsfond. Departementet legg opp til at løyvinga for 2000 skal førast vidare på same nivå som i 1999.

Bygging av skogsvegar legg grunnlaget for ei god utnytting av skogressursane. I samband med Stortinget si behandling av Skogmeldinga, var det semje om at skogsvegane er viktige for verdiskaping og sysselsetting i skognæringa. Samtidig er vegbygging mykje drøfta i høve til miljø. Stortinget ga si tilslutning til dei vurderingane som er gjort i Skogmeldinga når det gjeld behov for nybygging og ombygging av skogsvegar. Innstillinga peikar og på at miljøomsyn må vektleggjast meir i samband med skogsvegar. Dette slutta Stortinget seg til. Departementet vil ut frå dette endre føresegn som gjeld planlegging og godkjenning av vegar for landbruksformål.

Landbruksdepartementet

Departementet vil i samband med ein gjennomgang av regelverket for vegbygging sjå på føresegnene som gjeld tilskott til skogsvegbygging. Hovudvegnettet skal prioriterast ved løyving av tilskott, og traktorvegar skal som hovudregel finansierast ved eigenkapital og ein meir aktiv bruk av skogavgiftsordninga.

Tabellen nedanfor syner m.a. vegbyggingsaktiviteten dei seinare åra og venta aktivitet i 1999 og 2000.

Skogsvegar	1995	1996	1997	1998	1999	2000
Nybygging bilvegar, km	376	303	284	290	300	300
Ombygging bilvegar, km	436	327	359	503	380	400
Bilvegar i alt, km	812	630	643	793	690	700
Nybygging traktorvegar, km	903	832	745	706	750	850
Investeringar i alt, mill. kr	185	170	152	178	170	180

Det kan òg gis tilskott til kombinerte vegar som er til nytte for både skogbruk, jordbruk og utmarksnæring.

Transport

Formålet med løyvinga er å stimulere avsetnaden av tømmer frå område som ligg langt frå industrien. Direkte transporttilskott blei frå og med 1996 avgrensa til dei nordlegaste delane av landet. Ein stor del av tømmeret på Vestlandet må transporterast med båt. Dette krev at ein har tilgang på egna kaier. Med støtte frå denne løyvinga har ein fått bygd ut ein god del slike anlegg, men departementet ser det som nødvendig framleis å kunne bruke ein del av løyvinga over denne posten til bygging av nye og utbetring av gamle og dårlege kaier.

Verdiskapingstiltak

Det er eit potensial for auka verdiskaping og sysselsetjing knytt til auka utnytting av trevirke. Furu- og lauvtreressursane er i dag dårleg utnytta. Verdiskaping basert på eit mangfald av ressursar er viktig for å sikre eit mangfald i skognaturen. Bruk av trevirke er samtidig sentralt i arbeidet med aktiv utvikling av berekraftige produksjons- og forbruksmønster.

Verdiskapingsprogrammet har til formål å bidra til å auke skogsektoren sitt bidrag til verdiskaping og til meir berekraftig produksjon og forbruk. Satsinga skal fokusere på auka foredling av trevirke, auka bruk av trevirke og betre koplingar mellom skogbruk og marknad. Ei arbeidgruppe vil hausten 1999 greie ut strategi, gjennomføring og finansieringsbehov for programmet som skal vere operativt innan 2. kvartal år 2000. Gruppa består av representantar for ulike delar av næringa verkemiddelapparatet og forvaltninga, og blir leia av Statens Landbruksbank. Forslag til løyving til produktutvikling blir på bakgrunn av dette auka frå 11 mill. kr til 20 mill. kr. Det eksisterande programmet *Trevirke og Treindustri – Verdiskaping og Foredling* (TTVF-programmet) vil inngå i satsinga.

Post 76 Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket

Ein gjer framlegg om ei løyving på vel 23,2 mill. kr på post 76. Løyvinga blir nytta til ulike ressurs- og miljøtiltak, som tiltak for å betre miljøtilpassingane og frø- og planteforsyninga i skogbruket, til ressursregistreringar og til informasjonstiltak.

I samband med innføringa av nytt økonomireglement for staten vil det bli fastsett retningslinjer for forvaltninga av midlane over post 76 i 1999.

Miljøregistrering i skog

Departementet starta i 1997 eit prosjekt for å registrere og kartleggje miljøverdiar som er særleg viktige for det biologiske mangfaldet i skog. Siktemålet er å utvikle eit verktøy for registrering av miljøverdiar som kan nyttast i skogbruksplanlegginga. NISK har fått ansvaret for gjennomføringa av prosjektet, som har ei brei kontaktflate mot ulike forskingsmiljø, forvaltning og det praktiske skogbruket.

Biologiske registreringar krev mykje ressursar, og det vil vere rasjonelt om ein kan finne viktige leveområde for biologisk mangfald ved hjelp av indikatorar som er enkle å registrere. Prosjektet har forskingsfelt i ulike skogtypar og regionar, der 70-80 spesialistar frå ei rekke institusjonar har kartlagt fordelinga av forskjellige organisme-grupper i landskapet, og kople dette til samansettinga av skogen og lokal skoghistorie.

Departementet legg til grunn at hovuddelen av arbeidet i prosjektet skal gjerast innan slutten av 2000. Forskingsresultata og erfaringane med miljøregistreringar i prøve-områda skal gi grunnlag for ein praktisk metodikk for feltregistrering av egna indikatorar. Metodikk og registreringsinnhald vil variere i ulike delar av landet, og det er viktig at den nye kunnskapen blir nytta raskt og effektivt. Det er derfor nødvendig med ei oppfølging i eitt til to år etter dette for at miljøregistreringane skal takast i bruk i skogbruksplanlegginga på ein rasjonell måte. Ein treng tid til å analysere det store materialet som er samla inn for å greie ut om resultata gir grunnlag for råd om skjøtselstiltak, og for å få informasjon ut til skogbruket. Det må derfor i 2000 leggjast stor vekt på formidling og opplæring ut frå dei resultata som kjem frå prosjektet.

Prosjektet blei i 1998 utvida til òg å omfatte registrering av kulturminne i skog, og feltarbeidet går føre seg i seks forsøksområde på Austlandet. Ei registrering av konkrete miljøverdiar, saman med ein allereie etablert resultatkontroll av skogbrukstiltaka, oversiktsplanlegginga i skogbruket og skogbruksplanlegginga, står sentralt i arbeidet for å ta vare på miljøverdiar i skog. Departementet legg til grunn at hovuddelen av arbeidet i kulturminneprosjektet skal gjerast innan slutten av 2001.

Frø- og planteforsyning og genressursbevaring

Det vil innanfor posten bli gitt støtte til Det norske Skogfrøverk for å sikre dei langsiktige oppgåvene innan frøforsyninga. Det vil for 2000 bli prioritert midlar til frø- og konglesanking frå klimautsette område, samt til frøavl og arbeid for å sikre dei genetiske ressursane i skogane.

Den auka satsinga på bevaring av skogstrea sine genressursar er ein del av den samla satsinga som departementet gjer på dette området, og er òg eit prioritert område i det nordiske samarbeidet.

Innanfor ramma vil ein òg sikre ressursar til nødvendige forvaltningsoppgåver innan frø- og planteforsyninga. Det vil bli lagt særleg vekt på informasjons- og opplysnings-verksemd med tanke på auka bruk av foredla frø- og plantemateriale.

Informasjonstiltak og kunnskapsoppbygging

Under posten vil ein bruke midlar for å skaffe fram meir kunnskap om korleis skogbruket kan verne om sårbare artar og økosystem. Informasjonstiltaka rettar seg både mot samfunnet generelt, mot rådgjevarane i skogbruket og mot den einskilde skogeigar. Særleg blir det lagt vekt på å nå ut til utøvarane i næringa med kunnskap om skogøkologi og korleis dei kan ta omsyn til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv i verksemda si.

Tilskott til organisasjonar

Innanfor løyvinga tek departementet sikte på å tildele vel 1,1 mill. kr i grunnstøtte til organisasjonane Det norske Skogselskap (600 000 kr), Stiftelsen Det norske arboret på Milde (360 000 kr) og organisasjonen Jenter i Skogbruket (170 000 kr). Tilskotta tek sikte på å medverke til å halde oppe aktiviteten i organisasjonane, som alle arbeider innanfor det skogpolitiske området.

Kap 1143 Sentral landbruksforvaltning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
01	Driftsutgifter			110 101
70	Tilskott til beredskap i kornsektoren			19 000
71	Omstillingsstøtte til slakteri			19 006
	Sum kap 1143			148 107

Innleiing

Stortinget har vedtatt at Statens Kornforretning, Omsetningsrådet, Fraktkontoret for slakt og deler av Statens Landbruksbank skal samordnast, jf. Innst.S. nr. 89 (1998-99). Landbruksdepartementet legg opp til at den nye verksemda blir eit ordinært statleg forvaltningsorgan underlagt departementet og budsjettert på 01-post. Ein tek sikte på å iverksette omorganiseringa frå 1.7.2000.

I tråd med St.prp.nr. 75 (1998-99) legg ein opp til å endre budsjetteringa av Statens Kornforretning frå 1.1.2000. Landbruksdepartementet foreslår at det blir oppretta eit nytt kap. 1143 Sentral landbruksforvaltning. Kap. 1143 post 01 omfattar administrasjonsutgiftene i Statens Kornforretning og utgifter til administrasjon av marknadsordninga for potet. Landbruksdepartementet vil kome attende til Stortinget våren 2000 om verksemda i den nye samordna forvaltningseininga.

Endra budsjettering av Statens Kornforretning frå 1.1.2000 inneber at budsjetteringa av marknadsordninga for korn (tidlegare kap. 1150 post 76.11) blir lagt om. Driftsrekneskapen til Statens Kornforretning (kap. 2472 post 24) og marknadsordninga har til no vore kopla saman. Frå 2000 legg departementet opp til å føre staten sine inntekter og utgifter knytt til kjøp og sal av norsk korn i eit statleg fond på jordbruksavtalen, jf. kap. 1150 post 50.14. Kap. 2472 Statens Kornforretning på forretningsområdet i statsbudsjettet fell derfor bort.

Mål og strategiar

Statens Kornforretning har etter omorganiseringa i 1994/95 forvalta fleire viktige landbrukspolitiske verkemiddel. Frå 1996 har etaten vore eit viktig bindeledd mot regional statleg landbruksforvaltning.

Statens Kornforretning forvaltar den statlege kjøpeplikta for norsk korn og dei andre verkemidla knytt til marknadsordninga for korn, fører tilsyn med kornmarknaden nasjonalt og internasjonalt og forvaltar Lager- og tørkefondet. Statens Kornforretning sikrar førehandslagring av nødvendige mengder av såkorn, fôrkorn, matkorn, mjøl, kraftfôr, sukker og berlinerblått i tråd med beredskapsmåla.

Statens Kornforretning forvaltar òg det tollbaserte grensevernet for jordbruksprodukt etter nasjonale retningslinjer og i samsvar med WTO-avtalen. Forvaltninga omfattar ordningar for aktiv foredling, eksport-restitusjon, catering, omarbeidde jordbruksprodukt (RÅK), konserverindustrien og administrasjon av tollkvotar. Etaten overvaker utviklinga i import- og marknadssituasjonen for ei rekkje landbruksvarer.

Statens Kornforretning forvaltar ei rekke tilskott over jordbruksavtalen, m.a. produksjonstilskott husdyr, areal- og kulturlandskapstilskott, velferdsordningar og tilskott til endra jordarbeiding og er sekretariat for Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjoen, klagenemda for kvoteordninga i mjølkeproduksjonen og for ankenemnda i kornoppgjera.

Landbruksdepartementet

Statens Kornforretning har i fleire år vore inne i ei sterk omstilling med aktiv oppfølging frå departementet. I år 2000 vil omorganiseringa av forvaltninga vere ei sentral utfordring.

Departementet viser til kap. 2472 for resultatrapport for Statens kornforretning for 1999.

Budsjettframlegg 2000**Post 01 Driftsutgifter**

Departementet gjer framlegg om ei løyving på kap. 1143 post 01 på vel 110 mill. kr for 2000. Framlegget skal dekkje administrasjonsutgifter i Statens Kornforretning og utgifter knytte til administrasjon av marknadsordninga for potet.

Løyvinga på posten er basert på overføringar frå andre kapittel og tekniske justeringar knytt til endra budsjettering av Statens Kornforretning, jf. tabellen nedanfor.

		(1 000 kr)
Overført frå kap/post	Nemning	Beløp
1146/01	Sekretariatet for Landbruksregisteret overført frå NIJOS	800
1150/50-78	Flytting av driftsløyving	80 044
2472/24	Flytting av driftsløyving	22 157
	Auka utgifter som følgje av auka inntekter	7 100
	Sum framlegg post 01	110 101

Deler av administrasjonsutgiftene i Statens Kornforretning har til no vore dekt over postar på jordbruksavtalen. I tråd med St.prp. nr. 75 (1998-99) gjer ein framlegg om å flytte om lag 80 mill. kr frå kap. 1150 til kap. 1143, jf. òg tabell under kap. 1150, s. 137. Ein gjer òg framlegg om å flytte løyvinga til administrasjon på kap. 2472 post 24 til kapitlet. Ein legg opp til å flytte sekretariatet for Landbruksregisteret frå NIJOS til Statens Kornforretning og aukar derfor posten med 0,8 mill. kr. I tillegg blir budsjettet korrigert for tekniske endringar med samla 7,1 mill. kr som følgje av endra budsjettering av verksemda ved overgang frå netto- til bruttobudsjettering.

Oppgåver som i 1999 ligg i Statens Landbruksbank og som ikkje skal førast over til SND, vil bli budsjettert på kapitlet. Ein vil kome tilbake til dette i eit tillegg til St.prp.nr.1 (1999-2000).

Statskonsult har på oppdrag frå departementet gjennomgått oppgåvene i departementet ut i frå kva slags funksjonar eit departement skal ha. Særskilt har ein sett på kva slags oppgåver som kan flyttast ut av departementet til ytre verksemder. Innanfor budsjettframlegget er det lagt opp til at ei rekkje oppgåver overførast frå departementet til den nye eininga frå 1.7.2000 jf. nærare omtale under kategori 15.00 og kap. 1100.

Ein legg òg opp til at utgifter knytt til interimorganisasjonen som er oppretta for å førebu den nye forvaltningseininga, blir dekt over posten.

Landbruksdepartementet vil kome attende til Stortinget våren 2000 med dei budsjettmessige, administrative og personalmessige konsekvensane av etableringa av den nye forvaltningseininga.

Post 70 Tilskott til beredskap i kornsektoren

Ein gjer framlegg om at midlar til kornberedskap m.m. blir flytta frå kap. 1150 post 76.11 til posten. Tiltaka som blir finansiert over løyvinga er ein del av den sivile matberedskapen i Totalforsvaret og er såleis ikkje ein del av jordbruksavtalen.

I 2000 legg departementet vekt på å følgje opp St.meld. nr. 25 (1997-98), *Langtidsplan for det sivile beredskap 1999-2002*. Det vil bli gjennomført risiko- og sårbarhets-

Landbruksdepartementet

analyser av matvareberedskapen i Nord-Noreg, jf. kap. 2.3.2. I samband med dette vil beredskapsordninga i Nord-Noreg bli vurdert.

På bakgrunn av St.meld.nr. 25 (1997-98) legg departementet til grunn at kravet om å halde 6 md. lager av matkorn/mjøl og 3 md. lager av fôrkorn/kraftfôr pr. 1. juli gjennom forsert import blir avvikla.

Departementet gjer framlegg om at ordninga med beredskapslagring av såkorn blir avvikla. Dette vil redusere utgiftene knytt til beredskap med 6 mill. kr.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på kap. 1143 post 70 på 19 mill. kr for 2000.

Post 71 Omstillingsstøtte til slakteri

Frå 1.1.99 blei finansieringa av kjøttkontrollen lagt om slik at slakteria betaler for dei faktiske kostnadene for tilsyn eller slakte- og tilsynsplanar, jf. kap 1114. Strukturelle skilnader i næringa gjer at enkelte verksemdar får større kostnader enn andre på grunn av omlegginga. Ordninga med omstillingstilskott skal derfor medverke til å jamne ut kostnadene som slakteria har til kjøttkontroll. Ordninga er særleg retta inn mot at små slakteri med høge kostnader til kjøttkontroll over tid kan tilpasse seg den nye finansieringsmodellen. Departementet gjer framlegg om ei løyving på vel 19 mill. kr. i 2000. Dette er ein reduksjon på 1 mill. kr frå 1999.

Kap 4143 Sentral landbruksforvaltning

				(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
01	Driftsinntekter m.m.			2 200
80	Renteinntekter			1 759
	Sum kap 4143			3 959

Som følge av at ein legg opp til å endre budsjetteringa av Statens Kornforretning frå 1.1.2000, gjer ein framlegg om at inntekter knytt til drift og utlansverksemd blir budsjettert på kapitlet. Tollinntekter blir som før budsjettert på kap. 5511.

Post 01 Driftsinntekter (Ny)

Løyvinga gjeld driftsinntekter som Statens Kornforretning har knytt til sal av tenester og utleige av kontorplassar. Inntekter frå gebyr blir òg ført på posten. Departementet gjer framlegg til ei løyving på 2,2 mill. kr.

Post 80 Renteinntekter (Ny)

Løyvinga gjeld renteinntekter på utlån som Statens Kornforretning forvaltar, m.a. utlån til Lager og tørkefondet. Departementet gjer framlegg om ei løyving på vel 1,7 mill. kr.

Kap 1145 Jordskifteverket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
01	Driftsutgifter	114 742	128 005	130 795
	Sum kap 1145	114 742	128 005	130 795

Mål og strategiar

Jordskifterettane er landsdekkjande særdomstolar med oppgåver forankra i jordskiftelova. Lovendringa i 1998 la nye domstoloppgåver til jordskifterettane og gjorde sakshandsaminga meir lik dei vanlege domstolane. Domstolar arbeider berre med lovheimla oppgåver og dei tek ikkje opp saker av eige tiltak. Dei kan ikkje vise frå seg saker utan lovheimel. Partane styrar innhaldet i kvar einskild sak. Retten brukar dei lovheimlane han rår over, for å avgjere tvistar og løyse problema i saka.

Hovudoppgåver og mål for jordskifteretten er :

- dei tradisjonelle jordskifta skal gjere eigedomane betre skikka for utnytting. Ingen part i slik sak kan påførast privatøkonomisk tap. Målet er å tilpasse rettar og eigedomsutforminga, transportnett med meir til framtidas behov,
- rettspleie i form av saker om eigedoms- eller bruksrettsgrenser og for å klarleggje og ta avgjerder i saker om uklåre eigedoms – og bruksrettsstilhøve. Målet er å skape ro om eigedomstilhøva og å ta bort tvil om eigedomstilhøve som hindrar eigarane i bruken av ressursane. Når det gjeld slike tilhøve, kan grunneigarane velje mellom dei vanlege domstolane og jordskifteretten og
- grunnerverv gjennom arealbytte og skjønn i ei og same sak. Lovgrunnlaget for desse oppgåvene blei utvida frå offentleg veg og jernbane til alle typar tiltak ved lovendringa i 1998. Jordskifteretten har likevel ikkje heimel til å ta slike saker i tettbygde område. Eit av måla er å redusere tiltaket sine skadeverknader for dei eigedomane det gjeld. Arealbytte (makeskifte) kan sette eigarane i stand til å halde fram med bruken av eigedomane trass i at dei avstår areal til tiltaket. Eit anna mål er å gi tiltakshavar eit alternativ til erstatning i pengar.

Andre mål er

- reduksjon i restansar og
- auka kostnadseffektivitet i etaten

Omfanget av sakene kan variere frå nokre dagsverk til fleire årsverk. Jordskifterettane avgjer rettsspørsmål og vedtek tiltak mellom grunneigarar og rettshavarar som gir meir rasjonelle bruk, merker og rapporterer grenser og lager eigedomskart. Ein etat sikrar ei effektiv ressursutnytting ved å delta gjennom heile prosessen, og grunneigarane får utført dei nødvendige offentlege tenester knytt til eigedomsendringane i ein instans.

Resultatrapport 1998

Overslag og erfaring viser at løyving til Jordskifteverket på om lag 130 mill. kr gir ei verdiskaping på minst 250 mill. kr i form av auka produktivitet og sysselsetting i distrikta.

På landsbasis har hovudtrekka dei seinare åra vore stabilitet i saksmengde, saksavvikling og sakstilgang. Resultata i 1998 viser ein svikt på om lag 20 pst. i talet på avslutta saker i høve til eit normalår. Den reduserte aktiviteten kom etter kraftige innsparingstiltak som var nødvendige for å halde eit elles stramt budsjett. I tillegg til hovudmåla er reduksjon av restansar og auka kostnadseffektivitet i etaten sett opp som

Landbruksdepartementet

eigne mål. I 1998 er restansane auka. Partane har hand om kva for problem som skal løysast og det verkar inn på arbeidsmengda. Statistikken viser at det blei avslutta totalt 818 saker i 1998, fordelt med 751 saker ved jordskifterettane og 67 saker ved jordskifteoverrettane. Dette er ein reduksjon på 285 saker i høve til 1997. Den positive utviklinga i talet på omformingssaker i høve til reine grensefastsetjande saker har halde fram. Sakene omfatta totalt 6 490 partar. Gjennomsnittsalderen på avslutta saker viser ein liten auke frå 2,6 år i 1997 til 2,7 år i 1998. Det er dagsaktuelle saker, t.d. fellestiltak, jordfordelingssaker og samferdselsjordskifte, som blir prioritert. Desse sakene gir ofte monalege kostnadsreduksjonar.

Budsjettframlegg 2000

Departementet gjer framlegg om ei driftsløyving på 130,8 mill. kr. Jordskifteverket blei i 1999 prioritert med ein auke i driftsbudsjettet på om lag 19 mill. kr i høve til budsjett for 1998 slik at Jordskifteverket kan bli nytta meir aktivt på nye område og for å redusere ventetida for gjennomføring av saker.

I lovendringa ligg dei viktigaste styringssignala for Jordskifteverket. Som følgje av lovendringa kan myndigheiter som har ekspropriasjonsheimel krevje jordskifte dersom dei ser det som tenleg å yte erstatning i areal i staden for pengar. Tidlegare kunne berre vegstyresmaktene og Jernbaneverket krevje slikt skifte. Vidare opnar lovendringa for at offentlege myndigheiter og grunneigarar skal kunne krevje jordskifte knytt til rådveldesinnskrenkingar. Departementet viser i den samanheng til det pågåande arbeid med gjennomføring av barskogvernet og at Stortinget slutta seg til bruk av jordskifte i handsaminga av barskogvernmeldinga. Revisjonen inneber òg ei rekkje andre endringar.

Lovvedtaket tilfører Jordskifteretten fleire domstoloppgåver. Dei grunnleggjande statsforfatningsrettslege prinsippa om domstolane gjeld og for jordskifteretten. Eitt av desse prinsippa knytte seg til borgarane sine krav om rettstryggleik. Det må og vere ein føresetnad at dei nye oppgåvene (skjønne), så langt som mogleg, blir løyst innanfor tilsvarande tidsrammer som ved dei ordinære domstolane.

Det er aukande interesse for arealbytte ved gjennomføring av større offentlege planar. Departementet viser til Jernbaneverket, som i samband med innføring av planane om innføring av krengetog, vurderer å leggje ned om lag 2 000 private planovergangar. Det blir vurdert å gjennomføre store delar av nedlegginga av planovergangar ved jordskifte. Naturvernstyresmaktene ønskjer å bruke avtalebasert jordskifte ved gjennomføring av utvida barskogvern. Makeskifte er nemnt som eit avbøtande tiltak når Forsvaret skal etablere nytt regionsøvingsfelt på Austlandet. Desse oppgåvene vil i tilfelle krevje ein monaleg innsats frå jordskifteretten.

Landbruksdepartementet har starta eit arbeid med sikte på å tilpasse Jordskifteverket sin organisasjon til dei endringane i oppgåver og arbeidsmåtar som følgjer av revisjonen av jordskiftelova. Konkrete forslag bygd på dette arbeidet kan tidlegast fremmast i år 2000.

Utviklinga på IT-området vil vere særskild viktig for å betre informasjonsutvekslinga og effektivisere arbeidet i etaten. For raskare framstilling av jordskifte- og temakart, blir det og satsa på samarbeid med fylkesmennene om geodata (GIS) både fagleg og økonomisk. Det blir vidare satsa på økt bruk av GPS-utstyr som medverker til ei effektivisering av markarbeidet. Ein vil i 2000 halde fram arbeidet med å effektivisere økonomiforvaltninga.

Kap 4145 Jordskifteverket

(i 1 000 kr)			
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999 Framlegg 2000
01	Saks- og gebyrinntekter	6 093	13 407
05	Refusjon, utgifter til målehjelp	1 509	1 014
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	225	
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	1 469	
17	Refusjon, lærlinger	15	
Sum kap 4145		9 311	14 421
			14 802

Post 01 Saks- og gebyrinntekter m.m.

Posten omfattar inntekter ved innkrevjing av gebyr frå partane og refunderte utgifter til målehjelp. Partane ber i tillegg ei rekkje utgifter som t.d. godtgjersle til meddommarar, målearbeid, grensemerker og eigen innsats ved førebuing til rettsforhandlingar. Vedtak av Ot.prp. nr. 5 (1998-99) om auke og endring i gebyrreglane i Jordskiftelova inneber at det skiljast mellom gebyr og såkalla sideutgifter ved saker som hittil har vore betalt av Jordskifteverket.

Av ei samla utgift under kap. 1145 post 01 på 1,2 mill. kr til målehjelp vil om lag 0,9 mill. kr bli dekt av partane i form av sakskostnader, inntektsført på kap. 4145 post 01. Nettoutgift til målehjelp blir då 0,3 mill. kr.

Kap 1146 Norsk institutt for jord- og skogkartlegging

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
01	Driftsutgifter	67 163	58 588	58 861
	Sum kap 1146	67 163	58 588	58 861

Mål og strategiar

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) skal dekkje det behov samfunnet har for grunnleggjande data om jord, skog, vegetasjon og landskap for å sikre berekraftig utnytting av landbaserte naturressursar.

NIJOS skal levere den standardiserte ressurs- og miljøinformasjon som brukarane i den offentlege forvaltninga og næringslivet treng. Betre tilgang på standardisert informasjon er særleg viktig innan følgjande område:

- produksjon av trygg mat
- verdiskaping og levande bygder
- sikring og vidareutvikling av miljøverdiane der omsynet til kulturlandskap og biologisk mangfald står sentralt
- langsiktig forvaltning av ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon
- innsyn, rettstryggleik og desentralisering i offentleg sektor
- kvalitetssikring av offentlege vedtak

Ut frå dette har NIJOS ansvar for innsamling, forvaltning og formidling av landsdekkjande standardiserte data: Landsskogtaksering, skogskadeovervaking, kartlegging av jord- og utmarksressursane og landsdekkjande markslagsinformasjon. Vidare har NIJOS som oppgåve å lage brukartilpassa informasjon og analysar. NIJOS skal og vere landbruket sitt kompetansesenter innafor fleire fagområder.

Resultatrapport 1998*1. Landsskogtaksering og overvaking*

Dette rapportområdet utgjer om lag 33 pst. av verksemda ved NIJOS.

Dei mål som blei fastsett for innsamling, forvaltning og formidling av data er nådd for landsskogtaksering, overvaking av skogskader og overvaking av kulturlandskap. Datafangst er utført på 1/5 av dei landsdekkjande permanente prøveflatene i Landsskogtakseringa, og på alle flater i overvaksingsprogrammet for skogskader. Fylkesvise takstrapportar er ferdigstilt i fem fylke. Overvakinga av kulturlandskap er gjennomført i Østfold, Vestfold og Akershus.

Informasjonen frå Landsskogtakseringa og skogovervakinga er brukt som grunnlag for verdiskaping basert på skogressursane, forvaltning av biologisk mangfald og andre miljøgode, og skogressursforvaltninga i klimasamanheng. Data frå Landsskogtakseringa og skogovervakinga er rapportert internasjonalt og utgjer eit viktig grunnlag for internasjonalt samarbeid om ressurs- og miljøforvaltninga.

2. Markslagsdata, jord-, vegetasjon- og landskapsdata

NIJOS har i 1998 produsert 12 600 km² digitalt markslagskart (DMK) mot ei målsetjing på 18 000 km². Det er produsert mindre enn planlagt fordi tilgangen på grunnlagsdata ikkje har vore gode nok. Det er ajourført DMK for ca. 915 km². DMK er ein viktig del av den nasjonale infrastrukturen av kartdata og blir nytta av fylke, kommunar og andre offentlege og private etatar til arealplanlegging og lov- og tilskottsforvaltning.

I 1998 blei det kartlagt 290 km² jordsmonn, som var målet. Jordsmonndatabasen ved NIJOS dekkjer no 3 860 km², noko som utgjer ca. 1/3 av jordbruksarealet i Noreg. Kartleggingsarbeidet er prioritert til dei mest erosjonsutsatte areala og det er utvikla og

Landbruksdepartementet

levert temakart for spesielle brukarbehov. NIJOS har og kartlagt i andre område, mellom anna for å kunne bruke jorddata i jordvernarbeidet.

Arbeidet med Informasjonssystem for beitebruk i utmark er i gang i 8 fylke. Det er laga opplegg for registrering av biologisk mangfald i gardskart.

Handbok i landskapsregistrering er fullført. Det er gjennomført eit prosjekt kring samanhengen mellom landbruk og landskapsutvikling til bruk mellom anna i internasjonal rapportering.

3. Andre rapportområde

Desse rapportområda omfattar ca. 21 pst. av verksemda.

Register for landbrukseigedomar og driftseiningar omfattar Landbruksregister, Jordregister og verktøy for å gi tilgang til landbruket sine data gruppert etter eigedoms- og bruksstruktur. Drifta av Landbruksregisteret er gjennomført som planlagt, og det er produsert jordregister for 15 kommunar. Utvikling av eit verktøy for kombinert bruk av kart og registerdata (LGIS) er gjennomført som planlagt. Det er haldne introduksjons- og rådgevingsseminar i 10 fylke.

NIJOS har levert karttenester og GIS-tenester til Jordskifteverket med sikte på meir målretta og effektiv gjennomføring av jordskiftesaker. NIJOS har òg levert andre forvaltningstenester, m.a. knytt til standardisering og samordning av naturressursdata.

Aktiviteten har vore stor innan nasjonal standardisering for utveksling av naturressursdata. NIJOS målber og tek vare på landbruket sine interesser med omsyn til standardisering og samordning av naturressursdata. NIJOS er og kompetansesenter for skogbruksplanlegging, og forvaltar m.a. standardar og samordnar data innanfor fagområdet.

Budsjettframlegg 2000

I budsjettframlegget er det tatt omsyn til at sekretariatansvaret for Landbruksregisteret skal overførast frå NIJOS til Statens Kornforretning frå 1.1.2000. Det er derfor overført 0,8 mill. kr til kap. 1143.

Næringslivet og den offentlege forvaltninga treng ressursdata i arbeidet med auka verdiskaping og auka lønsemd, for meir målretta miljøtiltak og betre langsiktig ressursforvaltning. Berre med grunnlag i ressurskunnskap er det mogeleg å tilpasse aktiviteten til naturtilhøva og utvikle berekraftige næringar. Det er stort behov for både å tilretteleggje dei data som er samla inn, og for å samle inn nye og kompletterande data.

1. Landsskogtaksering og overvaking.

NIJOS skal skaffe landsomfattande representative data om skogressursar, arealbruk og miljø samt endringar over tid som grunnlag for ei berekraftig forvaltning av skogressursane. I landsskogtakseringa skal 1/5 av dei landsdekkjande permanente flatene takserast.

Det skal gjevast ut følgjande informasjon: Skog 2000 – ressuroversyn, overvakeringsrapport – skogskader og rapport om resultatkontroll skog/miljø. I samarbeidet med brukarane og forskingsmiljø skal det gjennomførast analysar av virkestilgang for verdiskaping og skogen sin verknad på klima. Det skal utarbeidast fylkesrapporter for 3 fylke, Akershus/Oslo, Aust-Agder og Nord-Trøndelag.

Internasjonalt blir Noreg, gjennom NIJOS sitt "Nasjonale referansesystem for landskap", rekna som eit føregangsland i arbeidet med å presentere landskap for ulike forvaltningsnivå. Arbeidet med referansesystemet skal førast vidare med sikte på bruk i internasjonal samanheng og bruk nasjonalt, regionalt og lokalt.

2. Markslag i økonomisk kartverk

Oversikten over ulike markslag i økonomisk kartverk er den einaste landsomfattande ressursinformasjon i stor kartmålestokk til bruk i samfunnsplanlegging, arealforvaltning og miljøtiltak. Oppretting av digitalt markslagkart må prioriterast, men det er og viktig

Landbruksdepartementet

med gode ajourføringsrutinar. NIIOS skal levere både digitale data og målretta modellar.

3. Jordsmonnkartlegging og agroøkologisk informasjon

NIIOS skal på grunnlag av dei data som blir samla inn, utvikle og levere brukar- og oppgåveretta informasjon. I samarbeid med andre skal NIIOS utvikle eit nytt datagrunnlag ved å koble saman jord- og klimainformasjon. Dette er eit nytt tiltak i landbruket som vil gi betre grunnlag enn før for å nå landbrukspolitiske mål. Klassifikasjonskart for arealberekraft (Land Capability), grunnlagsdata for einsarta verdsetting, dyrkingsklassekart for rett plantevalg, kart som syner erosjonrisiko og andre miljøtiltakskart. Jordsmonnkartlegginga skal først vidare på Austlandet og Trøndelag, samstundes med oppstart i frukt- og berdistrikta på Vestlandet og i Nord-Noreg med særleg vekt på avlingsstabilitet/vinterskader i Nord-Noreg.

Arbeidet med å samordne arealbruksdata for husdyr- og reinbeite til eit informasjonssystem for beitebruk skal fullførast i 2000.

Kap 4146 Norsk institutt for jord- og skogkartlegging

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
02	Driftsinntekter	22 550	15 380	15 786
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	670		
	Sum kap 4146	23 220	15 380	15 786

Under kap. 4146 post 02 er det budsjettert med inntekter frå oppdragsverksemd. Ein gjer framlegg om at eventuelle meirinntekter kan gi høve til å auke utgiftene under kap. 4146 post 01 tilsvarande, jf. forslag til vedtak III.

Kap 1147 Reindriftsforvaltninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
01	Driftsutgifter	17 665	21 049	23 337
45	Store utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 949	2 990	4 942
70	Tilskott til fjellstover	565	610	625
71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	16 253	12 000	12 287
Sum kap 1147		37 432	36 649	41 191

Mål og strategiar

Reindriftsforvaltninga som sekretariat skal ivareta måla i reindriftpolitikken og legge til rette for effektive tilpassingar i samsvar med gjeldande lov- og regelverk og politiske retningslinjer. Reindriftsforvaltninga har såleis ansvar for å forvalte reindriftslova og reindriftsavtalen sine verkemiddel. Reindriftsforvaltninga fungerer òg som sekretariat og utøvande organ for Reindriftsstyret og Områdestyra og har ein rådgevande funksjon i høve til næringa. Reindriftpolitikken byggjer på to sjølvstendige verdigrunnlag – ein næringspolitisk produksjonsverdi og ein samepolitisk kulturverdi. Dei reindriftpolitiske måla er samanfatta i omgrepet "*Ei berekraftig reindrift*". Med dette meines ei reindrift som har økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Desse tre måla står i innbyrdes samanheng. Økologisk berekraft gjev grunnlag for økonomisk berekraft, og saman gjev økologisk og økonomisk berekraft grunnlag for å utvikle kulturell berekraft.

For å nå måla, blir desse strategiane lagde til grunn:

- på bakgrunn av innhenta grunnlagsdata om utviklinga i lavbeitet og vektorer av dyr etter sommararbeiteperioden skal forvaltninga arbeide for nødvendige tiltak som gjev ein tilpassa reinbestand, samt kontrollere at rammene for bruk av beiteressursane vert haldne,
- arbeide for nødvendige tiltak som gjev ein tilpassa reinbestand,
- rettleiing, informasjon og sterkare deltaking i felt samt medverknad til utarbeiding av distriktsplanar som kan tene som verktøy for utvikling av næringa,
- dokumentere reindriften sine arealbruk og rettar, skape ei betre forståing for reinen si åtfærd og miljøtilpassing, og gjere dette kjent ved å opparbeide nettverk og alliansar med andre offentlege organ,
- løyse interne konflikter i reindriftnæringa,
- hjelpe til å utvikle alternativ næringsverksemd i og knytt til næringa,
- styrking av kvinnene sin posisjon i næringa,
- informasjonsverksemd retta mot omgjevnadene,
- effektivisere styringsorgana sitt arbeid,
- kompetansebyggjing i forvaltning, og i samisk språk og kultur og
- utarbeide konfliktførebyggjande tiltak i høve til andre næringsinteresser.

Resultatrapport 1998

Arbeid knytt til reindriftslova og reindriftsavtalen har stått sentralt. Rettleiing og bruken av verkemidla i reindriftsavtalen har vore retta inn mot målsetjinga om ei økologisk berekraftig reindrift.

Verknaden etter vinteren 1997 med låste reinbeite i Indre Finnmark, og øyane i Troms og i deler av Nordland skapte vesentleg meir arbeid for forvaltninga i form av administrasjon av ulike økonomiske støtteordningar. Tapet i Karasjok og Vest-Finnmark er rekna til 17 600 dyr og det er totalt betalt ut støtte med 19 mill. kr i etterkant av tapseåret 1997.

Handsaminga av søknader om rovdyrerstatning har vore svært arbeidskrevjande grunna auka rovdyrtaap og ei omlegging av erstatningsordninga. Ved at reinen finn si føde i utmark heile året gjev reindriften i seg sjølv ein auka tapsrisiko, og gjer reindriftnæringa spesielt sårbar ved å auke rovdyrstammene. I eit normalår med den noverande rovdyrbestanden står rovdyr bak om lag 70 pst. av dei totale tapa, og tapsprosenten er

på ca. 12-13 pst. av talet på rein i vårflokk. Hausten 1998 blei det utbetalt 1 mill. kr til driftseiningar i Nordland som var i ei akutt krise grunna stort produksjonstap. Tapa er i einskilde distrikt så store at grunnlaget for ei berekraftig reindrift kan kome i fare.

Reindriftslova pålegg det enkelte reinbeitedistrikt å utarbeide ein distriktsplan. Reindriftsforvaltninga har laga ein vegleiar for dette arbeidet. Vegleiaren skal takast i bruk i løpet av 1999.

Framlegg til ny distriktsinndeling i Nordland og Troms blei drøfta i Områdestyra og oversende Reindriftstyret til avgjerd. Framlegget for Nordland er tilrådd, medan distriktsinndelinga for Troms får si avgjer etter at konvensjonsforhandlingene med Sverige er slutførde. I Aust-Finnmark er det utarbeid utkast til deling av fellesbeita i beitesoner, medan Vest-Finnmark er inne i slutfasen.

Overgang til nytt økonomisystem blei starta opp i samarbeid med Skattefogden i Finnmark. Vidare er det laga ein EDB plan for å møte år 2000-problematikken.

Budsjettframlegg 2000

Den pågåande omstillingsprosessen i næringa vil krevje stor innsats òg i 2000 og då spesielt ein oppfølging av tiltaksdistrikta i Finnmark, jf. Reindriftsavtalen. Gjennomgang av reindriftslova med fokus på forvaltninga og dei meir interne tilhøva i næringa vil stå sentralt. Vidare vil revisjon av distriktsinndelinga i dei fire nordlegaste reinbeiteområda og tilhøva til grannelanda Sverige, Finland og Russland framleis krevje mykje merksemd.

Det er eit mål å gjere reindriften økologisk og økonomisk berekraftig. Reduksjon av reintalet i Finnmark, m.a. gjennom vektstrukturering av flokkane og kontrollerte vegingar og teljingar samt ein overvaking av lavbeita, vil vere eit viktig satsingsområde. Dette arbeidet krev mykje ressursar. Det må stimulerast til driftsformer med eit produktspekter som òg omfattar andre produkt enn kjøtt. Dette vil skape grunnlag for å styrkje kvinnene si posisjon i næringa, samtidig som det kan medverke til å gi reindriften eit sterkare kulturelt feste. Generelle kvinneretta tiltak i næringa vil bli vektlagt.

Konfliktførebyggjande tiltak i høve til andre interesser og internt i reindriften vil òg vere viktig. Vidare vil tiltak i høve til ein reduksjon av rovdyrtape vere sentralt. Det same gjeld informasjonsverksemd og satsing på samisk språk.

Post 01 Driftsutgifter

Posten er auka med 2,3 mill. kr eller 10 pst. i høve til 1999. Føremålet med auken er å gi reindriftsforvaltninga i Finnmark nødvendige ressursar for å nå dei reindriftpolitiske måla fastsette i reindriftsavtalen for 1999-2000.

Gjennom ei årrekke har beitesituasjonen i Finnmark stått i fokus. I reindriftsavtalen for 1999-2000 har reindriftnæringa sjølv teke ansvar for ei nødvendig tilpassing av reintalet i dei mest belasta reinbeitedistrikta i Finnmark. Distriktsstyra skal i nærare definerte tiltaksdistrikt utarbeide planar for utslakting etter fastsette vektgrenser. Samtidig blir det etablert ei ordning for innløyising av driftseiningar som skal bidra til ytterlegare reduksjon i reintalet og strukturtilpassing. Dersom desse tiltaka ikkje gir nødvendige resultat vil styresmaktene fastsetje utslaktingskrav ovanfor den einskilde driftseining med heimel i reindriftslova. Administrasjon i samband med ei gjennomføring av desse tiltaka vil i vesentleg grad tilfalle reindriftsforvaltninga i Finnmark. Løyvinga gjer at reindriftsforvaltninga blir sett i stand til å gjennomføre ein pålagd oppfølging og kontroll av tiltaka i Finnmark.

Det er sett av 3 mill. kr for å dekkje utgifter til den norsk-svenske reinbeitekommisjonen. Ordninga med kvinne og familieretta tiltak i reindriftnæringa vil bli vidareført under posten.

Ein ber om fullmakt til å overskride driftsbudsjettet med inntil kr 500 000 ved forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein, jf. forslag til vedtak IV.

Post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald

Ein gjer framlegg om ei løyving på vel 3 mill. kr til vedlikehald av konvensjonsgjerda. Posten er auka med om lag 2 mill. kr. Formålet med dette er å få tilfredsstillande kvalitet på veging av rein. I samband med tiltaksdistrikta kan distrikta bli pålagde å gjennomføre utslakting med bakgrunn i vegeresultat. Dette medfører ekstra strenge krav til dei vektene og vegesystema som blir nytta.

Post 70 Tilskott til fjellstover

Føremålet med tilskottet er å halde oppe tilbodet av gjetarhytter til m.a. reingjetarane. Ein har i dag fire statseigde fjellstover og i tillegg kontrakt med tre private om fjellstovehald. Ein føreslår ei løyving på vel 0,6 mill. kr.

Post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark

Føremålet med tilskottet er å redusere talet på rein og kanalisere ein oversysselsetjing over i andre yrke.

Reineigarane har fått tilbod om å gå over i aktiv omstilling mot å avvikle reindrifta si. Fristen for søknad om omstillingslønn var 1.9.1995 og inntaksstans var 31.12.1995. Ved inntaksstans var om lag 100 driftseiningar gått inn på omstillingslønsordninga, og det var slakta ut vel 20 000 rein. Dei siste omstillarane vil gå ut av ordninga i løpet av vinteren 2000-2001.

Det har vist seg svært vanskeleg å få omstillarar over 55 år i anna arbeid. For denne gruppa var det ikkje sett krav om aktiv omstilling. For å medverke til å gi denne gruppa ein verdig avslutning på arbeidslivet og for å hindre at dei tek opp att reindrifta vil dei kunne søkje om forlenga omstillingslønn fram til pensjonsalder. Føresetnaden for å kome inn under ordninga er at vedkomande si driftseining blir avvikla. Ordninga vil bli finansiert innanfor løyvinga til omstillingstiltak.

For å dekkje behovet for omstillingslønn i 2000 gjer ein framlegg om ei løyving på vel 12 mill. kr.

Kap 4147 Reindriftsforvaltninga

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
01	Driftsinntekter	1 639	1 500	1 540
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	127		
	Sum kap 4147	1 766	1 500	1 540

Ein reknar med inntekter på 1,54 mill. kr under post 01 frå administrative tenester knytt til reindriftsavtalen, jf. kap. 1151, reinmerkeprotokollar og sal av magasinet Reindriftnytt.

Kap 1148 Naturskade - erstatningar og sikring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
70	Tilskott til sikringstiltak m.m., <i>kan overførast</i>	7 790	4 700	4 810
71	Naturskade, erstatningar, <i>kan overførast</i>	50 722	38 000	39 100
	Sum kap 1148	58 512	42 700	43 910

Mål og strategiar

Statens naturskadeordning dekkjer erstatning for naturskadar som det ikkje er mogleg å forsikre seg mot gjennom ei alminneleg forsikringsordning. Statens naturskadeordning skal òg fremme sikring mot naturskadar m.a. gjennom å gi tilskott til sikringstiltak og ved samhandling med andre aktørar innanfor sikringsområdet.

Statens naturskadeordning er organisert med eit styre, ei ankenemnd og eit sekretariat. Statens Landbruksbank har fram til 31.12.99 det administrative og budsjettmessige ansvaret for ordninga, jf kap 2411.

Styret skal syte for at krav om erstatning for naturskadar og søknader om tilskott til sikringstiltak får ei rask og forsvarleg behandling. Styret skal dessutan raskt kunne setje inn ein målretta og utvida innsats når naturkatastrofar oppstår.

Styret skal halde fram å effektivisere verksemda. Styret skal òg arbeide vidare med tiltak for å gjere takstapparatet og sekretariatet meir robust, og auke informasjonsinnsatsen og samarbeidet med andre aktørar på området.

Resultatrapport 1998*Erstatningssaker og klagesaker*

Styret har i 1998 behandla 1 094 søknader om erstatning. Det blei gitt om lag 47 mill. kr i tilsegn om erstatning og betalt ut om lag 51 mill. kr i erstatningar. Takstutgifter på 3,4 mill. kr er dekkja. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var i 1998 om lag 40 dagar for saker behandla av styret eller administrasjonen. Gjennomsnittleg tid for behandling og tilvising av forskott var 7 dagar. Saksbehandlingstida har gått opp medan talet på behandla saker har minka, sett i forhold til 1997.

Ankenemnda for Statens naturskadeordning behandlar både klager over vedtak fatta av styret og tvistar mellom forsikringstakarar og forsikringsselskap. I 1998 har ankenemnda behandla 85 klager som gjeld vedtak fatta av styret, medan talet på klagar frå forsikringstakarar har vore 54. Dette er ein auke i talet på klager på vedtak fatta av styret, medan talet på klager frå forsikringstakarar er redusert.

Sikring

I 1998 behandla styret 43 søknader om tilskott til ulike former for sikringstiltak mot naturskader. Det blei gitt tilsegn på om lag 5,6 mill. kr i tilskott til sikringstiltak, mens det blei utbetalt om lag 7,8 mill. kr. Inkomne søknader om tilskott til sikring blir behandla to gongar i året.

Budsjettframlegg 2000**Post 70 Tilskott til sikringstiltak mm**

Statens naturskadeordning skal medverke til å fremje sikring mot naturskadar gjennom økonomiske tilskott, bistand til kommunane i samband med sikringstiltak og fareregistrering. Det skal prioriterast å gi tilskott til kommunar med spesielt vanskeleg økonomi og stort sikringsbehov. For 2000 gjer ein framlegg om ei løyving på 4,81 mill.

Landbruksdepartementet

kr. Ein gjer vidare framlegg om tilsegnsfullmakt for år 2000 på 2,0 mill. kr, jf. forslag til vedtak VI. Dette vil gjere det mogleg å gi nye tilsegn på 6,81 mill. kr.

Tabell 2.4: Tilsegnsfullmakt sikringstiltak

	(mill. kr.)
Ansvar pr. 1.1.99	4,90
Tilsegn 1999	4,70
Sum	9,60
-(Løyving 1999 + overførte midlar)	9,60
Ansvar pr 31.12.99	0,00
Nye tilsegn 2000	6,81
Sum	6,81
Framlegg til løyving 2000	4,81
Tilsegnsfullmakt 2000	2,00

Post 71 Naturskadeerstatningar

Løyvinga til naturskadeerstatningar er tilpassa år med gjennomsnittleg skadeomfang. Erstatningane blir utbetalt etter at skaden er utbetra. Utbetningsfristen er 3 år og dette har innverknad på den årlege utbetalinga.

Styret skal gi ei rask og forsvarleg behandling av krav om erstatning som er heimla i naturskadelova. Landbruksdepartementet følgjer opp ordninga på bakgrunn av rapportar om økonomi og saksbehandling og i styringsdialogen.

Over posten blir dekt lovheimla krav på erstatning. I tillegg blir det dekt rettferdsvederlag, utgifter til taksering, m.a. av skader, samt nødvendige utgifter til ekstrarhjelp og utvikling av edb-system for verksemda.

Styret kan totalt gi tilsegn for inntil 2 mill. kr til forskingsprosjekt, informasjonstiltak og andre aktivitetar som medverker til å redusere skadeverknadene av framtidige naturulykker, eller å auke effekten av dei ressursar som nyttast på naturskadeområdet. Flaumen på Austlandet i 1995 avdekte behov for å nytte ein avgrensa del av dei tildelte midlane på post 71 til slike føremål.

Etter naturskadelova kan det setjast som vilkår for utbetaling av erstatning at skaden blir utbetra på ein slik måte at faren for naturskade minkar. Dette gjeld både utbetningar på skadeobjektet og gjennomføring av mindre sikringstiltak i nærleiken av skadeobjektet. For slike sikringstiltak kan ein, i samband med erstatninga og over denne posten, gi tilskott på maksimalt 25 000 kr pr. sak til den skadelidne til dekning av desse meirkostnadene.

Ut frå dette gjer ein framlegg om ei løyving på 39,1 mill. kr og ei tilsegnsfullmakt på 10,0 mill. kr, jf. forslag til vedtak VI. Dette vil gjere det mogleg å gi nye tilsegn på 59,1 mill. kr i 2000.

Tabell 2.5: Tilsegnsfullmakt naturskadeerstatningar

	(mill. kr)
Ansvar pr. 1.1.99	26,9
Tilsegn 1999	39,9
Sum	66,8
-(Løyving 1999+overførte midlar)	76,8
Ansvar pr 31.12.99	-10,0
Nye tilsegn 2000	59,1
Sum	49,1
Framlegg til løyving 2000	39,1
Tilsegnsfullmakt	10,0

Kap 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
50	Fondsavsetningar, <i>overslagsløyving</i>	588 363	648 060	1 471 560
70	Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	217 329	225 100	221 100
73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	1 777 435	1 762 070	1 762 370
74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	7 023 339	6 792 679	7 036 459
76	Marknadsordningar, <i>overslagsløyving</i>	872 358	797 673	
77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	246 466	383 000	612 400
78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 683 524	1 829 410	1 874 454
	Sum kap 1150	12 408 814	12 437 992	12 978 343

Mål og strategiar

Kapitlet omfattar løyvingar til gjennomføring av jordbruksavtalen. Jordbruksavtalen og tilskottsordningane under han er dei viktigaste verkemidla for å følgje opp måla og retningslinjene i landbrukspolitikken, jf. programkategori. 15.30.

Retningslinjer og målsetjingar for næringspolitikken i jordbruket er i hovudsak trekt opp i regjeringserklæringa, St.prp.nr. 8 (1992-93) og i stortingsproposisjonane om jordbruksoppgjera frå 1993 til 1999 og Stortinget si behandling av desse.

I regjeringserklæringa heiter det:

"En sentrumsregjering mener norsk landbruk skal bidra til å oppfylle viktige samfunns mål som trygg matproduksjon og matforsyning, stabil busetting i distrikta, en bærekraftig ressursforvaltning, et levende kulturlandskap og en verdiskaping som kan bidra til å holde oppe bosettinga på bygdene. Landbruket har dessuten et medansvar for å sikre det biologiske mangfoldet for kommende generasjoner. En sentrumsregjering vil føre en landbrukspolitikk som ivaretar disse viktige samfunnshensyn.

Inntektsutviklingen og sosiale forhold vil avgjøre om en kan få rekruttering til næringen som kan sikre et livskraftig landbruk. En sentrumsregjering legger til grunn at yrkesutøvere i landbruket skal ha en inntektsutvikling og tilbys sosiale ordninger på linje med det øvrige samfunn og at inntektsgapet som har oppstått i forhold til andre grupper de senere år blir redusert."

Dei topografiske og klimatiske tilhøva i Noreg, målsetjingar om busetting og aktiv jordbruksdrift over heile landet samt miljøomsyn, gjer eit høgt støttenivå i landbruket nødvendig. Innanfor desse rammene må vi likevel heile tida søke etter betre og billigare verkemiddel for å gjennomføre politikken.

For å sikre at retningslinjene og målsetjingane blir følgd opp, er det framleis nødvendig med omstilling i primærjordbruket, omsetninga og foredlinga for å gjere sektoren meir konkurransedyktig. Eit kostnadseffektivt investeringsnivå, ein effektiv bruk av arbeidskrafta, reduserte driftskostnader, tilpassing av produksjonen til marknaden og ein konkurransedyktig norsk næringsmiddelindustri er føresetnader for å få til ei ønska inntektsutvikling i landbruket.

For ei nærare omtale av mål og strategiar i jordbrukspolitikken viser ein til pkt. 2 i programkategori 15.30 og til kap. 6 i St.prp.nr. 75 (1998-99). Nærare omtale av målsetjingar for tilskottsordningane under kap. 1150 er gitt i budsjettframlegget for 2000 nedanfor.

Resultatrapport 1998

I jordbruksoppgjera dei siste to åra har regjeringa lagt vekt på å følgje opp dei langsiktige målsetjingane for landbrukspolitikken, jf. innleiinga, med utgangspunkt i eksisterande retningslinjer slik dei er utforma i St.prp.nr. 8 (1992-93) og Innst. S. nr. 92 (1992-93) og i stortingsproposisjonane om jordbruksoppgjera 1993-99 og Stortinget si behandling av desse. Det er særleg lagt vekt på å betre inntektsmoglegheitene og dei sosiale tilhøva i næringa. For å få dette til har det vore nødvendig med ei lita nominell auke i løyvingane over statsbudsjettet. Velferdsordningane og ordningane for unge bønder blei styrkt i jordbruksoppgjeret 1998. Det er òg lagt vekt på tiltak for redusert kostnadsnivå i næringa, m.a. gjennom fjerning av investeringsavgift på driftsmiddel i jord- og skogbruk.

Tabellen nedanfor viser den nominelle utviklinga i løyvingane til jordbruket over jordbruksavtalen (kap. 1150 og 4150).

(mill. kr)			
År ^{b)}	Utgiftsløyving	Inntektsløyving	Nettoløyving
1975	2 341	308	2 032
1980	5 905	883	5 022
1985	9 319	622	8 697
1990	12 201	787	11 413
1995 ²⁾	11 975	386	11 589
1996	11 943	141	11 802
1997	11 928	109	11 819
1998	12 408	141	12 267
1999	12 707	76	12 631
2000	12 978	92	12 886

1) Tabellen er i nominelle tal basert på rekneskap for perioden 1975-98, revidert budsjett for 1999 og budsjettframlegg for 2000.

2) Frå 1995 er inntektsløyvinga redusert då den tidlegare kraftfôravgifta er erstatta med tollavgifter, jf. kap. 5511.

Kostnadene i primærjordbruket blei redusert monaleg i perioden 1990-95 i hovudsak som følgje av reduserte rentekostnader og kraftfôrkostnader. Frå 1995 har kostnadene auka noko. Det skuldast m.a. auka forbruk av kraftfôr. Det siste året har aukande rentenivå medverka vesentleg til kostnadsauken.

Marknadsreguleringa er gradvis redusert og gjort enklare slik at prisane har meir å seie for marknadstilhøva. Etter ein periode med ein relativt god marknadssituasjon, er det no problem med overkapasitet og svikt i engrosprisane for fleire produkt. For kjøtt har det dei siste to åra vore svikt i engrosprisane, særleg for lyse kjøttslag. Marknadsoverskottet i eggsektoren er redusert til om lag 2 % dei siste åra. Meierileveransen av kumjolk er redusert med om lag 9 % frå 1990 til 1998. Prognosen for produksjonen i 1999 ligg på 1650 mill. liter, medan forbruket og forpliktingane knytt til reguleringsekspert tilseier at produksjonen bør ligge på om lag 1590-1600 mill. liter. Det er ut frå dette behov for å redusere produksjonsvolumet for kumjolk monaleg i åra framover. Det blei halden tilbake 26,9 mill. liter kumjølkkvote i omfordelingsrunden i 1998. I omfordelingsrunden i 1999 skal det ikkje seljast ut kvote.

Den regionale fordelinga av produksjonen er i hovudtrekk som føresett. Distrikta held oppe sin del av den samla produksjonen. Det har dei siste tiåra vore ein jamn nedgang i sysselsetjinga i jordbruket. Bruk av ny teknologi og nye arbeidsmåtar er ein vesentleg årsak til dette. Talet på bruk i drift har òg gått jamt ned.

For ein detaljert statusrapport pr. 1998 for jordbrukspolitikken viser ein til kap. 3 i St.prp. nr. 75 (1998-99). Ein viser òg til pkt. 2.3 i programkategori 15.30.

Jordbruksoppgjøret 1999

Ved jordbruksoppgjøret i 1999 kom partane den 15.5.99 fram til ei forhandlingsløyising for ein jordbruksavtale med verknad frå 1.7.99. Avtalen har ei auka varig ramme på 1 100 mill. kr. Avtalen la til grunn 150 mill. kr i netto utgiftsreduksjon som følgje av at regjeringa vil foreslå bortfall av miljøavgiftene på kunstgjødsel frå 1.1.2000 samt å auke miljøavgiftene på plantevernmidel. Avtalen inneber ein auke i løyvingane over statsbudsjettet (kap. 1150) med 540 mill. kr frå eit nivå på 12,4 mrd. kr. Avtaleprisane blir auka med 330 mill. kr. Avgiftene på kraftfôrråvarer blir redusert med 80 mill. kr. I tillegg vil eingongsbeløp av frie midlar på 67 mill. kr bli disponert over avtalen i 1999.

Jordbruksavtalen for avtaleåret 1999-2000 legg til rette for at jordbruket skal kunne følgje med i den generelle inntektsutviklinga i samfunnet, og ha føresetnader for å halde oppe nivået knytt til inntektsforbetringa som blei lagt inn i jordbruksoppgjøret i 1998.

Det blir arbeidd med ei stortingsmelding om mat- og landbrukspolitikken slik Stortinget har gitt si tilslutning til ved behandling av Dok. nr. 8:37 (1997-98) og ved fleire høve seinare. Jordbruksoppgjøret 1999 må sjåast i lys av arbeidet med stortingsmeldinga. Avtalen inneber i hovudsak ei vidareføring av tilskottssystemet. Spørsmålet om større forenklingar i verkemiddelbruken vil bli vurdert i stortingsmeldinga.

Avtalen inneber at miljøtiltaka totalt sett blir målretta og styrkt og at distriktsprofilen på tilskottsortningane blir halden oppe på eit høgt nivå.

Strukturprofilen på tilskottordningane blir òg ført vidare saman med prioritering av småskalajordbruket med variert bruksstruktur. Ved utforminga av verkemidla er det tatt omsyn til at dei praktiske moglegheitene for å hente inntekter utanom bruket er minst for arbeidsintensive husdyrproduksjonar med middels stort driftsomfang i distrikta. Det er lagt vekt på å sikre ei tilfredsstillande inntektsutvikling på bruk med middels stort produksjonsomfang, spesielt i mjølkeproduksjonen.

Det er sett av midlar til å kjøpe inn 45 mill. liter mjølkekvote, samtidig som det ikkje skal selgast ut kvote for kumjølkk ved omfordelingsrunden i 1999. Det er meldt inn for sal 34 mill. liter kumjølkkvote i 1999.

Som eit mellombels tiltak for å få betre balanse mellom økologisk produksjon og andelen som blir omsett som økologiske varer i marknaden, blir omleggingstilskottet til økologisk grovfôrproduksjon halvert.

Avtalen inneber ei auka løyving til tiltak som skal medverke til ein konkurransedyktig næringsmiddelindustri.

Det blir vidare lagt opp til framleis sterk satsing på utviklingstiltak og alternativ sysselsetjing i distrikta, samt auka satsing på investeringar i tradisjonelt jordbruk.

Importvernet er ikkje forhandlingstema i jordbruksoppgjøret. Ramma for jordbruksoppgjøret 1999, og fordelinga av ho, er utforma innanfor WTO-forpliktingane våre.

Partane er samde om å setje ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal fremme forslag til opplegg og gjennomføring av eit kompetanseutviklingsprogram i landbruket.

Fase II av jordbruksforhandlingane blei avslutta 2.7.99. Sluttprotokollen frå Fase II følgjer proposisjonen som trykt vedlegg.

Jordbruksoppgjøret og endringane i statsbudsjettet for 1999 er lagt fram for Stortinget i St.prp.nr. 75 (1998-99). Budsjettframlegget for 2000 er basert på vedtak ved hand-saming av St.prp.nr. 75 (1998-99) og kvantumsjusteringar og omposteringar i tråd med føresetnadene i jordbruksavtalen.

Budsjettframlegg 2000

Budsjettframlegget for 2000 inneber at løyvingane på kap. 1150 vil auke med om lag 540 mill. kr i høve til vedtatt budsjett 1999, frå 12 438 mill. kr til 12 978 mill. kr. Inntektene på kap. 4150 vil bli redusert med 17,5 mill. kr til 92,3 mill. kr. Kap. 1150/4150 gir såleis ei samla svekking av statsbudsjettet med 558 mill. kr i høve til vedtatt budsjett for 1999, frå 12 328 mill. kr til 12 886 mill.kr.

Verknaden på statsbudsjettet etter endringane i jordbruksoppgjeret 1999 inneber ein varig auke i overføringane over kap. 1150 på 540 mill. kr.

Oppfølging av nytt økonomireglement for staten

Som tidlegare gjort greie for har Landbruksdepartementet i lengre tid gitt arbeidd med å følge opp krava i det nye økonomireglementet. Arbeidet er gitt høg prioritet, jf. omtalen under programkategori 15.00 og i tidlegare proposisjonar, særleg kap. 4 i St.prp.nr. 67 (1997-98). Særleg krevjande har arbeidet vore i forhold til dei mange tilskottsordningane under kap. 1150. Departementet har òg i 1999 arbeidd med å gjere målformuleringane for kvar ordning eller grupper av ordningar under same løyving betre. Vidare er det arbeidd med å betre rutiner og system for oppfølging og kontroll.

Arbeidet med å utvikle tilskottsforvaltninga vil halde fram i 2000. Når det gjeld dei tiltaksretta ordningane må målformuleringar og oppfølgingskriterium utviklast eller forbeholdast. Vidare vil arbeidet med forbetring og dokumentasjon av forvaltningsopplegga halde fram. Forvaltninga av dei løpande ordningane vil òg bli gitt merksemd i 2000. Som omtalt m.a. i St.prp.nr. 67 (1997-98), kap. 4, vil resultatrapporteringa i forhold til desse ordningane i hovudsak bli basert på tala frå Budsjettnemnda for jordbruket for den samla tilpassinga i næringa. Arbeidet i forhold til krava i økonomiregelverket vil for dei løpande ordningane derfor særleg gjelde forbetring og dokumentasjon av rutineane for tildeling og kontroll. Utvikling av tilskottsforvaltninga og rutinedokumentasjon vil elles bli ei av mange viktige oppgåver for det nye forvaltningsorganet som blir oppretta når Statens Kornforretning, Omsetningsrådet og Fraktkontoret for slakt etter planen blir samordna 1.7.2000. Den nye eininga vil òg få ei viktig rolle i arbeidet med å rapportere og analysere korleis ordningane under jordbruksavtalen verkar. Departementet legg til grunn at det nye forvaltningsorganet vil gi ei meir samordna og effektiv tilskottsforvaltning og såleis m.a. medverke til at krava og intensjonane i økonomiregelverket for staten blir oppfylde.

Merknader til dei einskilde postane

I tråd med St.prp.nr. 75 (1998-99) legg Landbruksdepartementet opp til å endre budsjetteringa av Statens Kornforretning frå 1.1.2000. Landbruksdepartementet foreslår at det blir oppretta eit nytt kapittel, kap. 1143, der m.a. administrasjonsutgiftene til Statens Kornforretning blir løyvd. Administrasjonsutgiftene til Statens Kornforretning som t.o.m. 1999 har vore dekt over kap. 1150, blir overført til kap. 1143. Dei respektive postane under kap. 1150 er derfor i budsjettframlegget redusert med til saman 80,044 mill. kr mot ei tilsvarande auke under kap. 1143 post 01, jf. tabellen nedanfor. Ein viser elles til omtale under kap. 1143.

Overført til kap. 1143 frå kap. 1150	Beløp (1000 kr)
Frå post 50	3 100
Frå post 74	18 456
Frå post 76	47 732
Frå post 77	800
Frå post 78	9 956
Sum overført til kap. 1143 post 01	80 044

Post 50 Fondsavsetningar, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Under post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
50.11	Tilskott til LUF	522 803	580 000	620 000
50.12	Tilskott til Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon	30 000	31 000	27 900
50.13	Tilskott til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe m.m.	35 560	37 060	38 060
50.14	Tilskott til kornfondet			785 600
	Sum post 50	588 363	648 060	1 471 560

Underpost 50.11 Tilskott til Landbrukets utviklingsfond (LUF)

Etter LUF sine vedtekter kan fondsmidlane nyttast til tiltak som tek sikte på å styrkje og byggje ut næringsgrunnlaget på det einskilde bruk. Utgifter til administrasjon av LUF blir dekt over fondet. Vedtektene for LUF er vedteke av Stortinget.

LUF hadde pr. 31.12.98 ein kapital på 2 518 mill. kr. Av kapitalen stod 1 006 mill. kr i statskassa og 1 512 mill. kr var lånt ut. Det blei løyvd 515,3 mill. kr til LUF i 1998. Ramma for nye tilsegn blei sett til 830 mill. kr. Det blei utbetalt 888,4 mill. kr frå fondet. Ansvar knytt til innvilga, men ikkje utbetalte tilskott og investeringslån var pr. 31.12.98 på 970,4 mill. kr. Udisponert kapital var pr. 31.12.98 på 35,6 mill. kr. I 1999 er løyvinga til fondet 586 mill. kr, medan innvilgingsramma er på 900 mill. kr. I jordbruksoppgjeret 1999 blei løyvinga til fondet auka til 620,0 mill. kr, medan innvilgingsramma blei auka til 925 mill. kr for 2000. Det er i samsvar med dette gjort framlegg om ei løyving til LUF på 620,0 mill. kr for 2000.

Tabellen nedanfor viser framlegget til fordeling av innvilgingsramma frå fondet i 2000 slik det blei vedteke i jordbruksoppgjeret i 1999.

(mill. kr)

Nemning	Fordeling 1998	Budsjett 1999	Framlegg 2000
BU: Sentrale	61,6	57,0	50,0
BU: Fylkesvise:	510,4	595,0	(608)
- bedriftsretta midlar (SND)			543
- utredning og tilrettelegging (FMLA)			65
BU: Kommunale	11,6		
Miljøtiltak	120,0	122,0	133,0
Skogbruk	120,0	120,0	128,0
Frukttrefelt	4,0	4,0	4,0
Energiøkonomisering i veksthus	5,0		
Overføring til SUF	1,0	2,0	2,0
Sum innvilgingsramme	833,6	900,0	925,0

Formålet med BU-midlane til utviklingstiltak er å etablere ny lønnsam næringsverksemd i og knytt til landbruket. Hovudmålgruppa er personar knytt til gardsbruk. Det kan gis støtte til småskalaprega tiltak som fører til auka verdiskaping frå landbruket og verksemd knytt til landbruket. Ramma for utviklingstiltak skal såleis nyttast m.a. til utgreiings- og tilretteleggingstiltak, etablerartiltak, bedriftsutvikling og investeringar utanom tradisjonelt jord-, hage- og skogbruk (tilleggsnæringar). Det skal leggjast særleg vekt på å fremme samarbeidstiltak og tiltak som gir arbeidsplassar for kvinner og ungdom. BU-midlane omfattar og tilskott til førstegangstynning, drift i vanskeleg terreng og suppleringsveggar.

Landbruksdepartementet

Utvikling av omsorgstilbod som tilleggsnæring, har etter kvart fått noko omfang. Landbruksdepartementet har i samråd med Kommunal- og regionaldepartementet og Sosial- og helsedepartementet bedt Statens Landbruksbank ta initiativ til at dei fylkesmannsembeta som har arbeidd mest med dette, etablerer eit prosjekt der ein tek sikte på å kvalitetssikre, samle erfaringar og avdekkje flaskehalsar i etablering av slike tilbod. Dei kommande utfordringane ligg òg i det sektorovergripande arbeidet på ulike forvaltningsnivå. Avklaring og koordinering av rammevilkår vil vere avgjerande for arbeidsvilkåra til utøvarane og kvaliteten på tilbodet for brukarane.

Tilskott til investeringar i tradisjonelt jord- og hagebruk innanfor BU-ordninga er eit viktig infrastrukturtiltak med omsyn til dei nye utfordringane som landbruket møter i ein meir konkurranseutsett situasjon. Tilskott og investeringslån til bygging av driftsbygningar m.m., kjøp av landbruksareal og etableringstilskott er sentrale element i ordninga. Ordninga skal òg medverke til omstilling i husdyrproduksjonane, m.a. for å møte krava som er fastsette i dei nye husdyrforskriftene. Ut frå forventningar om eit auka behov for investeringar i jordbruket dei kommande åra, er ramma for støtte til investeringar til tradisjonelt jord- og hagebruk auka med 20 mill. kr til 240 mill. kr i 2000. I tillegg er ramma for tilskott til grøfting auka med 8 mill. kr til 40 mill. kr i 2000.

Avsetninga på 133 mill. kr for 2000 til miljøtiltak fordelar seg med 105 mill. kr til kulturlandskaps- og bygningstiltak, 25 mill. kr til tiltak i samband med miljøinvesteringar og 3 mill. kr til miljø- og ressursvern. Formålet med miljøtiltaka er å ta vare på kulturlandskaps- og bygningsressursar og å hindre erosjon, arealavrenning og forureining frå jordbruket. Ordninga omfattar òg midlar til heilskaplege fellestiltak i større område, informasjonsarbeid, tilstandsovervaking og resultatkontroll og forskning innanfor kulturlandskap.

Ramma for skogbruk under LUF er auka frå 120 mill. kr til 128 mill. kr for 2000. Skogsvegbygging, skogbruksplanlegging og opplæringsverksemd vil framleis bli prioritert. I tillegg er det avsett midlar til organisering av virkesomsetninga. Med basis i erfaringane frå dei siste åra blir det lagt vekt på tiltak som kan medverke til auka innsats i skogkultur og skogbruket sitt ansvar for ressursforvaltninga. Ein viser elles til kap. 1142 der det er gitt ei samla framstilling av tiltaka innan skogbruk.

Formålet med tilskott til frukttrefelt er å fremme ein marknadstilpassa og berekraftig produksjon av kvalitetsfrukt. Ramma er for 2000 ført vidare med 4,0 mill. kr.

Overføringa til Samisk Utviklingsfond (SUF) for å betre rammevilkåra for næringskombinasjonar i samiske område blir ført vidare med 2 mill. kr.

Underpost 50.12 Tilskott til Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon

Formålet med katastrofeordninga i jord- og hagebruket sin planteproduksjon er å yte økonomisk bistand til jord- og hagebrukarar med store avlingsskadar som kjem av klimatiske eller klimatisk avleidd forhold som brukaren sjølv ikkje rår over. Normale variasjonar i avlinga er ikkje omfatta av katastrofeordninga i planteproduksjonen, som omfattar følgjande ordningar:

- erstatning for avlingssvikt,
- tilskott til kjøp av grovfôr,
- tilskott etter vinterskadar på eng og
- tilskott til fornying av vinterskadde frukttrefelt

Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon hadde pr. 1.1.99 ein kapital på om lag 100 mill. kr. Av dette var om lag 30 mill. kr bunden opp for å dekke skader frå 1997 og 1998 og 1 mill. kr vil bli sett av til rettleiingsprosjekt. Medrekna løyvinga til fondet i 1999 på 31 mill. kr og vedtak om tilbakeføring av 20 mill. kr til statskassa, jf. St.prp.nr 75 (1998-99), vil det stå om lag 80 mill. kr til disposisjon for å møte avlingsskader i 1999.

Erstatningsordninga skil seg frå andre tilskott ved at ein ved ordninga kompenserer i ettertid for eit tap som produsentar har lidd. Ordninga sin karakter gjer at det ikkje er tenleg å setje krav til rapportering av resultat frå tilskotsmottakar, ut over rapportering om eventuelle vilkår er oppfylt.

Det er overført 3,1 mill. kr frå posten til kap. 1143 post 01 for å dekkje administrasjons-utgiftene knytt til ordninga, jf. omtale ovanfor. Ein gjer i tråd med dette framlegg om ei løyving på 27,9 mill. kr til fondet i 2000.

Underpost 50.13 Tilskott til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe m.m.

Formålet med løyvinga er å yte tilskott til avlstiltak og fagleg verksemd for saue-, geitefjørfe-, kanin-, pelsdyr-, kjøttfe-, og biholdet i landet. Midlar kan òg nyttast til tilskott for å fremme beitebruk og til tiltak som tek sikte på å avgrense tap av sau og geit på utmarksbeite. Det kan òg nyttast midlar av fondet til delvis erstatning for særleg store tap i husdyrhald når eigaren er utan skuld i skaden og det ikkje blir gitt skadebot på annan måte og det samtidig ikkje har vore mogleg for brukaren å sikre seg økonomisk mot tap ved forsikring. Det kan nyttast midlar av fondet til tiltak for å halde nede husdyrsjukdommar (mædi, skrapesjuke, alveld).

Udisponert fondskapital pr. 1.1.99 var om lag 14,4 mill. kr. Midlar avsett til tiltak i samband med skrapesjuke på sau skal framleis prioriterast til dette føremålet. Vidare gir ein prioritet til arbeidet med organisert beitebruk, kartlegging av beitemønster på utmarksbeite, tiltak for å redusere problema med romeplanten, rovdyrarbeidet i Norsk Sau- og Geitalslag, avlsarbeid og semin. Styret tilpassar løyvinga frå fondet ut frå omsynet til kapitalsituasjonen.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 38,06 mill. kr til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe i 2000.

Underpost 50.14 Tilskott til kornfondet, *overslagsløyving*

Marknadsordninga for korn er med på å sikre grunnlaget for ei produksjonsfordeling i norsk jordbruk i samsvar med dei landbrukspolitiske måla, og ei effektiv innanlands kornomsetning. Prisnedskriving av norsk korn (35 øre/kg) saman med prisutjamning på andre råvarer til kraftfôr er med på å regulere prisane på korn og andre råvarer til kraftfôr slik at det norskproduserte kornet finn avsetning. Formålet med tilskottet til matkorn er, saman med prissystemet for importert matkorn, å sikre rimelege og mest moglege stabile prisar på matkorn og matmjøl. Frakttilskotta skal sikre at prisane på kraftfôr og kornvarer til menneskeføde blir i hovudsak på same nivå i dei ulike delane av landet.

Som ledd i arbeidet med den nye forvaltningseininga og omlegginga av budsjetteringa av Statens Kornforretning/marknadsordninga for korn og i tråd med føresetnadene i jordbruksavtalen 1999, gjer Landbruksdepartementet framlegg om at det blir oppretta eit statleg fond der inntekter og utgifter knytt til marknadsordninga for korn blir rekneskapsført f.o.m. 2000, jf. forslag til vedtak IX.

Landbruksdepartementet

Det er mellombels budsjettert med inntekter og utgifter i fondet for 2000 som vist i tabellen nedanfor.

Nemning	Inntekter	(mill. kr)
		Utgifter
Kjøp av norsk korn		2 466,0
Sal av norsk korn	2 033,4	
Tilskott frå kap. 1150 post 50.14	785,6	
Tilskott til matkorn		203,0
Frakttilskott		150,0
Prisutjamning på andre råvarer til kraftfôr	92,3	
Refusjon til kap. 4150 post 80		92,3
Sum	2 911,3	2 911,3

Ein legg til grunn at fondet sitt likviditetsbehov blir dekt ved trekkrett i statskassa. Kjøp av norsk korn frå bonde og videresal til kornhandlar skjer ikkje samstundes. For at fondsrekneskapen skal gi eit godt bilete av verksemda, gjer departementet framlegg om at fondet får unntak frå kontantprinsippet. Den nye budsjetteringa av marknadsordninga for korn er utarbeidd under føresetnad av at ordninga med statens kjøpeplikt og oppgjeret for norskprodusert korn kan vidareførast uendra.

Tilskottet frå statsbudsjettet skal dekkje fondet sine utgifter knytt til prisnedskriving av norsk korn og tilskott til matkorn og frakt. Tilskottet frå statsbudsjettet vil m.a. avhenge av den norske kornavlinga, kor stor del av avlinga som blir overlagra og utviklinga i verdsmarknadsprisen på matkorn. Departementet legg derfor til grunn at tilskottet frå statsbudsjettet blir løyvd som overslagsløyving. Ein gjer framlegg om ei løyving til fondet i 2000 på 785,6 mill. kr, jf tabellen nedanfor.

Nemning	(mill. kr)
	Budsjettframlegg 2000
Prisnedskriving norsk korn	432,6
Tilskott til matkorn	203,0
Frakttilskott	150,0
Sum post 50.14	785,6

Post 70 Marknadsregulering, kan overførast

		(i 1 000 kr)		
Under post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
70.11	Avsetningstiltak	63 662	66 000	67 000
70.12	Tilskott til råvareprisordninga	107 235	128 100	128 100
70.13	Eksportrestitusjon	27 038	31 000	26 000
70.15	Radioaktivitet	19 394		
	Sum post 70	217 329	225 100	221 100

Underpost 70.11 Avsetningstiltak

Formålet med avsetningstiltaka er å medverke til at ein kan nå målprisane for dei ulike jordbruksprodukta, og jamne ut produsentpris og pris til forbrukarar over heile landet, skape avsetning for produsert vare og medverke til å sikre forsyningar i alle forbruksområde. Kostnadene ved marknadsregulering blir i dag dekte av løyvinga til avsetningstiltak over jordbruksavtalen og gjennom omsetningsavgifta.

Prisnedskriving for potetsprit, kollektiv dekning av omsetningsavgift for grønnsaker, frukt og jordbær, skolemjølkordninga, samarbeidsprosjektet Frukt og grønt i skolen,

Landbruksdepartementet

andre avsetningstiltak i hagebrukssektoren og kadaverhandtering blir finansiert over posten. Det blir sett av 1 mill. kr for å stimulere til etablering og drift av produsent-samanslutningar for potet- og grønsakprodusentar i Nord-Noreg.

Avsetninga skal òg dekkje utgiftene til administrasjon av ordninga. Ein gjer framlegg om ei løyving på 67,0 mill. kr i 2000.

Underpost 70.12 Tilskott til råvareprisordninga

Formålet med råvareprisordninga (RÅK-ordninga) er å jamne ut skilnader i råvare-kostnader mellom norske og utanlandske ferdigvarer som blir omsette i Noreg, og å gjere norske eksportprodukt under ordninga konkurransedyktige på verdsmarknaden. Utjamninga av råvarepris kan skje i form av

- toll på råvaredelen av importerte ferdigvarer,
- tilskott ved eksport av ferdigvarer (eksportrestitusjon) og/eller
- prisnedskriving ved at prisane på innanlandske jordbruksråvarer til framstilling av ferdigvarer blir skrivne ned.

Noreg og Island har innanfor ramma av EØS-avtalen tatt opp at forhandlingane om ein protokoll 3 til EØS-avtalen som omfattar handel med foredla landbruksvarer. Ein vart samd med EU-kommisjonen i møte 6.7.99 om utkast til ein ny avtale. Frå EU si side må avtalen godkjennast av medlemslanda før han kan tre i kraft. Regjeringa legg til grunn at næringsmiddelindustrien sine rammevilkår blir tilpassa når avtalen blir sett i verk.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 128,1 mill. kr til RÅK-ordninga i 2000. Løyvinga framover vil bli vurdert ut frå utviklinga i rammevilkåra for ferdigvareindustrien.

Underpost 70.13 Eksportrestitusjon

Underposten omfattar ordninga med eksportrestitusjon til foredla kjøttprodukt (XRK-ordninga) og Catering-ordninga. Formålet med XRK-ordninga er å gjere det mogleg for norsk næringsmiddelindustri å levere foredla kjøttvarer til eksportmarknader. Formålet med Cateringordninga er at norske cateringselskap, som leverer menyar til fly i utanriksfart, skal kunne konkurrere med utanlandske selskap når dei nyttar norsk råvare.

Landbruksdepartementet har gjennomgått ordninga og vurdert det framtidige behovet for løyvingar og retningslinjer for ordninga. Endringane inneber at løyvingsbehovet blir redusert med 5 mill. kr.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 26 mill. kr i 2000.

Post 73 Pristilskott, *overslagsløyving*

				(i 1 000 kr)
Under post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
73.11	Tilskott til norsk ull	162 000	164 300	166 400
73.13	Pristilskott, mjølk	613 807	600 900	537 100
73.15	Pristilskott, kjøtt	871 964	864 600	918 600
73.16	Distriktstilskott egg		2 200	2 200
73.17	Distrikts- og kvalitetstilskott, frukt, bær, grønsaker og potet	47 437	49 370	57 370
73.18	Fraktilskott	82 227	80 700	80 700
Sum post 73		1 777 435	1 762 070	1 762 370

Posten er ei overslagsløyving. Budsjettframlegget er utrekna på grunnlag av prognosar for kvantum i 2000 (ull, mjølk og kjøtt) og prisar/satsar for avtaleperioden 1999/2000.

Underpost 73.11 Tilskott til norsk ull

Tilskottet skal medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i sauehaldet som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris og andre tilskott. Tilskottet skal òg medverke til ei betring av kvaliteten på norsk ull, samt sikre avsetning i marknaden for norsk ull av god kvalitet.

Tilskottet er auka med 1 kr pr. kg til ein gjennomsnittleg sats på 32 kr pr. kg.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 166,4 mill. kr Løyvinga skal dekke utgiftene til administrasjon av ordninga.

Underpost 73.13 Pristilskott, mjølk

Løyvinga under posten dekker ordningane med grunntilskott og distriktstilskott for mjølk og mjølkeprodukt.

Formålet med grunntilskottet er å medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris og andre tilskott. Grunntilskottet skal vidare medverke til rimelegare mjølk og mjølkeprodukt til forbrukaren. Nye satsar for grunntilskott blir 3,6 øre for kumjølk og 177,9 øre for geitemjølk.

Formålet med distriktstilskottet er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som medverker til å oppretthalde busetting og sysselsetting i distrikta gjennom å jamne ut skilnader i lønnsemda i produksjonen. Distriktstilskottet blir gitt med ulike satsar for mjølk produsert i vanskelegstilte område i Sør-Noreg og for all mjølk i Nord-Noreg. Satsane for distriktstilskott varierer frå 0 til 158 øre pr. liter.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 537,1 mill. kr til ordninga med pristilskott til mjølk for 2000. Av dette utgjer grunntilskottet 96 mill. kr, medan 441,1 mill. kr er distriktstilskott. Løyvinga skal dekke utgiftene til administrasjon av ordningane.

Underpost 73.15 Pristilskott, kjøtt

Underposten omfattar ordningane med grunntilskott og distriktstilskott for kjøtt.

Formålet med grunntilskottet er å medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i kjøttproduksjonen som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris. Grunntilskottet skal vidare medverke til rimelegare kjøtt og foredla kjøttprodukt til forbrukaren. Grunntilskottet for kjøtt blir gitt til slakt av storfe, kalv, sau/lam og geit/kje. Det blir ikkje gitt grunntilskott til slakt av svin og fjørfe.

Satsen for grunntilskott til storfe og kalv er auka med 22 øre/kg til 292 øre/kg.

Formålet med distriktstilskottet er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i kjøttproduksjonen som medverker til å oppretthalde busetting og sysselsetting i distrikta gjennom å jamne ut skilnader i lønnsemda i produksjonen. Det er innført eit distriktstilskott for kylling og kalkun på 20 øre/kg i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Trøndelag. Satsane for distriktstilskottet på anna kjøtt er uendra og varierer frå 0 til 13 kr pr. kg.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 918,6 mill. kr til ordninga med pristilskott til kjøtt for 1999. Av dette utgjer grunntilskottet 383,2 mill. kr, medan 535,4 mill. kr er distriktstilskott. Løyvinga skal dekke utgiftene til administrasjon av ordningane.

Underpost 73.16 Distriktstilskott, egg

Formålet med ordninga er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i eggproduksjonen som medverker til å oppretthalde busetting og sysselsetting i distrikta gjennom å jamne ut skilnader i lønsemda i produksjonen. Satsen for distriktstilskott for egg er 20 øre pr. kg og gjeld for Vestlandet (unntatt Rogaland), Trøndelag og Nord-Noreg.

Underposten omfattar ordninga med distriktstilskott for egg. Ein gjer framlegg om ei løyving på 2,2 mill. kr til ordninga i 2000.

Underpost 73.17 Distrikts- og kvalitetstilskott, frukt, bær, grønsaker og potet

Formålet med ordninga er å betre inntekta for yrkesprodusentane innan grøntsektoren og sikre ein geografisk spreidd produksjon. Tilskottet skal stimulere til kvalitetsproduksjon og ordna omsetningsforhold.

Avtalen inneber at satsane for distrikts- og kvalitetstilskottet blir auka tilsvarende 5 mill. kr

Løyvinga til distriktstilskott for potetproduksjon i Nord-Noreg på 3 mill. kr er flytta frå post 76.12 til post 73.17.

Ein gjer såleis framlegg om ei løyving på 57,37 mill. kr til ordninga med distrikts- og kvalitetstilskott for frukt, bær, grønsaker og potet.

Underpost 73.18 Frakttilskott

Underposten omfattar frakttilskott til slakt, egg og konserverblomkål.

Frakttilskotta skal medverke til å jamne ut prisar til produsent og forbrukar.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 80,7 mill. kr til frakttilskott for 2000. Løyvinga skal dekke utgiftene til administrasjon av ordningane.

Post 74 Direkte tilskott, *kan overførast*

		(i 1 000 kr)		
Under post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
74.11	Driftstilskott, mjølkeproduksjon	1 424 843	1 373 800	1 377 500
74.14	Tilskott til husdyr	1 747 814	2 133 457	2 335 834
74.17	Areal- og kulturlandskapstilskott	3 834 953	3 274 922	3 312 625
74.18	Tilskott til dyrking av før i fjellet	15 729	10 500	10 500
Sum post 74		7 023 339	6 792 679	7 036 459

For nærare oversyn over satsar for dei ulike ordningane viser departementet til St.prp.nr. 75 (1998-99).

Underpost 74.11 Driftstilskott, mjølkeproduksjon

Formålet med driftstilskottet i mjølkeproduksjonen er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som medverker til å jamne ut skilnader i lønnsemd mellom bruk av ulik storleik generelt og mellom bruk i Sør-Noreg og Nord-Noreg.

Tilskottet blir gitt med ein fast sats pr. bruk for alle som produserer meir enn 30 000 l kumjolk og 15 000 l geitemjolk. For kumjolk er satsane 60 000 kr pr. bruk i Sør-Noreg og 66 000 kr pr bruk i Nord-Noreg, medan satsen for geitemjolk er 66 000 kr pr bruk over heile landet. Tilskottet blir trappa ned for bruk som produserer mindre mjolk enn dette.

Ein gjer framlegg om ei løyving på knapt 1,38 mrd. kr.

Underpost 74.14 Tilskott til husdyr

Tilskottet skal medverke til å styrkje og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar og storleiker på bruk i husdyrhaldet. Det er overført om lag 7,8 mill. kr til kap. 1143 post 01 knytt til administrasjon av ordninga. Ein gjer framlegg om ei løyving på vel 2,33 mrd. kr i 2000.

Underpost 74.17 Areal- og kulturlandskapstilskott

Desse ordningane inngår i areal- og kulturlandskapstilskottet:

- areal- og kulturlandskapstilskott,
- driftsvansketilskott for brattlendte bruk,
- tilskott til seterdrift,
- tilskott til endra jordarbeiding og
- ekstra produksjonstilskott til unge bønder.

Areal- og kulturlandskapstilskotta til grovfôr, korn, potet, frukt, bær og grønsaker skal medverke til å styrke og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar, storleiker på bruk og distrikt innanfor planteproduksjon og husdyrproduksjon basert på grovfôr. Ordninga skal medverke til å skjømte, vedlikehalde og utvikle kulturlandskapet gjennom aktiv drift, og til å oppretthalde jordbruksareal i drift i samsvar med gjeldande landbrukspolitiske mål.

Formålet med driftsvansketilskottet for brattlendte bruk er å kompensere for høgare kostnader ved jordbruksdrift i bratt terreng. Formålet med tilskottet til seterdrift med mjølkeproduksjon er å medverke til å oppretthalde og ta opp att tradisjonell seterdrift med mjølkeproduksjon og å halde ved like det tradisjonelle kulturlandskapet i seterområder gjennom beiting med husdyr. Tilskottet til endra jordarbeiding har som mål å redusere omfanget av jordarbeiding om hausten og stimulere til å så til med vegetasjon for å redusere erosjon og arealavrenning. Formålet med tilskott til unge bønder er å styrkje økonomien for ungdom og spesielt unge kvinner i ein oppstartingsfase når desse går inn i landbruket som aktive næringsutøvarar.

Avsetninga til ordninga med tilskott til endra jordarbeiding blir auka med 15 mill. kr til 140 mill. kr.

Satsen for tilskott til seterdrift blir auka med 1000 kr pr. seter frå 11 000 til 12 000 kr pr. seter, og driftsvansketillegget blir ført vidare med 210 kr pr. dekar.

Satsen for tilskottet til unge bønder blir auka med 1000 kr til 4000 kr pr. bruk for mannlege brukarar og 5000 kroner pr. bruk for kvinnelege brukarar.

Det er overført 10,6 mill. kr til kap. 1143 post 01 for å dekkje utgiftene knytt til administrasjon av ordninga.

Ein gjer framlegg om ei løyving på om lag 3,31 mrd. kr.

Underpost 74.18 Tilskott til dyrking av fôr i fjellet

Formålet med tilskottet til dyrking av fôr i fjellet er å kompensere for auka arbeids- og transportkostnader i samband med dyrking av fôr i fjellet. Tilskottet blir gitt pr. dekar og satsane varierer med vegavstanden frå driftsbygningen på bruket til dyrkingsjorda på fjellet.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 10,5 mill. kr.

Post 76 Marknadsordningar, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Under post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
76.11	Marknadsordninga for korn	852 758	791 673	
76.12	Marknadsordninga for poteter	19 600	6 000	
	Sum post 76	872 358	797 673	

Som følge av at ein legg opp til å endre budsjetteringa av Statens Kornforretning og marknadsordninga for korn, gjer ein ikkje framlegg om løyving på posten i 2000. Ordningane på posten som er ein del av jordbruksavtalen er flytta til andre postar på kap. 1150, jf. omtale under postane 50.14, 73.17, 77.14 og 77.15. Beredskapsordninga for korn er flytta til kap. 1143 post 70. Utgifter til administrasjon av desse ordningane, som i 1999 er budsjettert på post 76, er overført til kap. 1143 post 01 med samla 47,7 mill. kr.

Post 77 Utviklingstiltak, kan overførast

(i 1 000 kr)

Under post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
77.11	Tilskott til inseminering m.m.	63 354	69 800	69 800
77.12	Tilskott til frøavl m.m.	1 742	7 000	7 000
77.13	Tilskott til forsøksringar og forking	46 818	48 000	59 000
77.14	Tilskott til pelsdyrførlag	22 242	27 000	41 000
77.15	Tilskott til kvalitets- og salsfremmande tiltak	80 608	79 300	122 000
77.16	Tilskott til økologisk jordbruk	28 360	58 800	58 000
77.17	Tilskott til fruktlager	3 342	8 100	8 100
77.18	Oppkjøp av mjølkekvoter		85 000	247 500
	Sum post 77	246 466	383 000	612 400

Underpost 77.11 Tilskott til inseminering m.m.

Løyvinga skal medverke til at kostnadene med inseminering av ku og svin kan haldast på same nivå i heile landet. Løyvinga skal òg medverke til å jamne ut kostnadene mellom husdyrbrukarar som nyttar veterinærtenester.

Det er sett av 1,5 mill. kr til å fremme avlsarbeidet innan spesialisert kjøttproduksjon.

Utgiftene til administrasjon av insemineringsordninga blir dekt av Norsk Rødt Fe og Norsvin.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 69,8 mill. kr.

Underpost 77.12 Tilskott til frøavl m.m.

Formålet med tilskottet er å fremme dyrking og frøforsyning av gras, belgvekstar, rotvekstar og grønsaker med klimatilpassa sortar. Det kan nyttast tre ulike typar tilskott under ordninga; pristilskott, arealtilskott og lagringstilskott. Satsane for lagringstilskott blir fastsette på grunnlag av overlagra mengde og tilgjengeleg løyving når pristilskotta og arealtilskotta er dekte.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 7 mill. kr.

Underpost 77.13 Tilskott til forsøksringar og forskning

Underposten skal dekkje tilskott til forsøksringar, forskings- og utgreiingsarbeid.

Tilskottsordninga skal støtte forsøksringane i arbeidet med å klarleggje praktiske spørsmål til nytte for den einskilde brukar og for distriktet som ringen arbeider i. Forsøksringane skal arbeide for ei god og ressursriktig drift på bruka, og fremme det faglege miljøet i distriktet. Forsøksringane skal primært løyse desse oppgåvene gjennom forsøk, opplysning, rådgjeving, prøvetaking og registreringar. Forsøksringane skal òg samarbeide med andre som driv landbruksforskning, og etter nærare avtale stille forsøksfelt til rådvelde for Statens forskingsstasjonar i landbruk eller andre offentlege forskingsinstitusjonar som treng forsøksfelt. Forsøksringane skal arbeide med kultur-landskap og miljø- og ressursspørsmål knytt til KSL (Kvalitetssystema i Landbruket). Forskingsmidlane blir forvalta av eit eige styre. For forskingsmidlane er det etablert eit nært samarbeid med Noregs forskingsråd.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 59 mill. kr. Rammetilskottet til forsøksringane utgjer 40 mill. kr og ramma for forskning er 19 mill. kr. Avsetninga skal dekkje kostnader til administrasjon knytt til tilskott til forsøksringar.

Underpost 77.14 Tilskott til pelsdyrfôrlag

Formålet med tilskottsordninga for frakt er å medverke til utjamning av fraktkostnadene ved innfrakt av råstoff og utfrakt av ferdig fôr frå fôrkjøkken for produksjon av pelsdyrfôr i Noreg. Ordninga skal fremme ei rasjonell omsetning av fôr til pelsdyr.

Pelsdyrnæringa konkurrerer på verdsmarknaden og som følgje av dette får Noregs Pelsdyrslag fôrrefusjon for meirkostnadene i det norske pelsdyrhaldet som er føresettt å gå til felles utviklingstiltak i næringa som m.a. marknadsføring internasjonalt.

Pelsdyrnæringa er inne i ein lågkonjunktur, m.a. som følgje av finanskrisa i Russland og Asia. I samband med jordbruksoppgjeret 1999 blei derfor 3 mill. kr i eingongsmidlar overført til post 77.14. På bakgrunn av den vanskelege situasjonen pelsdyrnæringa er i, jf. Innst. S. nr. 243 (1998-99) og næringa si eigen innsats for å betre situasjonen, er avtalepartane blitt samde om å sette av ytterlege 7 mill. kr i eingongsmidlar. Samla er det dermed sett av 10 mill. kr til dette i avtaleåret 1999-2000. Ut frå verknadene av denne prisnedskrivinga vil det bli vurdert om det skal bli løyvd midlar til tilsvarande prisnedskriving av fôrprisane neste år i samband med jordbruksoppgjeret.

Ordninga med refusjon av ekstra fôrkostnader i pelsdyrmarknaden er i budsjettframlegget flytta frå post 76.11. til post 77.14.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 41 mill. kr på posten. Løyvinga skal dekke utgiftene til administrasjon av ordninga.

Underpost 77.15 Tilskott til kvalitets- og salsfremmande tiltak

Underposten inneheld fleire ordningar som skal medverke til å gjere norske jordbruksprodukt meir konkurransedyktige på heimemarknaden og på eksportmarknadene. Ordninga med tilskott til FoU-verksemnd på kornsektoren og potetsektoren er i budsjettframlegget flytta frå post 76.11.

Landbruksdepartementet

Framlegget til løyving til kvalitets- og salsfremmande tiltak for 2000 er på 122 mill. kr. Det er lagt opp til følgjande fordeling av løyvinga:

Tiltak	(mill kr)
	Framlegg 2000
Utvikling av plantemateriale og handlingsplan plantevern	21,7
Statskontrollert settepotetavl	9,1
FoU-verksemd potet- og kornsektoren	16,7
Konkurransestrategiar for norsk mat	69,0
Opplysningsarbeid om frukt og grønsaker	5,5
Sum	122,0

Formålet med framavlsarbeidet er å skaffe norsk hagebruk plantemateriale som er kontrollert for bestemte skadegjerarar og med definerte eigenskapar tilpassa norske forhold. Det ble i jordbruksavtalen sett av 5 mill. kr til tiltak for å heve standarden på norsk plantehelse som ein del av næringa si tilbakeføring av miljøavgift. Desse er i samsvar med St.prp. nr. 75 (1998-99) ført over til kap. 1110 Statens landbrukstilsyn.

Det blir vidare sett av 12 mill. kr til ei vidareføring av handlingsplanen for redusert helse- og miljørisiko ved bruk av plantevernmiddel.

Formålet med å gi tilskott til statskontrollert settepotetavl er å stimulere til auka bruk av settepoteter av høg kvalitet gjennom den statskontrollerte settepotetavlen. FoU-løyvinga til potet omfattar opplysningsverksemd og prosjektverksemd. Løyvinga til forskning og utvikling i korn-, mjøl- og bakesektoren omfattar verksemd i heile verdikjeda. Det blir sett av 14,3 mill. kr til dette i 2000.

Konkurransestrategiar for norsk mat blei etablert som eit eige utviklingsprogram for landbruket i 1992 for å medverke til å styrke konkurransekrafta i norsk landbruk og næringsmiddelindustri. I jordbruksoppgjeret 1999 blei det lagt til grunn ei samla ramme på 69 mill. kr for 2000, som òg skal dekke utgiftene til administrasjon av ordninga. I forslaget inngår ei ny strategisk satsing under konsulent- og nettverksprogrammet retta mot produktutvikling og etablering av et produktutviklingssenter.

Midlane er foreslått fordelt slik:

Tiltak	(mill. kr)	
	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
Kvalitetssystem i landbruket (KSL)	16,0	16,0
Konsulent- og nettverksprogram	10,0	23,0
Merkeordning (Stiftelsen Godt Norsk)	17,0	17,0
Eksportprogram	9,0	9,0
Offentlege strategiar / Fellesutgifter / Informasjon	3,0	4,0
Sum	55,0	69,0

Formålet med tilskottet til opplysningsarbeidet om frukt og grønsaker er å stimulere til auka totalforbruk av frukt, bær og grønsaker. Bruk av midlar over jordbruksavtalen og frå omsetjingsavgift skal styrke omsetning og forbruk av norske produkt.

Underpost 77.16 Tilskott til økologisk jordbruk

Underposten dekker m.a. ordningane omleggings- og arealtilskott, tilskott til forskning, tilskott til rettleiingsprosjekt, tiltak for å stimulere produsentfagmiljø og tilskott til organisasjonar.

Formålet med omleggingstilskottet er å stimulere til omlegging frå tradisjonell landbruksdrift til økologiske driftsformer og medverke til at etterspørselen etter økologiske produkt blir dekt. Tilskottet skal òg oppvege verknaden av auka kostnader og avlingsnedgang i omleggingsfasen. Etter at karenstida (tida frå omlegging startar til

arealet kan godkjennast som økologisk drive; normalt 2-3 år) er over, blir det gitt eit særskild arealtilskott til økologisk drive areal som skal stimulere til å oppretthalde dei økologiske areala. Det er frå 1997 stilt krav til at brukarane som søker støtte skal utarbeide ein plan for omsetning av økologiske produkt. Ein viser til nærare omtale av økologisk landbruk i kap. 7.8 i St.prp. nr. 75 (1998-99).

Det er overført 0,8 mill. kr til kap. 1143 post 01 for å dekkje utgifter med å administrere ordninga. Ein gjer framlegg om ei løyving på 58 mill. kr.

Underpost 77.17 Tilskott til fruktlager

Formålet med tilskottet til fruktlager er å fremme eit forpliktande samarbeid om felles lagring, sortering, pakking og omsetning av frukt, som medverker til å sikre forbrukarane tilgang på norsk kvalitetsfrukt. Ordninga inneheld òg ei fraktutjamning for ulike kostnader knytte til inntransport.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 8,1 mill. kr til ordninga i 2000. Løyvinga skal dekke utgiftene til administrasjon av ordninga.

Underpost 77.18 Oppkjøp av mjølkekvoter

Ordninga med kjøp og salg av mjølkekvoter skal medverke til å auke fleksibilitet i kvoteordninga for mjølk, sikre ei betre utnytting av kapasiteten i driftsbygningar til aktive produsentar og tilpasse produksjonen til marknaden.

Det blir avsett 247,5 mill. kr til oppkjøp av mjølkekvoter i 2000.

Post 78 Velferdsordningar, *kan overførast*

		(i 1 000 kr)		
Under post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
78.11	Tilskott til avløyning for ferie/fritid	1 185 259	1 273 310	1 279 319
78.12	Tilskott til avløyning for sjukdom m.m.	140 524	185 000	194 800
78.13	Medlemsavgift til folketrygda	146 047	130 800	130 800
78.14	Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket	107 247	92 000	88 000
78.15	Andre velferdstiltak	104 447	108 300	103 600
78.16	Tilleggspensjonsordning for jordbrukarar		40 000	77 935
Sum post 78		1 683 524	1 829 410	1 874 454

Underpost 78.11 Tilskott til avløyning for ferie/fritid

Formålet med ordninga er å legge til rette for at husdyrbrukarar skal kunne få ferie, ordna fritid og hjelp til avlasting i onna gjennom å medverke til finansiering av innleie av arbeidskraft.

Tilskottet blir rekna ut på grunnlag av satsar pr. dyr. Satsane er differensierte etter dyreslag og dyretal på bruket, og er avgrensa til 48 500 kr pr. bruk. For å ha krav på refusjon må utrekna refusjonsbeløp vere minst 5 000 kr. Tilskottet blir gitt for faktiske utgifter til avløyning.

Det er overført 6,991 mill. kr til kap. 1143 post 01 for å dekke utgifter til administrasjon av ordninga. Ein gjer framlegg om ei løyving på knapt 1,28 mrd. kr.

Underpost 78.12 Tilskott til avløyning for sjukdom m.m.

Formålet med ordninga er å medverke til å finansiere avløyning på bruk med husdyrproduksjon eller heilårs veksthusproduksjon når brukaren av særlege grunnar og for eit kortare tidsrom ikkje kan ta del i arbeidet på bruket.

Landbruksdepartementet

Tilskottet til husdyrbrukarar blir fastsett ut frå utrekna maksimalt tilskott i ordninga med tilskott til avløyssarutgifter for ferie og fritid. For veksthusprodusentar blir tilskottet fastsett ut frå veksthusarealet. Ut frå dette grunnlaget blir det rekna ut maksimale dagsatsar for tilskottet. Tilskottet blir gitt for faktiske utgifter til avløyssing, opp til maksimal dagsats for det einskilde bruk.

Det er overført 0,2 mill. kr til kap. 1143 post 01 for å dekke utgiftene til administrasjon av ordninga. Ein gjer framlegg om ei løyving på 194,8 mill. kr.

Underpost 78.13 Medlemsavgift til folketrygda

Den einskilde brukaren skal av den pensjonsgjevande inntekta innanfor jordbruk, husdyrhald, hagebruk, gartneri og skogbruk betale ei avgift til folketrygda som er lik den avgifta som lønsmottakarar betaler. Skilnaden mellom den avgifta som er fastsett for sjølvstendig næringsdrivande (10,7 pst) og den avgifta som skal betalast av den einskilde brukaren (7,8 pst) blir finansiert over jordbruksavtalen. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i pensjonsgjevande inntekt i jord- og skogbruk. Midlane blir førte over til Folketrygdfondet.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 130,8 mill. kr.

Underpost 78.14 Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket

Den kollektive innbetalinga over jordbruksavtalen til sjukepengeordninga dekker tilleggspremien for auke av sjukepengane frå 65 til 100 pst. av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 14 dagar. Fødselspengar blir ytt med 100 pst. av inntektsgrunnlaget. Ordninga er rekna som kollektiv forsikring som ikkje gir rett til frådrag ved likninga. Løyvinga blir rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei jordbrukarane som går inn under ordninga. Midlane blir førte over sentralt til Folketrygda.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 88,0 mill. kr til ordninga i 2000.

Underpost 78.15 Andre velferdstiltak

Underposten omfattar tilskott til landbruksvikarordninga, administrasjonstilskott til avløyssarlag, tilskott til samdrifter, tilskott til landbrukshelsa og tilskott til kursverksemd.

Landbruksvikarordninga skal medverke til at kommunane tilset landbruksvikarar for å betre brukaren sin tilgang til avløyssar først og fremst ved akutte krisesituasjonar.

Godkjende avløyssarlag kan gjennom ordninga med administrasjonstilskott til avløyssarlag få tilskott til dekning av administrasjonsutgifter etter ein fast sats pr. medlem. Tilskottsordninga skal leggje til rette for at husdyrbrukarar skal kunne få ferie, ordna fritid og hjelp til avlasting i onna gjennom å medverke til finansiering av drifta av avløyssarlag. Avløyssarlag har som formål å kartleggje, organisere og administrere all avløyssing innanfor eit område der det ligg til rette for eit slikt samarbeid. Avløyssarlaget kan overfor medlemmane òg yte andre tenester i tilknyting til den daglege drifta av garden viss det er naturleg for laget å gjere dette.

Formålet med tilskott til samdrifter er å stimulere til etablering av samdrifter i mjølkeproduksjon. Dette er ønskeleg ut frå sosiale og økonomiske årsaker.

Landbrukshelsa er ein ideell stiftelse oppretta av Noregs Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Den har som formål å organisere eit effektivt og godt helse- og arbeidsmiljø i landbruket. Verksemda skal gi eit førebyggjande tilbod til alle gardbrukarane og tilsette i landbruket. Landbrukshelsa skal medverke til at gardbrukarane sjølve tek ansvar for å betre arbeidsmiljøet sitt, og til å skape ein sikker og triveleg arbeidsplass og eit trygt oppvekstmiljø for barna.

Formålet med tilskott til kursverksemd er å fremme gjennomføring av kortvarige, fagorienterte kurs for avløyssarar og landbruksvikarar, samt for daglege leiarar og tillitsvalde i avløyssarlag.

Landbruksdepartementet

Det er overført 0,7 mill. kr til kap. 1143 post 01 for å dekkje utgiftene til administrasjon av ordningane. Ein gjer framlegg om ei løyving på 103,6 mill. kr.

Underpost 78.16 Tidlegpensjonsordning for jordbrukarar

Formålet med ordninga er å medverke til lettare generasjonsskifte for dei som har hatt hovuddelen av inntektene sine frå jordbruk/gartneri og skogbruk.

Det er overført 2,065 mill. kr til kap. 1143 post 01 for å dekkje utgiftene til administrasjon av ordninga. Ein gjer framlegg om ei løyving på 77,935 mill. kr.

Kap 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen

(i 1 000 kr)			
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999 Framlegg 2000
70	Tilbakebetaling av tilskott til reguleringsanlegg	12 000	
80	Refusjon frå Kornfondet	129 026	109 800 92 300
	Sum kap 4150	141 026	109 800 92 300

Post 80 Refusjon frå Kornfondet

Under posten budsjetterer ein refusjon frå Kornfondet tilsvarande inntektene frå prisutjamning, jf. omtale under kap. 1150 post 50.14. Formålet med å ileggje prisutjamning på proteinråvarer og karbohydratfôr som ikkje er importert med toll, er å sikre tilnærma like vilkår mellom korn og andre råvarer til kraftfôr til husdyr og fiskeoppdrett. Pelsdyrfôr har fritak frå ordninga.

Ut frå dei priser som gjeld på verdsmarknaden for m.a. sildemjøl og norsk korn gjer ein framlegg om ei løyving på 92,3 mill. kr.

Kap 1151 Til gjennomføring av reindrifftsavtalen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	36 150	31 900	32 900
72	Tilskott til organisasjonsarbeid	4 000	4 000	4 000
74	Tilskott til marknadsfremmande tiltak, <i>kan overføres</i>	1 458		
75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overføres</i>	33 032	37 300	41 300
77	Tilskott til transport av rein	2 398		
79	Velferdsordningar	1 800	1 800	1 800
82	Kompensasjon for kostnader vedkommande radioaktivitet i rein	4 189		
	Sum kap 1151	83 027	75 000	80 000

Mål og strategiar

Kapitlet omfattar løyvingar til gjennomføring av reindrifftsavtalen, samt løyving for dekking av kostnader i samband med radioaktivitet i reinkjøtt.

Dei mål og retningslinjer som ligg til grunn for reindriftspolitikken er dregne opp av Regjeringa i St.meld.nr. 28 (1991-92) – ”*En bærekraftig reindrift*”, og av Stortinget i Innst.S.nr. 167 (1991-92). Hovudstrategien er å skape ei meir bærekraftig reindrift. Med dette forstår ein ei reindrift som har økologisk, økonomisk og kulturell bærekraft. Desse tre måla står i ein innbyrdes samanheng: Økologisk bærekraft gjev grunnlag for økonomisk bærekraft, og saman gjev økologisk og økonomisk bærekraft det moglege å utvikla kulturell bærekraft.

Reindrifta er ei lita næring i nasjonal målestokk, men både i samisk og lokal samanheng har den stor verdi – når det gjelde økonomi, sysselsetjing og kultur. Reindrifta er derfor ein viktig del av det materielle grunnlag for samisk kultur.

Reindrifftsavtalen er, ved sida av reindrifftslova, det viktigaste operative reiskapen for å følge opp måla og retningslinjene i reindriftspolitikken. Her fastset ein bruken av dei økonomiske verkemidla, bl.a. ut frå reindrifftslova sine intensjonar og reglar.

I reindrifftsavtalen 1999 legg ein opp til at sanksjonsheimlane i reindrifftslova og stimuleringstiltaka over reindrifftsavtalen skal kunne nyttast saman for å nå fram til ei større måloppnåing i reindriftspolitikken.

For nærare omtale av mål og strategiar i reindriftspolitikken blir det vist til pkt. 2.5 i programkategori 15.30 og til St.prp.nr. 54 (1998-99). Nærare omtale av målsetjingane for dei enkelte ordningane på kapitlet går fram av budsjettframlegget for 2000 .

Resultatrapport 1998

Sjølv om ein etterkvart ser for seg ei sterkare vektlegging av kvalitative sider ved reinflokkane (flokkstrukturering etter kjønn, vekt og alder) som tiltak for å tilpasse beitinga til beiteressursane, vil utviklinga i reintalet framleis vere ein viktig indikator for ressurstilpassinga.

For endringar i slaktekvantum, gjennomsnittsvekt, gjennomsnittleg utbetalingspris, inntektene frå kjøtt og biprodukt, kostnadene i reindrifta, statstilskotta, talet på årsverk og andre økonomiske tilhøve i reindrifta, viser ein til omtalen i St.prp.nr. 54 (1998-99) pkt. 3.2

Sjølv om det er store skilnader i dei økonomiske resultatane mellom områda, noko som reflekterer skilnader i produksjonstilpassing og effektivitet i næringa, må det totale økonomiske resultat for reindrifta karakteriserast som svakt. Vidare er

inntektsfordelinga framleis skeiv, og den økonomiske og sosiale situasjonen for ein del driftseiningar i Finnmark må karakteriserast som uforsvarleg låg.

Radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulukka i 1986 skaper ekstra kostnader for reindriftsnæringa. Ei tiltakspakke blei derfor finansiert av staten for å halde næringsutøvarane i reindriftn økonomisk skadeslause.

I samband med St.prp.nr. 49 (1997-98) framsette NRL krav om at det må avklarast nærare korleis situasjonen som har oppstått i dei sør-samiske områda etter Høgsterett sin dom i Aursundensaka vil bli følgt opp frå styresmaktene si side, og at det må setjast ned ein reindriftslovkommisjon for ein generell gjennomgang av reindriftslovgjevinga. Hausten 1998 blei det nedsett både eit forhandlingsutval og ein reindriftslovkomité. Forhandlingsutvalet er i drøftingar med grunneigarane om ein reinbeiteavtale i dei områda som er omfatta av Høgsterettsavgjerd. Reindriftslovutvalet arbeider med å sjå på reindriftslova sine reglar om styring og forvaltning av reindriftn, og regulering av interne tilhøve i næringa.

For ein meir detaljert resultatrapport for reindriftpolitikken viser ein elles til kap. 3 i St.prp.nr. 54 (1998-99), der det er lagt fram materiale som syner utviklinga på ulike område. Ein viser òg til pkt. 4 under programkategori 15.30.

Nedanfor følgjer ei oppsummering av dei viktigaste elementa i reindriftsavtalen for 1999/2000.

Reindriftsavtalen 1999-2000

Avtalen legg vekt på å følgje opp dei føresetnadene som ligg i St.meld.nr. 28 (1991-92).

Reindriftsavtalen for 1999-2000 har ei ordinær ramme på 80,0 mill. kr. I tillegg blei det avsett ei disposisjonsløyving på 4,5 mill. kr og omdisponert 3,0 mill. kr innanfor avtala til dekking av kostnader knytt til radioaktivitet.

I tillegg til sjølve avtalen er det avtalt oppfølging på tre punkt:

- rammer for gjennomføring av reintalstilpassing i tiltaksdistrikt i Finnmark,
- finansiering av tiltak mot radioaktivitet i reinkjøtt og
- om innføring av ein tidlegpensjonsordning i reindriftn.

Ein einsidig bruk av reindriftsavtalen sine verkemiddel, utan bruk av reindriftslova sine heimlar for regulering og sanksjonar, har ført til at dei som har vore heilt avhengige av tilskotta over reindriftsavtalen bygger reinflokken ned, medan andre held stillinga eller bygger opp.

Trongen for ein styrt og regulert tilgang av nye utøvarar til reindriftn må vektleggjast parallelt og med same styrke som eit ynskje om å leggje til rette for avgang frå næringa. I reindriftsavtalen for 1999-2000 blei partane samde om ein ny strategi for reduksjon av reintalet i dei distrikta i Finnmark der det er størst mishøve mellom reintal og beiteressursar. I enkelte distrikt skal det stillast krav om slakting ut frå den prosentdelen simler som ikkje oppnår nærare fastsette vektkrav i løpet av sommaren 1999. Reindriftsstyret har fastset dette vektkravet med heimel reindriftslova § 2. I dei tiltaksdistrikta der reindriftsutøvarane ikkje blir samde om ei plan for gjennomføring, eller der denne ikkje blir følgt opp, vil driftseiningane bli pålagde utslakting med heimel i reindriftslova.

Desse nye tiltaka er ei vidareføring av prosessen med å gjere reindriftsavtalen sine overføringar tyngre og meir styrande ved at dei blir kopla saman med juridiske verkemiddel.

Under avtaleforhandlingane i år blei det òg semje om å innføre ei tidlegpensjonsordning. Denne skal gjera det mogeleg for reindriftsutøvarane å gå ut av næringa før dei har rett til alderspensjon etter Folketrygda, og stimulere til tidlegare generasjonsovergangar. Dette vil betre tilpassinga mellom sysselsetjing og inntektsgrunnlag.

Landbruksdepartementet

Reindrifftsavtalen for 1999-2000 og endringane i statsbudsjettet for 1999 er lagde fram for Stortinget i St.prp.nr. 54 (1998-99). Stortinget gjorde vedtak for 1999 i samsvar med proposisjonen, og løyvde samstundes midlar til dekking av kostnader vedkomande tiltak mot radioaktivitet i reinkjøtt.

Budsjettframlegg 2000

Departementet gjer framlegg om at Stortinget vedtek løyvingar under kap. 1151 for 2000 i samsvar med reindrifftsavtalen for 1999-2000.

I omtalen av dei einskilde postane er det gjort kort greie for formål og innhald i dei ulike ordningane. For nærare omtale viser ein til St.prp.nr. 54 for 1999-2000 om reindrifftsavtalen.

Arbeidet med å styrkje og betre tilskottsforvaltninga vil halde fram i 2000.

Post 51 Tilskott til reindriffta sitt utviklingsfond

Midlane frå reindriffta sitt utviklingsfond kan nyttast til praktiske tiltak i næringa som til dømes investeringar i anlegg til bruk i utøvinga av reindrifft og investeringar knytte til binæringar. Fondet kan òg gi støtte til faglege tiltak til fremjing av reindriffta, samt støtte til tiltak av allmenn interesse for samisk kultur. Fondet kan yte lån eller tilskott knytte til etablering i næringa.

Frå reindriffta sitt utviklingsfond blir det gjort følgjande avsetningar:

- 5,0 mill. kr til forskning og vegleing for 1999,
- 5,0 mill. kr til ressursforvaltning (veging, teljing, årgangsmerking m.m.),
- 2,0 mill. kr til Samisk Utviklingsfond får å støtte opp under kombinasjonsnæringar der reindriffta går inn som ein komponent
- 0,5 mill. kr til arbeidet med førebuing av ny reinbeitekonvensjon med Sverige og
- 1,0 mill. kr til Marknads- og kvalitetsutvalet for reinkjøtt.

Det er ope for å nytte midlar frå fondet til å løyse inn driftseiningar der innløyising skjer etter søknad og til transport av rein/føring med landgangsfartøy. Det blir høve til å nytte midlar frå fondet til å dekkje utgifter knytte til ordninga med tidlegpensjon for reindriffta i avtaleåret 1999-2000. Vidare er partane samde om at midlar frå RUF kan nyttast til økonomisk hjelp til sikring av reindriffta sin beiterett.

Ein gir framlegg om ei løyving på 32,9 mill. kr for 2000.

Post 72 Tilskott til organisasjonsarbeid

Det blir gitt tilskott til organisasjonsarbeid. Ein gjer framlegg om ei løyving på 4,0 mill. kr for 2000.

Post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, *kan overførast*

		(i 1 000 kr)		
Under post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
75.11	Frakttilskott	1 086	1 700	1 700
75.12	Tilskott til driftseiningar og tamreinlag	21 525	19 600	20 600
75.13	Distriktstilskott	7 841	9 500	9 500
75.14	Driftstilskott for Troms og Nordland		2 500	5 000
75.18	Tidlegslaktetilskott i Finnmark	2 580	4 000	4 500
Sum post 75		33 032	37 300	41 300

Ein gjer framlegg om ei samla løyving på 41,3 mill. kr for 2000. Fordelinga av løyvinga er vist i tabellen ovanfor.

Underpost 75.11 Frakttilskott

Føremålet med frakttilskottet er å medverke til utjamning av pris på reinkjøtt til reingeigarane i ulike distrikt.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 1,7 mill. kr for 2000.

Underpost 75.12 Tilskott til driftseiningar og tamreinlag

Føremålet med ordninga er å medverke til å tilpasse reintalet i høve til beiteressursane og å auke produktiviteten pr. dyre- og arealeining. Tilskottet skal òg ha ein kvalitetsfremmande effekt og verke utjamnande mellom regionar og einingar i næringa.

Satsen for produksjonstilskott er auka frå 45 000 til 50 000 kr pr. driftseining. Tamreinlaga får satsen på 50 000 kr for kvar 600 rein. Tilskottet kan delast likt mellom ektefellar som utøver sams reindrift. Der begge ektefellar er aktive i reindriften innvilges eit halvt produksjonstilskott i tillegg pr. driftseining. Vidare er det eit øvre tak på 600 rein pr. driftseining for å få produksjonstilskott.

Det blir vidareført eit produksjonskrav på 9,5 kg pr. rein i Vest-Finnmark og Karasjok, og på 11,5 kg pr. rein i resten av landet.

Vektgrensene for Aust-Finnmark og Vest-Finnmark reinbeiteområde er sette til 53 kg for kviger og 67 kg for simler. I resten av landet blir det praktisert vektgrenser berre for kviger og er sett til 57 kg. Maksimalt reduksjonskrav er sett til 40% av hodyrflokken. Krava skal hjelpe til å tilpasse beitepresset til næringsgrunnlaget. Sanksjonsmidlar er at tilskottet fell bort dersom krava ikkje blir overhaldne. Det er sett av 17,6 mill. kr til produksjonstilskott, og 3 mill. kr til kalveslaktetilskott.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 20,6 mill. kr.

Underpost 75.13 Distriktstilskott

Føremålet med distriktstilskottet er å medverke til at reinbeitedistrikta skal kunne ta auka ansvar for utvikling av næringa i ein berekraftig retning. Tilskottet skal vidare gi grunnlag for at distrikta skal ha ansvar for finansiering av kostnader ved avløyning under sjukdom og svangerskap utover dei generelle ordningane i Folketrygda. Det blir opna for oppbygging av tåpsførebyggjande fond i distrikta ved at distrikta får høve til å setje av inntil 20% av ordinært distriktstilskott til slike fond, og at distrikta i såfall blir tilført ein tilsvarande sum over reindriftsavtalen.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 9,5 mill. kr for 2000.

Underpost 75.14 Driftstilskott for Troms og Nordland

For i størst mogeleg grad å ta omsyn til dei mange spesielle tilhøva for reindriften i Troms blei det ved reindriftsforhandlingane i 1997 innført ei ordning med flatt driftstilskott for driftseiningane i Troms. Dette skal og gjelde for Nordland i slaktesesongen 1999/2000. Satsen for driftstilskottet blei auka med 5000 kr pr. driftseining frå 75 000 kr til 80 000 kr pr. driftseining. Formålet med ordninga er å heve inntekta og virke utjevande mellom einingar i næringa

Ein gjer framlegg om ei løyving på 5,0 mill. kr.

Underpost 75.18 Tidlegslaktetilskott i Finnmark

Ordninga med tidlegslaktetilskott blei innført i slaktesesongen 1993/94 grunna dei særlege problema knytte til vinterbeita i Finnmark og Troms. Føremålet med tilskottet er å medverke til at rein blir slakta tidleg på hausten. Dette for å redusere trykket på marginale lavbeite, samt å oppnå best mogeleg kvalitet på kjøtt og biprodukt.

Ordninga har hatt bra effekt på slaktinga, særleg i Vest-Finnmark. Det er innført eit tak på 30 000 kr pr. driftseining for tidlegslaktetilskottet, samstundes som tilskottet er gjort avhengig av oppnådd produksjonstilskott. Tidlegslaktetilskottet har utgått i Troms.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 4,5 mill. kr.

Post 79 Velferdsordningar

Posten omfattar ordninga med Medlemsavgift til Folketrygda og sjukepengeordninga.

Den enkelte reineigar skal betale ei avgift til folketrygda som er lik den avgifta lønsmottakarane betalar. Skilnaden mellom den avgifta som er fastsett for private næringsdrivande (10,7 pst.), og den avgifta som skal betalast av den enkelte reineigar (7,8 pst.) blir finansiert over reindriftsavtalen. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i utviklinga i pensjonsgjevande inntekt i reindrifta. Midlane blir ført over til Folketrygdfondet.

Den kollektive innbetalinga over reindriftsavtalen til sjukepengeordninga dekkjer tilleggspremien for auke av sjukepengane frå 65 til 100 pst. av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 14 dagar. Fødselspengar blir òg ytte med 100 pst. av inntektsgrunnlaget. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei reindriftsutøvarane som går inn under ordninga. Midlane blir ført over sentralt til Folketrygda.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 1,8 mill. kr for 2000.

Kap 1161 Statskog SF - forvaltningsdrift

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
70	Tilskott til forvaltningsdrift	17 231	17 229	17 641
73	Avviklingskostnader	808	500	512
75	Oppsyn i statsallmenningar	5 517	5 512	5 644
	Sum kap 1161	23 556	23 241	23 797

Mål og strategiar

Målet for Statskog SF sitt arbeid med forvaltningsoppgåvene er å sikre at dei rettar bruksrettshavarar og andre har på eigedomane, blir ivareteke i samsvar med lover, forskrifter og politiske retningslinjer. I samarbeid med bruksrettshavarar, brukarorganisasjonar, kommunar og miljøvernstyresmakter skal føretaket arbeide for ei areal- og ressursdisponering som er mest mogleg tenleg for samfunnet, for dei distrikta der eigedomane ligg og for staten som eigar.

Frå departementet si side blir aktiviteten styrt gjennom tildelingsbrev og styringsmøte på same måte som anna forvaltningsverksemd.

Østlandsforskning har evaluert omorganiseringa av Statskog SF. Evalueringa er til vurdering og departementet vil kome tilbake med omtale i eit tillegg til St.prp. nr. 1.

Oppgåver

Forvaltningsoppgåvene omfattar både lovpålagde og ikkje lovpålagde oppgåver. Dei lovpålagde oppgåvene har grunnlag i særlover som gjeld for eigedomane - fjellova, lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark fylke, lov om skogsdrift m.v. i statsallmenningane og lov om utmarkskommisjon for Nordland og Troms. Dei oppgåvene som ikkje er lovpålagde har grunnlag i særlege pålegg og retningslinjer.

Lovpålagde oppgåver

Skogbruk. Oppgåvene, som følgjer av lov om skogsdrift i statsallmenningar og lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark, er knytte til vedutvising i Finnmark og til virkesutvising i statsallmenningar til dekking av bruksrettar. I tillegg inngår arbeid med salsvirke til inntekt for allmenningsfonda.

Grunneigaroppgåver som ikkje gir inntekt. Verksemda følgjer av fjellova og lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark og dekkjer oppgåver knytte til bruksrettar til anna enn virke, mellom anna dyrking, beite, setrar, torv, næringshytter og anlegg for reindrift.

Utmarkskommisjonen for Nordland og Troms. Oppgåvene omfattar Statskog sitt arbeid for kommisjonen med trykking av Riksarkivet sine utgreiingar, framskaffing av kart, arkivgransking, synfaringar og saksførebuing.

Offentlegrettslege oppgåver. Verksemda dekkjer oppgåver der Statskog SF handlar som offentlig styresmakt, behandlar saker og gjer vedtak i samsvar med fjellova, lov om skogsdrift m.v. i statsallmenningane og lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark. Administrasjonsutgiftene knytt til oppsyn i statsallmenningar (post 75) fell òg inn her.

Ikkje lovpålagde oppgåver

Administrasjon av fiske i Finnmark. Inntil vidare gjeld særlege ordningar for forvaltning av fisket i Finnmark. Forvaltningsordninga skal vurderast i samband med oppfølginga av arbeidet til Samerettsutvalet.

Friluftsliv, tilrettelegging. I samsvar med St.meld. nr. 40 (1986-87) *Om friluftsliv* held Statskog m.a. opne husvære i fjellet, merkar stiar og løyper og byggjer bruer, klopper,

rasteplassar og fiskebrygger for uføre og barnefamiliar. Tiltaka har ofte innslag av kulturminnevern i samband med restaurering av gamle bygningar, fløytingsdammar og -renner. Tiltak for friluftslivet blei evaluert i 1996, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (1996-97).

Oppsyn i Nord-Noreg – fjellteneste. Tenesta, som er samfinansiert med m.a. miljøvernstyresmaktene, skal gjennom informasjon og rettleiing, overvaking, skjøtsel og til rettelegging medverke til sikring av naturverdiar og bevaring av biologisk mangfald.. Tenesta omfattar eit areal på knapt 70 mill. dekar. Ei evaluering av tenesta er venta ferdig hausten 1999.

Resultatrapport 1998

På post 70 er det i 1998 rekneskapsført 17,2 mill. kr som er i samsvar med løyvinga. Om lag 60 pst. av utgiftene skriv seg frå dei lovpålagde oppgåvene.

I alt 37 000 m³ tømmer og ved er utvist til bruksrettshavarane eller selt til inntekt for allmenningsfonda. Av dette utgjer utvisninga i Finnmark om lag 15 000 m³. Etter-spørselen har her auka sterkt i dei siste åra. Det er derfor sett i gang ei registrering av lauvskogressursane.

I statsallmenningane er nye bruksreglar utarbeidd i samsvar med § 2-17 i allmenningslova. Arbeidet med skogbruksplanar i samsvar med § 4.3 i same lova held fram. Der skogressursane er minimale, verna eller utan verdi grunna vanskelege drifts-tilhøve, vil planane bli tilpassa dei skoglege tilhøva på staden. Eit nytt saksbehandlar-system for behandling av saker som fell inn under lov om skogsdrift i statsallmenningar er utarbeidd og tatt i bruk. For setrar som fell inn under føresegnene i fjellova er det utvikla eit register for bygningar og bruk. Regelverket for tilskottsordninga under post 75 er under revisjon. I 1998 har ein arbeidd med å betra tildelingskriteria.

Fond knytte til forvaltningsoppgåvene

Bruken av *grunneigarfondet* som pr. 31.12.98 var knapt 43 mill. kr, er regulert ved § 12 i fjellova. Fondet skal etter samråd med Fjellstyresambandet mellom anna brukast til tiltak i statsallmenningane med sikte på verdiskaping og lønnsame arbeidsplassar. *Allmenningsfonda* som på same tid var på vel 20 mill. kr, skriv seg frå salshogstar og erstatning for barskogvern i underskottsallmenningane. Fonda skal saman med skog-avgiftsfonda brukast til investeringar i skogbruket i den enkelte allmenning.

Budsjettframlegg 2000

Post 70 Tilskott til forvaltningsdrift

Verksemda er knytt til lovpålagde og ikkje lovpålagde forvaltningsoppgåver som Statskog SF utfører for Landbruksdepartementet. Ein reknar med at avvirkinga av bruksrettsvirke vil liggje på om lag same nivå som i 1998 – 35-40 000m³. Arbeidet med å leggje inn data frå om lag 2000 setrar i seterregistret blir igangsett i samarbeid med fjellstyra. Kostnaden blir delvis dekt av midlar frå grunneigarfondet. Nye seter-forskrifter og reglar for utvising av tilleggsjord er i arbeid og vil tre i kraft i 2000. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 17,6 mill. kr.

Post 73 Avviklingskostnader

Posten dekkjer ventelønn til dei som fekk rett til dette i samband med flyttinga av Statskog SFs hovudkontor frå Oslo til Namsos. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 0,5 mill. kr.

Post 75 Oppsyn i statsallmenningane

Posten dekkjer tilskott til fjellstyra for oppsynsordningar i statsallmenningane i samsvar med § 36 i fjellova. Statsallmenningane omfattar 27 mill. daa. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 5,6 mill. kr.

Kap 2411 Statens Landbruksbank

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
01	Driftsutgifter	49 246	49 133	34 078
71	Rentestøtte	501	500	500
72	Erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	29	100	100
73	Tilskott til Landbruksbankens tapsfond	2 000	9 000	6 000
90	Lån, <i>overslagsløyving</i>	290 944	280 000	380 000
	Sum kap 2411	342 720	338 733	420 678

Stortinget har vedteke at Statens Landbruksbank skal avviklast som eiga verksemd. Forvaltninga av dei økonomiske verkemidla knytt til finansiering av tradisjonelt landbruk, og nye næringar, som i dag ligg i Statens Landbruksbank og Landbrukets utviklingsfond (LUF), blir overført til SND. Forvaltninga av oppgåver hos Statens Landbruksbank som i dag ligg i fylkesmannen si landbruksavdeling og avdelingskontora til Statens Landbruksbank blir overført til SND sine distriktkontor. Andre oppgåver vil bli overført til kap. 1143 Sentral landbruksforvaltning. Overføringa vil skje frå 1.1.2000, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg 6 (1998-99) og Innst.S. nr. 89 (1998-99).

I St.prp. nr. 75 (1998-99) og Innst.S. nr. 243 (1998-99) er dei overordna prinsippa for overføringa av oppgåver frå Statens Landbruksbank og fylkesmannens landbruksavdeling til SND trekte opp. Landbruksdepartementet oppnemnde på det grunnlaget og i samråd med Nærings- og handelsdepartementet ei styringsgruppe og to undergrupper med deltaking frå verksemdene og dei tilsette, for å greie ut relevante forhold i samband med overføringa av ressurser og oppgåver frå Statens Landbruksbank og Fylkesmannen. Undergruppene leverte 1.9.1999 sine rapportar og saka er til vurdering i departementet. Departementet vil i eit tillegg til St.prp. nr. 1 (1999-2000) leggje fram si vurdering av dei budsjettmessige, personalmessige og administrative konsekvensane av overføringa.

Resultatrapport 1998*Landbrukets utviklingsfond*

Landbruksbanken har som ei viktig oppgåve å forvalte låne- og tilskotsordningar under LUF til ulike investeringsføremål i landbruket. Midlane går til ei rad ordningar innan tradisjonelt landbruk og næringsutvikling, m.a. BU-ordninga, miljøtiltak og skogbruks-tiltak.

Av ordningane under LUF er BU-ordninga den største. Hovuddelen av BU-midlane blir innvilga på fylkesnivået. Landbruksbanken har ansvaret for den sentrale oppfølginga når det gjeld bruken av BU-midlane i fylka, m.a. praktisering av forskrifta, utvikling og drift av administrative styringssystem og resultatrapportering.

LUF og Landbruksbanken har felles styre som m.a. har ansvaret for forvaltning av dei sentrale BU-midlane.

Under kap. 1150 er det gitt ein samla oversikt over ressursbruken over LUF. I St.prp. nr. 75 (1998-99) er dei einskilte ordningane nærare omtalte saman med resultatrapport for 1998.

I tillegg til dei sentrale BU-midlane har styret hatt ansvaret for forvaltning av 5 mill. kr av midlane til Konkurransestrategiar for norsk mat. Midlane er i hovudsak nytta til strategiske utviklingsprosjekt innan matområdet, der det er lagt særleg vekt på samfinansiering og fellesprosjekt med FoU-institusjonar, jf. kap. 1150 post 77.15.

Utlånsverksemda

Til investeringstiltak kan det, forutan tilskott og investeringslån (BU-midlar), òg løyvast renteberande lån slik at det er tilbod om ei samla finansieringspakke for prosjekta. I tillegg kjem krav til eigenkapital/eigeninnsats. Renteberande lån blir løyvde av landbruksavdelingane medan Landbruksbanken står for utbetaling og bankteknisk oppfølging. Til eigedomsoverdraging, reindriftstiltak, andre landbruksføremål og bustadføremål er det Landbruksbanken som står for både å innvilge lån og bankteknisk oppfølging.

Landbruksbanken si ramme for løyving av nye lån var i 1998 på 250 mill. kr. Landbruksbanken sine utlån til dei ulike formåla i 1997 og 1998 går fram av tabellen nedanfor.

Tabell 2.6: Utlån til dei ulike formåla i 1997 og 1998

Formål	1997		1998	
	Talet på lån	Sum i mill. kr	Talet på lån	Sum i mill. kr
Driftsbygningar	228	81,0	269	77,3
Tilleggsnæringar	84	70,4	58	18,2
Kjøp av tilleggsareal og eigedomsoverføring	157	62,8	105	38,5
Miljøtiltak	72	7,5	10	1,5
Reindrift	2	0,2	7	0,9
Div. landbruksføremål	45	11,5	14	4,2
Sum landbruksføremål	588	233,4	463	140,6
Nye bustader	142	82,4	114	68,7
Utbetring av bustader	115	34,2	106	39,9
Sum bustadføremål	257	116,6	220	108,6
Sum totalt	845	350,0	683	249,2

Ved utgangen av 98 utgjorde samla utlån i Landbruksbanken 4 375,8 mill. kr. Dette gav ein nedgang i utlånskapitalen på 41,1 mill. kr. Det er framleis større etterspurnad enn disponible midlar.

Talet på lån er i 1998 gått ned med 4 190 til 43 441 løpande lån.

I høve til utlånsmassen er tapstala framleis sær s låge. Landbruksbanken hadde i 1998 eit samla tap på utlån på 2,3 mill. kr. Rekna i prosent av låneporteføljen utgjorde Landbruksbanken sine tap i 1998 0,05 prosent.

Nærings- og bygdeutvikling

Verksemda i Landbruksbanken har elles omfatta ei rad aktivitetar og oppgåver som har som formål å heve eigen kompetanse og leggje til rette for arbeidet med næringsutvikling lokalt i fylke og kommunar. Landbruksbanken har arrangert fleire samlingar, utvikla nyttige verktøy og gitt ut nyheitsbrev. Det er sett saman 21 koordineringsgrupper med kompetanse på ulike produksjonar og bransjar.

Landbruksbanken har ein samarbeidsavtale med Noregs Forskingsråd når det gjeld arbeidet med FoU på næringsutviklingsområdet. Hovudforemål er å styrkje koplinga mellom FoU-arbeid og den brukarretta FoU-innsatsen og å få til ei betre informasjon om FoU-resultat til næringslivet og til det offentlege verkemiddelapparatet.

Statens naturskadeordning

Landbruksbanken har det administrative ansvaret og budsjettansvaret for statens naturskadeordning. Sekretariatet er organisert som eit eige kontor i Landbruksbanken. Sekretariatet har i 1998 behandla 1185 saker som gjeld erstatning og klager. Sakshandsamingstida er redusert for fleire ordningar. I 1998 blei det utarbeidd ei beredskapsplan for handtering av situasjonar som oppstår etter naturkatastrofar. Statens naturskadeordning er nærare omtala under kap. 1148.

Landbruksdepartementet

Andre oppgåver

Landbruksbanken har ansvaret for klagehandsaming av visse delingssaker etter jordlova. Det blei i 1998 gjort vedtak i 182 slike saker. 213 klagesaker blir behandla etter dei fylkesvise BU-forskriftene.

Landbruksbanken har sekretariatsfunksjonen for “Fondet for etterutdanning og driftsøkonomiske tiltak i jordbruket” (EDL).

Landbruksbanken har òg ansvaret for forvaltninga av midlar til konfliktførebyggjande tiltak i reindriftsområda.

Budsjettforslag 2000

Landbruksbanken vil bli avvikla som eiga verksemd 1.1.2000. Landbruksdepartementet vil i eit tillegg til St.prp. nr 1 leggje fram endringar i høve til dette framlegget som følgjer opp Stortinget sitt vedtak om avvikling av Statens Landbruksbank.

Kap 5311 Statens Landbruksbank

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
01	Gebyr	8 427	10 170	10 438
02	Driftsinntekter	13 719	8 699	8 929
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	836		
90	Avdrag	334 166	284 500	300 000
91	Tilbakebetaling frå Landbruksbankens grunnfond	94 200		
Sum kap 5311		451 348	303 369	319 367

Landbruksbanken vil bli avvikla som eiga verksemd 1.1.2000. Landbruksdepartementet vil i eit tillegg til St.prp. nr 1 leggje fram endringar i høve til dette framlegget som følgjer opp Stortinget sitt vedtak om avvikling av Statens Landbruksbank.

Kap 2472 Statens Kornforretning

(i 1 000 kr)

Under post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
24.01	Driftsinntekter	-2 625 853	-2 013 422	
24.02	Driftskostnader	3 478 658	2 812 595	
24.03	Tilskudd til norsk korn	-852 714	-799 173	
24.04	Handels- og tilskuddsforvaltning	22 090	21 776	
	Sum post 24	22 181	21 776	

Stortinget har vedteke at Statens Kornforretning, Omsetningsrådet, Fraktkontoret for slakt og delar av Statens Landbruksbank skal samordnast, jf. Innst. S. nr. 89 (1998-99). Landbruksdepartementet legg opp til at den nye verksemda blir eit ordinært statleg forvaltningsorgan underlagt departementet og budsjettert på 01-post. Ein tek sikte på å iverksette omorganiseringa frå 1.7.2000. I tråd med St.prp. nr 75 (1998-99) legg ein opp til å endre budsjetteringa av Statens Kornforretning og marknadsordninga for korn frå 1.1.2000. Ein legg såleis opp til at administrasjonsutgiftene til Statens Kornforretning blir løyvd på kap. 1143 Sentral landbruksforvaltning og at det blir oppretta eit statleg fond under jordbruksavtalen der inntekter og utgifter knytt til marknadsordninga for korn blir ført. Løyvingar til avslutning av kapitalbalansen til Statens Kornforretning pr. 31.12.99 vil bli lagt fram for Stortinget våren 2000. Departementet viser til kap. 1143 og kap. 1150 post 50.14 for nærare omtale.

Rapport 1998

Det blei omsett 1 334 458 t norsk korn i 1998, som er godt over ei årsavling for eit normalår. Det blei omsett vel 96 000 tonn proteinråvarer til kraftfôr. Knappt 384 000 t matkorn har blitt deklartert til tilverking av mjøl.

Det var i 1998 ikkje grunnlag for marknadsregulering til tross for den høge norske avlinga, som førte med seg lågare import av korn samanlikna med eit normalår. Det fuktige veret i vekstsesongen førte til relativt låg kvalitet på det norske kornet, som ga grunnlag for ein auke i importen av matkorn.

Det har vore lite behov for førehandslagring av beredskapskorn i perioden 1996-98. Kornmarknaden har sidan dereguleringa i 1995 fungert bra, og behovet for statlege ordningar for særleg lagring av beredskapskorn er mykje mindre no enn tidlegare. Beredskapsordninga for Nord-Noreg har i 1998 blitt forvalta i tråd med føresetnadene. Nokre av dei minste lagra blei i 1998 lagt ned m.a. grunna sentralisering av engros-handelen.

I 1998 blei det innvilga om lag 3 500 søknader om individuelle reduksjonar for tollsats. I tillegg blei det gjort generelle administrative reduksjonar for tollsats i samsvar med systemet for målpris. Dei fleste av desse generelle reduksjonane i tollen skjedde innanfor grøntsektoren. På kornsektoren blir praktisert permanente reduksjonar for tollsats heile året. Statens Kornforretning har gitt bidrag til fleire utgreiingar som er gjennomført på handelsområdet.

Statens Kornforretning har etablert betre rutiner med tollvesenet og underteikna ei samarbeidsavtale med Skattedirektoratet, som følgje av at det i 1998 blei avdekt tilfelle der tilskott hadde blitt utbetalt på grunnlag av falske opplysningar. Utbetalningar av tilskott i landbruket har elles blitt gjennomført i tråd med føresetnadene. Ein har lykkast i den krevjande omstillinga til eit betre IT-basert opplegg.

Forretningsrekneskapen 1998

Løyvinga til driftsbudsjettet til Statens Kornforretning og marknadsordninga for korn har til no vore kopla saman. Løyvinga til marknadsordninga for korn på statsbudsjettet

Landbruksdepartementet

er ført til inntekt i Statens Kornforretning sitt driftsrekneskap. Nettoverdien av innkjøpte og selde råvarer var i 1998 i overkant av 2,5 mrd. kr. Driftskostnadene utgjorde vel 3,4 mrd. kr. Kostnadene til administrasjon er ført i driftsrekneskapen. Differansen mellom driftskostnader og driftsinntekter er dekt over løyvinga til marknadsordninga for korn på statsbudsjettet, jf. kap. 1150 post 76. Utgiftene var i 1998 på 852,7 mill. kr. Utgiftene til handel- og tilskottsforvaltning er ført med 22 mill. kr.

Finansiering av kjøp og sal av den norske kornavlinga skjer ved trekk på statskassa og gjennom fordringa på Lager- og tørkefondet. Kapitalbalansen til Statens Kornforretning var pr. 31.12.98:

Tabell 2.7: Kapitalbalansen til Statens Kornforretning

	(1 000 kr)	
Aktiva/Passiva	31.12.97	31.12.98
Betalingsmidlar	77 947	230 471
Kundefordringar	989	3 597
Omløpsmiddel	79 470	234 068
Langsiktige fordringar	4 504	4 683
Utlån Lager- og tørkefondet	145 221	125 859
Anleggsmiddel	149 725	130 542
Eigendelar	229 195	364 609
Skuldig statskassa	163 229	331 185
Skuldig skatt/pensjon/mva. m.m.	3 155	962
Anna kortsiktig gjeld	52 194	32 463
Gjeld	229 195	364 609

Kap 5545 Miljøavgifter i landbruket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
70	Miljøavgift, kunstgjødsel	165 024	165 175	
71	Miljøavgift, plantevernmidde	24 124	45 000	60 000
	Sum kap 5545	189 148	210 175	60 000

Miljøavgiftene på kunstgjødsel og plantevernmidde blei innført på slutten av 1980-talet som eit av fleire verkemiddel for å nå nasjonale og internasjonale miljømål. I tida etter at miljøavgiftene blei innført er det gjennom jordbruksavtalen innført fleire verkemiddel for å redusere forureiningane frå jordbruket. Gjennomføringa av tiltak er dokumentert i systemet med resultatkontroll i jordbruket. Landbrukstilsynet krev inn miljøavgiftene saman med dei ordinære kontrollgebyra.

Post 70 Miljøavgift, kunstgjødsel

Landbruksdepartementet gjer framlegg om å fjerne miljøavgifta på kunstgjødsel frå 1.1.2000, jf. forslag til vedtak VIII. Det blei teke omsyn til dette ved jordbruksoppgjeret i 1999, jf. St.prp. nr. 75 (1998-99).

Forslaget om fjerning av miljøavgifta er eit ledd i arbeidet med å redusere kostnadene i jordbruket og bringe avgiftsnivået meir på linje med situasjonen i andre land. Det er viktig at denne reduksjonen blir kombinert med ei vidareutvikling av verkemiddel-systemet i jordbruksavtalen. På den måten kan ein forbetre miljøeffekten innanfor ramma av eit meir kostnadseffektivt verkemiddelsystem der jordbruksavtalen og avgiftssystema blir sett i samanheng. Ved jordbruksoppgjeret 1999 blei det gjort framlegg om å styrke miljøarbeidet i landbruket og på ein slik måte at ein skal kunne nå måla om reduksjon av avrenning av næringsstoff med andre og meir effektive verke-middel enn miljøavgift. Departementet legg elles opp til å målrette og styrke miljø-tiltaka gjennom eit heilskapleg miljøprogram. Miljøprogrammet i landbruket vil bli konkretisert i landbruksmeldinga. Departementet legg vidare opp til å innføre krav om miljøplan på alle gardsbruk som får støtte gjennom miljøprogrammet. Miljøplanen er ei vidareutvikling av noverande krav om obligatoriske gjødselplanar. Ein tek òg sikte på auka satsing på spesielle tiltak retta mot kulturlandskapet, endra jordarbeiding og bruk av fangvekstar.

Post 71 Miljøavgift, plantevernmidde

Som ei oppfølging av Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmidde blei avgiftssystemet lagt om frå 01.03.99. Plantevernmidla blir no grupperte i avgiftsklassar basert på ibuande eigenskapar og eksponeringsbelastning. Avgifta var tidlegare basert på omsetningsverdi, medan den no er basert på normerte arealdosar differensiert etter midla sin risiko for helse- og miljøskadar. For at avgifta skal få tilstrekkeleg effekt i høve til målsettinga for plantevernmiddebruken, vil departementet vurdere nivået på avgifta i samband med dei årlege budsjettframlegga. For 1999 budsjetterer ein med ei auke i avgiftsinntektene frå 22 til 45 mill. kr. Departementet gjer framlegg om å auke avgifta ytterlegare i 2000 som eit ledd i dette arbeidet. Ein budsjetterer såleis med inntekter på 60 mill. kr i 2000. Jordbruksavtalepartane legg til grunn at det blir kompensert for heile avgifta ved tilbakeføring og tydeleggjering innanfor ramma for jordbruksavtalen frå og med 1999, jf. St.prp. nr. 67 (1997-98).

Kap 5571 Totalisatoravgift

(i 1 000 kr)			
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999 Framlegg 2000
70	Avgift	75 860	67 000 80 000
	Sum kap 5571	75 860	67 000 80 000

Under posten blir ført inntekter frå avgift på totalisatorspel.

I 1998 blei den samla omsetninga i totalisatorspel på 2 105 mill. kr. Dette var ein auke i omsetninga på 307 mill. kr frå året før. Inntekta frå totalisatoravgift blei på 75,8 mill. kr.

For 1999 er det budsjettert med ei samla omsetning på om lag 1 900 mill. kr. Utviklinga hittil tyder på at omsetninga i 1999 vil kunne auke til om lag 2 200 mill. kr.

For 2000 gjer ein framlegg om ei løyving under posten på 80 mill. kr. Det er i framlegget lagt til grunn uendra sats for avgifta, dvs. 3,5 pst. av omsetninga, og ei omsetning i 2000 på om lag 2 300 mill. kr.

Programkategori 15.40 Forretningsdrift

Inntekter under programkategori 15.40 fordelt på kapittel:

(i 1 000 kr)				
Kap	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000 Pst endr 99/00
4160	Sal av skoggrunn	410		
4162	Sal av Drevsjø Trelast AS		68	-100,0
4170	Statkorn Holding AS	136 000		
5609	Renter av lån i selskap under Landbruksdepartementet	7 340	43	-100,0
5614	Renter av lån i Statens Landbruksbank	199 341	288 000	235 000 -18,4
5651	Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet	38 597	63 200	32 200 -49,1
5652	Innskottskapital i Statskog SF	7 500	8 500	8 500 0,0
	Sum kategori 15.40	389 188	359 811	275 700 -23,4

Framlegget under kategorien gjeld m.a. statsforetaket Statskog SF, i tillegg til aksjeselskapa Statkorn Holding AS, Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS og Statens skogplanteskolar AS som staten eig heilt eller delvis.

Landbruksdepartementet legg vekt på at forretningsverksemda skal drivast etter bedriftsøkonomiske prinsipp og i tråd med dei retningslinene som er trekte opp for statleg eigarskap, jf. St.meld. nr. 40 (1997-98). Departementet vil arbeide med krav til avkasting og utbyttepolitikk som gir statlige selskap like vilkår med private selskap dei konkurrerer med.

Kap 4160 Sal av skoggrunn

(i 1 000 kr)			
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999 Framlegg 2000
40	Sal av eigedom	410	
	Sum kap 4160	410	

Under posten blir det rekneskapsført sal av skoggrunn som blir seld i samsvar med Stortinget sitt vedtak ved behandlinga av St.meld. nr. 35 (1988-89), jf. Innst. S. Nr. 205 (1988-89). Fylkesmannens landbruksavdeling har ansvaret for gjennomføring av sala.

Kap 4162 Sal av Drevsjø Trelast AS

(i 1 000 kr)			
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999 Framlegg 2000
91	Sal av aksjar		68
	Sum kap 4162		68

1.1.98 selde staten 66 pst. av aksjane i selskapet for kr 688 000. Salssummen blir betalt over 10 år, jf. St.prp. nr. 65 (1997-98) og St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 6 (1998-99). Dei årlege avdraga på kr 68 000 vil frå 2000 bli ført på kap. 5309 Tilfeldige inntekter.

Landbruksdepartementet

Ved behandlinga av St.prp. nr. 1 (1998-99), jf. Budsjett-innst. S. nr. 8 (1998-99), gav Stortinget fullmakt til sal av resten av dei statlege eigarinteressene.

I 1998 hadde Drevsjø Trelast AS eit underskott på 4,6 mill. kr. Den svake resultatutviklinga heldt fram i 1999 slik at bokført eigenkapital pr. 31.5.99 var -0,7 mill. kr. I tillegg til dette måtte ein rekne med at det ved ei eventuell avvikling av selskapet ville vere vanskeleg å realisere dei bokførte verdiane i ein del av dei faste anleggsmidla. Dei to største kreditorane, SND og Sparebanken Hedmark, var saman villige til å tilføre selskapet 2 mill. kr for å sikre vidare drift. Vilkåret for dette var at den statlege eigarandelen på 34 pst. blei overdratt til Sparebanken Hedmark. Med bakgrunn i at heile aksjekapitalen i selskapet måtte reknast for tapt, blei derfor staten sin eigarandel seld for kr 1,-. I salsavtalen er det føresett at staten si rentefordring på 0,5 mill. kr i selskapet blir avskriven, og at kjøparen skal arbeide aktivt for å få inn andre interessentar på eigarsida med sikte på vidare drift ved Drevsjø Trelast AS.

Kap 4170 Statkorn Holding AS

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
90	Avdrag	136 000		
	Sum kap 4170	136 000		

I 1994/95 blei det løyvd eit ansvarleg konvertibelt statslån til Statskorn Holding AS på 250 mill. kr med ei løpetid på inntil 10 år. Selskapet innbetalte 50 mill. kr i ekstraordinært avdrag i 1996 og 64 mill. kr i 1997. Det gjenståande lånet på 136 mill. kr blei innbetalt i 1998.

Kap 5609 Renter av lån i selskap under Landbruksdepartementet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
82	Drevsjø trelast AS		43	
90	Statkorn Holding AS	7 340		
	Sum kap 5609	7 340	43	

Post 82 Drevsjø Trelast AS

1.1.98 selde staten 66 pst. av aksjane i selskapet for kr 688 000. Salssummen blir betalt over 10 år, jf. St.prp. nr. 65 (1997-98) og St.prp. nr. 1 Tillegg nr 6 (1998-99). Renter av uteståande på kr 26 000 blir frå 2000 ført på kap. 5309 Tilfeldige inntekter.

Kap 5614 Renter av lån i Statens Landbruksbank

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
80	Renter	199 341	288 000	235 000
	Sum kap 5614	199 341	288 000	235 000

Post 80 Renter

Framlegget gjeld renter på Landbruksbanken sine innlån frå staten. Det vil bli lagt fram eit tillegg til St.prp. nr. 1 (1999-2000) om overføring av oppgåver til SND, jf. omtale under kap. 2411.

Kap 5651 Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
80	Utbytte	38 597	63 200	32 200
	Sum kap 5651	38 597	63 200	32 200

Post 80 Utbytte**Statkorn Holding ASA**

Stortinget ga i samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 1999 fullmakt til sal av inntil 49 pst. av aksjane i selskapet, jf. Innst. S. nr. 236 (1998-99). Regjeringa vil gjennomføre børsnøtering av selskapet i samband med det retta industrielle salet som skal gjennomførast i 1999. Selskapet vart i 1998 omdanna til eit allment selskap som følgje av det skal noterast på Oslo Børs.

Det er i 2000 planlagt eit påfølgjande spreingssal av aksjar i selskapet som skal gi grunnlaget for nøtering av selskapet på Oslo Børs.

Rekneskapen for 1998 syner eit konsernresultatet før skatt på 33 mill. kr mot 81 mill. kr i 1997. Utbytte blei fastsett til 9,267 mill. kr.

Departementet vil inntil vidare vidareføre noverande utbyttepolitikk. Framtidig utbyttepolitikk vil bli vurdert i samband med delprivatiseringa av selskapet. Framlegg til utbytte er basert på at staten eig 51 pst. av aksjane i selskapet på tidspunktet for generalforsamlinga i 2000 og prognose for årsresultatet for 1999. Hittil i år viser resultatutviklinga i konsernet ein betre netto inntening enn kva som var tilfelle i 1998. Ut frå dette budsjetterer ein med eit utbytte på 30 mill. kr. Endeleg vedtak om utbytte blir gjort av generalforsamlinga våren 2000.

I samband med utarbeiding av salsprospektet hausten 1999 vil styret i selskapet uttale seg om sitt syn på krav til avkastning og årleg forventa utbytte frå selskapet som potensielle investorar kan vente seg.

Inntektene frå sal av aksjar i Statkorn Holding ASA vil bli budsjettert etterkvart som ein sel aksjar.

Statens skogplanteskoler AS

Statens skogplanteskoler AS, som er 100 pst. statseigd, eig 56,5 pst av aksjane i Lyngdal og Reiersøl Planteskoler AS og 100 pst i Sønsterud Planteskole AS. Driftsinntektene i konsernet var i 1998 17,3 mill. kr og årsresultatet etter skatt 1,0 mill. kr. Utbyttet blei fastsett til 15,7 mill. kroner, jf. Budsjett-innst. S. nr 1(1998-99) og Budsjett-innst. S. nr 1. Tillegg nr 1(1998-99).

Utbyttet for 1999 er budsjettert til 0,7 mill. kr. Endeleg vedtak om utbytte blir gjort av generalforsamlinga våren 2000.

Dei statseigde planteskolane var forvaltningsbedrifter fram til 1989 då dei blei omorganisert til aksjeselskap og samla i morselskapet Statens skogplanteskoler AS. Ved omorganiseringa gav Stortinget fullmakt til sal av inntil 49 pst. av statens eigarinteresser. Departementet ser det som naturleg at skognæringa og tilgrensande verksemd aukar sine eigarinteresser i skogplanteskolane, og det har vore ført samtalar med potensielle kjøparar om sal innan fullmaktsramma. Frå departementet si side har det òg vore ein føresetnad at eit eventuelt sal skal bidra til ei betring av strukturen i planteskolesektoren som i dag samla sett har for låg kapasitetsutnytting. Noko sal har ikkje kome i stand, primært av di kjøparane ønskjer å kjøpa alle aksjane, men òg av andre grunnar. Departementet ber difor om fullmakt frå Stortinget til sal av inntil 100 pst. av aksjane i Statens skogplanteskoler AS, jf. forslag til vedtak VII.

Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS (VESO)

Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS (VESO) har ein aksjekapital på 5 mill. kr. Selskapet hadde i 1998 ei omsetning på 146,4 mill. kr og fekk eit resultat etter skatt på 2,5 mill. kr. Det var i utgangspunktet budsjetttert med eit utbytte frå selskapet på 1,5 mill. kr. Med bakgrunn i Budsjett-innst. S. nr. 1 Tillegg nr. 1 for 1998-99, blei det i tillegg tatt ut eit ekstraordinært utbytte på 5 mill. kr slik at samla utbytte frå selskapet blei 6,5 mill. kr. Året før hadde selskapet eit underskott på 6,5 mill. kr pga. ei ekstraordinær nedskriving av investeringane knytt til forskingsanlegget Vikan i Namsos.

Landbruksdepartementet har lagt til grunn at utbytte frå selskapet skal utgjere om lag 50 pts av resultatet etter skatt. Departementet budsjetterer med eit utbytte på 1,5 mill. kr for 1999. Endeleg utbytte vil bli fastsett av generalforsamlinga.

VESO AS skal til ein kvar tid ha eit beredskapslager for viktige vaksinar og er difor eit strategisk viktig element i Landbruksdepartementet si verksemd på veterinærområdet. VESO AS spelar i tillegg ei viktig rolle innan forskingsformidling.

Kap 5652 Innskottskapital i Statskog SF

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1998	Vedtatt budsjett 1999	Framlegg 2000
80	Utbytte	7 500	8 500	8 500
	Sum kap 5652	7 500	8 500	8 500

Post 80 Utbytte

Statskog SF skal forvalte, drive og utvikle statlege skog- og fjelleigedomar med tilhøyrande ressursar, det som står i samband med dette og anna naturleg tilgrensande verksemd. Innanfor ramma av målsettinga kan Statskog SF òg drive andre eigedomar og yte andre former for tenester. Statskog SF skal legge vekt på å oppnå eit tilfredsstillande økonomisk resultat, drive aktivt naturvern og ta omsyn til friluftsinnteresser. Ressursane skal utnyttast balansert. Den økonomiske styringa skal skje etter vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp.

Føretaket er inne i ein omstillingsprosess med satsing på ny næringsverksemd, jf. omtale i kap. 1161.

Konsernet hadde i 1998 driftsinntekter på 257,8 mill. kr og eit driftsresultatet på 24,8 mill. kr. Årsresultatet etter finanspostar og skattar viser eit overskott på 29,4 mill. kr. Bokført totalkapital i konsernet pr. 31.12.98 var 310 mill. kr og eigenkapitalen utanom skogavgiftsfondet 188 mill. kr. Eigenkapitalforrentinga har i åra 1996-98 vore høvesvis 5,9, 7,3 og 7,8 pst. Det blei gjennomført ei verdivurdering av selskapet i 1998. Vurderinga viser ein total eigenkapitalverdi utanom skogavgiftsfondet på 215 mill. kr. Rekna etter denne, er eigenkapitalforrentinga 6,8 pst for 1998. Departementet vil vurdere krav til avkastning og utbyttepolitikken for selskapet, m.a. med grunnlag i evalueringa av selskapet, jf. omtale under kap. 1161.

Utbyttet for 1998 er fastsett til 17 mill. kr, jf. St.prp. nr. 67 (1998-99).

Utbytte for 1999 er budsjetttert med 8,5 mill. kr. Endeleg vedtak om utbytte blir gjort på ordinært føretaksmøte våren 2000.

Landbruksdepartementet

tilrår:

1. I proposisjonen om statsbudsjettet 2000 blir dei summane førte opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

Sum utgifter under kap 1100-1161 og 2411	Kr	15 409 373 000
Sum inntekter under kap 4100-4150, 5311, 5545, 5571, 5614, 5651 og 5652	Kr	1 125 338 000

2. Stortinget blir bedt om å gjere vedtak som er nemnt i II til IX i forslaget.

**Forslag
til vedtak om bevilgning for budsjetterminen 2000,
kapitlene 1100-1161 og 2411, 4100-4150, 5311, 5545, 5571, 5614, 5651 og
5652**

I

Utgifter:

Kap	Post		Kr	Kr	Kr
Landbruksadministrasjon m.m.					
1100		Landbruksdepartementet (jf. kap. 4100)			
	01	Driftsutgifter	104 385 000		
	45	Store utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	9 053 000		
	70	Tilskott til drifta av Staur gard	250 000		113 688 000
1102		Fylkesmannens landbruksavdeling (jf. kap. 4102)			
	01	Driftsutgifter	262 233 000		
	21	Spesielle driftsutgifter	30 290 000		292 523 000
		Sum Landbruksadministrasjon m.m.			406 211 000
Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse					
1107		Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 4107)			
	01	Driftsutgifter	183 463 000		
	73	Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar, <i>overslagsløyving</i>	16 000 000		199 463 000
1110		Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 4110)			
	01	Driftsutgifter	86 737 000		
	73	Tilskott til stamsædavl, <i>overslagsløyving</i>	1 782 000		88 519 000
1112		Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling m.m.			
	50	Forvaltningsstøtte og utviklingsoppgåver, VI	93 793 000		
	51	Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling, Planteforsk	40 938 000		
	52	Støtte til fagsentra	12 713 000		147 444 000
1114		Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 4114)			
	01	Driftsutgifter	167 334 000		167 334 000
		Sum Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse			602 760 000
Forskning og utvikling					
1137		Forskning og utvikling			
	50	Forskningsprogram	116 302 000		
	51	Basisløyvingar til forskingsinstitutt m.m.	142 214 000		258 516 000
		Sum Forsking og utvikling			258 516 000

Landbruksdepartementet

Kap	Post	Kr	Kr	Kr
Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning				
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket			
	50 Driftsøkonomiske analyser m.m.	18 289 000		
	77 Miljøretta prosjektarbeid m.m., <i>kan overføres</i>	31 182 000		49 471 000
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket			
	50 Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket	12 467 000		
	51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 230 000		
	71 Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket, <i>kan overføres</i>	127 862 000		
	76 Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket, <i>kan overføres</i>	23 174 000		166 733 000
1143	Sentral landbruksforvaltning (jf. kap. 4143)			
	01 Driftsutgifter	110 101 000		
	70 Tilskott til beredskap i kornsektoren	19 000 000		
	71 Omstillingsstøtte til slakteri	19 006 000		148 107 000
1145	Jordskifteverket (jf. kap. 4145)			
	01 Driftsutgifter	130 795 000		130 795 000
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 4146)			
	01 Driftsutgifter	58 861 000		58 861 000
1147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 4147)			
	01 Driftsutgifter	23 337 000		
	45 Store utstyrsjøp og vedlikehald, <i>kan overføres</i>	4 942 000		
	70 Tilskott til fjellstover	625 000		
	71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overføres</i>	12 287 000		41 191 000
1148	Naturskade - erstatningar og sikring			
	70 Tilskott til sikringstiltak m.m., <i>kan overføres</i>	4 810 000		
	71 Naturskade, erstatningar, <i>kan overføres</i>	39 100 000		43 910 000
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. (jf. kap. 4150)			
	50 Fondsavsetningar, <i>overslagsløyving</i>	1 471 560 000		
	70 Marknadsregulering, <i>kan overføres</i>	221 100 000		
	73 Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	1 762 370 000		
	74 Direkte tilskott, <i>kan overføres</i>	7 036 459 000		
	77 Utviklingstiltak, <i>kan overføres</i>	612 400 000		
	78 Velferdsordningar, <i>kan overføres</i>	1 874 454 000		12 978 343 000
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen			
	51 Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	32 900 000		
	72 Tilskott til organisasjonsarbeid	4 000 000		
	75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overføres</i>	41 300 000		
	79 Velferdsordningar	1 800 000		80 000 000
1161	Statskog SF - forvaltningsdrift			
	70 Tilskott til forvaltningsdrift	17 641 000		
	73 Avviklingskostnader	512 000		
	75 Oppsyn i statsalmenningar	5 644 000		23 797 000
2411	Statens Landbruksbank (jf. kap. 5311)			
	01 Driftsutgifter	34 078 000		
	71 Rentestøtte	500 000		
	72 Erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	100 000		
	73 Tilskott til Landbruksbankens tapsfond	6 000 000		
	90 Lån, <i>overslagsløyving</i>	380 000 000		420 678 000
	Sum Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning			14 141 886 000
	Sum departementets utgifter			15 409 373 000

Landbruksdepartementet

Inntekter:

Kap	Post	Kr	Kr	Kr
Landbruksadministrasjon mm				
4100	01	Landbruksdepartementet (jf. kap. 1100)		
		Refusjon og gebyr	362 000	362 000
4102	04	Fylkesmannens landbruksavdeling (jf. kap. 1102)		
		Oppdragsinntekter og refusjonar	30 290 000	30 290 000
		Sum Landbruksadministrasjon m.m.		30 652 000
Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse				
4107	03	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 1107)		
		Gebyr og analyseinntekter m.m.	9 031 000	9 031 000
4110	01	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 1110)		
		Gebyr og analyseinntekter m.m.	62 078 000	62 078 000
4114	01	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 1114)		
		Gebyr og analyseinntekter m.m.	160 123 000	160 123 000
		Sum Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse		231 232 000
Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning				
4143	01	Sentral landbruksforvaltning (jf. kap. 1143)		
		Driftsinntekter m.m.	2 200 000	
	80	Renteinntekter	1 759 000	3 959 000
4145	01	Jordskifteverket (jf. kap. 1145)		
		Saks- og gebyrinntekter	14 802 000	14 802 000
4146	02	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 1146)		
		Driftsinntekter	15 786 000	15 786 000
4147	01	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 1147)		
		Driftsinntekter	1 540 000	1 540 000
4150	80	Til gjennomføring av jordbruksavtalen		
		Refusjon frå Kornfondet (jf. kap. 1150)	92 300 000	92 300 000
5311	01	Statens Landbruksbank (jf. kap. 2411)		
		Gebyr	10 438 000	
	02	Driftsinntekter	8 929 000	
	90	Avdrag	300 000 000	319 367 000
5545	71	Miljøavgifter i landbruket		
		Miljøavgift, plantevernmidler	60 000 000	60 000 000
5571	70	Totalisatoravgift		
		Avgift	80 000 000	80 000 000
		Sum Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning		587 754 000

Kap	Post		Kr	Kr	Kr
Forretningsdrift					
5614	80	Renter av lån i Statens Landbruksbank (jf. kap.2411) Renter		235 000 000	235 000 000
5651	80	Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet Utbytte		32 200 000	32 200 000
5652	80	Innskottskapital i Statskog SF Utbytte		8 500 000	8 500 000
		Sum Forretningsdrift			275 700 000
		Sum departementets inntekter			1 125 338 000

II

Fullmakter til å nytte inntekt frå sal

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2000 kan:

1. overskride kap. 1100 post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald med eit beløp som svarer til meirinntektene frå sal av eigedom.
2. rekne med unytta meirinntekter frå sal av eigedom ved utrekning av overførbart beløp under kap. 1100 post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald.

III

Meirinnteftsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2000 kan overskride løyvingar mot tilsvarande meirinntekter under følgjande kapittel og postar:

Fullmakt til å overskride løyvingar under	mot tilsvarande meirinntekter under
Kap. 1100 post 01	Kap. 4100 post 01
Kap. 1102 post 21	Kap. 4102 post 04
Kap. 1107 post 01	Kap. 4107 post 03
Kap. 1110 post 01	Kap. 4110 post 01
Kap. 1114 post 01	Kap. 4114 post 01
Kap. 1143 post 01	Kap. 4143 post 01
Kap. 1145 post 01	Kap. 4145 post 01
Kap. 1146 post 01	Kap. 4146 post 02
Kap. 1147 post 01	Kap. 4147 post 01

IV

Fullmakter til å overskride

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2000 kan overskride løyvinga under kap. 1147 post 01 med inntil kr 500 000 i samanheng med forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein.

Landbruksdepartementet

V

Fullmakt som gjeld fast eiendom

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2000 kan selje innkjøpt og opphavleg statseigedom for inntil kr 5 000 000.

VI

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2000 kan:

1. gi tilsegn om tilskott til sikringsarbeid for inntil kr 2 000 000 ut over løyvinga under kap. 1148 post 70.
2. gi tilsegn om tilskott til naturskadeerstatningar for inntil kr 10 000 000 ut over løyvinga under kap. 1148 post 71.

VII

Sal av aksjer

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet kan selje staten sine aksjar i Statens Skogplanteskoler AS og dotterselskap.

VIII

Fjerning av kunstgjødselavgift

Stortinget samtykkjer i at miljøavgift på kunstgjødsel blir fjerna med verknad frå 1.1.2000.

IX

Oppretting av fond

Stortinget samtykkjer i at det blir oppretta eit statlig fond for regnskapsføring av inntekter og utgifter knytt til marknadsordninga for korn i samsvar med omtalen under kap. 1150 post 50.

Vedlegg 1**Jordbruksoppgjøret 1999 - fase II**

Sluttprotokoll fra møte 2. juli 1999 mellom Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Staten.

Til stede:

Fra Norges Bondelag: Aas, Huseby, Milli, Mansaas

Fra Norsk Bonde- og Småbrukarlag: Eilertsen, Svardal, Strand

Fra Staten: Grue, Sagelvmo, Fossum, Holm, Tønnesen, Grotli, Vasaasen

Ved jordbruksoppgjøret i 1993 ble partene enige om framgangsmåten ved jordbruksoppgjøret, jf. St.prp. nr. 82 (1992-93) kapittel 2.4.

Fase I skal omfatte rammespørsmål, priser, bevilgninger, viktige fordelingsprinsipper, fordeling av de viktigste inntektsgivende tiltak og bruk av LUF-midler. Fordelingen av inntektsgivende tiltak skal i fase I føres så langt at de økonomiske utslag for ulike produksjoner, distrikter og bruksgrupper kan beregnes. Videre skal prinsipielle endringer i virkemiddelbruken behandles i fase I. Det gjelder spørsmål som er behandlet i arbeidsgrupper mellom partene og forslag til sammenslåing og større endringer i virkemidler som partene hver for seg fremmer.

Fase II skal omfatte videre detaljfordeling av bevilgningene, samt regelverk som Landbruksdepartementet fastsetter etter samråd med organisasjonene og andre spørsmål som ikke er avklart i fase I.

Partene er på denne bakgrunn og med utgangspunkt i fase I av forhandlingene, jf. St.prp. nr. 75 (1998-99), enige om følgende:

1. Representantvare og målpris slaktekylling

Ved fase I i årets jordbruksoppgjør var partene enige om endre representantvaren for varegruppen fjørfeslakt fra frossen til fersk kylling. Representantvaren vil for øvrig fortsatt være oppbunden kylling 750 - 1000 g uten innmat.

Partene er enige om å justere målpris for varegruppen fjørfekjøtt fra 30,05 kr/kg til 30,55 kr/kg, og at endringen av representantvare og målpris for fjørfeslakt gjennomføres med virkning fra 1. juli inneværende år. Partene legger til grunn at Omsetningsrådet vurderer de nødvendige endringer når det gjelder markedsreguleringen for fjørfeslakt.

2. Representantvarer og målpriser for frukt, grønnsaker og poteter

Partene er enige om at målpriskurver og øvre prisgrenser for poteter, grønnsaker og frukt for sesongen 1999/2000 gjennomføres i samsvar med vedlegg 1.

Partene er enige om at det før jordbruksforhandlingene i 2000 vurderes å endre representantvare for salat og vurderes en teknisk justering av målpris for plomme og pære.

3. Forhåndsfastsetting av satser for grunntilskudd slakt for avtaleåret 1999/2000

Partene er enige om at grunntilskuddssatsene for avtaleåret 1999/2000 fastsettes i samsvar med vedlegg 2.

4. Frakttilskudd slakt: fastsetting av satser

Partene er enige om følgende gjennomsnittssatser for frakttilskudd slakt for 1999/2000:

	<i>Sats (øre pr kg)</i>
Innfrakt	20,20
Mellomfrakt, helt slakt	36,50
Mellomfrakt, stykket/skåret vare	25,00
Annet tilskudd	26,00

Partene legger til grunn at Fraktnemnda for slakt med grunnlag i gjennomsnittssatsene, vurderer behovet for å justere de ulike delelementer (satstabeller basert på fraktavstand m.m. og prosent-justeringer av tabellsatser) slik at forbruk av midler blir innenfor bevilgningen. Økt bevilgningsbehov må ha grunnlag i økt kvantum eller endringer i transportmønster.

5. Frakttilskudd egg: fastsetting av satser

Partene er enige om følgende satser for frakttilskudd egg for 1999/2000:

Sone	Sats (kr pr kg)
0	0
1	0,16
2	0,26
3	0,36
4	0,45
5	0,55
6	0,64

6. Produksjonstilskudd slaktegris

Ved fase 1 i årets jordbruksoppgjør ble det fastsatt at tilskudd til slaktegris endres fra innsatte til slaktede dyr i perioden. Endringen vil innebære en meget begrenset differanse i antall tilskuddsberettigede dyr grunnet at noen dyr dør før utslaktning. I effektivitetskontrollen til Norsvin er det målt 2 prosent avgang av dyr mellom innsetts- og leveringstidspunkt.

Partene er enige om å øke produksjonstilskuddet til slaktegris med 1 krone fra 38,- til 39,- kroner pr slaktegris.

7. LUF

Partene viser til at midlene som brukes over LUF er viktige for landbruket som næring, og er enige om at jordbruket på en hensiktsmessig måte blir tatt med på råd før Landbruksdepartementet gir styringssignaler til SND og Fylkesmennenes landbruksavdelinger.

7.1 Sentrale BU-midler til forvaltning av utmarksressurser

Partene er enige om at midlene som er avsatt til forvaltning av utmarksressursene over de sentrale BU-midlene disponeres etter følgende prinsipper:

- Midlene skal brukes i arbeidet med lokal forvaltning av vilt- og fiske- og andre utmarksressurser.
- Midlene skal brukes til tiltak i regi av grunneiere eller grunneierlag.

7.2 Fordeling av midler til miljø- og ressursvern

Det er avsatt 3 mill kr til miljø- og ressursvern i 2000.

Partene er enige om følgende fordeling av midlene:

- 2 mill kr som prosjektstøtte til Norsk Landbruksmuseum. Midlene fordeler seg med 1,1 mill kr til videre utvikling av dokumentasjonsregisteret og 0,9 mill kr til videreføring av arbeidet med bevaring av gamle husdyrraser.
- Det settes av 1 mill kr til styrking av produsentrettede tiltak i det nasjonale genressursarbeidet.

8. Tilskudd til endret jordarbeiding: satser

Partene er enige om at ordningen skal omfatte følgende deltiltak med tilhørende satser og vilkår:

Deltiltak	Sats (kr pr dekar)	Vilkår
Åker i stubb, etter erosjonsrisiko	50 - 70 - 110 - 140	
Lett høstharving	40	Krav om minimum 30 % halmdekning
Direktesådd høstkorn og høstkorn etter lett høsth.	40	
Fangvekster	120 - 160	Høyeste sats knyttet til nitrogenfølsomme områder
Grasdekte vannveier	4 kr pr meter	Min. 8 meter bredde

Det kan iverksettes informasjonstiltak for å stimulere til økt omfang av fangvekster innenfor rammen på 15 mill kroner til prosjekter for miljøvennlig drift.

9. Matprisprosjektet

Matvaremarkedet er svært sammensatt og under stadig endring. Det er behov for å kartlegge dette markedet nærmere. Det er gjennomført et forprosjekt, Matens pris, hvor hovedmålsettingen har vært å skaffe, og å vurdere mulighetene for å skaffe, data om prisdannelse og prisutviklingen i matvaremarkedet. Det er blant annet gjennomført marginundersøkelser med tall for ett (delvis to) år. Det har vist seg vanskelig å skaffe historiske data på dette området.

Det gjenstår fortsatt et betydelig utrednings- og utviklingsarbeid før en har et ferdig system for løpende innsamling og rapportering av data. Partene er enige om at forskningsmidler over jordbruksavtalen, post 77.13, kan nyttes til dette formålet etter nærmere søknad.

Partene vil komme tilbake til hvordan en løpende kartlegging av marginer og priser kan gjennomføres og finansieres etter at prosjektet er avsluttet.

Oslo, 2. juli 1999

Per Harald Grue

Hans Huseby

Gunnar Eilertsen

Landbruksdepartementet

Målpriskurver og øvre prisgrenser for poteter, grønnsaker og frukt:

UKE NR	POTETER		TOMAT		AGURK STK		SALAT STK	
	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP	MP	ØP
27-1999	400	448	1450	1624	500	560	590	661
28	320	358	1450	1624	500	559	590	661
29	250	280	1400	1568	500	559	590	661
30	220	246	1400	1568	500	559	590	661
31	200	224	1400	1568	500	559	590	661
32	180	202	1400	1568	500	559	590	661
33	170	190	1400	1568	500	559	590	661
34	160	179	1440	1613	500	559	590	661
35	160	179	1460	1635	500	559	590	661
36	150	168	1460	1635	545	610	590	661
37	140	157	1460	1635	545	610	620	694
38	140	157	1500	1680	565	633	650	728
39	140	157	1500	1680	580	650	680	762
40	140	157	1500	1680	580	650	710	795
41	140	157	1500	1680	580	650	730	818
42	145	162			580	650	750	840
43	150	168			580	650	750	840
44	155	174					645	722
45	160	179					645	722
46	170	190					645	722
47	178	199					645	722
48	185	207					645	722
49	190	213						
50	190	213						
51	190	213						
52	190	213						
1-2000	190	21						
2	190	21						
3	190	21						
4	195	21						
5	195	21						
6	200	22						
7	200	22						
8	200	22						
9	200	224					645	722
10	205	230			575	644	645	722
11	205	230			575	644	645	722
12	210	235			575	644	645	722
13	210	235			575	644	645	722
14	215	241			550	616	645	722
15	215	241			535	599	645	722
16	225	252			535	599	645	722
17	225	252			535	599	645	722
18	230	258			520	582	645	722
19	230	258	1525	1708	520	582	645	722
20	230	258	1525	1708	520	582	645	722
21	230	258	1525	1708	520	582	645	722
22	230	258	1525	1708	520	582	645	722
23	230	258	1525	1708	505	566	970	1086
24	230	258	1525	1708	505	566	870	974
25	230	258	1525	1708	505	566	775	868
26	500	560	1525	1708	505	566	680	762

Landbruksdepartementet

UKE	HODEKÅL		BLOMKÅL		ROSENKÅL 0,5		GULROT		KEPALØK	
NR	MP	ØP	MP	ØP	ØP	MP	ØP	MP	ØP	MP
27-1999	450	504	725	811			560*	627*	425	476
28	360	403	610	683			530*	594*	425	476
29	310	347	515	576			490*	549*	425	476
30	310	347	460	515			490*	549*	535	599
31			420	470			490*	549*	510	571
32			420	470			345	386	460	515
33			420	470			345	386	430	482
34			420	470			315	353	400	448
35			420	470			315	353	365	409
36			450	504			315	353	330	370
37			450	504			315	353	315	353
38			485	543	705	790	315	353	315	353
39	175	196	485	543	705	790	315	353	315	353
40	175	196	485	543	705	790	315	353	315	353
41	175	196	485	543	705	790	315	353	315	353
42	175	196			705	790	315	353	315	353
43	175	196			705	790	315	353	315	353
44	175	196			705	790	315	353	315	353
45	175	196			705	790	335	375	315	353
46	185	207			705	790	335	375	315	353
47	185	207			705	790	335	375	315	353
48	185	207			765	857	335	375	315	353
49	210	235			765	857	350	392	315	353
50	210	235			840	941	350	392	315	353
51	210	235			840	941	350	392	315	353
52	210	235			840	941	350	392	315	353
1-2000	230	258			840	941	375	420	320	359
2	230	258			840	941	375	420	320	359
3	230	258			765	857	375	420	320	359
4	230	258			765	857	375	420	320	359
5	230	258			765	857	375	420	320	359
6	230	258			765	857	410	459	320	359
7	230	258			765	857	410	459	320	359
8	230	258			765	857	440	493	320	359
9	230	258			765	857	460	515	350	392
10	250	280			765	857	460	515	350	392
11	250	280			765	857	485	543	350	392
12	250	280					485	543	350	392
13	260	291					510	571	400	448
14	270	302					510	571	400	448
15	290	325					510	571	400	448
16	310	347					510	571	400	448
17	310	347					510	571	425	476
18	340	381					510	571	425	476
19	340	381					510	571	425	476
20	360	403					510	571	425	476
21	360	403					510	571	425	476
22	360	403					510	571	425	476
23	920	1030	1030	1154			510	571	425	476
24	820	918	925	1036			510	571	425	476
25	680	762	820	918			605*	678*	425	476
26	600	672	770	862			560*	627*	425	476

* bunt

Landbruksdepartementet

UKE NR	PURRE		KNOLLSELLERI		REDDIK BUNT		KRUSPERSILLE STORBUNT	
	MP	ØP	MP	ØP	ØP	MP	ØP	MP
27-1999	1365*	1529*	1545*	1730*	375	420	1200	1344
28	1365*	1529*	1545*	1730*	375	420	1200	1344
29	1365*	1529*	1545*	1730*	375	420	1200	1344
30	1365*	1529*	1545*	1730*	375	420	1200	1344
31	1365*	1529*	1545*	1730*	375	420	1200	1344
32	1365*	1529*	1545*	1730*	375	420	1150	1288
33	1365*	1529*	1545*	1730*	375	420	1150	1288
34	1000	1120	1545*	1730*	375	420	1150	1288
35	895	1002	1545*	1730*	375	420	1150	1288
36	895	1002	1545*	1730*	385	432	1150	1288
37	895	1002	1545*	1730*	385	432	1150	1288
38	895	1002	1545*	1730*	385	432	1150	1288
39	895	1002	1545*	1730*	385	432	1150	1288
40	895	1002	1545*	1730*	385	432	1200	1344
41	895	1002	840	941	385	432	1200	1344
42	895	1002	840	941	385	432	1200	1344
43	970	1086	840	941	385	432	1200	1344
44	1050	1176	840	941			1200	1344
45	1155	1294	840	941			1200	1344
46	1260	1411	840	941			1450	1624
47	1315	1473	840	941			1450	1624
48	1365	1529	840	941			1450	1624
49	1365	1529	840	941			1550	1736
50	1365	1529	840	941			1550	1736
51	1430	1602	840	941			1550	1736
52	1430	1602	840	941			1550	1736
12000	1430	1602	840	941			1575	1764
2	1430	1602	840	941			1575	1764
3	1430	1602	915	1025			1575	1764
4	1430	1602	915	1025			1575	1764
5	1430	1602	915	1025			1575	1764
6	1430	1602	915	1025			1575	1764
7	1430	1602	915	1025			1575	1764
8	1430	1602	915	1025			1575	1764
9	1430	1602	915	1025			1575	1764
10			965	1081			1575	1764
11			1020	1142			1575	1764
12			1020	1142			2225	2492
13			1020	1142	610	683	2225	2492
14			1020	1142	610	683	2225	2492
15			1020	1142	610	683	2100	2352
16			1020	1142	610	683	2100	2352
17			1020	1142	610	683	2000	2240
18	1680	1882	1020	1142	590	661	1900	2128
19	1680	1882	1020	1142	570	638	1850	2072
20	1680	1882	1020	1142	570	638	1800	2016
21	1680	1882	1020	1142	570	638	1750	1960
22	1680	1882	1020	1142	570	638	1700	1904
23	1680	1882	1545*	1730*	375	420	1625	1820
24	1680	1882	1545*	1730*	375	420	1575	1764
25	1365*	1529*	1545*	1730*	375	420	1525	1708
26	1365*	1529*	1545*	1730*	375	420	1390	1557

* bunt

Landbruksdepartementet

UKE NR	EPLER		PÆRER		PLOMMER	
	MP	ØP	MP	ØP	ØP	MP
27-1999						
28						
29						
30						
31						
32			655	734		
33	765	857	655	734	1165	1305
34	765	857	655	734	1165	1305
35	765	857	655	734	1165	1305
36	765	857	655	734	1165	1305
37	785	879	655	734	1230	1378
38	785	879	655	734	1230	1378
39	785	879	655	734	1280	1434
40	765	857	655	734	1280	1434
41	745	834	640	717		
42	745	834	640	717		
43	735	823	640	717		
44	735	823	640	717		
45	715	801	600	672		
46	715	801	600	672		
47	715	801	600	672		
48	715	801	600	672		
49						
50						
51						
52						

Landbruksdepartementet

Tilskuddsløype for storfe/kalv og sau/lam

FORHÅNDSFASTSETTING AV GRUNNTILSKUDDSATSER AVTALEÅRET 1999/00, kr pr. kg: STORFE OG KALV

Dyrekategori	Gjsn.sats 1999/00 ¹⁾	Sats fra 05.07.99	Sats fra 02.08.99	Sats fra 25.10.99	Sats fra 27.12.99	Sats fra 03.01.00
Ung okse, kastrat, kvige	2,92	4,10	3,00	3,40	4,20	3,10
Ung ku, ku og okse	2,92	3,25	(-1,10)	(+0,40)	(+0,80)	(-1,10)
			2,15	2,55	3,35	2,25
			(-1,10)	(+0,40)	(+0,80)	(-1,10)
Kalv (mellomkalv og spekalv)	2,92	5,10	4,00	4,40	5,20	4,10
			(-1,10)	(+0,40)	(+0,80)	(-1,10)

1. Gjennomsnittssats 2,92 kr/kg for hele varegruppen storfe/kalv under ett.

FORHÅNDSFASTSETTING AV GRUNNTILSKUDDSATSER AVTALEÅRET 1999/00, kr pr. kg: SAU OG LAM

Kategori	Gjsn.sats 1999/00 ¹⁾	Sats fra 05.07.99	Sats fra 30.08.99	Sats fra 27.09.99	Sats fra 01.11.99	Sats fra 06.03.00
Lam <13kg	4,90	3,40	2,90	2,50	2,90	3,40
			(-0,50)	(-0,40)	(+0,40)	(+0,50)
Lam 13,1-23 kg	4,90	5,50	5,00	4,60	5,00	5,50
			(-0,50)	(-0,40)	(+0,40)	(+0,50)
Lam > 23kg	4,90	5,00	4,50	4,10	4,50	5,00
			(-0,50)	(-0,40)	(+0,40)	(+0,50)
Sau og ung sau/mellomlam	4,90	5,50	5,00	4,60	5,00	5,50
			(-0,50)	(-0,40)	(+0,40)	(+0,50)
Vær	4,90	5,50	5,00	4,60	1,60	5,10
			(-0,50)	(-0,40)	(-3,00)	(+3,50)

1. Gjennomsnittssats er 4,90 kr/kg for varegruppen sau/lam under ett.

Grunntilskudd Geit/kje: 5,15 kr/kg i hele avtaleåret

